

Møteinnkalling

Utval:	Utval for opplæring og helse
Møtestad:	Sunnhordland, 4. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5
Dato:	01.12.2016
Tid:	10:00

Til dette møte har Ragnhild Fagerbakke meldt forfall. Elise Loftheim vert kalla inn.

Program

- Kl. 10.00 Sakshandsaming
- Kl. 11.30 Lunsj i kantina
- Kl. 12.00 Sakshandsaminga held fram

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møte.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Utval for opplæring og helse. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Emil Lennart Pålikoff Gadolin
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 98/16	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 99/16	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 100/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 39/16	Melding om vedtak om godkjenning Danielsen videregående skole	2015/12460	
RS 40/16	Konferanse om barnefattigdom	2015/12196	
PS 101/16	Justering av tilbudsstrukturen , skuleåret 2017/2018	2014/22618	
PS 102/16	Idrettscampus Bergen	2016/299	
PS 103/16	Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Hordaland 2016 - 2019	2016/3968	
PS 104/16	Klimaplan for Hordaland - Handlingsprogram 2017	2016/34157	
PS 105/16	Korreksjon av lokal forskrift felles ordens- og åtfærsreglement	2016/3905	
PS 106/16	Regional planstrategi 2016-2020 - Utviklingsplan for Hordaland - vedtak	2015/7064	
PS 107/16	Ymse		

PS 98/16 Godkjenning møteinnkalling og saksliste

PS 99/16 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

PS 100/16 Referatsaker (meldingar)

Saksbehandler: Christina Mendicino Grønli

Vår dato:
30.06.2016
Deres dato:
01.12.2015Vår referanse:
2007/2905
Deres referanse:

Danielsen videregående skole

Vedtak om godkjenning på vilkår - Søknad om å tilby valgfrie programfag fra utdanningsprogram for idrettsfag - Danielsen videregående skole

Utdanningsdirektoratet viser til søknad fra Danielsen videregående skole datert 1. desember 2015. Skolen søker om å tilby valgfritt programfag fra utdanningsprogram for idrettsfag. Utdanningsdirektoratet viser også korrespondanse i saken 6. april, 8. april og 11. april 2016 knyttet til skolens læreplan.

Vedtak

Utdanningsdirektoratet imøtekommer søknaden fra Danielsen videregående skole (org.nr. 989 077 457). Skolen er etter dette godkjent for å tilby Breddeidrett 1 (IDR3004), Breddeidrett 2 (IDR3005), Breddeidrett 3 (IDR3006) som valgfrie programfag for elever ved studieforberedende utdanningsprogram.

Vilkår

Godkjenningen gis på vilkår av at Danielsen videregående skole sender inn en bekreftelse på at de har et obligatorisk fag i kristendom for elever som er tatt inn på påbygg til generell studiekompetanse, og som ikke har gått ved skolen på Vg1 og Vg2.

Rettslig grunnlag

Friskoleloven § 2-1 lyder som følger:

« Departementet kan godkjenne frittstående skolar og driftsendringar ved godkjende frittstående skolar. Departementet kan godkjenne at ein grunnskole flyttar verksemda si til ein annan kommune eller at ein vidaregåande skole flyttar verksemda si til ein annan fylkeskommune. Ein skole skal ikkje få godkjenning dersom etableringa vil medføre negative konsekvensar for det offentlege skoletilbodet, eller andre særlege grunnar tilseier at skolen ikkje bør godkjennast. Vertskommunen eller vertsfylket skal få høve til å gi fråsegn før departementet gjer vedtak i saka, og dei kan klage på departementet sitt vedtak. Godkjende skolar har rett til statstilskot etter § 6-1 og til å drive verksemd etter lova.

Skolane skal drive verksemda si på følgjande grunnlag:

[...] a livssyn [...]

Friskolelova § 2-3 første ledd om krav til innhold og vurdering i opplæringen lyder som følger:

« Skolen skal drive verksemda si etter læreplanar godkjende av departementet. Det må gå fram av planen kva slag vurderingsformer og dokumentasjon skolen skal nytte. Skolane skal anten følgje den læreplanen som gjeld for offentlege skolar, eller læreplanar som på annan måte sikrar elevane jamgod opplæring, jf. opplæringslova § 2-1 første ledd og § 3-4 første ledd. Elles har skolen sin undervisningsfridom. [...].»

Kapitel 2A i forskrift til friskoleloven tydeliggjør kravene til læreplanene.

Postadresse:

Postboks 9359 Grønland, 0135 OSLO

Besøksadresser:

Schweigaards gate 15 B, Oslo

Britveien 4, Molde

Parkgata 36, Hamar

Telefon:

+47 23 30 12 00

Telefaks:

+47 23 30 12 99

E-post:

post@utdanningsdirektoratet.no

Internett:

www.utdanningsdirektoratet.no

Org.nr.:

NO 970 018 131

Bankgiro:

7694 05 10879

IBAN:

NO8876940510879

BIC/SWIFT

DNBANOKK

Utdanningsdirektoratets vurdering

Skolen søker om godkjenning for å tilby programfag fra et utdanningsprogram skolen ikke har godkjenning for, men som det er mulig å tilby som en del av opplæringen i henhold til Kunnskapsløftets krav til fagsammensetning, jf. rundskriv Udir-1-2015.

Utdanningsdirektoratet imøtekommer skolens søknad om å kunne tilby Breddeidrett 1, 2 og 3 som valgfrie programfag for elever ved studieforberedende utdanningsprogram.

Skolens læreplan – synliggjøring av skolens verdigrunnlag

For elevene på Vg1 og Vg2 er fellesfaget Kristendomskunnskap (KRI1001-KRI1004) obligatorisk for elever på studiespesialiserende og yrkesfaglige utdanningsprogram.

Skolen oppgir at de fleste elevene som tar påbygging til generell studiekompetanse allerede har gått Vg1 og Vg2 ved skolen. For elever som går på for yrkesfaglige utdanningsprogram, og som ikke har hatt dette faget før, må skolen ha et obligatorisk tilbud, f.eks. at disse elevene følger fellesfaget i kristendom sammen med elevene på Vg1 og Vg2.

Før skolen kan tilby nye valgfrie programfag, må skolen sende inn en bekreftelse på at de har et obligatorisk fag i kristendom for elever som er tatt inn på påbygg til generell studiekompetanse, og som ikke har gått ved skolen tidligere.

Klagemulighet

Utdanningsdirektoratets vedtak (inkludert vilkåret for godkjenningen) kan klages inn for Kunnskapsdepartementet. Etter forvaltningsloven § 29 er fristen for å klage tre uker fra det tidspunkt underretning om vedtaket er kommet frem. Etter forvaltningsloven § 32 er det nærmere regler om klagens adressat, form og innhold. Det understrekes at klagen skal sendes det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket. Etter forvaltningsloven §§ 18 og 19 har parten rett til å se sakens dokumenter.

Vennlig hilsen

Einar Simonsen Plahter
avdelingsdirektør

Christina Mendicino Grønli
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Kunnskapsdepartementet
Hordaland fylkeskommune
Fylkesmannen i Hordaland



Notat

Dato: 01.11.2016
Arkivsak: 2015/12196-8
Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Til: Utval for opplæring og helse 01.12.2016
Utval for miljø og samferdsel 01.12.2016
Utval for kultur, idrett og regional utvikling 6.12.2016
Fylkesutvalet 8.12.2016

Frå: Bjørg Larsen

Fylkesmannen i Hordaland inviterer til:

Konferanse om barnefattigdom

Når alle har så mykje - om barnefattigdom

Dato: 16 mars 2017 10:00 - 16:00

Stad: Terminus Hall

Ansvarleg: Utdanning, helse, kommunal

Målgruppe: Kommuneplanleggjarar, politikarar, ansvarlege for tilrettelegging for ein god oppvekst

Påmeldingsfrist: 04.03.2017 00:00:00

Vi inviterer alle hordalandskommunane til samling for å drøfte erfaringar med og tiltak for å hindre barnefattigdom og tiltak for å dempe dei negative følgjene av å vekse opp i låginntektsfamiljar.

Program, påmeldingsskjema og meir informasjon kjem etter kvart.



Arkivnr: 2014/22618-42

Saksbehandlar: Nils Skavhellen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	48/16	24.11.2016
Utval for opplæring og helse	101/16	01.12.2016
Fylkesutvalet		08.12.2016

Justering av tilbudsstrukturen , skuleåret 2017/2018

Samandrag

Kvar haust blir det lagt fram sak om justering av tilbudsstrukturen ved dei vidaregåande skulane i Hordaland for det komande skuleåret.

For skuleåret 2017/2018 er dette hovudgrunnane for justeringar:

- Oppfølging av vedtak som vart gjort i skulebruksplanen i fylkestinget i oktober 2016
- Konsekvensar av vedtak som vart gjort av fylkesutvalet i desember 2015 («klassesaka») og mai 2016 i samband med oppretting/nedlegging av tilbod («prognoseinntaket».) Tilbod som vart lagt ned i samband med prognoseinntaket våren 2016 blir som hovudregel forsøkt oppretta att dersom dei ikkje vart lagt ned også våren 2015, eller kjem i konflikt med vedtak i skulebruksplanen frå oktober 2016
- Oppfølging av strukturendring av utdanningsprogramma Medium og kommunikasjon og Studie-spesialiserande utdanningsprogram med formgjevingsfag
- Oppretting av studieførebuande tilbod i utdanningsprogrammet Helse og oppvekstfag
- Oppretting av Vg3-tilbod i skule for søkjarar med Ungdomsrett som ikkje får tilbod om læreplass

Når det gjeld framlegga nedanfor om oppfølging av vedtak som vart gjort i skulebruksplanen i oktober 2016, gjeld dette tilbod som vart vedteke nedlagt/flytta, men der det ikkje vart gjort vedtak om frå kva tidspunkt dette skulle gjelde frå. Dette m.a. på grunn av ferdigstilling av nybygg eller utbetring av noverande bygg og inngåtte leigeavtalar.

Det er stor usikkerheit om behovet for innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar for neste skuleår. Fylkesrådmannen rår til at innføringstilboda som vart lagt ned våren 2016 blir gjort søkbare slik at det er ein beredskap dersom det blir elevgrunnlag. Dette gjeld tilboda ved Kvinnherad vidaregåande skule, Voss gymnas og Øystese gymnas.

Som kjent er det slik at generelle konjunktursvingingar kan påverke tilgangen på læreplassar. I tillegg til dette kjem sjølvsgatt ungdommen sitt søkjarmønster som ikkje alltid er i samsvar med samfunnet sitt behov for arbeidskraft. Søkjarane frå ungdomsskulen har rett til å få plass på eitt av tre utdanningsprogram. Det

kan difor vere vanskeleg å tilpasse søkjarmønsteret ut frå prognosar om arbeidsplassar, særleg når det er minst to år til søkjarane skal ut i lære.

Fylkeskommunen har - m.a. av grunnane som er nemnde ovanfor - måtte opprette Vg3-klassar i skule slik at elevane skal få høve til å fullføre utdanninga si. Fylkesrådmannen ynskjer å synleggjere dette ved formelt å opprette desse tilboda på same måten som ordinære tilbod i den vidaregåande skulen. Desse tilboda skal likevel ikkje vere søkbare i vigo-systemet, men plassane skal kunne disponerast når ein ser behovet for å opprette tilboda, som hovudregel i august/september kvart år.

Forslag til innstilling

Det blir gjort følgjande endringar i tilbodsstrukturen ved dei vidaregåande skulane, skuleåret 2017/2018:

1A. Nedlegging av utdanningsprogram som følgje av vedtak i skulebruksplanen i oktober 2016

Austrheim vidaregåande skule:	Vg1 Restaurant og matfag:	1 klasse, 15 elevar
Fitjar vidaregåande skule:	Vg4 Allmennfagleg påbyggingskurs for elevar med fagbrev/yrkeskompetanse	1 klasse, 30 elevar
Olsvikåsen videregående skole:	Vg1 Design og handverk:	1 klasse, 15 elevar
Osterøy vidaregåande skule:	Vg1 Design og handverk:	1 klasse, 15 elevar
Slåtthaug videregående skole	Vg1 Design og handverk	1 klasse, 15 elevar
Tertnes videregående skole	Vg3 Formgjevingsfag	1 klasse, 15 elevar

1B. Oppretting av programområde som følgje av vedtak i skulebruksplanen oktober 2016:

Stord vidaregåande skule:	Vg4 Allmennfagleg påbyggingskurs for søkjar med fagbrev/yrkeskompetanse	1 klasse, 30 elevar
Voss gymnas:	Vg2 Blomsterdekoratør	1 klasse, 15 elevar
Voss vidaregåande skule:	Vg2 Anleggsgartner og idrettsanlegg	1 klasse, 15 elevar

2A. Oppretting av utdanningsprogram/programområde som konsekvens av vedtak i fylkesutvalet i desember 2015 og mai 2016:

Arna vidaregåande skule:	Vg3 Medium og kommunikasjon	2 klassar, 15 elevar i kvar klasse.
Austrheim vidaregåande skule:	Vg2 Automatisering	1 klasse, 12 elevar
Fitjar vidaregåande skule:	Vg3 Interiør	1 klasse, 15 elevar
Fusa vidaregåande skule:	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget	1 klasse, 15 elevar
Kvinnherad vidaregåande skule:	Vg2 Sal, service og tryggleik	1 klasse, 15 elevar
Laksevåg videregående skole:	Vg3 EI-energi med studiekompetanse	1 klasse, 15 elevar
Norheimsund vidaregåande skule	Vg2 Kjøretøy	1 klasse, 12 elevar

Odda vidaregåande skule:	Vg3 Idrettsfag	1 klasse, 30 elevar
Voss gymnas	Vg1 Service og samferdsel	1 klasse, 15 elevar
Kvinnherad vidaregåande skule	Innføringsklasse minoritetsspråklege elevar	1 klasse, 15 elevar
Voss gymnas	Innføringsklasse minoritetsspråklege elevar	1 klasse, 15 elevar
Øystese gymnas	Innføringsklasse minoritetsspråklege elevar	1 klasse, 15 elevar

2B. Nedlegging av programområde som konsekvens av vedtak i fylkesutvalet i mai 2016:

Austrheim vidaregåande skule: Vg2 Teknikk og industriell produksjon TAF 1 klasse, 10 elevar

2C. Fylkesrådmannen får fullmakt til å opprette/leggje ned tilbod om innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar i samsvar med behovet fram til skulestart hausten 2017

3A. Vg2 Medium og kommunikasjon, yrkesfagleg struktur, blir lagt ned ved følgjande skular på grunn av overgang til ny struktur:

Arna vidaregåande skule, Laksevåg videregående skole, Nordahl Grieg videregående skole, Stord vidaregåande skule.

3B. Vg2 Medium og kommunikasjon, ny studieførebuande struktur, blir oppretta med same klassetal som skulane har i Vg1, skuleåret 2016/2017

Amalie Skram videregående skole, Arna vidaregåande skule, Laksevåg videregående skole, Nordahl Grieg videregående skole og Stord vidaregåande skule.

3C. Nedlegging av Vg2 Studiespesialiserande utdanningsprogram med formgjevingsfag, på grunn av ny struktur og namneendring til Kunst, design og arkitektur ved følgjande skular:

Fusa vidaregåande skule, Knarvik vidaregåande skule, Olsvikåsen videregående skole og Tertnes videregående skole.

3D. Oppretting av Vg2 Kunst, design og arkitektur, på grunn av ny struktur med same klassetal som i Vg1, skuleåret 2016/2017, ved følgjande skular:

Fusa vidaregåande skule, Olsvikåsen videregående skole, Nye Voss gymnas og Årstad videregående skole.

4. Nordahl Grieg videregående skole: Oppretting av studieførebuande tilbod i utdanningsprogrammet Helse og oppvekstfag

5 Oppretting av Vg3 klassar for søkjarar med Ungdomsrett utan tilbod om læreplass

Osterøy vidaregåande skule:	Vg3 som byggjer på Vg2 Industriteknologi
Slåtthaug videregående skole	Vg3 Bilfaget
Årstad videregående skole:	Vg3 Elektrofag
Årstad videregående skole:	Vg3 som byggjer på Vg2 Industriteknologi
Stord vidaregåande skule:	Vg3 Elektrofag

Stord vidaregåande skule: Vg3 som byggjer på Vg2 Teknikk og industriell produksjon

Amalie Skram vidaregåande skole: Vg3 IKT-servicefaget

Administrasjonen får fullmakt til å opprette andre tilbud dersom det viser seg at det er trong for dette hausten 2017.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 24.11.2016

Vedtak

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 10.11.2016

Kvar haust blir det lagt fram sak om justering av tilbodsstrukturen ved dei vidaregåande skulane i Hordaland for det komande skuleåret.

For skuleåret 2017/2018 er dette hovudgrunnane for justeringar:

- Oppfølging av vedtak som vart gjort i skulebruksplanen i fylkestinget i oktober 2016
- Konsekvensar av vedtak som vart gjort av fylkesutvalet i desember 2015 («klassesaka») og mai 2016 i samband med oppretting/nedlegging av tilbod («prognoseinntaket»). Tilbod som vart lagt ned i samband med prognoseinntaket våren 2016 blir som hovudregel forsøkt oppretta att dersom dei ikkje vart lagt ned også våren 2015, eller kjem i konflikt med vedtak i skulebruksplanen frå oktober 2016.
- Oppfølging av strukturendring av utdanningsprogramma Medium og kommunikasjon og Studiespesialiserande utdanningsprogram med formgjevingsfag.
- Oppretting av Vg3 tilbod i skule for søkjarar med Ungdomsrett som ikkje får tilbod om læreplass.

Grunngjeving for framlegg til vedtak i punkt 1A og 1B

Austrheim vidaregåande skule: Vedtaket i skulebruksplanen seier at skulen ikkje lenger skal ha utdanningsprogrammet Restaurant og matfag. Dette tilbodet har over tid hatt ujamn elevtilgang. For inneverande skuleår er det 12 elevar på Vg1. I samsvar med vedtak i skulebruksplanen gjer fylkesrådmannen framlegg om å leggje ned Vg1 Restaurant og matfag frå hausten 2017/2018, men oppretthalde tilbodet ved Vg2 Kokk- og servitørfag fram til hausten 2018. Elevane som går på skulen i inneverande skuleår får dermed høve til å fullføre utdanninga i skule før dei skal søkje læreplass våren 2018.

Fitjar vidaregåande skule: Det er vedtatt i skulebruksplanen at Vg3 Allmennfagleg påbyggingskurs ved skulen skal flyttast til Stord vidaregåande skule, men at det skal vurderast kor tid dette skal skje frå. Fylkesrådmannen vil tilrå at klassen i Vg4 Allmennfagleg påbyggingskurs for dei som har fagbrev/yrkeskompetanse blir flytta til Stord vidaregåande skule frå hausten 2017. Skulen har mange elevar ved utdanningsprogrammet Helse og oppvekstfag som ynskjer å halde fram med allmennfagleg påbyggingskurs for å få studiekompetanse til relevante utdanningsvegar i høgskulesystemet. Fylkesrådmannen vil difor inntil vidare oppretthalde det ordinære allmennfaglege påbyggingskurset slik at elevane ikkje må byte skule førstkomande skuleår. Dette er også i samsvar med det vedtaket som Utval for opplæring og helse gjorde i saka om inntaksmodell, der det vart tatt inn eit punkt om at fleire elevgrupper skulle få høve til å gå på same skule i heile utdanningsløpet.

Hjeltnes vidaregåande skule: Som kjent er det i skulebruksplanen vedtatt at skulen ikkje skal ha ordinære tilbod i den

vidaregåande skulen frå hausten 2017. Det har over litt tid vore kjent at dei tilboda som er att ved skulen vil flytta til dei to nye skulane på Voss. Vg2 Anleggsgartner – og idrettsanlegg blir flytta til Voss vidaregåande skule frå hausten 2017.

Vg2 Blomsterdekoratør blir flytta til Voss gymnas.

Slåtthaug/Osterøy/Olsvikåsen vidaregåande skole: I skulebruksplanen er det vedtatt at Vg1 Design og handverk (DH) ved Slåtthaug vidaregåande skole, Olsvikåsen vidaregåande skole og Osterøy vidaregåande skule skal leggjast ned. Fylkesrådmannen tilrår at dette blir gjort frå hausten 2017. Ingen av skulane har Vg2-tilbod i dette utdannings-programmet, men alle skulane har Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget som også rekrutterer frå Vg1 DH, i tillegg til hovudprogrammet Helse- og oppvekstfag.

Design og handverk er eit lite utdanningsprogram som gir kompetanse til eit relativt smalt utdanningsløp vidare. Nedlegging av desse tilboda ved skulane ovanfor vil styrke fagmiljøet ved Årstad vidaregåande skole som, dersom innstillinga blir vedtatt, vil vere den einaste skulen i Bergen med dette utdanningstilbodet. Denne skulen har også tilbod innanfor fleire programområde i Vg2, m.a. frisørutdanning som er det programmet med flest elevar innanfor Design og handverk.

Tertnes vidaregåande skole: Skulen har i inneverande skuleår åtte elevar på Vg2 Studiespesialiserande med formgjevingsfag. Skulen sitt tilbod om formgjevingsfag blir ikkje vidareført innanfor Kunst, design og arkitektur. På grunn av det låge elevtalet i inneverande skuleår tilrår fylkesrådmannen at dette programmet blir nedlagt alt frå hausten 2017. Dei aktuelle elevane vil få plass ved Knarvik/Olsvikåsen vidaregåande skole. Dette passar også godt i høve til elevane sine budstadsadresser.

Grunngjeving for framlegg til vedtak i punkt 2A og 2B:

Det har i fleire år vore praktisert at utdanningstilbod som blir lagt ned på grunn av lite søkjartal ved prognoseinntaket om våren som hovudregel blir forsøkt oppretta att året etter. Dette gjeld særleg programområde i Vg2 (Vg3) der det ikkje er gitt konkrete føringar i skulebruksplanen om kva tilbod som skal gjevast. Når det gjeld Vg1 og kva utdanningsprogram dei einskilde skulane skal ha, er dette no vedtatt i gjeldande skulebruksplan. Utdanningsprogram som vart lagt ned etter prognoseinntaket våren 2016 blir difor ikkje tilrådd oppretta att når det i skulebruksplanen er vedtatt når skulen ikkje skal ha det aktuelle utdanningsprogrammet. Vg2-tilbod med lita søkjarinteresse over tid eller med få læreplassar blir heller ikkje tilrådd oppretta att.

Arna vidaregåande skule: Oppretting: Vg3 Medium og kommunikasjon.

Dette tilbodet vart lagt ned sommaren 2016 fordi elevgrunnlaget vart for lågt til at klassen kunne starte opp i august.

I inneverande skuleår er det vel 30 elevar i Vg2 Medium og kommunikasjon. Det er såleis naudsynt å opprette tal plassar i Vg3 i samsvar med dette slik at elevane får fullført utdanninga si. Prognoseinntaket vil vise om det er grunnlag for ein eller to klassar à 15 elevar. Røynslene seier at ein del av denne elevgruppa går over til Allmennfagleg påbyggingskurs.

Austrheim vidaregåande skule: Oppretting: Vg2 Automatisering.

Dette tilbodet vart lagt ned våren 2016 fordi det ikkje var søkjargrunnlag, mykje på grunn av negativ omtale i pressa i høve til læreplassar i faget. Skulebruksplanen seier at skulen skal ha utdanningsprogrammet Elektrofag, og skulen har i inneverande skuleår elevgrunnlag til ein Vg2-klasse. Fylkesrådmannen tilrår difor at Vg2 Automatisering blir oppretta att frå skuleåret 2017/2018.

Fitjar vidaregåande skule: Oppretting: Vg3 Interiør.

Skulen skal ifølgje skulebruksplanen ha tilbod ved utdanningsprogrammet Design og handverk. Skulen har som hovudregel hatt Vg2 Design og tekstil som tilbod innanfor dette programområdet. Søkjargrunnlaget her har vore relativt lågt og ujamnt. Etter Vg2 Design og handverk har ikkje elevane hatt stort andre tilbod enn Vg3 Allmennfagleg påbyggingskurs og Vg3 i skule innanfor Kjole- og draktsyarfaget sidan det er svært få læreplassar i dette faget.

I samband med klassesaka i desember 2015 vart det difor vedtatt å leggje ned Vg2 Design og tekstil og opprette Vg2 Interiør og utstillingsdesign. Dette programområdet har to ulike retningar i Vg3, Utstillingsdesign og Interiør. Begge fører fram til ordinær yrkeskompetanse. Det er søkjargrunnlag frå Vg2 ved skulen til å opprette Vg3 Interiør.

Fusa vidaregåande skule: Oppretting: Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget.

Dette tilbodet vart lagt ned våren 2016 fordi det var for lite søkjarar. Skulen har i år svært godt elevgrunnlag i Vg1, og ynskjer ei så god bredde i tilbodet på Vg2 som mogleg slik at elevar frå nærområdet slepp å reise til andre skular. Fylkesrådmannen tilrår difor at tilbodet blir oppretta att frå hausten 2017.

Kvinnherad vidaregåande skule: Oppretting: Vg2 Sal, service og tryggleik.

Dette tilbudet vart lagt ned våren 2016 fordi det ikkje var søkjargrunnlag. Skulen har i år elevgrunnlag til tilbudet, men det er likevel usikkert om kor mange av elevane som er aktuelle for Vg2 komande skuleår. I følge skulebruksplanen skal Kvinnherad vidaregåande skule ikkje ha utdanningsprogrammet Service og samferdsel, men dette vil i utgangspunktet bli aktivisert i samband med utbygginga av Stord vidaregåande skule. Fylkesrådmannen ser likevel ikkje bort frå at utdanningsprogrammet kan leggjast ned tidlegare dersom det ikkje blir eit stabilt søkjargrunnlag både til Vg1 og Vg2 før utbygginga av Stord vidaregåande skule er ferdigstilt.

Laksevåg videregående skole: Oppretting: Vg3 EI-energi med studiekompetanse.

Opprettinga av dette tilbudet er ein konsekvens av tidlegare vedtak om ha eit forsøk innanfor yrkesfag med studiekompetanse.

Norheimsund vidaregåande skule: Oppretting: Vg2 Kjøretøy.

Dette programområdet vart lagt ned våren 2016 fordi det ikkje var søkjarar nok. Det har vore få primærsøkjarar til tilbudet over fleire år. I skulebruksplanen er det sagt at skulen skal ha 30 elevplassar på utdanningsprogrammet Teknikk og industriell produksjon (TIP). Skulen har i inneverande skuleår to klassar på Vg1 TIP, og ein klasse Vg2 Industriteknologi. På grunnlag av dette ville det vore mest relevant å ikkje opprette Vg2 Kjøretøy på nytt frå skuleåret 2017/2018. Generelt er det slik at søkjargrunnlaget til Vg2 Industriteknologi vart vesentleg lågare i 2016 på grunn av nedgangen i oljesektoren. Dersom dette også slår inn på Norheimsund vidaregåande skule vil det kanskje ikkje vere grunnlag for å opprette tilbudet, og søkjarane frå Vg1 står utan alternative Vg2-tilbod ved skulen. Fylkesrådmannen rår difor til at Vg2 Kjøretøy blir gjort søkbart, og at det vil vere primærsøkjartalet til dei to programområda som avgjer kva som skal kome i gong frå hausten 2017. I flg. skulebruksplanen er det berre aktuelt med eit Vg2-tilbod innanfor TIP-faga frå hausten 2017.

Voss gymnas: Oppretting: Vg1 Service og samferdsel

Dette programområdet vart lagt ned våren 2016 fordi det ikkje var nok søkjarar. I skulebruksplanen er det sagt at skulen skal ha dette utdanningsprogrammet. Fylkesrådmannen rår til at tilbudet blir oppretta att frå hausten 2017.

Odda vidaregåande skule: Oppretting: Vg3 Idrettsfag.

Dette er ein konsekvens av at utdanningsprogrammet Idrettsfag vart oppretta att ved skulen i 2015.

Grunngjeving for framlegg til vedtak om nedlegging i punkt 2B

Austrheim vidaregåande skule: Nedlegging Vg2 Teknikk og industriell produksjon TAF.

Dette er ein konsekvens av at skulen ikkje hadde søkjargrunnlag til Vg1 innanfor TAF-modellen til Teknikk og industriell produksjon våren 2016.

Grunngjeving for framlegg til vedtak i punkt 2C

Det er svært vanskeleg å sjå behovet for innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar. Hovudgrunnen til dette er sjølvstapt at talet på mindreårige flyktningar varierer svært mykje, både i høve til tal og kor dei blir plasserte i fylket.

I tillegg til dette er talet på ungdom som kjem frå andre land i Europa, særleg Aust-Europa, fordi foreldra søker arbeid i vårt fylke, minkande. For begge gruppene er det likevel uvisst om elevgrunnlaget til innføringsklassane blir større eller mindre fram mot skulestart i 2017. Fylkesrådmannen ynskjer at desse elevgruppene får eit opplæringstilbod der dei bur og at ein difor, i samarbeid med skulane, opprettar tilbod når behovet melder seg - eller legg ned tilbod når det ikkje er søkjar-/elevgrunnlag. For å få til effektivitet i dette arbeidet rår fylkesrådmannen til at administrasjonen får fullmakt til å leggje ned/opprette tilbod i samsvar med behovet for denne typen klassar.

Tilbod som vart lagt ned våren 2016 og som det ikkje blir gjort framlegg om å opprette att

Det er nokre utdanningstilbod som det ikkje blir gjort framlegg om å opprette att frå hausten 2017, sjølv om dei kjem inn under hovudregelen om å prøve å sjå om det er søkjargrunnlag året etter nedlegging. Nedanfor vil fylkesrådmannen grunngje dette.

Vg1 Bygg- og anleggsteknikk ved Norheimsund vidaregåande skule har hatt låge søkjartal over fleire år, og vart våren 2016 lagt ned for skuleåret 2016/2017. I skulebruksplanen er det vedtatt at skulen ikkje skal ha dette utdannings-programmet, og på bakgrunn av det tilrår heller ikkje fylkesrådmannen at tilbodet blir oppretta att frå hausten 2017.

Mediedesign var tidlegare eit Vg3-tilbod innanfor det yrkesfaglege utdanningsprogrammet Medium og kommunikasjon. Frå skuleåret 2016/2017 vart Medium og kommunikasjon gjort om til eit studieførebuande utdanningsprogram, og Mediedesign vart lagt inn som eit nytt Vg1-tilbod i utdanningsprogrammet Design og handverk med nemninga Medieproduksjon. Vg2 har også nemninga Medieproduksjon, medan det i Vg3 er kalla Mediedesign når elevane fullfører utdanninga i skule. I tillegg kan ein etter Vg2 søkje læreplass i Fotograffaget og Mediografikarfaget.

Fylkesrådmannen ynskjer ikkje å opprette eit så smalt tilbod som dette er. Sjølv om ein etter Vg3 i Medieproduksjon får ei yrkesutdanning er det avgrensa kor mange arbeidsplassar dette faget har.

Tilgangen på læreplassar kvart år i dei to

ovannemnde faga er svært låg i høve til det elevtalet eit slikt tilbod må ha i skule for å kunne opprettast. Når det gjeld tilbod til elevane i små fag har Hordaland høve til å kjøpe eit lite tal plassar frå andre fylke. Når det gjeld Medieproduksjon vil Hordaland kunne kjøpe plassar i Rogaland og dermed ha kontroll på kor mange elevar som er aktuelle for å kunne gje sluttopplæring med kompetanse.

Vg1 Overflateteknikk vart oppretta ved Askøy vidaregåande skole i classesaka i desember 2015. Det var då mange år

sidan dette programområdet hadde vore eit utdanningstilbod i Hordaland, og grunnen var lita søkjarinteresse for tilbodet over fleire år. Det viste seg at det heller ikkje var interesse for dette programområdet til inneverande skuleår, og tilbodet vart lagt ned av fylkesutvalet i mai 2016. For å få i gang dette tilbodet att trengs det, i tillegg til auka søkjarinteresse, ein del tilretteleggingar/ombyggingar av lokala ved Askøy vidaregåande skole. Vg2 Overflateteknikk er eit tilbod som krev relativt store og tilpassa rom, ikkje minst i høve til ventilasjon. Fylkesrådemannen ser det slik at det vil vere uheldig å gå i gang med eit slikt arbeid i høve til eit utdanningstilbod som har vist seg over tid å vere av lite interesse hjå ungdommen. Dersom ein kjem i gang med eit slikt tilbod frå hausten 2017 har ein ingen garanti for at det same skjer i 2018, og ein har då brukt mykje ressursar til lita nytte. Fylkesrådmannen peikar også på at det i skulebruksplanen ligg inne store ombyggingar både på Askøy vidaregåande skole og Sotra vidaregåande skule, og at det eventuelt kan vurderast om det skal leggjast til tenlege lokale til Vg2 Overflateteknikk i planen for desse skulane.

Vg2 Design og tekstil ved Knarvik vidaregåande skule vart lagt ned våren 2016 grunna lågt søkjartal. Dette programområdet gir kompetanse til å søkje læreplass i nokre små lærefag, som t.d. kjole- og draktsyarfaget og modistfaget. Dette er fag med svært få læreplassar, og det har over fleire år vore oppretta Vg3 klassar i Kjole og draktsyarfaget ved Årstad vidaregåande skole. Det er lite arbeidsplassar i faget sjølv for dei som har fått fagbrev. Skulen tilbyr Vg2 Interiør og utstillingsformgjevar innanfor utdanningsprogrammet Design og handverk. Dette fører fram til yrkeskompetanse med ordinært Vg3 løp i skule.

Grunngjeving for framlegg til vedtak i punkt 3A og 3B

Framlegga er ein konsekvens av strukturendring innanfor utdanningsprogramma Kunst, design og arkitektur og Medium og kommunikasjon, og treng ikkje grunngjeving ut over dette.

Grunngjeving for framlegg til vedtak i punkt 4

Nordahl Grieg videregående skole har søkt om å få opprette eit tilbod som gir studiekompetanse etter tre år i utdanningsprogrammet Helse- og oppvekstfag. Eit stort fleirtal av elevane i dette utdanningsprogrammet vel allmennfagleg påbyggingskurs etter Vg2. Dei fleste elevane opplyser at målet deira er å få studiekompetanse slik at dei blir kvalifiserte for høgskule-/universitetsutdanning, særleg innanfor helse- og oppvekstsektoren. Allmennfagleg påbyggingskurs er eit teoretisk tilbod, og erfaringa er at fleire av elevane slit med å gjennomføre med tilfredstillande resultat. Ved å innføre eit tre-årig løp der fellesfag frå allmennfagleg påbygging er integrert, og dei teoretiske utfordringane er fordelte over tre år, kan gjere utdanningsløpet lettare for mange. Dette vil føre til at elevane føler betre meistring, og dermed bidra til høgare grad av gjennomføring med kompetanse. Elevane som fullfører eit studieførebuande løp innanfor eit yrkesfagleg program får også ei praktisk og variert tilnærming til yrkesfaga. Elevane vil framleis ha praksis ute i bedrift (Prosjekt til fordjupning), og dette vil fordelast over alle tre åra. Elevane vil med eit slikt opplegg få ein meir variert skulekvardag, og ikkje minst få eit betre grunnlag til å bestemme seg for vidare studiar.

Laksevåg videregående skole har eit tilsvarande opplegg innanfor elektrofag i to år. Tilbodet skal gje grunnlag for høgare utdanning ved universitet-/høgskular t.d. som ingeniør, og har hatt mange og godt kvalifiserte søkjarar sidan oppstart.

Grunngjeving for framlegg til vedtak i punkt 5.

Fylkesrådmannen ynskjer å synleggjere venta behov for Vg3-klassar i skule på grunn av manglande tilbod om læreplass. I framlegg til vedtak er det tatt med dei faga som dette truleg er mest aktuelt for, men dette kan sjølvstøtt endre seg i begge retningar. Ved at dette blir synleggjort alt no vil skulane i større grad kunne førebu desse tilboda på ein god måte.

I framlegg til vedtak er det innanfor utdanningsprogrammet Teknikk og industriell produksjon ikkje konkretisert kva fag-område det skal gjevast opplæring i. Grunnen er at det innanfor dette utdanningsprogrammet er svært mange fagretningar, og at ein ynskjer å vurdere kva fag som skal vektleggjast når ein ser bakgrunnen til den ein skilde søkjar.

Tilboda skal ikkje vere søkbare i vigo.no, men dei aktuelle elevane utan tilbod om læreplass (med Ungdomsrett) blir tekne inn individuelt av opplæringsavdelinga tidleg haust.

Fylkesrådmannen vil å sjå på organiseringa, struktur og innhald av Vg3-klassane i skule, m.a. i høve til opplæringstid. Det kan t.d. vere mogleg å opprette eit to-årig tilbod, men der fagleg sterke elevar kan gå opp til fagprøve før dei to åra er fullførte.

Talet på elevplassar innanfor dei ulike utdanningsprogramma burde i den teoretiske verda sjåast i samanheng med talet på læreplassar. I den praktiske verda er det særleg to punkt som gjer dette meir utfordrande. Det eine er at søkjarane har rett til å få plass innanfor eitt av tre utdanningsprogram. Det andre er at det er to år frå ein elev er ferdig med ungdomsskolen til det skal søkjast om læreplass. Mykje kan ha endra seg i arbeidsmarknaden i løpet av dei to åra. På den andre sida kan det også sjå ut som om ungdommen fangar opp konjunkturedringar betre enn tidlegare. Eit døme på dette er at talet på søkjarar til Teknikk og industriell produksjon har gått ned med 1/3 frå 2014 til 2016.

Fylkesrådmannen si utfordring er såleis å tilpasse talet på elevplassar i høve til elevane sine rettar i opplæringslova, og talet på læreplassar både på kort og lengre sikt.

Arkivnr: 2016/299-18

Saksbehandlar: Britt Karen Spjeld, Hanne Espe og Odd Bjarne Berdal

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse	102/16	01.12.2016
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		06.12.2016
Fylkesutvalet		08.12.2016
Fylkestinget		13.12.2016

Idrettscampus Bergen**Samandrag**

Fylkestinget vedtok 8. - 9. desember 2015 å løyve kr. 100.000,- til planlegging av eit «Campus Bergen» - *Fleirtalspartia ønskjer å etablera eit «campus Bergen» etter modell frå Sogndal for å få eit kompetansesenter der ein samlar idretten, høgskulen, næringsliv, Olympiatoppen, Universitetet i Bergen og den vidaregåande skulen. Fylkesrådmannen skal setja i gong planlegging og koma tilbake til fylkestinget med ei sak om korleis dette kan organiserast.*

Jf Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025: *Eit tett samarbeid med Universitetet i Bergen, Høgskolen i Bergen, Helse Bergen, kommunen og fylkeskommunen er sentralt for å utvikle relevant FoU-arbeid, studietilbod/kurs, testing m.m. Samlokalisering av fleire av desse aktørane på Minde gjev høve til styrking av kompetansemiljøa og vidareutvikling av området i samarbeid med Sportsklubben Brann.*

Skulebruksplanen for Hordaland fylkeskommune 2017-2030, vedteken i fylkestinget 04.10.2016, peikar på at Årstad vidaregåande skole er den skulen som er lokalisert nærmast til Nymarksområdet og dei andre aktørane i campussamarbeidet.

Føremålet med Idrettscampus Bergen er å styrkje arbeidet med idrett og fysisk aktivitet i Hordaland, mellom anna ved å etablere møteplassar der kvalitet, kunnskapsformidling og utvikling er i fokus. Partane har som mål å skape eit kraftsenter for Hordalandsidretten i breidde og topp, og for fysisk aktivitet i alle aldersgrupper. Det skal mellom anna leggjast til rette for uformell og formell erfaringsutveksling, å fremje ny kompetanse, optimal bruk av spesialisert utstyr og praktisering av aktivitet for ulike grupper.

Første arbeidsmøte vart gjennomført 5. januar 2016. 2. mars inviterte fylkesordføraren følgjande aktørar til rådslaging: Høgskulen i Bergen, Haukeland Universitetssjukehus, Bergen kommune, Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest og Sportsklubben Brann. I tillegg deltok idrettspresident Tom Tvedt.

Det vart utpeikt ei styringsgruppe og ei arbeidsgruppe med representantar frå alle aktørane. Desse hovudlinjene vart sett for det vidare arbeidet;

- Fase 1: Kartlegge dagens ressursar, behov og moglegheiter
- Fase 2: Peike på potensiale og synergjar
- Fase 3: Scenariotenking, modellar for samvirke, lokalisering m.m.

Arbeidsgruppa utarbeidde prospektet *Idrettscampus Bergen* med forslag til namn, undertittel, verdier hjå dei ulike aktørane, og konkretiserte mogleg fagleg innhald i campusen i eit forsøk på å tydeleggjere omgrep og gje eit bilete av kva campusen kunne bli. Styringsgruppa vedtok med grunnlag i prospektet å setje i verk eit moglegheitsstudie fasilitert av eksterne konsulentar. PwC leverte rapport 28. september – Moglegheitsstudie fase 1. På basis av denne vart opsjon løyst ut og leveringsfrist for Moglegheitsstudie fase 2 er sett til 10. desember.

Rapportane blir finansierte ved bidrag frå alle aktørane; kr 100.000 frå Hordaland fylkeskommune, kr 170.000 frå Bergen kommune, kr 70.000 frå Haukeland universitetssjukehus, kr 50.000 Høgskolen i Bergen og kr 100.000 Norges Idrettsforbund/ Hordaland idrettskrets.

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget stiller seg positiv til vidare arbeid i 2017 og 2018 med Idrettscampus Bergen.
2. Fylkestinget nemner opp fylkesordførar som representant til styringsgruppa i det vidare arbeidet

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.11.2016

Bakgrunn

Fylkestinget vedtok 8. -9. desember 2015 å løyve kr. 100.000,- til planlegging av eit «Campus Bergen», med følgjande merknad: *Fleirtalspartia ønskjer å etablere eit «campus Bergen» etter modell frå Sogndal for å få eit kompetansesenter der ein samlar idretten, høgskulen, næringsliv, Olympiatoppen, Universitetet i Bergen og den vidaregåande skulen. Fylkesrådmannen skal setja i gong planlegging og koma tilbake til fylkestinget med ei sak om korleis dette kan organiserast.*

I Regional kulturplan (2015 – 2025) heiter det: *Eit tett samarbeid med Universitetet i Bergen, Høgskolen i Bergen, Helse Bergen, kommunen og fylkeskommunen er sentralt for å utvikle relevant FoU-arbeid, studietilbod/kurs, testing m.m. Samlokalisering av fleire av desse aktørane på Minde gjev høve til styrking av kompetansemiljøa og vidareutvikling av området i samarbeid med Sportsklubben Brann.*

Arbeid med Idrettscampus Bergen kan såleis vere eit viktig tiltak for å realisere regional politikk på fagområde fysisk aktivitet og idrett. Generelt i kulturplanen er det stort fokus på samhandling og fagleg samarbeid på tvers av fag, forvaltningsnivå og målgrupper. Idrettscampus Bergen vil gje synergjar utover både geografisk plassering og dei noverande aktørane.

I Skulebruksplanen vert det vist til at Årstad vidaregåande skule har ei sentral plassering i høve til «Idrettscampus Bergen». I den samanheng vil skulen vere ein naturleg stad å etablere eit nytt tilbod innan idrettsfag. Vidare har skulen ein storleik og ei breidde i fagmiljø og elevar som gjer at den kan vere ein viktig ressurs inn i ein campus når det gjeld utdanning, forskning og kompetanseutvikling.

Organisering og innhald

Det første arbeidsmøte vart gjennomført 5. januar 2016. 2. mars inviterte fylkesordføraren følgjande aktørar til rådslaging: Høgskolen i Bergen, Haukeland Universitetssjukehus, Bergen kommune, Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest og Sportsklubben Brann. I tillegg deltok idrettspresident Tom Tvedt.

Det vart utpeikt ei styringsgruppe og ei arbeidsgruppe med representantar frå alle aktørane.

Styringsgruppa

Kven	Organisasjon	Kva
Anne Gine Hestetun (leiar)	Hordaland fylkeskommune	Fylkesordførar
Pål Hafstad Thorsen	Bergen kommune	Byråd for barnehage, skule og idrett
Helge Johnsen	Hordaland Idrettskrets	Styrelleiar
Anita Lyssand	Haukeland Universitetssjukehus	Fagsjef
Ole Gunnar Søgne	Høgskolen i Bergen	Rektor

Arbeidsgruppa

Kven	Organisasjon	Kva
Britt Karen Spjeld	Hordaland fylkeskommune	Fylkesidrettssjef, prosjektleiar
Birthe Haugen	Hordaland fylkeskommune	Opplæringsavdelinga, seksjonsleiar
Odd Bjarne Berdal	Hordaland fylkeskommune	Opplæringsavdelinga, seniorrådgjevar
Hanne Espe	Hordaland fylkeskommune	Kultur og idrettsavdelinga, spesialrådgjevar, skrivar
Rune Titlestad	Bergen kommune	Idrettsdirektør
Frode Karlsen	Bergen kommune	Idrettsrådgjevar
Knut Songve	Hordaland idrettskrets	Organisasjonssjef
Pia Mørk Andreassen	Olympiatoppen Vest	Avdelingsleiar
Vibeke Johannesen	SK Brann	Dagleg leiar
Nina Grieg Viik	Høgskolen i Bergen	Phd, Prodekan utdanning
Torhild Næss Vedeler	Helse Bergen	Leiar av energisenteret for barn og unge

Desse hovudlinjene vart sett for det vidare arbeidet;
 Fase 1: Kartlegge dagens ressursar, behov og moglegheiter
 Fase 2: Peike på potensiale og synergjar
 Fase 3: Scenariotenking, modellar for samvirke, lokalisering osv.

17. juni var aktørane samla på Brann stadion til det første, konstituerande, møtet i styringsgruppa. Til dette møtet hadde arbeidsgruppa utarbeidd eit prospekt Idrettscampus Bergen med forslag til namn, undertittel, verdiar hjå dei ulike aktørane, og konkretisert mogleg fagleg innhald i campusen i eit forsøk på å tydeleggjere omgrep og lage eit bilde av kva campusen kan bli. Med bakgrunn i prospektet vedtok styringsgruppa å gjennomføre eit moglegheitsstudie fasilitert av eksterne konsulentar.

Moglegheitsstudie Idrettscampus Bergen

Den 5. juli vart det lyst ut eit tilbod på moglegheitsstudie for Idrettscampus Bergen med frist 11. august. To selskap gav tilbod på oppdraget. PwC vant oppdraget på fase 1 for kr 245.000 og gav tilbod på ein opsjon på fase 2 på kr 245.000. PwC utarbeidde innan fristen 28. september ein rapport som vart presentert og handsama i styringsgruppa 6. oktober.

Det er gjennomført rundt 30 semistrukturerte intervju med ressurspersonar frå dei sju aktørane og andre med relevant kompetanse og erfaring for prosjektet. Det er tillegg gjennomført fire arbeidsmøte med arbeidsgruppa for Idrettscampus Bergen.

Føremålet med Idrettscampus Bergen er å gje eit løft for idrett og fysisk aktivitet i Hordaland og Bergen, ved å etablere møteplassar der kvalitet, kunnskapsformidling og utvikling er i fokus. Det er skissert 10 moglege hovudområde for Idrettscampus Bergen, som saman skal vere med å gje dette løftet;

- Utdanning
- Kurs og formidling
- Forsking og utvikling
- Testlab
- Medisinsk kompetanse
- Antidoping
- Arrangementskompetanse
- Idrettsfagleg kompetanse
- Folkehelse 0-100 år
- Treningsfasilitetar

Saman vil ein kunne skape eit kraftsenter for Hordalandsidretten i breidde og topp, og for fysisk aktivitet i alle aldersgrupper. Det skal mellom anna leggjast til rette for uformell og formell erfaringsutveksling, å fremje ny kompetanse, optimal bruk av spesialisert utstyr og praktisering av aktivitet for ulike grupper.

I rapporten er det m.a. peika på ulike suksesskriterium. Ei ressurssterk styringsgruppe, samlokalisering av dei viktigaste områda, «riktig kompetanse» nære utøvarane og tilsetjing av ein leiar med driv og handlekraft er noko av det som vert løfta opp som avgjerande for gode resultat i eit slikt samarbeid.

Synergieffektane i prosjektet er store. Ei betre utnytting av ressursar på tvers av breiddeidrett, toppidrett og folkehelse vil kunne gje gode effektar t.d. i høve rekruttering, folkehelse og kompetanse.

I rapporten vart det skissert tre ulike konsept med aukande grad av satsing;

- Konsept 1 «Lågterskel»
Mykje likt som i dag, men noko meir samlokalisering og avtaleplikta og nettverksbasert samarbeid
- Konsept 2 «Løftet»
Meir samlokalisering, tettare samarbeid mellom aktørar, og behov for nye fasilitetar
- Konsept 3 «Altomfattande»
Høg grad av samlokalisering der alle hovudområda er «innanfor» campus, med kapasitet til store arrangement

For å få eit betre avgjerdsgrunnlag vedtok styringsgruppa å gå vidare med opsjonen. Bestillinga er å sjå nærare på følgjande aspekt av prosjektet;

- Utarbeide forslag til visjon, verdiar, mål og strategi
- Forslag til konkrete samarbeidsmodellar og lokalisering
- Forslag til konkrete delprosjekt som kan utviklast i ein tidleg fase, samt organiseringa av desse delprosjekta.

Denne rapporten skal leverast 10. desember og handsamast i styringsgruppa 20. desember i år.

Rapportane blir finansiert med bidrag frå alle aktørane; kr 100.000 frå Hordaland fylkeskommune, kr 170.000 frå Bergen kommune, kr 70.000 frå Haukeland universitetssjukehus, kr 50.000 Høgskolen i Bergen og kr 100.000 Norges Idrettsforbund/ Hordaland idrettskrets.

Vegen vidare

Styringsgruppa vurderer samla kostnadene til prosjektet dei to komande åra til å vere om lag 3 mill. I dette ligg kostnader til m.a. ein stillingsressurs og gjennomføring av konkrete delprosjekt. Alle aktørane forpliktar seg til samarbeid gjennom kompetanse, forskning og andre ressursar. Vidare vurderer styringsgruppa at det er naturleg at det er Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune som i hovudsak finansierer prosjektet i dei to komande åra. Ei eventuell vidare satsing må vurderast i budsjetthandsaming for 2017.

Fylkesrådmannen ser allereie positive ringverknader av samarbeidet, med tanke på deling av informasjon og som eit viktig møtepunkt. Han ser mellom anna at det er samkøying av innkjøp og bruk av dyrt utstyr i samarbeid mellom t.d. Helse Bergen, Høgskolen i Bergen og SK Brann. I tillegg til at fleire andre konkrete prosjekt er planlagt: t.d. satsing på kroppsøvingsfaget, forskning og testing, trenarutdanning, sikre utdanningsløp for unge utøvarar (toppnivå), idrett for funksjonshemma og koordinering av kurs og formidling.

Parallelt med utviklinga av plattformen for samarbeidet knytt til idrettscampus Bergen er det fleire store prosessar som påverkar arbeidet, m.a. idrettsplanen til Bergen kommune, regionreforma, høgskulesamanslåing på Vestlandet og ferdigstilling av Energisenteret for barn og unge ved Haukeland universitetssjukehus.

IDRETTSCAMPUS BERGEN

KOMPETANSEDELING OG SAMSPEL FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET



BERGEN
KOMMUNE



HØGSKOLEN
I BERGEN



HELSE BERGEN
Haukeland universitetssjukehus



Idrettscampus Bergen er eit samarbeid mellom Høgskolen i Bergen (HiB), Haukeland universitetssjukehus, Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest (OLTV), Sportsklubben Brann, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Føremålet er å gje eit løft for idrett og fysisk aktivitet i Hordaland og Bergen ved å etablere møteplassar der kvalitet, kunnskapsformidling og utvikling er i fokus. Saman vil ein kunne skape eit kraftssenter for Hordalandsidretten i breidde og topp, og for fysisk aktivitet i alle aldersgrupper. Det skal m.a. leggas til rette for uformell og formell erfaringsutveksling, å fremje ny kompetanse, optimal bruk av spesialisert utstyr og praktisering av aktivitet for ulike grupper. Dei 10 punkta under skildrar tenkt innhald i Idrettscampus Bergen.

Utdanning

Idrettscampus Bergen kan gje heilskapleg og samordna kompetanseutvikling innan fysisk aktivitet frå folkehelse til toppidrett. Den vil vere viktig for utdanning og for etter- og vidareutdanning for lærarar, skuleleiarar, helsepersonell og trenarar innan m.a. toppidrett, kroppsøving, kosthald, belastningsskadar og rehabilitering. Eit samarbeid om kroppsøvfaget vil gje betre tilrettelagt undervisning for elevar med særskilte behov, redusere fråfall og fremje generell fysisk og helsefremjande aktivitet i skulen. Idrettscampus Bergen vil kunne lage unike rammer for å kombinere satsing på toppnivå innan ulike idrettar med utdanning både i vidaregåande skule og i høgare utdanning. Høgskolen i Bergen er eit kraftssenter for profesjonsretta utdanningar, FoU og innovasjon på Vestlandet. Haukeland universitetssjukehus utdannar helsepersonell, både som ein del av grunnutdanninga, vidare- og etterutdanning, turnusteneste, spesialistutdanning og ulike typar kurs i regi av arbeidsgjevar. Idrettscampus Bergen vil også kunne vere ein god og relevant praksisplass for instruktørar, trenarar, lærarstudentar, lærarar i etterutdanning og helsepersonell under opplæring.

Kurs og formidling

Samanhengen mellom forskingsbasert kunnskap og praksis står sentralt. Idretten og Haukeland Universitetssjukehus representerar arenaer for praktisk forskning og kunnskapsformidling. Kunnskapen vil nå ei større målgruppe når felles tiltak vert marknadsført gjennom fleire kanalar. På fagfelt der ein av aktørane har spisskompetanse, kan kompetansen delast gjennom formidling til andre aktørar og målgrupper. Felles fagområde kan undersøkast frå ulike vinklar med utgangspunkt i den einskilde aktør sin spisskompetanse.

Forsking og utvikling

Idrettscampus Bergen vil styrke nettverka som arbeider med FoU innan idrett, fysisk aktivitet, mat og helse. Samarbeid på tvers av miljøa, der idretten sin praktiske erfaring og kunnskapsformidling møter akademias forskingsbaserte kunnskap, kan medverka til auka kunnskap innan helsefremjande aktivitetar, kroppsøvfaget i skulen og breidde- og toppidrett. Høgskolen i Bergen har ein samarbeidsavtale med NTNU, som er senter for toppidrettsforskning, der HiB/OLTV skal ha forskingsfokus på sykkel, svømming og idrett for menneske med funksjonsnedsetting. Høgskolen i Bergen er vertskap for Nasjonalt senter for fysisk aktivitet, mat og helse. Haukeland universitetssjukehus har den største avdelinga med klinisk ernæringsfysiologar i regionen. Kvalitet i data og analysar er avgjerande for å utarbeide gode behovsvurderingar lokalt og regionalt for optimal anleggsbruk og utvikling i høve til tilgjengelege ressursar.

Testlab

Systematisk testing av høg kvalitet gjev både praktisk og teoretisk informasjon som kan brukast i forskning og kunnskapsformidling. Dette gjev grunnlag for dokumentasjon og utvikling. HiB og OLTV har saman bygd opp ein fysiologisk testlab med teknisk utstyr for å teste uthald, styrke og teknikk/motorikk. Vidare er det mellom anna etablert ein godkjent Olympiatopp-lab og eit idrettsmedisinsk senter med nytt testutstyr, opptreningsfasilitetar og tilbod om medisinsk oppfølging. Med opning av Energisenteret for barn og unge ved Haukeland universitetssjukehus i 2017 vil fleire laboratorium med topp moderne utstyr bli tilgjengeleg.

Medisinsk kompetanse

Haukeland universitetssjukehus skal saman med Haraldsplass Diakonale Sykehus dekke lokale, regionale og utvalde nasjonale funksjonar innan spesialisthelsetenesta. Sjukehuset gjev eit heilskapleg og individuelt tilpassa tilbod til pasientar og pårørande som sikrar effektiv pasientoppfølging, målretta opplæring og behandling av høg internasjonal kvalitet. Sjukehuset driv eit aktivt forskings- og utviklingsarbeid, og deltek saman med Høgskolen i Bergen og Universitetet i Bergen i utdanninga av helsepersonell på alle nivå. Det er utvikla eit samarbeid om bruk av testutstyr og oppbygging av kunnskap om korleis kroppen fungerer under ekstremt press, som til dømes ved utøving av idrett. Slik kunnskap kan nyttast i terapi for alvorleg sjuke som ofte blir pressa til si maksimale ytevne og til førebygging av sjukdom. For idrettsutøvarar er det avgjerande å ha eit optimalt medisinsk tilbod i periodar der dei er ikkje-fungerande i si idrettsutøving. Idrettsmedisinsk avdeling på Brann stadion har gode lokale, kompetent personell og moderne utstyr som gjev høve til å levere tenester som er heilt i front av utviklinga innanfor det idrettsmedisinske området.

Antidoping

Lokal mobilisering mot doping er viktig for å gje unge menneske tilstrekkeleg kunnskap og informasjon til å avstå frå dette og for å lukkast med nulltoleranse til dopingbruk. Dette inkluderer rettleiing om trening og kosthald. I tillegg skal kunnskapen om dopingproblematikk hjå relevante yrkesgrupper aukast. Helsedirektoratet har tildelt midlar til Stiftinga Antidoping Norge til dette arbeidet, og Hordaland fylkeskommune er ein av fire fylkeskommunar som deltek i prosjektet (2016-2018). Tiltaka blir sett i samanheng med arbeidet den organiserte idretten gjer. «Rent Idrettslag» er eit samarbeidsprosjekt mellom Norges idrettsforbund og Antidoping Norge. Programmet utfordrar klubbar og lag til å utvikle sin eigen antidopingpolitikk. Ei sertifisering som "Rent Idrettslag" er gyldig i tre år. Tema er óg sentralt for studentar og undervisninga ved Høgskolen i Bergen.

Arrangementskompetanse

Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har ambisjonar om å vidareutvikle Bergen, Bergensregionen og Voss som område for større regionale, nasjonale og internasjonale idretts- og friluftsansettment. Dette krev anlegg og natur av høg kvalitet, og arrangørar med kompetanse innan idrett og friluftsliv, språk, forhandlingar, media, strategisk og operativ planlegging og høg gjennomføringsevne. I tillegg vil evalueringsarbeid og ringverknadsanalysar kunne bli utvikla og gjennomført som ein del av Idrettscampus Bergen.

Idrettsfagleg kompetanse

Den idrettsfaglege kompetansen gjev grunnlag for optimalisering av treningsarbeidet frå breidde til topp. Gjennom OLTV, HiB og trenarar for toppidrettsutøvarar er det framifrå idrettsfagleg kompetanse i regionen. Idrettscampus Bergen vil gje rom for og styrke den tverridrettslege og tverrfaglege kompetanseutviklinga.

Folkehelse 0 til 100 år

Ved å legge til rette for fysisk aktivitet uavhengig av alder og ambisjonsnivå i eit inkluderande og sosialt miljø vert Idrettscampus Bergen ein viktig aktør for folkehelsearbeidet i regionen. Denne rolla vil vidare styrkast ved at ein aukar kompetansen om levevanar som har effekt på fysisk og psykisk helse og på utbyttet av fysisk aktivitet hjå befolkninga. Dette gjeld kosthald, søvn, tobakk og rus. Haukeland universitetssjukehus, Haraldsplass Diakonale Sykehus og 22 kommunar i sjukehusområdet (inkludert Bergen kommune) har samarbeidsavtale om førebygging. Kommunane og fylkeskommunen har lov-pålagte oppgåver i folkehelsearbeidet. Kommunane skal fremje helse og trivsel og medverka til å forebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning og medverka til å utjamne ulikskap i sosial helse. Fylkeskommunen si oppgåve er å støtte opp under dette arbeidet og i tillegg fremje god folkehelse innan eigne oppgåver og verkemidlar. Idretten er ein viktig aktør innan det helsefremjande og førebyggjande arbeidet. Idrettscampus Bergen vil vere ein arena der dette arbeidet kan sjåast i samanheng på tvers av aktørane.

Treningsfasilitetar

Utøvarar og trenarar treng ein stad å møtast for å kunne dele erfaringar og skape eit utviklingsmiljø. Fleksible treningsfasilitetar av høgste kvalitet og med spesialutstyr for ei rekkje idrettar vil vere eit tilbod som løftar både breidde og topp, og medverkar til optimalisering av treningsarbeidet. Døme på brukar-grupper kan vere toppidrettslinjer og idrettslinjer i vidaregåande skular, Høgskolen i Bergen, Haukeland universitetssjukehus, Sportsklubben Brann og toppidrettsutøvarar elles i regionen.





foto forside: Morten Kristoffersen

Moglegheitsstudie Idrettscampus Bergen



BERGEN
KOMMUNE



Fasilitert av  **pwc**



Samandrag

Moglegheitene for betre samordning og bruk av ressursar synast å vere betydelege. Andre byar i Noreg har kome lengre i arbeidet med å legge til rette for toppidrett, breiddeidrett og folkehelse gjennom ein idrettscampus.

Det finns eit stort synergipotensial mellom aktørane og dei ulike skisserte hovudområda, som også kan ha positive ringverknader for andre kommunar og aktørar i Hordaland

Potensialet er til stades for rask igangsetting av prosjekt som kan bidra til å løyse store samfunnsutfordringar på tvers av toppidrett, breiddeidrett og folkehelse

Det er stor einigheit mellom aktørane, og alle ser store moglegheiter innanfor dei fleste skisserte hovudområda, om ein vel å gå for noko meir enn eit «lågterskelkonsept»



Foto: Karl Filip Singdahlsen

Innholdsoversikt

1

Bakgrunn og oppdrag

2

Dagens situasjon

3

Mogelegheter

4

Appendiks

Innhald

1

Bakgrunn og oppdrag

2

Dagens situasjon

3

Mogelegheter

4

Appendiks

Bakgrunn

Bakgrunn

- Hordaland fylkeskommune har på vegne av Bergen kommune, Høgskolen i Bergen, Haukeland universitetssjukehus, Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest, Sportsklubben Brann og fylkeskommunen sjølv vore oppdragsgjevar for å få gjennomført ein moglegheitsstudie knytt til Idrettscampus Bergen*.
- Det var på førehand peika ut ti fagområder ein ser for seg skal inngå i campusen. Oppdraget har gått ut på å samle og strukturere informasjon frå dei forskjellige aktørane knytt til desse områda, og peike på moglege synergieffektar.
- Det er også gjort enkelte vurderingar av potensielle samarbeidsformer, organisering, finansiering, lokalisering, samt samarbeid med andre campusar og aktørar.
- Moglegheitsstudien skal mellom anna gje styringsgruppa og den enkelte aktør eit grunnlag for avgjerd om arbeidet vidare med Idrettscampus Bergen.




Proessen

- Moglegheitsstudien har blitt fasilitert av PwC. Hovudoppgåvene for PwC har vore å planlegge prosessen og sikre framdrift, gjennomføre arbeidsmøter og intervju med aktørane, samle inn og strukturere utdjupande informasjon frå aktørane, samt å utarbeide sluttrapport basert på innhenta informasjon.
- Det er gjennomført rundt 30 semistrukturerte intervju med ressurspersonar frå dei sju aktørane og andre med relevant kompetanse og erfaring for prosjektet. Det er tillegg gjennomført fire arbeidsmøter med arbeidsgruppa for Idrettscampus Bergen.
- Vidare er det aktuelt å gjennomføre ein fase 2 i prosjektet, der ein skal utarbeide forslag til namn, visjon, verdiar, mål og strategi.



* Idrettscampus Bergen er eit arbeidsnamn for prosjektet, som vil bli vurdert i ein potensiell strategiprosess

I arbeidet med muligheitsstudien har vi følgd ein strukturert plan og involvert breitt



Føremålet med ein idrettscampus er å gje eit løft for idretten i Hordaland, og skape eit nytt kraftsenter

Føremål Idrettscampus Bergen

Idrettscampus Bergen er eit samarbeid mellom Høgskolen i Bergen (HiB), Haukeland universitetssjukehus, Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest (OLTV), Sportsklubben Brann, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune.

Føremålet er å gje eit løft for idrett og fysisk aktivitet i Hordaland og Bergen, ved å etablere møteplassar der kvalitet, kunnskapsformidling og utvikling er i fokus.

Saman vil ein kunne skape eit kraftsenter for Hordalandsidretten i breidde og topp, og for fysisk aktivitet i alle aldersgrupper. Det skal mellom anna leggjast til rette for uformell og formell erfaringsutveksling, å fremje ny kompetanse, optimal bruk av spesialisert utstyr og praktisering av aktivitet for ulike grupper.



Foto: Ragnar Brevik



Foto: Digitalsport



Foto: Caroline Dokken Wendelborg

Innhald

1

Bakgrunn og oppdrag

2

Dagens situasjon

3








Mogelegheter

4

Appendiks

Sju hovudaktørar er involverte i prosjektet, og alle ser fordelar med å arbeide gjennom ein felles idrettscampus

Eksempel på viktige oppgåver som søkast løyst gjennom idrettscampusen

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Kurse, formidle og utdanne. Betre folkehelsa, og legge til rette for toppidrett, breidde og aktivitet for alle. Forsking og utvikling.
 BERGEN KOMMUNE	Kunnskapsbasert topp-, breidde- og talentutvikling, kompetansedeling, utdanning, samarbeid og god utnytting av idrettsareal
 OLYMPIATOPPEN Vest-Norge	Sikre tilpassa trening, treningsfasilitetar og testing, legge til rette for utvikling av talent heile vegen frå byrjinga til topp, og heilskapleg oppfølging av toppidrett, skule og utdanning
 HØGSKOLEN I BERGEN BERGEN UNIVERSITY COLLEGE	Forske, utvikle, utdanne, formidle, samarbeide, bygge nettverk, utvide areal og sikre praksis for studentar
 NORGES IDRETTSFORBUND Hordaland idrettskrets	Bygge kompetanse, dele kompetanse, sikre treningsfasilitetar, og skape møteplassar og nettverk
 HELSE BERGEN Haukeland universitetssjukehus	Forsking og utvikling, dele kompetanse, førebygge og sikre god utnytting av ressursar
 BRANN	Testing og utvikling, auke trenings- og idrettsmedisinsk kompetansen, gje og få tilgang på utstyr og sikre utdanning for utøvarar

Aktørane samarbeider mykje i dag - men potensialet er langt større ...

Avgrensingar med dagens samarbeid


Fragmentert samarbeid - for lite samhandling

Kjenner ikkje til kva for kunnskap som finns og kvar den er lokalisert

Manglande koordinering – tidkrevjande å søke kompetanse

Avgrensa gjennomføringsevne

I stor grad uformelle bindingar og personavhengige relasjonar



Mesteparten av samarbeidet i dag er bilateralt, med stor moglegheit for meir multilateralt samarbeid

... og mykje er allereie lokalisert rundt Nymark - eit godt utgangspunkt for ei utvida kompetanseklunge




Foto: Google maps

Har Bergen og Hordaland seila akterut når det kjem til satsing på idrett, til trass for det gode utgangspunktet?



Fleire store satsingar er undervegs nasjonalt, og eksisterande campus kan vise til gode erfaringar

<p>Fosshaugane Campus, Sogndal</p> <ul style="list-style-type: none"> • Treningssenter for «alle» • Kurs og formidling • FoU • Medisinske tenester • Fotballstadion • Media og IKT • Private aktørar • Bygg innovasjonssenter 	<p>Granåsen, Trondheim</p> <ul style="list-style-type: none"> • Testlab • Toppidrettsforskning NTNU • Treningshall/-senter/ turnhall • Legesenter og fysikalsk institutt • Kontor, møterom og konferansedel • FoU 	<p>Campus Steinkjer</p> <ul style="list-style-type: none"> • Test- og treningssenter • Høgskulestudium – topptrener 1 • Anlegg (felles organisert) • Arrangementsprosjekt • Ulike prosjekt (rørslehemma, kroppsovingsfag etc.) • Idrettsmedisinske tenester 	<p>Håkons Hall, Lillehammer</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kontor og møterom • Treningssenter og basishall • Idrettsmedisinsk senter med to legeheimlar, fysioterapi og lab • Tilgang testlab og auditorium gjennom Høgskolen 	<p>Campus Gimlemoen, Kristiansand</p> <ul style="list-style-type: none"> • Treningshall • Kontor, møterom, garderobar og lunsjrom • Idrettsmedisinsk senter med lege, fysioterapi og lab • Forskingskontor og undervisningsrom 
<p>Campus Sognsvann</p> <ul style="list-style-type: none"> • Etablere toppidrettsenter med spesialanlegg for fleire ulike idrettar. • 36 000 m2 • Alle fasilitetane som er på toppidrettsenteret • Bruker «byggjeklosskonsept» 	<p>Oslofjorden Øst</p> <ul style="list-style-type: none"> • Østfold er i gang med eit forprosjekt med sterk involvering frå fylkeskommunen for å få etablert ei OLT-avdeling 	<p>Oslofjorden Vest</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nettverksmodell mellom fylkeskommunane i Buskerud, Vestfold og Telemark, Drammen og Skien, tilhøyrande idrettskretsar og HiSN • Campus Skien har oppgradert anlegg for 500 millionar 	<p>Campus Ullandhaug, Stavanger</p> <ul style="list-style-type: none"> • Toppidrettsenter • Folkehelsesenter • Testlab • Undervisningsrom, møterom, klasserom, hyblar • Treningsfasilitetar • Idrettskadeklinikk • UiS i same område 	<p>Tromsø</p> <ul style="list-style-type: none"> • Idrettsmedisinsk senter • Testlab • Treningsfasilitetar (styrke, basishall, fleirbrukshall) • Kontor, møterom, kantine • Ev NTG • Ønske om å være der akademia er 

Eksisterande

Under utvikling

Samlokalisering, kompetansedeling og formelle og uformelle møteplassar er sentralt for å lukkast med ein idrettscampus*

Suksesskriterier

Ei ressurssterk styringsgruppe der alle aktørane er representerte

Samlokalisering av dei viktigaste områda – dårlege erfaringar med «svake band»

Ha «riktig kompetanse» nære utøvarane i deira treningskvardag

Tilsette ein leiar med driv og handlekraft til å løfte prosjektet vidare

Ein fysisk plass der idrettscampusen har adresse - felleslokale, kontor, møte- og grupperom

Skape uformelle møteplassar som for eksempel ei kantine (har blitt omtalt som sentralt av alle andre campus)



Foto: Caroline Dokken Wendelborg

*Basert på intervju med andre campus og aktørar

Innhald

1

Bakgrunn og oppdrag

2

Dagens situasjon


3

Mogelegheter

4

Appendiks

Toppidrett, breiddeidrett og folkehelse heng saman med kvarandre, og representerer eit potensial for betre utnytting av ressursar og kompetanse



Potensielle synergieffektar

Satsing på **toppidrett** gjennom topp fasilitetar, spissa kompetanse og tilrettelegging av toppidrettsutøvarane sin kvardag skapar godt grunnlag for gode prestasjonar. Gjennom gode prestasjonar blir det skapt positive lokale, nasjonale og internasjonale førebilete som vil gje auka omtale og motivasjon i breiddeidretten, samt at born og unge kan motiverast til å begynne med idrett, eller prøve fleire ulike aktivitetar.

Breiddeidrett handlar mellom anna om meistring på ulike plan, og å legge til rette for dette. Kompetansen rundt dette kan ytterlegare styrkast gjennom kompetanseoverføring frå toppidretten på både formelle og uformelle arenaer og møteplassar. Forbetring av kompetansen til trenarar og leiarar for born og unge, samt tiltak for å skape betre idrettsmiljø, vil få fleire til å bli verande lengre i idretten, og gje auka aktivitet.

Kompetansen frå topp og breidde til foreldre og lærarar til born og unge kan gje positive effektar i skulen, med fleire aktive i kroppsøvingfaget, redusert fråfall, og auka aktivitet på fritida. På sikt vil den auka aktiviteten og kunnskapen om samanhengar mellom fysisk og psykisk helse kunne gje generelt betre **folkehelse**, betre skulegang og eit større rekrutteringsgrunnlag for både topp og breidde, som i sin tur gjev betre grunnlag til gode toppprestasjonar.

Det er skissert ti moglege hovudområde for Idrettscampus Bergen, som saman skal gje eit løft for idrett og helse

Hovudområder

<p>Idrettsfagleg kompetanse</p> <p>Styrke den idrettsfaglege kompetanse, og kunnskap om fysiologi og psykologi, gjennom tverrfaglege og tverridrettslege samarbeid</p>	<p>Medisinsk kompetanse</p> <p>Sikre leiande medisinsk spesialistkompetanse på idrettscampusen, og oppnå synergieffektar med FoU-miljøet</p>	<p>Forskning og utvikling</p> <p>Styrke nettverket innan FoU og samarbeidet på tvers av fagdisiplinar og miljø, for å auke kunnskap om idrett, aktivitet og helse</p>	<p>Treningsfasilitetar</p> <p>Fleksible treningsfasilitetar av høgaste kvalitet, som løftar både topp- og breiddeidretten, folkehelse, og skapar møtesplassar</p>	<p>Testlab</p> <p>Utvikling av nye, og utnytting av eksisterande, testfasilitetar for systematisk testing, forskning og kunnskapsformidling</p>
<p>Utdanning</p> <p>Samordne kompetanseutvikling kring fysisk aktivitet, og betre utdanningsgangen for lærerar, skuleleiarar, helsepersonell, trenarar og idrettsutøvarar</p>	<p>Kurs og formidling</p> <p>Nå større målgrupper med felles tiltak, marknadsføring og deling av spisskompetanse i Hordaland</p>	<p>Folkehelse 0 til 100 år</p> <p>Legge betre til rette for fysisk aktivitet uavhengig av alder og funksjonsnivå, og fremje fysisk og psykisk helse</p>	<p>Antidoping</p> <p>Sikre auka kunnskap og informasjon om doping blant unge og utvalde yrkesgrupper, slik at den enkelte vel å avstå frå dette</p>	<p>Arrangementskompetanse</p> <p>Utvikle Hordaland og Bergen som arena for større regionale, nasjonale og internasjonale idretts- og friluftssarrangement</p>

*Mer informasjon i appendiks

Det er viktig at aktørane løftar blikket, og ser dei store linjene ...

Toppidrett



Foto: Karl Filip Singdahlsen

Styrke og legge til rette for utvikling av talent, skape ein spydspiss for toppidrett på Vestlandet, og sikre kompetanseoverføring til breidde og helse

Breiddeidrett



Foto: Grete Hillestad

Fokusere på å kanalisere ressursar og kompetanse mot å legge til rette for breiddeidretten

Helse



Foto: Per-Åge Eriksen

Legge til rette for helsefremmande tiltak og utvikling for alle målgrupper og aldrar, med betra folkehelse som resultat

Fleire potensielle prosjekt på tvers av satsingsområde som kan løyse store samfunnsutfordringar

... og nyttar verdiane dette kan gje på tvers av satsingsområde, fag og kompetanse




Foto: Karl Filip Singdahlsen



Foto: Grete Hillestad



Foto: Per-Åge Eriksen

Eksempel på potensielle prosjekt som kan løyse store samfunnsutfordringar

Mestring undervegs

Førebyggjande prosjekt - psykisk og fysisk helse

Trenarutdanning breidde

Modular for auka kompetanse på pedagogikk, psykologi og fag på tvers av idrettar

Redusere fråfall

Utvikle modellar for korleis redusere fråfall i vidaregåande skole

Koordinering av kurs og formidling

Kartlegge, samle inn og formidle tilbod og kompetanse

Frå breidde via talent til toppidrettsutøvar

Fleire kan få moglegheit til å drive og utvikle sin idrett som ungdomsskoleelevar

Idrett for funksjonshemma

Aktivt livsløp, skape møteplasser og arenaer

Idrettsmedisinsk oppfølging for alle utøvarar

Førebygging og behandling

«Datahub»

Kartlegge, samle inn data og analysere saman med utdanningsinstitusjonane og idretten

Involverte aktørar har komplementær kompetanse som gjev mange gode grunnar til å etablere ein idrettscampus i Bergen

Potensielle synergjar ved etablering av ein idrettscampus

- **Potensial for å samle kompetanse som kan løyse store samfunnsutfordringar** - eksempelvis folkehelse, fråfallsproblematikk i skuleidretten og breiddeidretten
- **Formelle og uformelle møteplassar for kompetansedeling** – eksempelvis kantiner, treningsfasilitetar, møterom og kontor
- **Forbetra rehabiliteringstilbod** – eksempelvis betre kompetanse og oppfølging
- **Heilskapleg og tverrfagleg tilnærming** - eksempelvis mellom FoU, toppidrett, utdanning og helse, samt førebygging
- **Stordriftsfordelar** – eksempelvis effektivisere utnyttig av kompetanse, ressursar og fasilitetar
- **Mangfald i tilbod** – eksempelvis meir dynamiske miljø og potensielt auka rekruttering, ein portal til alle idrettar?
- **FoU på tvers av fag og idrettar** – eksempelvis innovasjon og kompetanseheving
- **Samspel mellom idretten og utdanningsinstitusjonane** – eksempelvis praksisplassar for lærarutdanning og idrettsfag, tilrettelagt studieløp, auka fagkompetanse for lærar
- **Felles utdanningsmodular på tvers av idrettar og fag** – eksempelvis leiarutdanning for born- og ungdomstrenarar
- **Betra image med ei tydelig satsing på idrett i Hordaland** – eksempelvis trekke til seg talent og hindre fråflytting gjennom tydelegare satsingar
- **Potensial til å kunne tilby eit meir heilskapleg syn på idrett og helse** - eksempelvis kompetanse på medisin, idrett, fysiologi, ernæring, psykologi etc.

Einigheita mellom aktørane er også stor på dei fleste områda - det gjev eit godt grunnlag for vidare samarbeid

Generelle observasjonar på tvers av aktørane

- Alle aktørane ser fordelane med ei samla lokalisering av fleire funksjonar
- Alle meiner at deling av kunnskap og samarbeid blir betre gjennom ein idrettscampus
- Alle peikar på at kapasitet og utnytting av treningsfasilitetar og idrettsareal kan bli betre
- Alle ser at arbeid inn mot toppidrett kan gi positive effektar for breidda og folkehelsa
- Alle ser store moglegheiter til å løysa samfunnsutfordringar med felles prosjekter på tvers
- Alle setter idrettsfagleg kompetanse, forskning og utvikling, og testlab på topp når det gjeld innhald i campusen, samt ser verdien av alle dei ti hovudområda



Det er ikkje ein føresetnad at alle hovudområda blir plassert saman i byrjinga – nokre områder kan skape stor verdi gjennom andre typar av samarbeid

Hovudområde	Kommentar frå intervju
<ul style="list-style-type: none"> • Idrettsfagleg kompetanse • Forskning og utvikling • Testlab • Treningsfasilitetar 	<p>Av innhaldet som er skissert for idrettscampusen, er dette dei delane aktørane er samstemte om at utgjer kjernen i campusen, og som først må kome på plass. For å hente ut mest mogleg av dei potensielle synergieffektane idrettscampusen kan gje på områda, må folk og utstyr vere mest mogleg fysisk samla. Det vil slå forskjellig ut for dei forskjellige aktørane, då enkelte allereie er lokalisert saman i dag.</p> <p>Alle meiner idrettscampusen må disponere ein testlaben, men fleire peikar på at denne <u>kan</u> ligge hjå HiB, og ikkje må ligge innomhus, i fyrste omgang. Kapasiteten og tilgjengelegheita må i alle høve aukast.</p> <p>Når det gjeld treningsfasilitetar, er det styrketrening/treningssenter og ein fleksibel basishall/storhall som er viktigast.</p> <p>Det er verd å nemne at medisinsk kompetanse inngår som ein essensiell del av dei nemnde hovudområda.</p>
<ul style="list-style-type: none"> • Medisinsk kompetanse • Utdanning • Folkehelse o til 100 år • Kurs og formidling 	<p>Fleire meiner at eit medisinsk tilbod retta mot behandling av idrettsutøvarar og andre brukarar må vere tilknytt campusen, men at dette i fyrste omgang ikkje må vere organisert eller plassert innanfor campusen.</p> <p>Både utdanning, kurs og formidling skal styrkast gjennom idrettscampusen. Omfanget av denne aktiviteten avhenger likevel av dei fysiske høva, tidshorizonten, og felles ambisjonar for campusen. På kort sikt ser ein eksempelvis føre seg praksisplassar og kurs for trenarar, mens ein på lengre sikt kan få større delar av fylkeskommunen og HiB si verksemd etablert i campusen.</p> <p>Ein av dei viktigaste effektane ein ser for seg med prosjektet er at satsing på idretten skal gje positive verknader for folkehelsa. Etter kvart som idrettscampusen er etablert, og kjernefunksjonane er på plass, vil det vere naturleg å integrere direkte arbeid med folkehelse i større grad.</p>
<ul style="list-style-type: none"> • Antidoping • Arrangementskompetanse 	<p>Antidoping står sentralt både for topp- og breiddeidretten, og er dessutan eit vaksande samfunnsproblem. Ein treng eit klart definert samarbeid opp mot campusen, og funksjonen kan på sikt lokaliserast i campusen ved behov for auka integrasjon.</p> <p>Det kan vere hensiktsmessig å auke kompetanse kring gjennomføring av større arrangement hjå idretten, og det finns potensial for betre kunnskaps- og erfaringsdeling. Samlokalisering treng likevel ikkje verre ein føresetnad for opprettinga av idrettscampusen.</p>

Ein kan skissere fleire moglege konsept ut frå kor store ambisjonar aktørane har for campusen



Konsept 1
«Lågterskel»

Mykje likt som i dag, men noko meir samlokalisering og avtaleplikta og nettverksbasert samarbeid



Konsept 2
«Løftet»

Meir samlokalisering, tettare samarbeid mellom aktørar, og behov for nye fasilitetar




Konsept 3
«Altomfattande»

Høg grad av samlokalisering der alle hovudområda er «innanfor» campus, med kapasitet til store arrangement

Disse kan sjåast på som separate konsept eller som utvikling av idrettscampus i ulike fasar

Forklaring konseptmodell



Beskriving konseptmodell

■ Kompetanse ■ Fasiliteter

For å strukturere og visualisere konsept, er dei forskjellige elementa som inngår i campusen delt i to delar. Den eine delen går på fag- og kompetanseområder (boksar til vestre i sirkelen), mens den andre går på fasilitetar og fysisk infrastruktur (boksar til høgre i sirkelen).


Det er oftast samanheng mellom kompetansen og infrastrukturen. Ein kan til dømes nemne at området utdanning både vil krevje kompetanse og infrastruktur i form av lokale til formidling. FoU vil krevje kontor- og møtelokale.



Det er forskjellige måtar å organisere dei ulike elementa på. Dette er illustrert gjennom tre sirklar eller lag. Det inste laget (eige) viser til at elementet er organisert innomhus. Det mellomste laget (avtaleplikta) tyder at elementet er bunde opp mot campusen gjennom gjensidig forpliktande avtalar. Det ytste laget (nettverk) representerer samarbeid gjennom nettverk og mindre formelle avtalar.

○ Samarbeidsform ■ Kompetanse ■ Fasiliteter

Konsept 1: «Lågterskel»




Overordna beskriving

- I dette basiskonseptet er dei mest sentrale elementa samla og organisert i regi av campusen. I tillegg må nokre sentrale funksjonar ligge i nærleiken, og vere tilgjengelige på dagtid gjennom forpliktande avtalar. Konseptet legg til grunn at eksisterande fysisk infrastruktur brukast i stor grad.
- Idrettsfagleg kompetanse, forskning og utvikling, treningsfasilitetar og testlab er oppgjeven som mest sentralt.
- Den fysiske infrastrukturen på campusen vil med dette konseptet dreie seg om kontor, møterom og felles kantine, samt treningsfasilitetar og testlab. Behovet for treningsfasilitetar er først og fremst knytt til styrketrening, men ein basishall kan òg med stor fordel vere plassert på same staden. Dette kan alternativt løysast gjennom avtaleplikta tilgang på ein nærliggande hall. Testlaben ved høgskulen kan nyttast, men treng utvida kapasitet. Alle desse fasilitetane må vere tilgjengelige for idrettscampusen i vanleg arbeidstid.
- Dei andre delane av idrettscampusen inkluderast gjennom avtalepliktig samarbeid og nettverk.

Realiserbare mål

- Styrka idrettsfagleg miljø, og meir forskning og utvikling i Bergen
- God utnytting av nye og eksisterande ressursar og fasilitetar, og betra samhandling mellom aktørane
- Ny kunnskap og praksis kan nå inn mot utdanninga, men mindre enn om utdanninga var ein eigen del av idrettscampusen sitt virke.
- Kurs og formidling vil kunne få eit løft, men utan eigne kurslokale og større delar av aktiviteten utomhus, blir potensialet ikkje fullt utnytta.
- Betra folkehelse vil i første omgang kome som ein konsekvens av arbeid med idrett på høgare nivå, eller av felles prosjekt retta mot å løyse samfunnsutfordringar.
- Samarbeid med andre campus kan gje ønska kunnskapsdeling, men strukturen legg i mindre grad opp til felles prosjekt.

Konsept 2: «Løftet»



○ Samarbeidsform ■ Kompetanse ■ Fasiliteter


Overordna beskriving

- I Konsept 2 er alt som er oppgjeven som kjerneaktivitet av ein eller fleire aktørar teken inn som ein eigen del av idrettscampusen si verksemd.
- Dette inneber at også basishall, testlab, lokale til kurs og formidling samt pasient- og brukarlokale vert fysisk integrert i campusen. I tillegg vil behovet for kontor, møterom og kantine auke.
- Det vert oppretta forplikande samarbeid rundt antidoping, arrangementskompetanse og bruk av arenaer.
- Andre campus vil framleis vere tilknytt gjennom nettverkssamarbeid.
- Dette konseptet legg mellom anna opp til at ein eller fleire av aktørane kan legge større delar av si verksemd inn til idrettscampusen. Eksempelvis kan administrasjon og utdanning innan idrett hjå HiB tenkast lokalisert her.
- Det er ein moglegheit å integrere hyblar for brukarar av campusen, ved Brann stadion.

Realiserbare mål

- Alle effektane for Konsept 1 vil verte ytterlegare forsterka i Konsept 2.
- Ei samling av forskning, utvikling og utdanning opp mot aktive utøvarar og brukarar kan skape ein praksisnær og særleg kompetent organisasjon, som gjev gode vilkår for alle delar av verksemda.
- Arbeid retta mot folkehelse vil få meir betydning, og ein vil i større grad kunne spreie kunnskap frå toppidretten ut mot anna organisert idrett og det breie lag i befolkninga.
- Ein vil kunne ha eit medisinsk tilbod til pasientar og brukarar innan fleire fagområder, med god tilgang på test- og treningsfasilitetar, og ei sterk forankring i eit idrettsfagleg miljø.

Konsept 3: «Altomfattande»



Overordna beskriving

- Konsept 3 rettar seg særskilt mot realisering av større idrettsarrangement i idrettscampusen sin regi.
- Her er arrangementskompetanse og antidoping tatt inn som ein eigen del av verksemda, og ein eller fleire arenaer er driven gjennom idrettscampusen.
- Det er oppretta forpliktande samarbeid med andre campus, der ein ser for seg å spesialisere seg innan ulike retningar i kvart campus, og drive større prosjekt saman.
- Ein kan eksempelvis sjå føre seg eit tettare samarbeid med Fosshaugane campus og Toppidrettssenteret i Granåsen.


Realiserbare mål

- Måla frå Konsept 1 og 2.
- Bergen og Hordaland kan få ein meir profesjonell og samordna organisasjon knytt til gjennomføring av store idrettsarrangement.
- Betre samhandling med andre campus, og større samla tyngde i forskning og utvikling.

○ Samarbeidsform ■ Kompetanse ■ Fasiliteter

Det er ikkje sikkert at auka kompleksitet gjev tilsvarande auking i verdi ...

Verdi vs. kompleksitet



Kommentarar

Gjennomførbarhet konsept 1:

- Dette er det minst komplekse konseptet, som også let seg raskast gjennomføre.
- Investeringar vil i hovudsak knytte seg til planlegging og gjennomføring av oppstartsfasen, samt eventuelle investeringar i kontorlokale, møterom, kantine og styrketreningsrom/treningssenter.
- Ei løysing kan vere å utvide fasilitetane ved Idrettens hus, der ein allereie har ei etablert verksemd og potensielt plass til utviding (tidsbegrensa pga. potensielt sal av areal frå Brann). Det er naturleg å anta at alle aktørane kan dra nytte av ei investering i treningsfasilitetar her.

Gjennomførbarhet konsept 2:

- Kompleksiteten aukar betydeleg og det vil ta lengre tid å realisere heile campusen
- Investeringsbehovet vert større
- Innsatsen frå, og avhengigheita av, kvar enkelt aktør vert større
- Risikoane vert større

Gjennomførbarhet konsept 3:

- Konseptet krev meir myndigheit og kanskje eigarskap av store arenaer, og vil difor krevje både administrative og finansielle ressursar.
- Inkludering av arrangementskompetanse og antidoping kan gje tilsvarande reduksjonar av ressursar der dei nyttast i dag, og kan måtte «leigast» tilbake ved behov.
- Ei funksjonsdeling opp mot andre campus, og tett samarbeid om større prosjekt, vil vere krevjande då der er snakk om separate organisasjonar som er plassert fysisk langt unna campusen i Bergen. Samarbeidet mot Fosshaugane campus kan verte smidigare etter fusjonen mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskolen i Bergen.

Lågterskelkonseptet vil i mindre grad innfri føremålet som ligg til grunn for prosjektet – ei større satsing må til



Konsept 1 «Lågterskel»

Generelt:

- Konsept 1 opplevast for nokon aktørar som eit løft, men for andre som no-situasjon
- Kan sjåast på som eit første steg og fase 1 - må forplikta seg for vidare fasar mot ein større visjon

Styrker:

- Kan kjapt koma i gang med felles prosjekt og «score det første målet»
- Noko meir kompetansedeling og potensial for forbetra kapasitetsutnytting
- Vil skape ein betre fellesskapskjensle enn no-situasjonen

Svakheiter:

- For lite ambisiøst?
- Potensialet utnyttast ikkje
- Lite synleg og «ikkje noko ny energi»
- Låg grad av resultatoppnåing



Konsept 2 «Løftet»

Generelt:

- Konsept 2 meir i tråd med det overordna målet for idrettscampus Bergen
- Kan passe bra inn som ein fase 2 etter etablering av et «første campus»

Styrker:

- Større synergieffektar med meir samlokalisering – størst ved å samle mykje i eit bygg (for eksempel ny storhall)
- Betre utnytting av fasilitetar (nye og eksisterande)
- Potensial for større arrangement ved bygging av ein fleksibel storhall

Svakheiter:

- Vil krevje større investeringar
- Vil ta lengre tid å realisere ein campus
- Vil krevje større innsats og involvering frå kvar enkelt aktør



Konsept 3 «Altomfattande»

Generelt:

- Konsept 3 kan virke for ambisiøs på kort til mellomlang sikt


Styrker:

- De same styrkane frå Konsept 2
- Moglegheit til store nasjonale og internasjonale idrettsarrangement ved ein arena på campus
- Stor synlegheit nasjonalt og internasjonalt

Svakheiter:

- Vil ta lang tid
- Vanskelig å realisere
- Vil krevje tunge investeringar
- Vil krevje stor innsats og involvering frå kva enkelt aktør
- Krav til drift og administrasjon vil bli store

Også mogleg å tenke stort – tenk Vestlandet!



Bygge eit kraftsenter på Vestlandet med tette band og deling av kunnskap mellom regionar og kompetanseområde

Gjere Vestlandsregionen til nasjonalt og potensielt internasjonalt leiande på utvalde område

Gjev moglegheit til å spisse kompetanse og bygge komplementær kunnskap

Samanslåinga av Høgskolen i Bergen og Høgskulen i Sogn og Fjordane passar godt inn i denne strukturen

Fortsatt tett samarbeid med dei andre campusa nasjonalt, som skissert i konsept 1, 2 og 3

Noko av det viktigaste vil vere å sikre heilskaplege, langsiktige og føreseielege rammer for investeringar



Konsept 1

- Same eigarstruktur som i dag
- Ein eigen leiar som koordinerer og driv campusen framover
- Innleigde eller midlertidig tilsette prosjektleiarar som handterer større delprosjekt
- Ei styringsgruppe utgjord av representantar frå kvar aktør
- Langsiktige leigeavtalar knytt til kontor, møterom, kantine og test- og treningsfasilitetar det må investerast i



Konsept 2

- Det bør opprettast ein eigen driftsorganisasjon som kan drifte og utvikle campusen.
- Ei stifting eller ideelt AS kan vere hensiktsmessig, med eit styre der alle eigarane er representerte
- Det må vere mogleg for nye aktørar å kome inn (eksempelvis UiB eller ei anna kommune)
- Organisasjonen kan òg foreta egne investeringar, men dette kan komplisere eigarinteressene og samansettinga av organisasjonen
- Størrelsen på organisasjonen avhenger av strategien og størrelsen på satsinga
- Aktørane som er allereie etablerte rundt Nymark vil framleis eige mykje av infrastrukturen
- Private aktørar kan potensielt komme inn for å realisere ein storhall med tilhøyrande fasilitetar. Uklart kven som vil stå som eigar om ein ikkje-kommersiell aktør går inn med midlar.




Konsept 3

- Legg større ansvar på campusen for dagleg drift og økonomi knytt til arenaen
- Campusen kan verte ansvarleg for ei større verksemd knytt til avvikling av fleire typar arrangement
- Samarbeidet med andre campus treng ei tettare oppfølging og koordinering
- Konseptet krevje ein betydeleg større driftsorganisasjon, med utvida fullmakter til å gjere økonomiske disposisjonar

Begynn med ei prosjektorganisering - fortset med ei driftsorganisering


Eksempel på organisering i oppstartfasen

Prosjektorganisering




Eksempel på moglegheiter vidare fasar

Organisert etter fag/fokus



Organisert etter aktørar



Organisering etter fag/fokus vil kunne gi betre samhandling på tvers av aktørar, men organisering etter aktørar er også nytta i andre campus

Fleire muligheter for korleis aktørane kan gå inn på ulike «nivå» for å finansiere idrettscampus Bergen

Hovudaktørane kan gå inn med investeringsmidlar ...

... men også bidra gjennom leigemidlar og ressursar

**Potensiell
finansiering
Idrettscampus
Bergen**

Både statlege og private aktørar kan investere

- Private kommersielle
- Private ideelle
- Staten

... og gje tilskot gjennom forskjellige ordningar

- Etablerast eit ideelt AS eller ei stifting, må vedtektene godkjennast på førehand av kulturdepartementet for å få statleg tilskot

Aktørane må forplikte seg til eit visst nivå når det kjem til finansiering av campusen

Alle aktørane har uttrykt at utvikling rundt Nymark er hovudsporet å følge vidare ...




Eksempel på moglegheiter

- Mogleg bruk av eksisterande lokale i idrettens hus som kontorlokale, møterom, kantine etc.
 - Mogleg bruk av andre ledige kontor og areal på Brann Stadion
 - Vurdere å etablere eit treningssenter (eige eller med private aktørar)
 - Brann har i idrettsplanen uttalt ønske om ein fotballhall, der ein føreset at denne også skal kunne disponerast av andre (kan sjåast i samanheng med storhall i område 2)
- Vurdere å bygge ny fleksibel hall eller oppgradere Haukelandshallen. Det finns planar om ei ny storhall/breiddeidrettsarena som kan kombinerast med Idrettscampus Bergen
 - Alternativ å bygge ny fleksibel hall i området ved Haukelandshallen
 - Vurdere å etablere eit treningssenter (eige eller med private aktørar)
 - Vurdere å bygge nytt kontor for idrettscampus Bergen, eller samlokalisere i same bygg som ny storhall
 - Ved Gimle ungdomsskole kan ein legge spesielt til rette for fysisk aktivitet og talentfulle ungdommar

Dette er berre nokon enkelte døme som må utdjupast i vidare arbeid med idrettscampus Bergen, denne rapporten tar ikkje for seg detaljplanlegging av fasilitetar og innhald

... og fordelane er mange ved å utvikle området



Fleire aktørar lokalisert på området eller i nærleiken

Nymark ligg tett mot etablerte kollektivknutepunkt

Nærleik til sentrum

Andre idrettsanlegg i nærleiken

Tilgjengeleg areal som kan utviklast

Ved å utvikle Nymark som ein ny idrettspark, vil nærområdet kunne verte meir attraktivt

Stort potensial for auka samarbeid med andre campus og aktørar framover



Eksempel på andre moglege samarbeidspartar

- Samarbeid med UiB – ein forskingstung aktør i Hordaland
- Vurdere samarbeid med Fosshaugane (blir tettare integrert gjennom samanslåing av HiB og HiSF), Granåsen og Stavanger for en sterk Vestlandsregion.
- Vurdere tettare samarbeid med fleire idrettsorganisasjonar
- Samarbeid nasjonalt med alle idrettscampus - spisse seg som nasjonale spesialister på utvalde områder
- Samarbeid med internasjonale aktørar kan anbefalast utan at konkrete forslag har kome fram i dette arbeidet – relevans vil avhenge av framtidig mål og visjon, som eventuelt skal utarbeidast i strategifasen
- Helse og omsorg i Bergen kommune, gjennom eksempelvis frisklivssentralen
- Samarbeid med Helsecampus Årstadvollen
- Voss, og ski- og ekstremporten, kan knytast tettare
- Samarbeid med private aktørar – for eksempel treningssenter eller hyblar som kan etablerast på området

Innhald

1

Bakgrunn og oppdrag

2

Dagens situasjon

3

Mogelegheter

4

Appendiks

IDRETTSCAMPUS BERGEN

KOMPETANSEDELING OG SAMSPEL FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET



BERGEN
KOMMUNE



HØGSKOLEN
I BERGEN



HELSE BERGEN
Haukeland universitetssjukehus



Idrettscampus Bergen er eit samarbeid mellom Høgskolen i Bergen (HiB), Helse Bergen, Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest (OLTV), Sportsklubben Brann, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Føremålet er å gje eit løft for idrett og fysisk aktivitet i Hordaland og Bergen ved å etablere møteplassar der kvalitet, kunnskapsformidling og utvikling er i fokus. Saman vil ein kunne skape eit kraftssenter for Hordalandsidretten i breidde og topp, og for fysisk aktivitet i alle aldersgrupper. Det skal m.a. leggas til rette for uformell og formell erfaringsutveksling, å fremje ny kompetanse, optimal bruk av spesialisert utstyr og praktisering av aktivitet for ulike grupper. Dei 10 punkta under skildrar tenkt innhald i Idrettscampus Bergen.

Utdanning

Idrettscampus Bergen kan gje heilskapleg og samordna kompetanseutvikling innan fysisk aktivitet frå folkehelse til toppidrett. Den vil vere viktig for utdanning og for etter- og vidareutdanning for lærarar, skuleleiarar, helsepersonell og trenarar innan m.a. toppidrett, kroppsøving, kosthald, belastningsskadar og rehabilitering. Eit samarbeid om kroppsøvingfaget vil gje betre tilrettelagt undervisning for elevar med særskilte behov, redusere fråfall og fremje generell fysisk og helsefremjande aktivitet i skulen. Idrettscampus Bergen vil kunne lage unike rammer for å kombinere satsing på toppnivå innan ulike idrettar med utdanning både i vidaregåande skule og i høgare utdanning. Høgskolen i Bergen er eit kraftssenter for profesjonsretta utdanningar, FoU og innovasjon på Vestlandet. Haukeland universitetssjukehus utdannar helsepersonell, både som ein del av grunnutdanninga, vidare- og etterutdanning, turnusteneste, spesialistutdanning og ulike typar kurs i regi av arbeidsgjevar. Idrettscampus Bergen vil også kunne vere ein god og relevant praksisplass for instruktørar, trenarar, lærarstudentar, lærarar i etterutdanning og helsepersonell under opplæring.

Kurs og formidling

Samanhengen mellom forskingsbasert kunnskap og praksis står sentralt. Idretten og Helse Bergen representerar arenaer for praktisk forskning og kunnskapsformidling. Kunnskapen vil nå ei større målgruppe når felles tiltak vert marknadsført gjennom fleire kanalar. På fagfelt der ein av aktørane har spisskompetanse, kan kompetansen delast gjennom formidling til andre aktørar og målgrupper. Felles fagområde kan undersøkast frå ulike vinklar med utgangspunkt i den einskilde aktør sin spisskompetanse.

Forsking og utvikling

Idrettscampus Bergen vil styrke nettverka som arbeider med FoU innan idrett, fysisk aktivitet, mat og helse. Samarbeid på tvers av miljøa, der idretten sin praktiske erfaring og kunnskapsformidling møter akademias forskingsbaserte kunnskap, kan medverka til auka kunnskap innan helsefremjande aktivitetar, kroppsøvingfaget i skulen og breidde- og toppidrett. Høgskolen i Bergen har ein samarbeidsavtale med NTNU, som er senter for toppidrettsforskning, der HiB/OLTV skal ha forskingsfokus på sykkel, svømming og idrett for menneske med funksjonsnedsetting. Høgskolen i Bergen er vertskap for Nasjonalt senter for fysisk aktivitet, mat og helse. Haukeland universitetssjukehus har den største avdelinga med klinisk ernæringsfysiologar i regionen. Kvalitet i data og analysar er avgjerande for å utarbeide gode behovsvurderingar lokalt og regionalt for optimal anleggsbruk og utvikling i høve til tilgjengelege ressursar.

Testlab

Systematisk testing av høg kvalitet gjev både praktisk og teoretisk informasjon som kan brukast i forskning og kunnskapsformidling. Dette gjev grunnlag for dokumentasjon og utvikling. HiB og OLTV har saman bygd opp ein fysiologisk testlab med teknisk utstyr for å teste uthald, styrke og teknikk/motorikk. Vidare er det mellom anna etablert ein godkjent Olympiatopp-lab og eit idrettsmedisinsk senter med nytt testutstyr, opptreningsfasilitetar og tilbod om medisinsk oppfølging. Med opning av Energisenteret for barn og unge ved Haukeland universitetssjukehus i 2017 vil fleire laboratorium med topp moderne utstyr bli tilgjengeleg.

Medisinsk kompetanse

Haukeland universitetssjukehus skal saman med Haraldsplass Diakonale Sykehus dekke lokale, regionale og utvalde nasjonale funksjonar innan spesialisthelsetenesta. Sjukehuset gjev eit heilskapleg og individuelt tilpassa tilbod til pasientar og pårørande som sikrar effektiv pasientoppfølging, målretta opplæring og behandling av høg internasjonal kvalitet. Sjukehuset driv eit aktivt forskings- og utviklingsarbeid, og deltek saman med Høgskolen i Bergen og Universitetet i Bergen i utdanninga av helsepersonell på alle nivå. Det er utvikla eit samarbeid om bruk av testutstyr og oppbygging av kunnskap om korleis kroppen fungerer under ekstremt press, som til dømes ved utøving av idrett. Slik kunnskap kan nyttast i terapi for alvorleg sjuke som ofte blir pressa til si maksimale ytevne og til førebygging av sjukdom. For idrettsutøvarar er det avgjerande å ha eit optimalt medisinsk tilbod i periodar der dei er ikkje-fungerande i si idrettsutøving. Idrettsmedisinsk avdeling på Brann stadion har gode lokale, kompetent personell og moderne utstyr som gjev høve til å levere tenester som er heilt i front av utviklinga innanfor det idrettsmedisinske området.

Antidoping

Lokal mobilisering mot doping er viktig for å gje unge menneske tilstrekkeleg kunnskap og informasjon til å avstå frå dette og for å lukkast med nulltoleranse til dopingbruk. Dette inkluderer rettleiing om trening og kosthald. I tillegg skal kunnskapen om dopingproblematikk hjå relevante yrkesgrupper aukast. Helsedirektoratet har tildelt midlar til Stiftinga Antidoping Norge til dette arbeidet, og Hordaland fylkeskommune er ein av fire fylkeskommunar som deltek i prosjektet (2016-2018). Tiltaka blir sett i samanheng med arbeidet den organiserte idretten gjer. «Rent Idrettslag» er eit samarbeidsprosjekt mellom Norges idrettsforbund og Antidoping Norge. Programmet utfordrar klubbar og lag til å utvikle sin eigen antidopingpolitikk. Ei sertifisering som "Rent Idrettslag" er gyldig i tre år. Tema er óg sentralt for studentar og undervisninga ved Høgskolen i Bergen.

Arrangementskompetanse

Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har ambisjonar om å vidareutvikle Bergen, Bergensregionen og Voss som område for større regionale, nasjonale og internasjonale idretts- og friluftsansettment. Dette krev anlegg og natur av høg kvalitet, og arrangørar med kompetanse innan idrett og friluftsliv, språk, forhandlingar, media, strategisk og operativ planlegging og høg gjennomføringsevne. I tillegg vil evalueringsarbeid og ringverknadsanalysar kunne bli utvikla og gjennomført som ein del av Idrettscampus Bergen.

Idrettsfagleg kompetanse

Den idrettsfaglege kompetansen gjev grunnlag for optimalisering av treningsarbeidet frå breidde til topp. Gjennom OLTV, HiB og trenarar for toppidrettsutøvarar er det framifrå idrettsfagleg kompetanse i regionen. Idrettscampus Bergen vil gje rom for og styrke den tverridrettslege og tverrfaglege kompetanseutviklinga.

Folkehelse 0 til 100 år

Ved å legge til rette for fysisk aktivitet uavhengig av alder og ambisjonsnivå i eit inkluderande og sosialt miljø vert Idrettscampus Bergen ein viktig aktør for folkehelsearbeidet i regionen. Denne rolla vil vidare styrkast ved at ein aukar kompetansen om levevanar som har effekt på fysisk og psykisk helse og på utbyttet av fysisk aktivitet hjå befolkninga. Dette gjeld kosthald, søvn, tobakk og rus. Helse Bergen HF, Haraldsplass Diakonale Sykehus og 22 kommunar i sjukehusområdet (inkludert Bergen kommune) har samarbeidsavtale om førebygging. Kommunane og fylkeskommunen har lovpålagte oppgåver i folkehelsearbeidet. Kommunane skal fremje helse og trivsel og medverka til å forebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning og medverka til å utjamne ulikskap i sosial helse. Fylkeskommunen si oppgåve er å støtte opp under dette arbeidet og i tillegg fremje god folkehelse innan eigne oppgåver og verke- midlar. Idretten er ein viktig aktør innan det helsefremjande og førebyggjande arbeidet. Idrettscampus Bergen vil vere ein arena der dette arbeidet kan sjåast i samanheng på tvers av aktørane.

Treningsfasilitetar

Utøvarar og trenarar treng ein stad å møtast for å kunne dele erfaringar og skape eit utviklingsmiljø. Fleksible treningsfasilitetar av høgste kvalitet og med spesialutstyr for ei rekkje idrettar vil vere eit tilbod som løftar både breidde og topp, og medverkar til optimalisering av treningsarbeidet. Døme på brukar- grupper kan vere toppidrettslinjer og idrettslinjer i vidaregåande skular, Høgskolen i Bergen, Helse Bergen, Sportsklubben Brann og toppidrettsutøvarar elles i regionen.




foto forside: Morten Kristoffersen



Arkivnr: 2016/3968-1

Saksbehandlar: Ruth Ørnholt

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		01.12.2016
Utval for opplæring og helse	103/16	01.12.2016
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		06.12.2016
Fylkesutvalet		08.12.2016
Fylkestinget		13.12.2016

Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Hordaland 2017 - 2020

Samandrag

I forskrift til Opplæringslova står det: «Skolen skal ha skulebibliotek med mindre tilgangen til skulebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. Bibliotek som ikkje ligg i skolen sine lokale, skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skolen. Biblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skolen.»

Gode skulebibliotek som kunnskapsformidlar og sosial møteplass, kan spele ei viktig rolle for å nå mål og ta tak i sentrale utfordringar i dagens skule. Skulebibliotek høyrer med i utforming av ein skule for framtida, der kvalitet og trivsel er sentrale verdiar. Skulebiblioteket skal støtte og fremje utdanningsmåla til skulen og bidra til å nå overordna mål i vidaregåande opplæring i Hordaland.

Hordaland fylkeskommune har hatt politisk vedtekne, strategiske planar for utvikling av bibliotek i dei offentleg eigde vidaregåande skulane sidan 2004. Ein har oppnådd mykje, men tilbodet er ikkje like godt på alle skular. Det trengs felles retningslinjer for kva ein reknar som eit godt skulebibliotek i fylket, både når det gjeld integrering i læringsmiljø, bemanning og biblioteklokale. *Strategi for utvikling av skulebiblioteka i vidaregåande opplæring i Hordaland 2017 – 2020* svarar på desse behova og gir føringar for utvikling av like gode skulebibliotek på alle skulane.

Hovudmål for utviklinga er:

Skulebiblioteket skal vere eit trygt og stimulerande læringsmiljø, eit sosialt rom, ein kulturarena og integrert medspelar for å nå skulen sine overordna mål.

For å nå dette, skal det arbeidast med tre strategiar:

1. Integrere skulebiblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid
2. Styrke bibliotekfagleg bemanning
3. Utvikle og forbetre biblioteklokala

Det er utforma eit mål og tiltak for kvar strategi. Strategiplanen inneheld totalt 15 tiltak. Kostnadene med gjennomføring av strategi 1 og 3 er relativt låge og kan budsjetterast innanfor rammene på kvar skule eller i

samband med rehabilitering og bygging av nye skular. Kostandane knytt til auka bemanning og kompetanseheving, må avklarast i samband med årlege budsjetthandsaming på Opplæringsavdelinga.

Forslag til innstilling

1. Arbeid med utvikling av gode bibliotektenester i vidaregåande opplæring skal halde fram slik den nye strategiplanen skisserer.
2. Finansiering av nye stillingar og kompetanseheving må avklårast fortløpande i årsbudsjett og økonomiplan.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.04.2016

Bakgrunn

I forskrift til Opplæringslova står det: «Skolen skal ha skulebibliotek med mindre tilgangen til skulebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. Bibliotek som ikkje ligg i skolen sine lokale, skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skolen. Biblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skolen.»

Gode skulebibliotek som kunnskapsformidlar og sosial møteplass, kan spele ei viktig rolle for å nå mål og ta tak i sentrale utfordringar i dagens skule. Skulebibliotek høyrer med i utforming av ein skule for framtida, der kvalitet og trivsel er sentrale verdiar. Framtida høyrer til dei som er i stand til å finne fram til kunnskapen.

Biblioteka sitt samfunnsoppdrag er å vere tilgjengeleg for alle, uavhengige av sosiale, geografiske og økonomiske skiljeliner. Skulebiblioteket skal i tillegg støtte og fremje utdanningsmåla til skulen og bidra til å nå overordna mål i vidaregåande opplæring i Hordaland.

Hordaland fylkeskommune har hatt politisk vedtekne, strategiske planar for utvikling av bibliotek i dei offentleg eigde vidaregåande skulane sidan 2004. I høve til der ein sto i 2003, har det skjedd ei svært god utvikling, men alle elevar har ikkje eit like godt bibliotektilbod. Mange skulebibliotek har utvikla seg til å bli verdifulle ressursar i skulekvardagen, og mange skular som ikkje har like godt tilbod, ønskjer å utvikle biblioteka. Skilnaden går mellom skular med og utan fagutdanna bibliotekar.

Det trengs felles retningsliner for kva ein reknar som eit godt skulebibliotek i fylket, både når det gjeld integrering i læringsmiljø, bemanning og biblioteklokale. *Strategi for utvikling av skulebiblioteka i vidaregåande opplæring i Hordaland 2017 – 2020* svarar på desse behova og gir føringar for utvikling av like gode skulebibliotek på alle skulane.

I Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 er bibliotek til barn og ungdom eit av innsatsområda. Målet er at barn og ungdom skal ha tilgang til gode skulebibliotek. Eit prioritert tiltak i handlingsprogrammet som gjeld fram til 2018, er å lage ny strategisk handlingsplan for bibliotek i vidaregåande skular i Hordaland.

Opplæringsavdelinga i fylkeskommunen og fylkesbiblioteket har samarbeidd om utvikling av skulebibliotek i nærare 30 år. *Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Hordaland 2017 – 2020* er vidareføring av tidlegare strategiske planar for utvikling av skulebiblioteka.

Hovudmål

Hovudmål for utviklinga av skulebiblioteka i dei vidaregåande skulane i Hordaland i perioden 2017 – 2020 er:

Skulebiblioteket skal vere eit trygt og stimulerande læringsmiljø, eit sosialt rom, ein kulturarena og integrert medspelar for å nå skulen sine overordna mål.

For å nå dette, skal det arbeidast med tre strategiar. Det er utforma eit mål og tiltak for kvar strategi. Strategiplanen inneheld totalt 15 tiltak. Eg viser til plandokumentet for detaljert omtale av strategiar og tiltak.

Strategi 1: Integrere skulebiblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid

Mål: Bibliotektilbodet skal vere integrert i opplæringa, tilpassa fagtilbod og undervisingsarbeid. Det skal bidra til å motverke utanforskap og auka fullføring.

Strategien har 9 tiltak. Tiltaka er ikkje kostnadskrevjande, men krev arbeidsinnsats frå skolleleiing, bibliotekar og andre tilsette på skulen. Skulebibliotekkoordinatoren og fylkesbiblioteket vil pådrivarar og koordinere gjennomføring av tiltaka.

Strategi 2: Styrke bibliotekfagleg bemanning

Mål: Alle elevar i vidaregåande skular i Hordaland skal ha tilgang til skulebibliotekar. Bibliotekarressursen er bestemt av elevtalet på skulen.

Strategien har 4 tiltak knytt til tilsetjing av fagutdanna bibliotekarar og kompetanseheving. Det mest kostnadskreivjande tiltaket er at alle skular skal ha fagutdanna bibliotekarressurs ut frå elevtalet på skulen:

-300 elevar	50% stilling
300-500 elevar	100% stilling
500-800 elevar	150% stilling
800- elevar	200% stilling

Hausten 2017 har 63,6% av elevane tilgang til fagutdanna bibliotekar (10742 av 16885 elevar). Det er 50 personar fordelt på 24,66 årsverk som arbeider i skulebiblioteka. Av desse er 16,5 årsverk fagutdanna bibliotekar. Ut frå tabellen over er 34-38 årsverk høveleg bemanning for skulebiblioteka i fylket. Etter fylkesrådmannes vurdering er det ikkje realistisk å få på plass så mange nye bibliotekarstillingar innanfor planperioden, men ein skal kvart år sjå på finansiering av nye stillingar i samband med årsbudsjett og økonomiplan. Kompetansehevande tiltak kan finansierast som spleiselag mellom sentrale kompetansemidlar og skulane.

Strategi 3: Utvikling og forbetring av biblioteklokala

Mål: Alle skular skal ha funksjonelle og trivelege biblioteklokale

Strategien har 2 tiltak. Kostnadane ved tiltaket som går på å utvikle gode skulebiblioteklokale i nye bygg og ved oppgradering av eldre skular, kan innarbeidast i byggekostnadene. Kartlegging av status og planlegging av utbetringar i eksisterande biblioteklokale kan gjerast skulebibliotekkoordinator i samarbeid med skulane.

Konklusjon

Gjennomføring av *Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Hordaland 2016 – 2020* vil oppfylle forskrifta i Opplæringslova. Det vil bidra til at elevar i Hordaland får eit trygt og stimulerande læringsmiljø, eit sosialt rom og ein kulturarena. I tillegg vil skulebiblioteket vere ein integreert medspelar for å nå skulen sine overordna mål.

Skulebiblioteket – kunnskapskjelde, kulturberar og sosial møteplass

Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Hordaland 2017 – 2020

Innhald

1. Innleiing	2
2. Mål og strategiar	2
3. Status	3
3.1 Integrering i læringsmiljø og pedagogisk arbeid	3
3.2 Personale	4
3.3 Modellar	4
4. Strategiar	4
Strategi 1: Integrere skulebiblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid	4
Strategi 2: Styrke bibliotekfagleg bemanning	6
Strategi 3: Utvikle og forbeete biblioteklokala	7
5. Oversyn over mål strategiar og tiltak	8
Litteraturliste	9
Vedlegg 1: Utvikling av skulebiblioteka i vgs i Hordaland 1987 - 2015	10
Vedlegg 2: Oversyn over stillingar i skulebiblioteka i november 2016	14

1. Innleiing

Framtida høyrer til dei som er i stand til å finne fram til kunnskapen. Gode skulebibliotek som kunnskapsformidlar og sosial møteplass, kan spele ei viktig rolle for å nå mål og ta tak i sentrale utfordringar i dagens skule. Skulebibliotek høyrer med i utforming av ein skule for framtida, der kvalitet og trivsel er sentrale verdiar.

Biblioteka sitt samfunnsoppdrag er å vere tilgjengeleg for alle, uavhengige av sosiale, geografiske og økonomiske skiljeliner. Skulebiblioteket skal i tillegg støtte og fremje utdanningsmåla til skulen og bidra til å nå overordna mål i vidaregåande opplæring i Hordaland.

Hordaland fylkeskommune har hatt politisk vedtekne, strategiske planar for utvikling av bibliotek i dei offentleg eigde vidaregåande skulane sidan 2004. Ein har oppnådd mykje, men tilbodet er ikkje like godt på alle skular. Det trengs felles retningslinjer for kva ein reknar som eit godt skulebibliotek i fylket, både når det gjeld integrering i læringsmiljø, bemanning og biblioteklokale. *Strategi for utvikling av skulebiblioteka i vidaregåande opplæring i Hordaland 2017 – 2020* svarar på desse behova og gir føringar for utvikling av like gode skulebibliotek på alle skulane.

I Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 er bibliotek til barn og ungdom eit av innsatsområda. Målet er at barn og ungdom skal ha tilgang til gode skulebibliotek. Eit prioritert tiltak i handlingsprogrammet som gjeld fram til 2018, er å lage ny strategisk handlingsplan for bibliotek i vidaregåande skular i Hordaland.

Opplæringsavdelinga i fylkeskommunen og fylkesbiblioteket har samarbeidd om utvikling av skulebibliotek i nærare 30 år. Eit oversyn over arbeidet finst i vedlegg 1. *Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Hordaland 2017 – 2020* er vidareføring av tidlegare strategiske planar for utvikling av skulebiblioteka. Strategien er utarbeidd av Kultur- og idrettsavdelinga ved fylkesbiblioteket i nært samarbeid med Opplæringsavdelinga og tilsette i skulebiblioteka.

2. Mål og strategiar

Hovudmål for utviklinga av skulebiblioteka i dei vidaregåande skulane i Hordaland i perioden 2017 – 2020 er:

Skulebiblioteket skal vere eit trygt og stimulerande læringsmiljø, eit sosialt rom, ein kulturarena og integrert medspelar for å nå skulen sine overordna mål.

Strategiar:

1. Integrere skulebiblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid
2. Styrke bibliotekfagleg bemanning
3. Utvikle og forbetre biblioteklokala

Kunnskapsløftet understreker at eit godt fungerande skulebibliotek er vesentleg for at skulen skal lukkast i å nå måla i den nasjonale læreplanen. Skulebiblioteket tar tak i utfordringar knytt til digital kompetanse, kjeldekritikk, informasjonssøk, eit utvida tekstomgrep og lesing som grunnleggande ferdigheit i alle fag.

Eit overordna mål for Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune er å medverke til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistra liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.

Auka læringsutbytte og fullføring er eit hovudsatsingsområde, og all pedagogisk verksemd ved

«Skolen skal ha skulebibliotek med mindre tilgangen til skulebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. Bibliotek som ikkje ligg i skolen sine lokale, skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skolen. Biblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skolen.»
(Forskrift til Opplæringslova, 1998)

skulane skal bygge opp under dette. Skulebiblioteket er knytt til skulen si kjerneverksemd, og godt integrerte skulebibliotek kan vere ein viktig verkemiddel i denne satsinga.

Formålet med skulebiblioteket i Unescos skulebibliotekmanifest er at det «skal formidle kunnskap og kultur, og utvikle ferdigheter som er viktig for elevenes muligheter til å kunne fungere godt i dagens informasjons- og kunnskapsbaserte samfunn. Skulebiblioteket skal bidra til å utvikle elevenes evne til livslang læring og utvikle deres fantasi, for derved å gjøre dem i stand til å leve som ansvarlige borgere». (IFLA, 2007)

I forskning og utgreiingar er dette karakteristisk for skulebiblioteket sin funksjon og oppgåver¹:

- Det kan støtte og fremje utdanningsmåla som er nedfelt i læreplanar og skulen sine målsetjingar.
- Det er både ein pedagogisk ressurs i skulen sitt læringsmiljø, eit meningsfullt kulturtilbod og danningssrom for den einskilde elev.
- Det er både eit fagleg- og sosialpedagogisk verkemiddel.
- Det har ein pedagogisk funksjon, ein utlånsfunksjon og ein trivselsfunksjon.
- Elevane sin kvardagspraksis i biblioteket er aktivitetar eller bruk knytt til undervisningsrelaterte og fritidsrelaterte handlingar.
- Det er ikkje ein statisk institusjon, men ein institusjon i endringstakt med læreplanar og samfunnsutvikling.
- Det er summen av det fysiske rommet og personalet som arbeider der.

Skulebiblioteket skal:

- Auke motivasjon, vekke nysgjerrigheit og begeistring for læring
- Gi oppleving av læring, motivasjon og meistring, uavhengig av bakgrunn eller individuelle føresetnader
- Legge til rette for auka læringsutbytte
- Vere ein ressurs for å styrke leseferdigheit og digitale ferdigheiter
- Lære elevane å finne og bruke tekst og kjelder i einskilde fag
- Vere til inspirasjon, hjelp og støtte for undervisningspersonalet
- Delta i skulen sitt arbeid for auka gjennomføring
- Vere samlingsstad og arena for kulturelle opplevingar og litteratur
- Vere ein sosial møteplass
- Skape trivsel og motverke utanforskap ved å møte elevar med respekt og omtanke
- Bidra til eit godt psykososialt skulemiljø

3. Status

I høve til der ein sto i 2003, har det skjedd ei svært god utvikling for skulebiblioteka i Hordaland, men alle elevar har ikkje eit like godt bibliotektilbod. Skilnaden går mellom skular med og utan fagutdanna bibliotekar. Mange skulebibliotek har utvikla seg til å bli verdifulle ressursar i skulekvardagen, og mange skular som ikkje har like godt tilbod, ønskjer å utvikle biblioteka.

3.1 Integrering i læringsmiljø og pedagogisk arbeid

Det er ei utfordring å få optimalt ut av dei ressursane som blir nytta på biblioteka. Også på skular med tilsett bibliotekar, er biblioteka ofte ein underutnytta ressurs. Det er naudsynt å systematisere planlegging og samarbeid slik at skulen får nytte det fulle potensialet til eit godt skulebibliotek.

¹ (Rafste, 2001) (Hoel, Rafste, & Sætre, 2008) (Carlsten & Sjaastad, 2014)

3.2 Personale

På 12 år har ein på biblioteka i dei vidaregåande skulane i Hordaland gått frå å ha 1 fagutdanna bibliotekar i 50% stilling til å bli eit kollegium med 19 fagutdanna bibliotekarar i 16,5 årsverk. 17 skular har fagutdanna bibliotekar i 20% til 100% stillingsressurs. Tek ein med «lærarbibliotekarane», er det i november 2016 24,66 årsverk fordelt på 50 tilsette i skulebiblioteka (sjå vedlegg 2).

Hausten 2017 har 63,6% av elevane tilgang til fagutdanna bibliotekar (10742 av 16885 elevar)
--

Opplæringsavdelinga finansierer stilling som skulebibliotekkoordinator i 100% stilling med arbeidsplass på fylkesbiblioteket. Koordinatoren gir individuell oppfølging av dei bibliotektilsette, sikrar tilgang og kvalitet i felles biblioteksystem, felles tenester, organiserer kurs, konferansar og fagsamlingar. Rettleiing ved tilsetjing av bibliotekarar ved skulane og oppfølging av felles planar og tiltak er del av stillinga.

3.3 Modellar

Nye skular i Hordaland har fått gode bibliotek, som kan vere modellar for andre. Årstad har eit bibliotek med mange av funksjonane som er nemnde i denne planen. Skulebiblioteket på Nordahl Grieg er også ein god modell. Biblioteket på Amalie Skram vgs har ei ordning med bunden skuletid på biblioteket. Tida elevane nyttar på biblioteket blir rekna som undervisningstid. Fleire av biblioteka i dei eldre skulane, med fagutdanna bibliotekar, har utvikla seg til gode skulebibliotek, t.d. Bergen katedralskole.

Fitjar vgs har våren 2016 starta samarbeid med folkebiblioteket om betre utnytting av ressursar. Biblioteket ved Nye Åsane vgs bli planlagt til å bli samlokalisert med folkebiblioteket sin filial i Åsane. Begge desse døma er i ulik skala nybrottsarbeid, med samarbeid om lokale, personale og bibliotektenester

I nybygg og ved ombygging av eldre skular ser ein som regel på skulebiblioteket sin funksjon som ein verdifull ressurs, og mange skular i Hordaland får etter kvart gode biblioteklokale med fagutdanna personale.

4. Strategiar

Strategi 1: Integrere skulebiblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid

Mål: Bibliotektilbodet skal vere integrert i opplæringa, tilpassa fagtilbod og undervisningsarbeid. Det skal bidra til å auke læringsutbytte og fullføring.

Skulebiblioteket kan tilføre læringsmiljøet på skulen rammer for læring som alternativ og supplement til tradisjonell klasseromsundervisning. I *Framtidens skole* (Kunnskapsdepartementet, 2015) er det lagt vekt på å utvikle kompetanse i å lære. Skulen skal også bidra til at elevane lærer å utforske og skape. I dette arbeidet er skulebiblioteket ein verdifull ressurs.

Elevar skal lære å lære. Kunnskap går ut på dato, og den nye kunnskapen får ein tilgang til på biblioteket. Bibliotekaren er ekspert på å finne kjelder og kjeldekritikk. Skulebiblioteket kan spele ei aktiv pedagogisk rolle, men det i seg sjølv aukar ikkje kvaliteten på elevane sitt arbeid. Det er samspelet med lærarar som gir elevane intellektuelt utfordrande oppgåver, som er viktig. Forsking tyder på at skulebiblioteket kan auke kvaliteten på elevane si læring, men at auka ressursar til skulebiblioteket ikkje utan vidare medverkar til dette. «*Det som først og fremst påverkar skulebiblioteket si rolle for læringa til elevane er kva læraren gjer, kva syn på kunnskap og læring dei har, og kva for metodar dei nyttar*» (Barstad, Audunson, Hjortsæter, & Østlie, 2007, s. 32)

Kunnskapsløftet fokuserer på å stimulere elevane i deira personelege utvikling og identitet, samt å auke den sosiale kompetansen. Læringsmiljøet skal vere inkluderande med sosialt fellesskap som gir rom for samarbeid, dialog og meningsbryting. Mykje av denne aktiviteten hender i klasserommet eller andre arenaer styrt av læraren. Skulebiblioteket er ein ressurs, som kan spele ei endå viktigare rolle, dersom skulen tek innover seg føremålet med skulebiblioteket og integrerer det i eigne planar og undervisning. Forsking viser at formuleringar om rolla til skulebiblioteket i skulen sitt eige måldokument er viktig for å meisle ut og tydeleggjere biblioteket sin funksjon, ansvaret og kopling til skuleverksemda. (Barstad, Audunson, Hjortsæter, & Østlie, 2007, s. 33).

Skulebibliotekaren bidrar med kunnskap og ferdigheiter knytt til formidling av informasjon og bruk av ressursar til lærings- og undervisningsaktivitetar som informasjonssøking, prosjektarbeid, problemløysing, trening i lese- og læringsgleik, leseinspirasjon og kulturelle aktivitetar. Arbeidet vekslar mellom eit breitt mangfald av lærings situasjonar med enkeltelevar, små grupper med elevar, klasseundervisning samt tips og kurs til lærarkollegiet. Skulebibliotekaren skal vere synleg i skulemiljøet og må delta i fagleg-pedagogisk planleggingsarbeidet, f.eks. planlegging av fordjupingsoppgåve i norsk og undervisning i kjeldebruk.

Bibliotekaren kan bidra med ein annan innfallspport til fagområda og har kompetanse i informasjonssøking og samtids litteratur. I NIFU-undersøkinga frå 2013 seier over 70 % at funksjonen til skulebibliotekansvarlege i stor grad er å drive med rettleiing i bruk av informasjonsskjelder og å samarbeide med lærarane om å bruke biblioteket som læringsarena (Vibe & Hovdhaugen, 2013, s. 49). Innanfor skulesamfunnet, bør skulebibliotekaren arbeide for kontinuitet og samkjensle, gjennom aktivitetar på tvers av læreplanar og fagområde.

Samarbeid er ein viktig del av arbeidet til skulebibliotekaren: Samarbeid med administrasjonen for å utvikle forståing og støtte for biblioteket sitt bidrag til å nå skulen sine oppgåver og mål, og samarbeid mellom lærarar og skulebibliotekar, som er avgjerande for å kunne nytte bibliotektenesta fullt ut. Skulebibliotekaren er del av det pedagogiske personalet på skulen.

Elevane sin kvardag er gjennomorganisert. Biblioteket er også ein friplass, der ein til dels styrer tid og aktivitetar sjølve. Mange skulebibliotek fungerer som ein viktig sosial arena. Ein naturleg del av arbeidet for skulebibliotekaren er å vere ein tydeleg vaksenperson med *blikk for alle og fokus på den enkelte*, som det står i fylkeskommunen si rettleiing for tidleg identifikasjon, kartlegging og oppfølging for auka gjennomføring. Bibliotekaren er ein som ikkje set karakterar, men som likevel ser eleven.

Samlinga i skulebiblioteket er som oftast liten. For at denne skal fungera optimalt, er det naudsynt å driva aktiv samlingsutvikling, dvs. at ein må kjøpe inn nye titlar og luke ut bøker eller andre medium som er øydelagde eller uaktuelle. Skulebiblioteket skal ha fysiske og digitale kjelder, tilbod om kurs og rettleiing i kjeldebruk og metodar for samarbeid med pedagogisk personale. Innlån frå andre bibliotek og deltaking i konsortiet for e-bøker i Hordaland er eit viktig supplement til eigne samlingar.

Marknadsføring: tenester og aktivitetar i skulebiblioteket må gjerast kjende, slik at alle brukar-grupper er klar over biblioteket sine tenester og ressursar og rolle som partner i læring.

Tiltak:

1. Sikre skriftleg forankring av skulebiblioteket som ressurs, i kvar skule sine planar, og at det blir laga plan for skulebiblioteket på skulane.
2. Ha bruk av skulebibliotek som tema på skuleleiarsamlingar og samlingar for pedagogisk personale.
3. Utvikle modellar for sosiale og kulturelle aktivitetar i biblioteket.

4. Arbeide for at samlingsutvikling er i tråd med skulen sine fagplanar og for at skulane har tilstrekkeleg budsjett til innkjøp av nytt materiale.
5. Vidareføre deltaking for skulane i konsortiet for utlån av e-bøker i Hordaland.
6. Arbeide for at skulebiblioteka har tilgang til relevante elektroniske ressursar.
7. Utvikle ordningar for lån mellom skulane og utnytting av det nasjonale biblioteknettverket.
8. Innarbeide skular som ønskjer det, i ordninga med transport mellom bibliotek.
9. Marknadsføre bibliotekenestene til ulike brukargrupper.

Strategi 2: Styrke bibliotekfagleg bemanning

Mål: Alle elevar i vidaregåande skular i Hordaland skal ha tilgang til skulebibliotekar. Bibliotekarressursen er bestemt av elevtalet på skulen.

Utvikling av skulebiblioteket som læringsarena, kulturarena og reell, pedagogisk støtte, kan berre kan realiserast fullt ut med fagutdanna personale (Barstad, Audunson, Hjortsæter, & Østlie, 2007). Dette blir dokumentert gjennom forskning og synes i erfaringar frå skular i Hordaland.

Det knyter seg forventningar til bibliotekaren og biblioteket sine tenester, men realitetane rundt bemanning, økonomi og fysiske tilhøve set grenser for kva ein kan få til. Å ha personale med bibliotekfagleg kompetanse, engasjement og interesse for ungdom er avgjerande for å nå alle måla i denne strategien.

Bibliotekarressurs

I 2016 får nokre skular finansiert bibliotekarressursen gjennom ei sentral løyving, medan andre prioriterer lønsmidlar til bibliotekar innanfor eiga ramme. Mange skular ønskjer seg bibliotekar, men kan ikkje finansiere det over eige budsjett. Dette har ført til forskjellar mellom skular som i utgangspunktet er ganske like. Elevtalet på skulen skal vere retningsgivande for storleik på bibliotekarstillinga:

-300 elevar	50% stilling
300-500 elevar	100% stilling
500-800 elevar	150% stilling
800- elevar	200% stilling

I dag er det 50 personar fordelt på 24,66 årsverk som arbeider i skulebiblioteka (sjå vedlegg 2). Det er 16,5 årsverk fagutdanna bibliotekar. Ut frå tabellen over kan ein anslå at 34-38 årsverk ville vere høveleg bemanning for skulebiblioteka i fylket.

På nokre mindre skular er det aktuelt å samarbeide med folkebiblioteket ved å kjøpe bibliotekarkompetansen av kommunen, slik det blir gjort i Etne, Austrheim og Osterøy. På Nye Åsane vgs, der det blir planlagt kombinasjonsbibliotek med Bergen. Off. Bibliotek sin filial, er beste løysing å kjøpe tenesta av Bergen kommune. Slike samarbeid må regulerast i avtaler.

Kompetanseutvikling

I opplæringsavdelinga sin strategiske planen for kompetanseutvikling er bibliotekansvarlege ein av målgruppene. Her står det m.a.: «Etterutdanning i høve til dagens medielandskap er ei viktig investering. Styrking av kompetansen i skulebiblioteka vil vere viktig for elevane si læring og læringsmiljøet, og bidra til å gjere biblioteket som læringsarena til ein uvurderleg møteplass mellom språk og kultur for alle elevar»

Våren 2017 får skulebibliotekarane i fylket tilbod om nettstudiet «Skulebibliotekets rolle for elevens læringsarbeid» i Bergen. Dette er eit vidareutdanningskurs spesielt retta mot skulebibliotekansvarlege i vidaregåande opplæring og i ungdomsskulen. Kurset tek for seg rolla til skulebiblioteka som ein del av ei heilskapleg pedagogisk satsing, korleis biblioteket kan bidra til læring, og rolla det har i den digitale skulekvardagen. Studiet legg vekt på korleis informasjon og rettleiing vert organisert ved bruk av digitale løysingar/verktøy, og ved bruk av sosiale mediesjangrar.

I tillegg til etter- og vidareutdanningstilbod, må det kontinuerleg vere tilbod om kurs og seminar med bibliotekfagleg oppdatering. Dei fleste skulebibliotekarane arbeider åleine, det er difor viktig med fagsamlingar der ein kan lære av og inspirere kvarandre.

Tiltak:

1. Sikre at alle skular har fagutdanna bibliotekarressurs ut frå elevtalet på skulen.
2. Organisere og delfinansiere nettstudiet «Skulebibliotekets rolle for elevens læringsarbeid»
3. Gi bibliotektilsette kontinuerleg tilbod om relevant etter- og vidareutdanning.
4. Arrangere fagdagar for skulebibliotektilsette i fylket to gonger i året.

Strategi 3: Utvikle og forbeete biblioteklokala

Mål: Alle skular skal ha funksjonelle og trivelege biblioteklokale

Bibliotekrommet er eit «porøst» rom, der alle kan vere på tvers av tilhørigheit. Skulebiblioteket blir brukt til varierte aktivitetar som å gjere lekser og skulearbeid, møte vener, surfe på nett, finne lesestoff og lese (Rafste, 2001, s. 316). Dei fleste av desse aktivitetane er ikkje organiserte og oppstår spontant, noko som kjenneteiknar lågintensive møteplassar (Aabø, 2012). Desse møteplassane utset oss for andre inntrykk enn vi vanlegvis oppsøker, i motsetnad til høgintensive møteplassar, som blir vald ut frå primære interesser og verdiar. Skulebiblioteket kan tilby begge delar. Det er dei lågintensive møteplassane som er mest utfordrande å skape i dagens samfunn, og slike er viktige for å byggje sosial kapital.

Biblioteket skal inviterer til arbeid og ro, til samvær og vennskap og til å kvesse tankar og meiningar. Det er ein stad der det er trygt og legitimt å vere åleine, men det er også ein stad der du møter andre på tvers av fag og klassar. Biblioteket skal vere ein plass å lære, men også ein plass å vere. Det skal ha plass til både individuelt arbeid og gruppearbeid. Biblioteklokalet kan også nyttast som kulturarena, t.d. i samband med forfattarbesøk og elevinitierte kulturarrangement. Med god planlegging og funksjonelle møblar blir det plass til utstillingar og ulike typar aktivitetar.

Krav til skulebiblioteket

Det er store variasjonar på biblioteklokala i skulane. Planlegging av skulebibliotek skal vere inne i byggeprosjekt frå starten, både i nye skulebygg og ved tilbygg og ombygging av eldre skular. Skulebiblioteket skal ha sentral plassering i skulen og ha plass til både læringsaktivitetar, sosiale og kulturelle aktivitetar. Biblioteket må ha:

- Hylleplass til ei aktuell og tilpassa samling av ulike typar medium
- Plass til utstillingar
- Fleksible møblar som kan ryddast vekk under arrangement
- Lager til lærebøker
- Gruppearbeidsplassar i biblioteket og gjerne grupperom i nærleiken
- Stille sone eller lesesal for individuelt arbeid
- Nærleik til it-hjelp
- Soner med komfortable møblar

- Tilgang til teknologi

Tiltak:

1. Utvikle gode og funksjonelle skulebibliotek i nye bygg og ved oppgradering av eldre skular.
2. Kartlegge status og planleggje utbetringar i eksisterande biblioteklokale.

5. Oversyn over mål strategiar og tiltak

Visjon: Skulebiblioteket skal vere eit trygt og stimulerande læringsmiljø, eit sosialt rom, ein kulturarena og integrert medspelar for å nå skulen sine overordna mål.

Strategi 1: Integrere skulebibliotket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid		
Mål	Tiltak	Kostnad
Bibliotektilbodet skal vere integrert i opplæringa, tilpassa fagtilbod og undervisingsarbeid. Det skal bidra til å motverke utanforskap og auka fullføring.	1. Sikre skriftleg forankring av skulebiblioteket som ressurs, i kvar skule sine planar, og at det blir laga plan for skulebiblioteket på skulane.	0
	2. Ha bruk av skulebibliotek som tema på skuleleiarssamlingar og samlingar for pedagogisk personale	0
	3. Utvikle modellar for sosiale og kulturelle aktivitetar i biblioteket.	0
	4. Arbeide for at samlingsutvikling er i tråd med skulen sine fagplanar og for at skulane har tilstrekkeleg budsjett til innkjøp av nytt materiale.	På skulen sitt budsjett
	5. Vidareføre deltaking for skulane i konsortiet for e-bøker i Hordaland	Ca. 1000 kr årleg per skule. Kr 150 000 frå fylkesbiblioteket ²
	6. Arbeide for at skulebiblioteka har tilgang til relevante elektroniske ressursar.	På skulen sitt budsjett
	7. Utvikle ordningar for lån mellom skulane og utnytting av det nasjonale biblioteknettverket.	På skulen sitt budsjett
	8. Innarbeide skular som ønskjer det, i ordninga med transport mellom bibliotek.	Ca. 5000 kr året per skule
	9. Marknadsføre bibliotektenestene til ulike brukargrupper.	0
Strategi 2: Styrke bibliotekfagleg bemanning		
Mål	Tiltak	Kostnad
Alle elevar i vidaregåande skular i Hordaland skal ha tilgang til skulebibliotekar. Bibliotekarressursen er bestemt av elevtalet på skulen.	1. Sikre at alle skular har fagutdanna bibliotekarressurs ut frå elevtalet på skulen	Ca 7 mil kr over ein 5-årsperiode
	2. Organisere og delfinansiere nettstudiet «Skulebibliotekets rolle for elevens læringsarbeid»	Ca kr 100 000 frå kompetanseplan + eigenbetaling
	3. Gi bibliotektilsette kontinuerleg tilbod om relevant etter- og vidareutdanning.	Eigenbetaling
	4. Arrangere fagdagar for skulebibliotektilsette i fylket to gonger i året	Ca. 50 000 frå kompetanseplan + eigenbetaling

² Fylkesbiblioteket er i spleiselag med kommunale folkebibliotek om innkjøp av e-bøker til ei felles samling som vgs har tilgang til. Kostnaden for skulane er drift av utlånssystemet.

Strategi 3: Utvikle og forbedre biblioteklokala		
Mål	Tiltak	Kostnad
Alle skular skal ha funksjonelle og trivelege biblioteklokale	1. Utvikle gode og funksjonelle skulebibliotek i nye bygg og ved oppgradering av eldre skular.	Innarbeidast i byggekostnader
	2. Kartlegge status og planleggje utbetringar i eksisterande biblioteklokale	0

Litteraturliste

- Barstad, J., Audunson, R., Hjortsæter, E., & Østlie, B. (2007). *Skulebibliotek i Norge. Kartlegging av skulebibliotek i grunnskule og vidaregåande opplæring*. Volda: Høgskulen i Volda / Møreforsking Volda.
- Carlsten, T. C., & Sjaastad, J. (2014). *Evaluering av Program for skulebibliotekutvikling 2009-2013*. Oslo: NIFU.
- Forskrift til Opplæringslova. (1998). *Forskrift til opplæringslova. Kapittel 21 Tilgang til skulebibliotek*. Hentet 02.04., 2016 fra https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724/KAPITTEL_23#KAPITTEL_23
- Hoel, T., Rafste, E. T., & Sætre, T. P. (2008). *Opplevelse, oppdagelse, opplysning : Fagbok om skulebibliotek*. Oslo: Biblioteksentralen.
- Hordaland fylkeskommune (1997). *Skulebibliotekprosjektet for dei vidaregåande skulane i Hordaland 1987-1997. Ei vurdering*. Hordaland fylkeskommune. Opplæringsavdelinga. Fylkesbiblioteket
- Hordaland fylkeskommune. (2005). *Gode skulebibliotek gir kultur for læring : Strategisk handlingsplan for skulebiblioteka i vidaregåande skolar i Hordaland 2004-2010*. Bergen: Hordaland fylkeskommune.
- Hordaland fylkeskommune. (2010). *Skulebibliotek for kunnskap og trivsel : Strategisk plan for bibliotek i vidaregåande skular i Hordaland 2011-2015*. Bergen: Hordaland fylkeskommune.
- Hordaland fylkeskommune. (2014). *Blikk for alle - fokus på den enkelte*. Bergen : Hordaland fylkeskommune.
- Hordaland fylkeskommune. (2015). *Premiss: Kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025*. Bergen : Hordaland fylkeskommune
- Hordaland fylkeskommune. (2015). *Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved ei vidaregåande skulane 2016 - 2018*. Hentet 08.04, 2016 fra <http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/utdanning2/vg-skole/filer/styringsdokument-2016-2018.pdf>
- Hordaland fylkeskommune (2016). *Plan for kompetanseutvikling. Strategi 2016 – 2020*. Bergen : Hordaland fylkeskommune
- IFLA. (2007). *IFLA/UNESCOs Retningslinjer for skulebibliotek*. Oslo: Norsk Bibliotekforening.
- IFLA. *School libraries guidelines*. Hentet 08.04.2016 fra <http://www.ifla.org/files/assets/school-libraries-resource-centers/publications/ifla-school-library-guidelines.pdf>
- Kunnskapsdepartementet, 2015. *Fremtidens skole - Fornøyelse av fag og kompetanser (NOU 2015: 8)*
- Rafste, E. T. (2001). *Et sted å lære eller et sted å være : En case-studie av elevers bruk og opplevelse av skulebiblioteket*. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Vibe, N., & Hovdhaugen, E. (2013). *Spørsmål til Skole-Norge våren 2013*. Oslo: NIFU.
- Aabø, S., Audunson, R. A. (2012) *Use of library space and the library as place*. Library Library & Information Science Research. Vol. 34.

Vedlegg:

1. Utvikling av skulebiblioteka i Hordaland 1987 – 2015
2. Oversyn over stillingar i skulebiblioteka per august 2016

Vedlegg 1: Utvikling av skulebiblioteka i vgs i Hordaland 1987 - 2015

1. Samandrag

1.1 Arbeid på 80- og 90-talet

På 80- og 90 talet satsa mange fylke på tilsetjing av fagutdanna bibliotekarar, og fleire fekk 1-3 heiltidstilsette på skulebiblioteka.

I Hordaland hadde ein fokus på at ein lærar ved alle skulane skulle ha grunnopplæring i bibliotekknunnskap. Kravet var at skulen hadde biblioteklokale og løyve pengar til bøker, datautstyr o.a. Det blei etablert bibliotek på alle skulane og kvar skule fekk eit fast beløp frå Opplæringsavdelinga til læraren som hadde ansvar for biblioteket. I utgangspunktet var dette til 20 % stilling på kvar skule.

Resultatet var at dei vidaregåande skulane i Hordaland på byrjinga av 2000-talet hadde små løyvingar, mangel på personalressursar, låg formell bibliotekkompetanse og mange dårlege lokale.

1.2 Plan vedtatt i 2003

I 2003 starta arbeid med ein strategisk plan for utvikling av skulebiblioteka i Hordaland. Visjonen var at alle elevar i fylket, uavhengig av skulestorleik og linjeval, skulle få moderne bibliotektenester med tilgjengeleg og kvalifisert rettleiing på skulen sin. Erkjenninga av at ein utan kvalifiserte skulebibliotekarar i tilstrekkelege stillingar ikkje kunne realisere visjonen, førte til at hovudmålet var å auke personalressursane til skulebiblioteka. Planen blei ei drivkraft for utvikling. Det var særleg mange positive resultat på skular som fekk tilsett fagutdanna bibliotekar. Fylkesutvalet vedtok at planen skulle reviderast, og fylkestinget vedtok ny strategisk plan i desember 2010.

Ein analyse av bibliotekstatistikken i 2009 viste at utlånet var nesten 4 gonger så høgt med fagutdanna bibliotekar i 100% stilling samanlikna med skular utan bibliotekar

1.3 Plan vedtatt i 2010

Hovudmålet i den nye strategiske planen var at skulebiblioteka skulle bidra til å nå overordna mål i den digitale skulen og utvikle betre læringsmiljø gjennom tilbod om funksjonelle og trivelege biblioteklokale med tilgjengeleg, kvalifisert personale. Samlingar og tenester skulle tilpassast skulen sine fagtilbod og tilrettelegging for undervisningsarbeidet, til beste for elevar og lærarar.

Fylkestinget vedtok m.a. at alle vidaregåande skular i Hordaland bør ha fagutdanna bibliotekar.

Også denne planen blei ei drivkraft for utvikling av skulebiblioteka, men i planperioden blei det ikkje løyvd ekstra midlar til å opprette bibliotekarstillingar.

2. Skulebibliotekprosjektet 1987-1997

I perioden frå 1987-1997 blei det gjennomført eit skulebibliotekprosjekt, som løfta bibliotektilbodet i dei vidaregåande skulane i Hordaland m.o.t. lokale, biblioteksystem og personale. Arbeidet bygde på ein rapport som synte at skulane i særskilt liten grad hadde eit tilbod som kunne seiast å tilfredsstille krava til eit godt skulebibliotek.

Prosjektet gjekk ut på å gi ein lærar ved alle vidaregåande skular grunnutdanning i bibliotekknunnskap og øyremerking av eit fast beløp til læraren som fekk ansvar for biblioteket. I utgangspunktet var dette ei 20 % stilling. Det var totalt berre ein fagutdanna bibliotekar. Vedkommande var koordinator for skulebibliotekarane i tillegg til å vere skulebibliotekar på eigen skule, i til saman 50% stilling.

I denne perioden satsa mange andre fylke på tilsetjing av fagutdanna bibliotekarar, og fleire fylke fekk 1-3 heiltidstilsette på skulebiblioteka. Dei vidaregåande skulane i Hordaland hadde på byrjinga av 2000-talet små løyvingar, mangel på personalressursar, låg formell bibliotekkompetanse og dårlege lokale.

«Gode skulebibliotek gir kultur for læring» Strategisk handlingsplan for skulebiblioteka i vidaregåande skolar i Hordaland 2004 - 2010

Oppstart av planarbeid blei vedtatt i fylkestinget i mars 2003. Planarbeidet var forankra i Fylkesplanen, Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2002-2005 og Opplæringsplan 1996-2008. Etter ein grundig planprosess blei planen vedtatt i fylkestinget i juni 2004.

Visjon: Alle elevar i fylket, uavhengig av skulestorleik og linjeval, skal få moderne bibliotektenester med tilgjengeleg og kvalifisert rettleiing på skulen sin.

Mål: Å auke sentrale og lokale personalressursar til skulebiblioteka i overskødeleg framtid. Utan kvalifiserte skulebibliotekarar i tilstrekkelege stillingar, kan vi ikkje realisere visjonen.

Planen blei ei drivkraft for utvikling. Det var særleg mange positive resultat på skular som fekk tilsett fagutdanna bibliotekar. Det blei arbeidd med fem strategiar. Arbeid med opptrapping av skulebibliotekarressursen (strategi 4) var særleg krevjande.

Strategi:	Resultat:
Strategi 1: Modellar for gode skulebibliotek	<ul style="list-style-type: none"> 3. Etablert modellbiblioteket på Os vgs. Hausten 2015 framstår ikkje dette biblioteket som ein modell lenger. 4. Etablert fleire "besøksbibliotek", som ei følgje av god tenesteutvikling
Strategi 2: Rettleiingsoppgåver og faglege nettverk	<ul style="list-style-type: none"> • Tilsett koordinator i full stilling med arbeidsplass på fylkesbiblioteket, finansiert over Opplæringsavdelinga sitt budsjett. • Hjelp til oppgradering av samlingar, kurs og individuell rettleiing • Skulebibliotek som eige fag i "It's learning"; aktivt forum for informasjon og erfaringsutveksling mellom dei bibliotektilsette
Strategi 3: Sentrale fellestenester	<ul style="list-style-type: none"> • Bibliotekatalogane slått saman til ein felles katalog • Sentral registrering av bøker og anna materiale • Utlånsordning for lærebøker • Abonnement på kunnskapsdatabasane A-tekst og Britannica Online School Edition
Strategi 4: Opptrapping av skulebibliotekarressursen	<ul style="list-style-type: none"> • Ekstra løyving på til saman 4,5 millionar kroner til nye bibliotekarstillingar i • 21 skular fekk bibliotekarressurs; 12 fulle stillingar • 9 prosentstillingar frå 60% og ned til 10% • Utlånet i 2009 på skular med fagutdanna bibliotekar i 100% stilling var nesten 4 gonger høgre enn på skular utan fagutdanna bibliotekar
Strategi 5: Samarbeidsmodellar	<ul style="list-style-type: none"> • Starta arbeid for kombinasjonsbibliotek mellom folkebiblioteket i Etne og skulebiblioteket i planlegging av Skakke kulturhus

Visjonen i planen blei ikkje nådd, og i november 2009 vedtok fylkesutvalet at planen skulle reviderast.

3. «Skulebibliotek for kunnskap og trivsel» Strategisk plan for bibliotek i vidaregåande skolar i Hordaland 2011-2015

Planen blei vedtatt i fylkestinget i desember 2010.

I vedtaket heiter det at:

1. Arbeidet med utvikling av gode bibliotektenester i vidaregåande skolar skal halde fram slik den nye strategiplanen skisserer.
2. Årlege handlingsplanar skal følgje opp intensjonane i strategiplanen.
3. Finansiering av nye stillingar må avklarast fortløpande i årsbudsjett og økonomiplan.
4. Alle vidaregåande skolar i Hordaland bør ha fagutdanna bibliotekar.

Visjon: Med eleven i sentrum skal skulebibliotek i vidaregåande skule i Hordaland bli ein aktiv og integrert medspelar for å nå skolen sine overordna mål.

Hovudmål: Skulebiblioteka skal bidra til å nå overordna mål i den digitale skulen og utvikle betre læringsmiljø gjennom tilbod om funksjonelle og trivelege biblioteklokale med tilgjengeleg, kvalifisert personale. Samlingar og tenester skal tilpassast skolen sine fagtilbod og tilrettelegging for undervisningsarbeidet, til beste for elevar og lærarar.

Det har blitt arbeidd med tre strategiar med eigne med mål og delmål.

STRATEGI 1: Bemanning (fagutdanna bibliotekar)	
Mål: Opprette bibliotekarstilling i 100% ressurs på skolar med meir enn 300 elevar, i 50% ressurs på skolar med inntil 300 elevar, auke bemanning på skolar med meir enn 500 elevar og finne samarbeidsløysingar med folkebibliotek for kjøp av bibliotekarressurs til dei minste skolane	
Delmål:	Status august 2015:
1. Opprette bibliotekarstillingar: 100% ressurs på skolar med meir enn 300 elevar	Av 10 skular med mellom 300 og 500 elevar, har 4 bibliotekar. Bortsett frå Voss gymnas som har 0,55 stilling, er det fulle stillingar.
2. Opprette bibliotekarstillingar: 50% ressurs på skolar med inn til 300 elevar	Av 21 skular med mindre enn 300 elevar, har 9 bibliotekar. 7 har om lag 50% stilling, den minste (Etne), som er eit kombinasjonsbibliotek, har 20% bibliotekarressurs.
3. Auke bemanninga på skolar med meir enn 500 elevar	Av 12 skular med meir enn 500 elevar, manglar ein (Sandsli) fagutdanna bibliotekar. 2 skular har 1,5 stilling (Årstad og Laksevåg). Reknar ein med personale utan fagutdanning er det totalt 15,9 årsverk på desse skulane.
4. Finne samarbeidsløysingar med folkebibliotek for kjøp av bibliotekarressurs til dei minste skulane.	Kombinasjonsbibliotek mellom folke og skulebiblioteket i Etne. Osterøy vgs leiger 40% bibliotekarressurs frå Osterøy bibliotek Austrheim vgs leiger 35% bibliotekarressurs frå Austrheim bibliotek
STRATEGI 2: Utvikle bibliotektenester tilpassa skulane sitt felles hovudoppdrag og kvar skule sitt studietilbod	
Mål: Skulebiblioteket skal bidra til eit godt læringsmiljø som fremjar ulike læringsstrategiar og metodar ved å ta i bruk tilgjengelege ressursar frå heile kunnskapsuniverset og gjere elevane godt rusta for livet i arbeid og fritid	
Delmål³:	Status august 2015:

³ Delmåla er noko forkorta

1. Vedta bibliotekplan på kvar skule	2-3 skular har plan for skulebiblioteket
2. Samlingane skal vere tilpassa skolen sitt fagtilbod og femne om både trykte og digitale kunnskapkjelder	Skulebiblioteka gjekk i 2014 inn i konsortiet for innkjøp og utlån av e-bøker i Hordaland. Elevar og lærarar med lånekort som er knytt opp til skulen, har tilgang til dei same e-bøkene som folkebiblioteka.
3. Skulebiblioteket skal ha eiga nettside i skolenettstaden	Biblioteket er lett synleg på dei aller fleste skulane si nettside. Fleire skulebibliotekarar er nettredaktør på skulen.
4. Arbeid for betre biblioteklokale	Deltaking i planlegging av biblioteket på Nordahl Grieg og Amalie Skram vgs. Fylkesbiblioteket har besøkt og gitt hjelp og rettleiing til fleire skular om innreiing av nye biblioteklokale og oppussing av gamle.
5. Bidra til utvikling i ein digital skule	Arbeidet er ikkje formalisert, men fleire skulebibliotekarar arbeider med digitale lærebøker, e-bøker og utvikling av nettstad.
6. Tilby og gjennomføre lesestimulerande tiltak	Blir gjort i varierende grad. Mange fagutdanna bibliotekarar set i gang med dette, men ikkje alle lærar er villig til å avstå tid til dette.
7. Vidareutvikle skulebibliotekkoordinatorfunksjonen	Dagleg rettleiing over telefon, e-post og It's Learning. Årleg fagdag for alle tilsette ved skulebiblioteka Besøker skular etter behov med opplæring i biblioteksystemet og generell rettleiing Alle nyttilsette bibliotekarar får besøk med innføring i prosjektplan, samarbeid og fylkesbiblioteket si rolle
STRATEGI 3: Modellar for "best practice" i Hordaland, besøksbibliotek	
Mål: Synleggjere skulebiblioteket sitt oppdrag ved å utvikle modellbibliotek med ideell bemanning og pedagogisk involvering. Besøksbiblioteka kan vise ulike organisasjonsmodellar og vektleggje ulike tenesteområde	
Delmål:	Status august 2015:
1. Årstad vgs med vekt på leseprosjekt og kulturarrangement i samband med studiesenteret-, undervisning i informasjonskompetanse knytt til yrkesfaga og deltaking i arbeid mot fråfall. Styrke personalressurs med 100% bibliotekar og 100% merkantil stilling	Årstad vidaregåande skule fekk eit større og ombygd bibliotek i 2013 og har utvikla seg til eit fagleg interessant besøksbibliotek. M.a. samarbeider biblioteket godt med studiesenter og det er prøvd ut mange og gode tiltak. Biblioteket har 2 årsverk bibliotekar fordelt på tre personar.
2. Nordahl Grieg vgs som frontskole for digitale tenester og arbeidsmetodar. Styrke personalressurs med 100% bibliotekar og 100% merkantil stilling	Nordahl Grieg står fram som besøksbibliotek, takka vere god integrering av biblioteket i plan- og byggeprosessen. Biblioteket har 1 årsverk bibliotekar og 50% stilling fordi skulen er knutepunktskule for døve
3. Kombinasjonsbibliotek Etne vgs og Etne folkebibliotek	Kombinasjonsbibliotek i nye Etne kulturhus opna 21.1.2012. Det er ei unik kombinasjon, der folkebiblioteket, grunnskulebiblioteket og biblioteket for den vidaregåande skulen er samlokalisert.

Vedlegg 2: Oversyn over stillingar i skulebiblioteka i november 2016

Storleik	Skule	Elevtal	Årsverk			Personar	
		sep.16	fagutdanna bibliotekar	bibliotekar u/utd	totalt i biblioteket	Tilsette	
0-100	Hjeltnes vgs ²	12		0,2	0,2	1	
	Voss husflidsskule ²	36		0	0	0	
	Rogne vgs ³	63		0,05	0,05	1	
	Bergen tekniske fagskole	73					
	Etne vgs ¹	89		0,2	0,2	1	
	Voss vgs	97					
100-300	Austevoll vgs	142		0,2	0,2	2	
	Rubbestadnes vgs	145		0,05	0,05	1	
	Osterøy vgs	196		0,4	0,4	1	
	Fitjar vgs ¹	252		0,3	0,3	1	
	Os gymnas	252		0,16	0,16	1	
	Austrheim vgs ¹	263		0,35	0,35	1	
	Norheimsund vgs og Øystese g.	281	1		1	1	
	Bergen maritime vgs ⁴	281	0,5		0,5	1	
	Arna/Garnes vgs	284	0,5	0,2	0,7	2	
	Fusa vgs ⁴	288		0	0	0	
	Bømlo vgs	295		0,2	0,2	1	
	300-500	U. Pihl vgs	300		0	0	0
		Odda vgs ³	319		0,4	0,4	1
		Voss gymnas/Nye Voss vgs	332	0,55		0,95 ⁵	1
Nye Voss vgs ³		371	0,45		0,45 ⁵		
Kvinnherad vgs		388		1,2	1,2	2	
Tertnes vgs		417	1		1	1	
Åsane vgs ³		458		0,4	0,4	2	
Os vgs		465	1		1	1	
500-800		Stend vgs	524		0,5	0,5	1
		Fyllingsdalen vgs	549	1			1
	Sandsli vgs	550		0,4	0,4	2	
	Slåtthaug vgs	555		0,6	0,6	4	
	Askøy vgs	560	1		1	1	
	Olsvikåsen vgs	591	1		1	1	
	Bergen Katedralskole ³	596	1		1	1	
	Langhaugen vgs	614	1		1	1	
	Laksevåg vgs ³	727	1		1	2	
	800-1100	Sotra vgs ³	810	1	0,75	1,75	3
Stord vgs ³		846		1,3	1,3	2	
Årstad vgs ³		862	1	0,5	1,5	2	
Nordahl Grieg vgs		919	1	0,5	1,5	2	
Amalie Skram vgs		1034	1	0,5	1,5	2	

	Knarvik vgs ³	1049	1	0,3	1,3	2
	Skulebibliotekkoordinator		1			
	Sum	16885	16,5	9,06	24,66	50

¹ Kombinasjonsbibliotek folke- og skulebibliotek, ² Samanslåing av skulane på Voss 2016/17 til Voss gymnas og Voss vgs elevar

³ Vaksenopplæringslevar er ikkje med i elevtalet, ⁴Fagskule er ikkje med i elevtalet, ⁵to stillingar fordelt på ein person



Arkivnr: 2016/34157-1
Saksbehandlar: Einar Aalen Hunsager

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		01.12.2016
Utval for opplæring og helse	104/16	01.12.2016
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		06.12.2016
Fylkesutvalet		08.12.2016
Fylkestinget		13.12.2016

Klimaplan for Hordaland - Handlingsprogram 2017**Samandrag**

Visjonen i Klimaplanen er «Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet». Klimagassutsleppa frå Hordaland har stege frå kring 4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 1991 til nesten 5 mill. i 2015. Det utgjer i underkant av 10 tonn per innbyggjar. Målet i Klimaplanen er å redusere desse utsleppa til kring 3 mill. i 2020 og 2,4 mill. i 2030. I lågutsleppssamfunnet kan utsleppa ikkje overstige 2 tonn per innbyggjar. Fylkeskommunen sine eigne utslepp er hovudsakeleg knytt til byggeverksemd og transporttenester.

Sju verksemdar innan olje, industri og energiforsyning slepp ut kring 3 mill. CO₂-ekvivalentar, altså 60 % av utsleppa i fylket. Miljødirektoratet har identifisert tiltak med eit reduksjonspotensial på 1,4 mill. av desse.

Klimagassutsleppa frå transportsektoren utgjer kring 1,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Med miljøkrav på ferjeamboda reduserer fylkeskommunen CO₂-utsleppa med mellom 35 000 og 55 000 tonn CO₂-ekvivalentar frå 2020. Potensialet for nullutsleppsteknologi i bussparkeinnan 2030 er omtrent like stort. Fylkeskommunen har som tenesteprodusent, regional planmynde og samfunnsutviklar verkemiddel til å følgje opp nullvekstmålet, men også til å bidra til ein overgang til nullutsleppskøyretøy i heile transportsektoren innan 2030.

Fylkeskommunen bidreg til å byggje kunnskap og å etablere samarbeid mellom kommunar og næringsliv. Med omsyn til omstilling i økonomien vert det viktig å sjå moglegheitene til verdiskaping innan miljøteknologi og fornybar energi.

Det syner likevel å vere lite sannsynleg at klimamålet for 2020 vert nådd.

Viss fylkeskommunen og andre aktørar går saman er det fortsatt mogleg å nå klimamålet for 2030. Det krev at ein prioriterer klimamåla høgare og nyttar tilgjengelege verkemiddel som miljøkrav, klimabudsjett og miljødifferensiering av eksisterande takstar i tråd med måla. Målet må vere å samstundes hauste vinsten av omstillinga gjennom auka verdiskaping knytt til miljøteknologi og fornybarsektoren.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 slik det går fram av saka.

2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 (klimabudsjettet) vert handsama i fylkesbudsjettet for 2017.
3. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre vesentlege justeringar.
5. I samarbeid med klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling årleg gå gjennom korleis fylkeskommunen kan få til naudsynte kutt i klimagassutslepp frå eiga verksemd og i fylket generelt.
6. I samarbeid med klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling gå gjennom korleis fylkeskommunen skal vurdere klimarelevans og -konsekvens i sakshandsaminga.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen informere i eiga sak om den fylkeskommunale innsatsen for, og andre relevante initiativ knytt til hydrogen innan sektorane samferdsel, energi og næring. Vidare ber Fylkestinget administrasjonen om å vurdere og foreslå korleis fylkeskommunen kan arbeide strategisk og heilskapleg vidare med hydrogen.
8. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere korleis bioøkonomi og grøn økonomi kan definerast nærare og konkretiserast for Hordaland.
9. Fylkestinget merker seg at utsleppa frå 7 kvotepliktige industriverksemder står for nesten 60 % av alle utsleppa frå Hordaland. Fylkestinget er bekymra for at reduksjonen i utsleppa deira ikkje skjer raskt nok til å nå måla. Fylkestinget ber om informasjon frå verksemdene om kva dei kan og vil gjere for å redusere sine utslepp.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Klimaplan for Hordaland - Statusrapport for Handlingsprogram 2016
- 2 Klimaplan for Hordaland - Forslag til Handlingsprogram 2017

Fylkesrådmannen, 11.11.2016

Handlingsprogrammet for 2017 er det sjette handlingsprogrammet til Klimaplan for Hordaland. Forslag til tiltak har utgangspunkt i Klimaplanen sin visjon, «Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet»; og måla for klimagassreduksjon, energieffektivisering og klimatilpassing.

Klimagassutsleppa frå Hordaland har stege frå kring 4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 1991 til nesten 5 mill. i 2015. Det utgjer i underkant av 10 tonn per innbyggjar. Målet i Klimaplanen er å redusere desse utsleppa til kring 3 mill. i 2020 og 2,4 mill. i 2030. I lågutsleppssamfunnet kan utsleppa ikkje overstige 2 tonn per innbyggjar.

Klimafotavtrykket til fylkeskommunen sjølv er 0,4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, knytt hovudsakleg til byggeverksemd og transporttenester.

Den globale utfordringa frå Paris


Den globale temperaturen er no 1°C over før-industriell tid. Globalt havnivå stig med 3,3 mm i året. Arealet dekkja av sjøis i Arktis ligg 27 % under normalnivå.

Paris-avtalen som trer i kraft 4. november 2016 har som mål å halde oppvarminga under 2 grader, helst avgrensa til 1,5 grader. Det krev at ein legg IPCC sitt lågutslepps-scenario til grunn. Sidan år 2000 har faktiske globale utslepp følgt høgutslepps-scenariot, som vil gje klimaendringar med dramatiske konsekvensar. Temperaturen i år 2100 kan verte 4,5°C høgare enn i før-industriell tid.

Regjeringa sitt framlegg til klimalov har som mål å redusere dei norske utsleppa med minst 40 prosent i 2030 samanlikna med 1990. Det opnast for at målet kan gjennomførast felles med EU. For 2050 er målet at Noreg skal vere eit lågutsleppssamfunn.

Utfordringa i Hordaland


Hordaland er fylket med størst utslepp, 13,7 % av nasjonale klimagassutslepp i 2013. Det utgjer 4,9 millionar tonn CO₂-ekvivalentar ifølge den fylkesfordelte statistikken til Statistisk sentralbyrå (SSB). Sju verksemdar innan olje, industri og energiforsyning står for nesten 60 % av utsleppa i fylket.



Kvotepliktige utslepp

Landbasert industri i Hordaland slapp ut kring 3 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2015. Av desse var kring 2,8 mill. tonn kvotepliktig. Opphavleg var dei kvotepliktige verksemdene tildelt klimakvoter for 2,1 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Dei må kjøpe kvoter for resten.

Klimagassutsleppa i Hordaland varierer avhengig av driftskontinuiteten til dei viktigaste industrianlegga. Eit døme på det er dei låge utsleppa frå Mongstad 2014 eller TiZir 2015 – begge i samanheng med driftsstans.



EU har vedteke at talet på tilgjengelege kvoter i europeisk kvotehandel skal vere 43 % lågare i 2030 enn i 2005. Det er prisen på utsleppsreduksjonar som avgjer kor i Europa utsleppa vil gå ned. Verksemdar som kan kutte med låge kostnader vil selje sine kvoter til verksemdar som elles ville betale dyrt for å gjennomføre utsleppskutt.

For utsleppsreduksjonar i norsk kvotepliktig sektor har Miljødirektoratet identifisert ei rekke tekniske tiltak.¹ Tiltaka som er relevante for industrien i Hordaland har eit reduksjonspotensial på kring 1,4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Sjå tabell.

Tiltak	Skildring	Kostnads- og gjennomføringskategori	Relevante verksemdar i Hordaland	Reduksjonspotensial i Hordaland
Reduserte utslepp av PFK frå aluminiumsindustrien	Betre kontrollen på anodar i elektrolyseovnane	< 500 kr/tonn CO ₂ -ekv. Mindre krevjande	Sør-Norge Aluminium	10 – 15 000 tonn CO ₂ -ekv.
Auka del trekol i ferrosilisiumindustrien	Bytte ut del av fossilt kol og koks med trekol i reduksjonsproses	< 500 kr/tonn CO ₂ -ekv. Middels krevjande	Elkem Bjølvfossen	10 – 15 000 tonn CO ₂ -ekv.

¹ Miljødirektoratet 386/2015: Klimatiltak og utslippsbaner mot 2030. Kunnskapsgrunnlag for lavutslippsutvikling.

	sar			
TiZir – Overgang til hydrogen	Bytte ut fossilt kol med hydrogen som reduksjonsmiddel	< 500 kr/tonn CO ₂ -ekv. Middels krevjande	TiZir	240 000 tonn CO ₂ -ekv.
Slukking av raffinerifaklar	Ta i bruk teknologi med slukt fakkel ved normal drift	< 500 kr/tonn CO ₂ -ekv. Mindre krevjande	Mongstad oljeraffineri	5 – 10 000 tonn CO ₂ -ekv.
Forbeta varmeintegrering i raffineri	Redusere fyring gjennom betre varmeintegrering	500 – 1500 kr/tonn CO ₂ -ekv. Middels krevjande	Mongstad oljeraffineri	30 – 40 000 tonn CO ₂ -ekv.
Forbetring av omnar og kjelar i raffineri	Modifisere omnar og kjelar for optimal forbrenning	500 – 1500 kr/tonn CO ₂ -ekv. Middels krevjande	Mongstad oljeraffineri	15 – 20 000 tonn CO ₂ -ekv.
Gjenvinning av varme frå røygass på raffineri	Redusere fyring gjennom å nytte varmen i røygassana til dampproduksjon	500 – 1500 kr/tonn CO ₂ -ekv. Middels krevjande	Mongstad oljeraffineri	30 – 40 000 tonn CO ₂ -ekv.
CCS – Mongstad Cracker	Fange og lagre CO ₂ frå røygassen	500 – 1500 kr/tonn CO ₂ -ekv. Meir krevjande	Mongstad oljeraffineri	Kring 600 000 tonn CO ₂ -ekv.
CCS – Mongstad kraftvarmeverk	Fange og lagre CO ₂ frå røygassen	> 1500 kr/tonn CO ₂ -ekv. Meir krevjande	Mongstad varmekraftverk	Kring 450 000 tonn CO ₂ -ekv.
SUM				1 390 000 – 1 430 000 tonn CO₂-ekv.

Gjennomføring av tiltaka i kvotepliktig sektor er avgjerande for å nå måla om utsléppskutt i Hordaland. Fylkesrådmannen er ikkje kjent med at verksemdene har teke noko investeringsbeslutning om å gjennomføre desse eller liknande tiltak.


Ikkje-kvotepliktige utslepp

Vegtrafikken slapp ut over 0,8 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2015. Utover den fylkesfordelte utsleppsstatistikken syner salet av petroleumsprodukt i fylket at sjøfart og lufttransport er viktige utsleppskjelder. Det vart seld anleggsdiesel og tungdestillat til sjøfartsføremål i Hordaland tilsvarande 0,4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2015. Det er ein nedgang frå dei siste åra. Salet av petroleumsprodukt til lufttransporten har derimot auka sterkt dei siste åra. Det vart seld jetparafin tilsvarande 0,3 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2015.

Jordbruket i Hordaland stod for meir enn 0,2 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2013. Størst er utsleppa frå husdyr og husdyrgjødsel. Vidare er utsleppa frå både oppvarming og avfallsdeponigass over 0,1 mill. tonn CO₂-ekvivalentar.

Også for ikkje-kvotepliktig sektor har Miljødirektoratet skildra moglege tiltak for utsleppsreduksjonar. Transportsektoren står for hovudvekta av reduksjonspotensialet. Det inneber framføre alt tiltak med låg- og nullutsleppsteknologi. Vidare er det skildra vesentlege utsleppsreduksjonar frå bygg knytt til oppvarming.

I referatsak 167/2016 til Fylkesutvalet viser notatet «Lågutsleppssamfunnet på veg» det berekna potensialet for klimagassreduksjon i vegtrafikken ved ulike teknologiske tiltaka i Hordaland.² Scenarioberkinga er samanfatta i figuren under.




Hordaland fylkeskommune sitt klimafotavtrykk

I forbindelse med RFF-forprosjekt «Offentlig grønne innkjøp som driver for lokal bærekraftig næringsutvikling» har Asplan Viak berekna klimafotavtrykket til Hordaland fylkeskommune i detalj. Dei direkte klimagassutsleppa frå Hordaland fylkeskommune er rekna til 146 900 kg CO2-ekvivalentar. Llivssyklusutslepp knytt til verksemda utgjer eit fotavtrykk på i alt kring 400 000 tonn. Det dekkjer direkte utslepp frå fylkeskommunale køyretøy og bygg, innkjøpt energi, og indirekte utslepp frå innkjøpte varer og tenester. Indirekte utslepp er til dømes utslepp knytt til produksjon transportmidlar utanfor regionen.

²

<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/RegistryEntry/ShowDocumentFromDmb?registryEntryId=247131&documentId=425914>.



Korleis svarar fylkeskommunen og Klimaplanen på utfordringa?

Med omsyn til fylkeskommunen sitt handlingsrom har handlingsprogrammet hittil vore retta mot ikkje-kvotepliktig sektor. Ein har prioritert tiltak retta mot den største utleppskjelda, nemleg transportsektoren. Sektoren har høg relevans og fylkeskommunen har sterk styring på tiltak med høg effekt.

Fylkeskommunen bidreg til å redusere klimagassutsleppa frå transportsektoren gjennom rolla som kollektivtransportleverandør og regional planmynde. Oppfølginga av Regional transportplan, Regional areal- og transportplan for Bergensområdet, Kollektivstrategien til Skyss og Bergensprogrammet (framtidig Bymiljøavtalen) er heilt sentralt for Klimaplanen sine strategiar på sektoren:

- Klimavenleg utbyggingsmønster
- Meir gange, sykkel og kollektivtransport
- Avgrense biltrafikken
- Overgang til transportmidlar med lågare eller null utlepp

Suksesshistoriar

87 % mindre CO2-utslepp i fyrste pakke for ferjeamboda

Skyss har arrangert anbuds konkurransar for dei 16 fylkeskommunale ferjesambanda dette året. Det vart stilt minstekrav om energieffektivisering og utleppsreduksjon.

- For dei sju sambanda som vart offentleggjort i oktober 2016 garanterer tilbydar for 87 % utleppsreduksjon og 60 % energiinnsparing.
- Klimagassutsleppa frå dagens fylkesferjer er på 62 000 tonn CO2-ekvivalentar. Avhengig av dei vidare tildelingane vil den samla utleppsreduksjonen svare til kutt mellom 35 000 og 55 000 tonn CO2-ekvivalentar.

Auke i kollektivpassasjerar – suksess Bybanen


Bergensprogrammet inneber ei satsing på klima- og miljøvenleg transport. Talet på kollektivpassasjerar steig med 3 % i 2015. Talet på passasjerar på Bybanen steig med heile 6 % til nesten 10 millionar reisande i året. Veksten for 2016 vert truleg høgare enn i 2015. I inneverande år opna Bybanen til Birkelandsskiftet og bussproduksjonen vart styrka med 300 nye daglege avgangar i samanheng med innføringa av rushtidsavgifta.

Rushtidsavgifta gjev nedgang i biltrafikken

Det vart innført rushtidsavgift i Bergen i februar 2016. Trafikken gjennom dei 14 bomstasjonane i Bergen var 5,7 % lågare i perioden januar – september 2016 enn i same periode i 2015.

Høgast del elbilar i personbilsalet – flest hurtigladestasjonar

Ved inngangen til 2016 utgjorde elbilar over 5 % av personbilparken i fylket. Fylket har den høgaste delen elbilar i personbilsalet i heile Noreg – over 30 %. Veksten i salet av elbilar og ladbare hybridar har gått på bekostning av delen dieselbilar. I løpet av fem år har delen dieselbilar i personbilsalet gått tilbake frå 70 til 20 %. Salet av autodiesel og bilbensin i Hordaland går svakt tilbake – på trass av auke i samla køyrelengde.



Hordaland fylkeskommune har til no bidrege med kring 9 millionar kroner til hurtigladeinfrastruktur i fylket. I 2016 vart tilskota utlyst som konkurranse om den lågaste støttesummen på utvalde stadar utanfor dei nasjonale korridorane: Askøy, Austevoll, Garen i Eidfjord, Osterøy, Radøy. Stasjonane vert opna innan august 2017. Vidare vart det gitt tilskot til normalladeinfrastruktur i kommunane Fedje, Masfjorden, Osterøy og Radøy. Hordaland er fylket med flest hurtigladestasjonar i Noreg.

Hydrogenfylllestasjon og Europas største bestilling av hydrogenbilar

Fylkeskommunen løyvde 4 millionar kroner til hydrogenfylllestasjonar i Bergensområdet i 2016. Med tilsegn om statleg stønad frå Enova hausten 2016 vert desse stasjonane realisert i 2017. I regi av CMR Prototech og Greenstat AS vart det etablert ei brukargruppe som har forplikta seg til å kjøpe til saman over 20 hydrogenbilar. Dette, som er Europas største bestilling av hydrogenbilar, gjorde at bilprodusenten Hyundai valde å starte sin Europa-turné i juni 2016 i nettopp Bergen. Fylkesvaraordføraren deltok.

Ladeinfrastruktur drosje

Fylkeskommunen kjøper drosjetenester for over 200 millionar kroner i året og vil i framtida kunne stille miljøkrav ved tildeling av løyve. Ein føresetnad er at det er mogleg å gå over til nullutsleppskøyretøy i drosjeverksemdene. Fylkeskommunen arbeider med to tilretteleggingsprosjekt:

- Etablering av ladeinfrastruktur for drosjar på Bergen Lufthamn Flesland og ved Bystasjonen i Bergen sentrum, koordinert med innkjøp av elektriske drosjar og ladestasjonar ved ein drosjesentral. Prosjektet har fått stønad gjennom tilskotsordninga Klimasats.
- Etablering av hydrogenfylllestasjon koordinert med utprøving av hydrogenbil i drosjedrift. Sjå punkt over om hydrogenbilar.

Intern miljøstyring – flisfyring og elbilar

Fylkeskommunen driver systematisk miljørapportering og følgjer opp med tiltak.

- På Stend vidaregåande vart oljefyr erstatta med flisfyring og gass i spisslasta. CO₂-utsleppa gjekk ned frå 260 til 70 tonn frå 2014 til 2014.
- Samstundes går utsleppa frå transport opp, difor går fylkeskommunen føre i å bytte ut fossile køyretøy. Innan årsskifte 2016 erstattar ein 29 fossile bilar med elbilar. Det er dessutan innført fire elektriske elbilar ved Fylkeshuset for å erstatte køyregodtgjering til fossile køyretøy. Det er for 2017 føreslådd vidare investeringsmidlar til å bytte ut ytterlegare åtte fossile bilar. Fylkeskommunen deltek i brukargruppa for hydrogenfylllestasjonane og to av dei nye nullutsleppsbilane vert hydrogenbilar. Effekten av overgangen til nullutsleppsbilar vil verte synleg i miljørekneskapan dei neste åra.

Klimapartner Hordaland

Partnerskapen starta i 2014 og har no 22 partnerar med over 40 000 tilsette. Klimarekneskap for 2015, presentert på leiarsamling i juni 2016, syner at verksemdene oppnådde ein samla nedgang i utslepp av klimagassar på 9,2 % (marknadsbasert metode), utanom prosessutslepp. Partnerane samarbeider om kunnskapsutvikling og kompetanseheving på tema som klimarekneskap, innkjøp, forretningsutvikling, klimakommunikasjon, IT, transport og energieffektivisering. Utveksling av erfaringar og beste praksis står sentralt. Partnerane per oktober 2016: ATEA, Bergen Energi, Auto 23, Emisoft, Grand Hotel Terminus og Hotel Augustin, Sparebanken Vest, Asplan VIAK, BKK, Helse Bergen, Bergen kommune, BIR, Universitetet i Bergen, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Høgskolen i Bergen, ASKO Vest, Norsk Energi, Greenstat, Avinor Bergen Lufthavn, Fjordkraft, Studentsamskipnaden i Bergen, Sweco.

Klimatilpassing

Fylkeskommunen fører forskning og praksis saman for å styrke kunnskap om klimatilpassing i kommunane i Hordaland:

- I FoU-prosjektet «Hordaklim» tek ein sikte på å nedskalere oppdaterte globale klimamodellar. Saman med kommuneplanleggjarar vil forskarar velje ut og skreddersy data som er mest relevante for kommunar og forvaltning i Hordaland. Klimadataframskrivingane gjeld for 100 år. Kommunane Bergen, Kvam, Osterøy, Kvinnherad, Voss og Odda deltek i prosjektet. Det har blant anna blitt gjennomført ein workshop i Myrkdalen med deltaking av pilotkommunar og partnerar. I Odda, Bergen og Voss vert flaumdata frå fleire tusen år tilbake i tid kartlagt for å få kunnskap om framtidige storflaumar. Uni Research Klima er prosjektleiar. Pilotprosjektet starta i 2015 og varer i tre år.
- I 2016 starta ein dessutan opp «Hordaplan» med Uni Research Rokkansenteret som prosjektleiar. Ved å følgje klimatilpassingsarbeidet i dei kommunane som deltek i Hordaklim-samarbeidet, vil ein undersøkje faktiske tilpassingsprosessar der ny kunnskap om lokale klimaendringar blir tekne i bruk.

Oppfølging av vedtak i fylkestinget desember 2015

#	Vedtak	Oppfølging
1.	Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 slik det går fram av saka.	29 av dei 34 føreslåtte tiltaka er gjennomført eller i arbeid. Fire tiltak er utsette og eitt utgår.
2.	Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 (klimabudsjettet) vert handsama i fylkesbudsjettet for 2016.	Den føreslåtte ramma på 3,3 mill vart utvida til 5,3 mill. Tilleggsøyva gav rom til å fremje følgjande tiltak utover det føreslåtte handlingsprogrammet: <ul style="list-style-type: none"> - Ladeinfrastruktur for drosjar på Flesland og Bystasjonen koordinert med innkjøp av drosjar med eit drosjeselskap - Hurtig- og normalladestasjonar for elbilar - Mulighetsstudie «Hydrogen som energiberar på Vestlandet» - Klimatilpassing i kommunar – HORDAPLAN - Forskningsprosjekt «Grøne innkjøp» - Mobilpunkt Møllendal - Vegetarmat som del av prosjektet «Helsefremjande skuler» i vidaregåande skuler - Flommer de siste 5000 år i Vangsvatnet og Sandvinsvatnet - Genbevaring av skogtre i Hordaland Sjå elles statusrapport.
3.	Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.	Sjå statusrapport.
4.	Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere	Sjå statusrapport.

	mindre vesentlege justeringar.	
5.	I samarbeid med klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling gå gjennom korleis fylkeskommunen kan få til naudsynte årlege kutt i klimagassutslepp.	Det har vorte gjennomført møte med alle avdelingar utanom Regionalavdelinga. Møta har omfatta både tiltak i Handlingsprogram for intern miljøstyring og Klimaplanen sitt handlingsprogram for å sikre eit heilskapleg syn på klimarelevant aktivitet internt og eksternt i fylkeskommunen. Gjennomgangen vert lagt til grunn for framlegget til handlingsprogram for 2017.
6.	Klima- og miljøbudsjett skal følgje alle vegutbyggingsprosjekt.	Både Bybanen utbygging og Samferdselsavdelinga følgjer opp: <ul style="list-style-type: none"> - Med stønad frå Klimasats vil ein sjå nærare på fokus i forprosjektet «Grønnere bybaneutbygging». - I samarbeid med Statens vegvesen vil Samferdselsavdelinga sjå på eit eget tiltak i tiltaksplanen knytt til eitt samhandlingsprosjekt. Samferdselsavdelinga kjem tilbake med forslag til avgrensingar på kva prosjekt (etter storleik og type) som treng klima- og miljøbudsjett. Sjå tiltak 5.17 «Miljøkrav i utbyggingsprosjekt».
7.	Anbudsrundane for bussdrift i Bergen 2020 må førebuast no med tanke på eit nullutsleppsalternativ. Fylkestinget ynskjer ei rask innføring av utsleppsfri motorteknologi for kollektivtrafikken.	Sjå eigne sakar om oppfølging av Skyss sin miljøstrategi og om anbudsprosessane for bussar i Bergen.
8.	Tiltaka for grøn mobilitet i klimaplanen må utviklast vidare i samråd med samferdselsavdelinga og skalerast opp.	Det vart i samarbeid gjennomført eit fagseminar om grøn mobilitet i mars. Fylkeskommunen samarbeider med Bergen kommune om å etablere mobilpunkt – stadar som samlar mobilitetsløysingar på ein plass, til dømes bildeling, samkøyringsventeplass, sykkelparkering og kollektivhaldeplassar. Mobilpunkt Danmarks plass vert finansiert hovudsakleg gjennom belønningmidlar.
9.	Byggeprosjekt i fylkeskommunen skal BREEAM-sertifiserast. Fylkesrådmannen vert beden om å kome tilbake med ei eiga sak som utdjupar dette.	Det er ikkje fremma noko sak om sertifiseringsstandard. For Nye Åsane vidaregåande skule, som er siste prosjekt som er gått ut på anbod, er det lagt inn krav om BREEAM-klassifisering «Excellent». Ein har brukt rådgjevar og revisor for å setje riktig ambisjonsnivå. Tertnes, som er eit påbygg-/rehabiliteringsprosjekt, og rehabiliteringsprosjekta Odda og Katedralskolen har også vore ute til konkurranse i år. Desse prosjekta har ikkje krav til BREEAM-klassifisering.
10.	Til tiltak 5.7 Miljøvenleg framdriftsteknologi av ferjer og snøggbåtar Punkt D. tiltak 19. Ved framtidige anbod på kollektivtrafikk, ferjer og snøggbåt i Hordaland skal fylkeskommunen krevje bruk av fornybar energi der det er mogleg.	Sjå 5.6 «Miljøstrategien til Skyss».
11.	Strategi B: Der kommuner bygger VA-anlegg langs fylkesveier bør det bli anlagt gang- og sykkelveier samtidig.	Fylkeskommunen er mellom anna i dialog med Sund kommune om eit slikt samarbeid.
12.	Tiltak under tema 5, areal og transport: Tilleggsforslag strategi B, punkt 7. (etter	Det er lagt inn høgaste standard (normalt bar veg) for vintervedlikehald på gang- og sykkelveggar i bymessige

	«høg prioritett») ... rydding av fylkeskommunale gong- og sykkelveggar skal sikrast for å tilretteleggja for miljøvenleg ferdsel, med særskild fokus på gangbare tettstadar og sykkelbyar.	strøk, på hovudnettet og på strekningar med indikatorar. Det dekkjer i praksis heile hovudsykkelvegnettet i driftskontrakt for Bergen. For andre strekningar får gang- og sykkelveg som ligg til bilveg same syklus på strøing og brøyting som bilvegen. Elles er det i driftskontraktane akseptert snø-/isdekke heile eller delar av vinteren.
13.	Strategi B: Fylkestinget ber om at det vert særskild fokusert på god gatebelysning langs fylkeskommunale skuleveggar.	Skuleveg er ein viktig kategori i vurderinga av kor fylkeskommunen skal setje opp veglys. Spesielt i Bergen har ein oppgradert veglys med særleg fokus på stadar der tilbodet av gang- og sykkelveg eller fortau er dårleg. Sjå årlege Plan- og byggeprogram for dette.

Samarbeid med kommunane

Klimaråd Hordaland er ein møteplass for Hordaland fylkeskommune og kommunane i Hordaland. Rådet skal bidra til globale, nasjonale, regionale og lokale klimamål og gjere klimafylket Hordaland synleg. Dei 14 ordførarane, varaordførarane og leiaren, fylkesvaraordføraren, hadde fire møte i 2016. Dei sende fråsegn til nasjonale mynde for å fremje finansiering av miljøkrav i ferjeanboda og for å oppmode til å gje tilskot til hydrogenfyllestasjonar så fort som råd.

Fylkeskommunen støtter arbeidet med rullering av kommunale klimaplanar. Dette er relevant for kring 14 kommunar som skal rullere planen i 2016 (sjå tiltak 1.11).

Blant eigne klimatiltak trekk kommunane fram følgjande døme: Miljøfyrtårnsertifisering, utfasing av oljekjellar, Enøk-tiltak i kommunale bygg, bygging av ladestasjonar for elbil og utskifting av fossile tenestebilar med elbilar.

- I 2016 støtta fylkeskommunen miljøsertifisering i Eidfjord og Meland. Stønaden er føreslått vidareført som ei utlysing i 2017 (sjå tiltak 1.5).
- Det vart delt ut støtte til normalladestasjonar i kommunar som Masfjorden og Fedje. Ein kan vidareføre tilskotsordninga til kommunar under tiltak 5.11.

Grøn konkurransekraft

I høyringsutkastet til regional planstrategi står det: «Næringslivet vil tena på og bør ta høgde for framtidige strengare krav til lågt klimagassutslepp og minimal miljøpåverknad. Utfasing av bruk av fossil energi og energieffektivisering er del av dette. Utvikling av sirkeløkonomi er eit satsingsområde innan EU som bør fylgjast opp. Bioøkonomi og grøn økonomi er ein retning som bør definerast nærare og konkretiserast for Hordaland. Innovasjon og produktutvikling innan miljøfeltet er framtidiretta. Utnytting av vasskraft og elenergi er naturleg i dette fylket. Batteriteknologi og satsing på hydrogenfylket stør opp under fylket sine naturgevevne fordelar.»

Fylkesrådmannen si vurdering

Utviklinga av klimagassutsleppa går i feil retning. Det tek tid å aktivisere alle krefter til å dra i same retning. Dessutan er det knytt kostnadar til å gå føre i omstillinga.

På den bakgrunn syner det lite sannsynleg at klimamålet for 2020 vert nådd.

Viss fylkeskommunen og andre aktørar går saman om å svare på utfordringa er det fortsatt mogleg å nå klimamålet for 2030. Det krev at ein prioriterer klimamåla høgare og nytter tilgjengelege verkemidlar som miljøkrav, klimabudsjett og miljødifferensiering av eksisterande takstar i tråd med måla. Målet må vere å samstundes hauste vinsten av omstillinga gjennom auka verdiskaping knytt til miljøteknologi og fornybarsektoren.

Tema	Budsjett i framlegg	Forventa bruk
Samarbeid	890 000	947 000
Energi	250 000	250 000
Bygg	105 000	73 000
Areal og transport	1 600 000	3 299 300
Næring og teknologi	300 000	330 000
Klimatilpassing	267 000	602 000
TOTAL FINANSIERING	3 412 000	5 501 300

Tiltaksoversikt 2016	Budsjett i framlegg	Forventa bruk	Framdrift og måloppnåing
TEMA 1: Samarbeid			
1.1 Klimaråd Hordaland	30 000	12 000	Til saman fire møte 2016: Tema var "Det grønne skiftet" med fokus på sjøfart og hydrogenproduksjon 02.03.16, miljøvenleg hamn og hydrogen i transport 23.05.16, klimatilpassing og "Lyntogforum Vestlandsbanen" 05.09.16. Til møtet 07.11.16 kjem Klima Østfold på besøk for erfaringsutveksling og fokus på temaet "Lågutsleppstransport".
1.2 Ungdom og klimaplan for Hordaland	50 000		Rapportering ligg ikkje føre.
1.3 Fylkespolitikarar som klimaambassadørar	10 000		Informasjon om styreverv for politikarar vart gjennomført utan omsyn til dette tiltaket august 2016.
1.4 Miljøstyring av Hordaland fylkeskommune	570 000	705 000	Sykkelfremjande tiltak, innkjøp av 33 el-syklar til ytre einingar, Forskingsprosjekt Grøne innkjøp og Vegetarmat som del av Helsefremjande skular
1.5 Miljøsertifisering av kommunane i Hordaland	100 000	100 000	Meland og Eidfjord er i gang med sertifisering etter Miljøfyrtårnordninga.
1.6 Regional klimakonferanse	80 000		Utsett til neste år.
1.7 Tilskot til masteroppgåver	50 000	50 000	Tilskot er lyst ut, søknadsfrist 15. november.
SUM TEMA 1			
TEMA 3: Energi			
3.1 Målestasjon for solinnstråling			Det vart gitt tilskot til målestasjon på Flesland 2015. Fokus i 2016 har vore på å samle data frå den nye stasjonen.
3.2 Sårbarhetsanalyse kraftforsyning	250 000	250 000	Prosjektstrukturen vart rigga hausten 2016. Den praktiske gjennomføringa er forventa våren 2017 med helikopter- og dronekartlegging. Felles landsbrukskontor for Radøy, Austrheim og Fedje har ansvar for utarbeiding og spreing av rapport. Prosjektgruppa omfattar også BKK og Telenor.

SUM TEMA 3			
TEMA 4: Bygningar			
4.1 Frokostmøte	25 000	15 000	Det er halde om lag eitt frukostmøte i månaden i samarbeid med Bergen kommune, Husbanken, Bergen Arkitektskole, Høgskolen i Bergen og Fylkesmannen i Hordaland. HFK har hatt ansvar for eitt møte med tema Klimafotavtrykk av byggematerialar og eitt med fokus på smarte energisystem i nybygg i Bergen.
4.2 Energioppfølging kommunale bygg		8 000	Prosjektet vart avslutta med synfaring på Høgskolen i Bergen med vekt på energi og ventilasjon. Omlag 25 deltakarar frå kommunane Meland, Lindås, Radøy og til dels Masfjorden.
4.3 Utviklingsprosjekt for smarte fylkeskommunale energiløysingar	50 000	50 000	Eigedomsavdelinga har diskutert muleg samarbeid med CMR når det gjeld energiløysingane for nye Åsane VGS.
4.4 Klimavenleg Byggfag i VGS	30 000	0	Slik kursing har vore halde for byggfaglærarane i fleire år, men i år fall det vekk grunna omorganisering.
SUM TEMA 4			
TEMA 5: Areal og transport			
5.1 Sykkel-VM kvar dag	200 000	150 000	Saman med Bergen kommune, som deltek i interreg-prosjektet Share North, førebur fylkeskommunen ein lastesykkelpool for publikum. Det gjenstår arbeid for å sikre drift og tilgang for brukarar, opning truleg i fyrste halvår 2017.
5.2 Prøvekjøre	100 000	100 000	I prosjektet Prøvekjøre elsykkel har prosjekteiar i Naturvernforbundet tilrettelagt for at vaksne kan prøve elsykkel i ei veke. BoA Sykler, G-Sport Bergen Storsenter og G-Sport Laguneparken har tatt seg av utleiordninga og Naturvernforbundet har oppdatert informasjonen og halde bestillingsløysinga ved like på provekjore.no. Naturvernforbundet har vore til stades og tilbydd gratis prøvekjøring på eit par offentlege arrangementet, men hovudvekta i prosjektet i 2016 har dreid seg om å vidareutvikle prosjektet og tilretteleggje for den nye målgruppa: ungdom. Forarbeidet med ungdom er gjort og det har blitt gjennomført reisevaneundersøking, gruppeintervju og referansegruppemøter på Amalie Skram videregående skole. Sykkelbutikkar for vidare utviding er kartlagt og ein har delteke på møte med støttespelarar, dreve opplæring av frivillige og starta fleire nye samarbeid i 2016.
5.3 Oppretta sikker og sentral sykkelparkering ved fire VGS	320 000	420 000	Eigedomsseksjonen er i gang med arbeid ved Kvinnherad og Fyllingsdalen VGS. For å få sikre og tiltalende løysingar på sykkelparkeringsanlegga, vart dei dyrare enn då tiltaket blei skissert. Difor blir det berre to anlegg i tiltaket i 2016.
5.4 Mobilitetsplan for Hordaland fylkeskommune			I 2017 er sykkelparkeringsanlegget i Fylkeshuset ferdigstilt med garderobefasilitetar. Av dei til saman 125 parkeringsplassane ved Fylkeshuset er 68 leigd ut til elbilar.
5.5 Mobilitetsrådgjevar i Fjell kommune	150 000	150 000	Mobilitetsrådgjevaren har bidrege til følgjande kampanjar i Fjell: Sykle til jobben, Alle barn sykklar, Skjærgårdsrittet og familiesykkeldag, Sykkel-loppemarknad. Sykkel er eitt av tre tema i samarbeidet Byreg (fase 2) som Fjell deltek i. Det vert førebudd politisk sak om Sykkelby-status vinteren 2016/17.

5.6 Klimavenleg drivstoff i kollektivtransport		20 000	<p>Konkurransgrunnlag for nytt anbod for buss i Nordhordland er under oppstart. Som del av førebuingane vil det bli gjennomført ei utgreiing som skal vise moglegheitene for alternativ framdriftsteknologi og drivstoff i dette området. Dagens kontraktar for Bergensområdet går ut i 2019/2020. I løpet av hausten 2016 vil Skyss starte opp eit forprosjekt for å avklare strategiske vegval for bussanboda i Bergensområdet. Ei av dei større oppgåvene er å greie ut og vurdere korleis ein kan leggje til rette for gradvis innfasing null- og lågutsleppsløysingar for bussparken. Politisk sak med utgreiing om utvida trolleybussnett skal leg-gast fram til handsaming i løpet av hausten. På grunnlag av politiske vedtak i fylkeskom-munen og Bergen kommune blir det arbeidd med bruk av biogass frå nytt anlegg i Rådalen til bussane i Bergen.</p> <p>Det er gitt eit tilskot på 20 000 til spreiiing av kunnskap om låg- og nullutsleppsteknologi for tyngre køyretøy gjennom Forum for fornybar transport, arrangert av Zero. Fylkeskommu-nen har delteke på nokre av forumsmøta. Bidraget er ei konkret oppfølging av den politisk vedtekne forpliktinga om å støtte overgang til fornybar tungtransport, inklusive bussar.</p>
5.7 Miljøvenleg framdriftsteknologi av ferjer og snøggbåtar			<p>Skyss har i 2016 lyst ut alle ferjesambanda i nye konkurransar. I anboda er det lagt til rette for meir klimavennlige ferjer og lagt inn krav om meir enn 50 prosent reduksjon av klimagassutslepp samanlikna med utsleppa frå dagens ferjeflåte. Ein vil med oppstart av nye ferjeanbod oppnå ein betydeleg reduksjon i miljøbelastninga frå ferjetransporten i fylket. På grunn av plan- og utbyggingsprosess på Kleppestø, som inkluderer plassering av kaia, er det usikkert når det vil vere mogleg å lyse ut anbod som legg til rette for miljøløysing på sambandet. Frå 1. januar 2018 vil Skyss inngå ein ny kontrakt med fartøy med konvensjo-nell teknologi som samlar bybåtsambanda Kleppestø–Strandkaaien og Knarvik-Frekhaug–Bergen. Det er planlagt at kontrakten skal gjelde fram til det er mogleg å starte opp ein meir langsiktig kontrakt som legg til rette for miljøløysing på sambandet Kleppestø-Strand-kaaien. Skyss vil hausten 2016 greie ut moglegheitene for å krevje miljøløysing på båtsam-banda Knarvik–Frekhaug–Bergen og Turistrute Hardanger. Hordaland fylkeskommune ved Skyss har deltatt i eit fylkeskommunalt samarbeidprosjekt som har til føremål å skaffe meir kunnskap om miljøteknologi i passasjerbåtar.</p>
5.8 Tilrettelegging for lågutsleppsdro-sjar	100 000	750 000	<p>Gjennom tilskotsordninga Klimasats har ein fått stønad til utbygging av infrastruktur for drosjar på Bystasjonen og Flesland, koordinert med innkjøp av drosjar og ladestasjonar ved Taxi 1. Fylkeskommunen har ansvar for etableringa av ladestasjonar på Bystasjonen og bidreg finansielt til etableringa på flyplassen. Taxi 1 har fått tilskot til utbygging av lade-stasjonar og investerer i drosjar. Avinor medfinansierer og har ansvar for etableringa av la-destasjonar på flyplassen.</p>
5.9 Landstraum, miljøplan og differensierte hamneavgifter i Bergen hamn			<p>Bergen hamn vart ikkje tildelt midlar til landstraum av Enova i fyrste runde. Prisen var for høg. BOH har delt opp utbygginga i mindre prosjekt og søkt på ny i andre runde, både til straumtilkopling for Hurtigruta og for 10 andre kaiplassar.</p>
5.10 Hydrogenfyllestasjon med flåte			<p>Med fire mill. kroner i stønad frå fylkeskommunen søkte Uno-X Enova SF om tilskot til to hydrogenfyllestasjonar i Bergensområdet. Enova gjev 19,8 mill. kroner til prosjektet. Truleg</p>

			vert det fyrst etablert ein mellombels stasjon, slik at dei over 20 førehandsbestilte hydrogenbilane kan verte sette i drift. Hordaland fylkeskommune kjøper to slike bilar - til sentraladministrasjonen og ein vidaregåande skule - for å erstatte fossile tenestebilar. I 2017 reknar ein med at lokal hydrogenproduksjon basert på vatn og fornybar kraft (elektrolyse) og permanente fyllestasjonar vert sette i drift.
5.11 Infrastruktur for lågutsleppskøyretøy	500 000	1 329 300	Gjennom ein utlyst konkurranse vart det delt ut stønad til prosjekta som krevde minst stønad på førehandsdefinerte stadar: Askøy, Austevoll, Osterøy, Radøy og langs RV7 i Eidfjord. Stasjonane i regionsenterkommunen Askøy og langs RV7 er dobbel, medan dei andre er enkle. Opninga finn stad 2017.
5.12 Jordvern ved utbyggingar (inklusive fylkeskommunale vegprosjekt)		100 000	Nordhordland Utviklingsselskap IKS har gjennomført første del av prosjektet. Dei satsar no på formidling og har fått skjønsmidlar frå Fylkesmannen til å halde fram eit år og Klimaplanen støttar også framhaldet.
5.13 Pådrivar for kortare reisetid			Rapportering ligg enno ikkje føre.
5.14 Mobilpunkt	30 000	180 000	På Grønt punkt Danmarks plass ligg planar føre for eit mobilpunkt som forbinder ladestasjonar og eventuell hydrogenfyllstasjon med dele-løysingar som bildeling og samkøyring i nærleika av kollektivknutepunkt. Det er inngått ein avtale med Bergen kommune om realiseringa av planane. Prosjektansvarleg er Trafikketaten. Mindre mobilpunkt er planlagt i Møllendal og på Møhlenpris. Stønad i 2016 går til Møllendal som vert etablert fyrst. Punkta omfattar tilrettelegging for bildeling, sykkelparkering og lading. Fyrste opning finn stad i 2017.
5.15 Pilotprosjekt bilfri gate	200 000		På grunn av manglande kapasitet i 2016 hos prosjektpartnerane vart prosjektet utsette. Med omsyn til Bergen kommune sitt vedtak om ein bilfri bydel Møhlenpris er det ønskeleg å spele prosjektskissen inn i oppfølginga der.
5.16 Differensierte bompengar			Rushtidsavgifta vart innført i februar 2016. Totaltrafikken har gått ned med over 6 %.
SUM TEMA 5			
TEMA 6: Næring og teknologi			
6.1 Klimapartner	50 000	50 000	Partnerskapen starta i 2014 og har no 22 partnerar med over 40 000 tilsette. Klimarekneskap for 2015, presentert på leiarsamling i juni 2016, syner at verksemdene oppnådde ein samla nedgang i utslepp av klimagassar på 9,2 % (marknadsbasert metode), utanom prosessutslepp. Partnerane samarbeider om kunnskapsutvikling og kompetanseheving på tema som klimarekneskap, innkjøp, forretningsutvikling, klimakommunikasjon, IT, transport og energieffektivisering. Utveksling av erfaringar og beste praksis står sentralt. Partnerane per oktober 2016: ATEA, Bergen Energi, Auto 23, Emisoft, Grand Hotel Terminus og Hotel Augustin, Sparebanken Vest, Asplan VIAK, BKK, Helse Bergen, Bergen kommune, BIR, Universitetet i Bergen, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Høgskolen i Bergen, ASKO Vest, Norsk Energi, Greenstat, Avinor Bergen Lufthavn, Fjordkraft, Studentsamskipnaden i Bergen, Sweco.

			Det vart utbetalt eit tilskot på 150 000 til drifta av Klimapartner i inneverande år frå 2015-budsjettet.
6.2 Gjødsellager			Tiltaket har fått NIBIO til å gjennomføre ei kartlegginga for å gi svar på om det per i dag er underdekning av lagerkapasitet, om det er eit potensial for betre utnytting av husdyrgjødsel slik og redusere klimagassutslepp. Korleis bøndene vil tilpasse seg ved endring i krav til lagerkapasitet for husdyrgjødsel og kva stader i Hordaland som kan vere aktuelle for etablering av biogassanlegg ut frå produsert mengde storfejødsel. Sortert etter postnummer er det 30 stader i Hordaland der mengdene organisk tørrstoff frå storfejødsel er over 200 tonn per år og 14 stader der mengdene er over 500 tonn per år (Etne, Vossestrand, Dimmelsvik, Sveio, 5708 Voss, Fitjar, 5700 Voss, Lonevåg, Skulestadmo, Manger, Nordheimsund, 5709 Voss, Sæbøvik og Sletta). Ein må sjå nærmare på transportavstandane mellom bruk med storfe innafor postnummer og mellom postnummer som ligg tett (som til dømes på Voss). I tillegg må ein sjå om det er gjødsel frå andre dyreslag (gris, høns) som kan knytast til same biogassanlegg som storfejødsel.
6.3 Kortreist frukt	100 000	100 000	Tiltaket har nettopp starta.
6.4 Kortreiste grønnsaker og potetar			Det er gjennomført to kursdagar og prosjektet har følgt opp dyrkarar individuelt. Kursdagane har vore i Rosendal med tema grønnsakdyrking og på Voss med tema Urte dyrking. Individuell oppfølging er gitt både til dyrkarar i oppstartsfasen og til etablerte grønnsakdyrkarar.
Hydrogenteknologi på Vestlandet		170 000	Gjennom eit samarbeidsprosjekt med Sogn og Fjordane, og Møre og Romsdal fylkeskommunar har DNV GL fått i oppdrag å kartlegge og analysere potensialet for produksjon, distribusjon, forbuk og verdiskaping knytt til hydrogen for alle tre fylka. Sluttrapporten vart presentert i oktober 2016 på hydrogenkonferansen i Florø.
SUM TEMA 6			
TEMA 7: Klimatilpassing			
7.1 Klimaservice i Hordaland – HORDAKLIM	267 000	267 000	Det vart i 2016 utbetalt kr. 267 000 frå klimaplanen. FoU-prosjektet «Hordaklim» har som føremål å utvikla eit godt kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i kommunane i Hordaland. Det går ut på å nedskalere oppdaterte globale klimamodellar, velje ut og skreddersy data som er mest relevante for kommunar og forvaltning i Hordaland til bruk i klimatilpassing. Kommunane Bergen, Kvam, Osterøy, Kvinnherad, Voss og Odda deltek i prosjektet. Det har blant anna blitt gjennomført ein workshop i Myrkdalen i 2016 med deltaking av pilotkommunar og partnerar. I Odda, Bergen og Voss vert flaumdata frå fleire tusen år tilbake i tid kartlagt for å få kunnskap om framtidige storflaumar.
Klimatilpassing i kommunar - HORDAPLAN		250 000	I samband med «Hordaklim», starta «Hordaplan»-prosjektet i 2016. «Hordaplan» er eit kvalifiseringsprosjekt med Uni Research Rokkansenteret som prosjektleiar. «Hordaplan» bygg vidare på «Hordaklim» og skal undersøkje prosessar knytt til bruk av klimakunnskap i kommunane for å bidra til å styrke det lokale klimatilpassingsarbeidet. Det vart i 2016 utbetalt kr. 250 000 til «Hordaplan»-prosjektet.

Flommer de siste 5000 år i Vangsvatnet & Sandvinsvatnet		60 000	Hordaland fylkeskommune løyva kr. 60 000 i 2016 til arbeidet med å henta ut sedimentkjernar frå tre innsjøar i Voss, Odda og Bergen. Feltarbeidet er knytt til «Hordaklim»-prosjektet der slamprøvar frå tre innsjøar i Bergen, Voss og Odda skal nyttast til å teikne eit bilete av korleis flaumar herja på Vestlandet for fleire tusen år sidan for å få kunnskap om framtidige storflaumar.
Genbevaring av skogtre i Hordaland		25 000	Rapportering ligg enno ikkje føre.
SUM TEMA 7			
TOTAL FINANSIERING		3 412 000	5 195 300

Forslag til Handlingsprogram 2017

Klimaplan for Hordaland 2014–2030

Innleiing


Handlingsprogrammet for 2017 er det sjette handlingsprogrammet til Klimaplan for Hordaland. Forslag til tiltak har utgangspunkt i Klimaplanen sin visjon, «Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet»; og måla for klimagassreduksjon, energieffektivisering og klimatilpassing.

Klimagassutsleppa frå Hordaland har stege frå kring 4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 1991 til nesten 5 mill. i 2015. Det utgjer i underkant av 10 tonn per innbyggjar. Målet i Klimaplanen er å redusere desse utsleppa til kring 3 mill. i 2020 og 2,4 mill. i 2030. I lågutsleppssamfunnet kan utsleppa ikkje overstige 2 tonn per innbyggjar.

Klimafotavtrykket til fylkeskommunen sjølv er 0,4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, knytt hovudsakleg til byggeverksemd og transporttenester.

Kva slags utslepp har vi?

Hordaland er fortsatt fylket med størst klimagassutslepp, 13,7% av nasjonale utslepp i 2013. Det utgjer 4,9 millionar tonn CO₂-ekvivalentar ifølgje den fylkesfordelte statistikken til Statistisk sentralbyrå (SSB). Klimagassutsleppa for 2013 er dei høgaste nokon gong.




Figur 1: Fylkesfordelte klimagassutslepp. Kjelde: SSB, 10608: Klimagasser, etter kilde og komponent. I den fylkesfordelte statistikken inngår ikkje nasjonale klimagassutslepp frå offshore olje- og gassutvinning, sjøfart og luftfart.

I tillegg kjem utslepp som ikkje er fylkesfordelt. Det vart i 2015 seld anleggsdiesel og tungdestillat til sjøfartsføremål i Hordaland tilsvarande 438 000. tonn CO₂-ekvivalentar og jetparafin tilsvarande 266 000 tonn CO₂-ekvivalentar.

Dei direkte utsleppa av klimagass frå fylkeskommunens eigen verksemd, inkludert energi og kollektivtransport er rekna til 146 390 tonn CO₂ i 2015. Klimafotavtrykket til fylkeskommunen, utslepp frå heile livssyklusen til

varar og tenester som inngår i fylkeskommunen si verksemd, omfatta i 2015 kring 400 000 tonn CO₂-ekvivalentar. Også utsløpp knytt til produksjon utafor Hordaland inngår i dette fotavtrykket.



Korleis kan vi redusere klimagassutsleppa?

Tiltaka i det nye handlingsprogrammet er vurderte etter dei tre kriteria relevans, effektivitet og styring. Tiltaka får enten høg, middels eller låg verdi for kvart kriterium. Oversikta syner at fylkeskommunen nyttar sitt varierende handlingsrom innan dei ulike temaa. Medan mange tiltak innan transport har middels til høg relevans, effektivitet og styringsgrad, prioriterer ein meir indirekte tiltak innan andre område – med lågare relevans, effektivitet og styringsgrad.

1. Relevans: Kor store klimagassutslepp omfattar sektoren tiltaket rettar seg mot?

Tabell 1: Oversikt over verdisetting innan kriteriet Relevans.

Moglege utsleppskutt	Vurdering
> 500 000 tonn (vegtrafikk)	Høg relevans
200 000 – 500 000 tonn (sjøfart, jordbruk og kombinasjonar)	Middel relevans
<200 000 tonn (andre sektorar)	Låg relevans

2. Effektivitet: Kor sterk er samanhengen mellom resultatet og den ønska effekten?

Tabell 2: Oversikt over verdisetting innan kriteriet Effektivitet.

Samheng mellom resultat og effekt	Vurdering
Direkte	Høg effektivitet
Over eitt ledd	Middel effektivitet
Over fleire ledd	Låg effektivitet

3. Styringsgrad: Kor stor kontroll har fylkeskommunen på innhald, prosess og ressursar?

Tabell 3: Oversikt over verdisetting innan kriteriet Styringsgrad.

Fylkeskommunal styring	Vurdering
Eiga verksemd eller politisk ansvar	Høg styringsgrad
Fagleg/prosessuell integrasjon	Middel styringsgrad
Finansiering	Låg styringsgrad

Tiltaka er nummerert fortløypande etter tiltak innan gjeldande planperiode. Nokre tiltak er allereie avslutta og difor utgått frå lista.

Tiltaksoversikt 2017	Framlegg til budsjett	Relevans	Effektivitet	Styring
TEMA 1: Samarbeid				
1.1 Klimaråd Hordaland	100 000	Middels	Låg	Middels
1.3 Fylkespolitikarar som klimaambassadørar	10 000	Middels	Låg	Middels
1.4 Miljøstyring av Hordaland fylkeskommune	623 000	Middels	Høg	Høg
1.5 Miljøsertifisering av kommunane i Hordaland	100 000	Middels	Middels	Middels
1.7 Regional klimakonferanse	80 000	Middels	Låg	Middels
1.8 Tilskot til masteroppgåver	50 000	Middels	Låg	Middels
1.9 Grøne innkjøp	300 000	Middels	Middels	Middels
1.10 Klimakompetanse fagnettverk i VGS	50 000	Middels	Låg	Høg
1.11 Klimaplanar i kommunane	50 000	Middels	Låg	Middels
1.12 Biblioteket som offentleg arena for Klimadebatt	100 000	Middels	Låg	Høg
SUM TEMA 1	1 455 000			
TEMA 3: Energi				
3.2 Sårbarheitsanalyse kraftforsyning	-	Høg	Låg	Høg
SUM TEMA 3	0			
TEMA 4: Bygningar				
4.1 Frokostmøte	50 000	Middels	Låg	Middels
4.3 Utviklingsprosjekt for smarte fylkeskommunale energiløysingar	50 000	Middels	Høg	Høg
SUM TEMA 4	100 000			
TEMA 5: Areal og transport				
5.1 Sykkel-VM kvar dag	200 000	Høg	Låg	Høg
5.3 Oppretta sikker og sentral sykkelparkering ved fire VGS	320 000	Høg	Middels	Høg
5.5 Mobilitetsrådgjevar i Fjell kommune	150 000	Høg	Låg	Låg
5.6 Miljøstrategien til Skyss	-	Høg	Høg	Høg
5.8 Tilrettelegging for låg- og nullutsleppsdrostjar	-	Høg	Middels	Middels
5.10 Hydrogenbilar i flåte	300 000	Høg	Høg	Middels
5.11 Infrastruktur for låg- og nullutsleppskøyretøy	1 800 000	Høg	Middels	Middels
5.12 Jordvern ved utbyggingar	-	Middels	Låg	Middels
5.13 Pådrivar for kortare reisetid med tog Bergen - Oslo	-	Høg	Låg	Middels
5.14 Mobilpunkt	200 000	Høg	Låg	Middels
5.16 Miljødifferensierte bompengar	-	Høg	Middels	Høg

Tiltaksoversikt 2017	Framlegg til budsjett	Relevans	Effektivitet	Styring
5.17 Klima- og miljøkrav i utbyggingsprosjekt	-	Middels	Middels	Høg
5.18 Reisevaneundersøking Klimapartner	-	Høg	Låg	Middels
5.19 Tilrettelegging for fossilfri tungtransport	-	Høg	Middels	Middels
SUM TEMA 5	2 970 000			
TEMA 6: Næring og teknologi				
6.1 Klimapartner	350 000	Middels	Middels	Middels
6.3 Kortreist frukt	-	Middels	Låg	Låg
6.4 Kortreiste grønnsaker og potetar	100 000	Middels	Låg	Låg
SUM TEMA 6	450 000			
TEMA 7: Klimatilpassing				
7.1 Klimaservice i Hordaland – HORDAKLIM	267 000	Høg	Middels	Middels
7.2 Klimatilpassing i kommunar - HORDAPLAN	250 000	Høg	Middels	Middels
SUM TEMA 7	517 000			
TOTAL SUM	5 500 000			

TEMA 1: Samarbeid

Frå Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030:

Strategi A: Samarbeid mellom politiske nivå

1. Klimaråd Hordaland – Pådrivar for klimafokus nasjonalt og lokalt.
2. Klimanettverk Hordaland - Samarbeid mellom kommunar om å løyse praktiske utfordringar.

Strategi B: Samarbeid mellom offentleg, privat og forskning og utvikling

3. Fylkespolitikarar som klimaambassadørar i styre og råd.
4. Klimapartner Hordaland – Forpliktande samarbeid mellom private og offentlege verksemder for å få ned klimagassutsleppa.
5. Klimaservice Hordaland – Nedskalering av klimadata for bruk i kommunal klimatilpassing.

Tiltak 1.1 Klimaråd Hordaland

Ansvar: HFK – Klima- og naturressursseksjonen

Innhald: Klimarådet skal medverke til å nå nasjonale og globale klimamål, måla i Klimaplan for Hordaland og måla i dei kommunale klima- og energiplanane. Klimarådet skal vere ein møteplass for politikarar i Hordaland og ein stad for utveksling av idear og erfaringar med klimaarbeid. Det skal medverke til synergi-effektar på tvers av kommunegrensar og forvaltingsnivå og gjere klimafylket Hordaland endå meir synleg, slagkraftig og resultatretta i klimaarbeidet.

Klimarådet skal ta opp klimasaker generelt, og spesielt saker av politisk interesse for Hordaland og hordalandskommunane. Det skal ta opp tiltak i Klimaplanens handlingsprogram og kommunale klima- og energiplanar der politisk initiativ kan medverke til betre måloppnåing og resultat.

Det kan samarbeide med andre nettverk og fora med tilsvarande føremål.

Klimarådet er sett saman av politiske leiarar frå:

- Hordaland fylkeskommune,
- Bergen kommune
- Kommunane i Hordaland representert ved dei interkommunale regionråda
- Kommunar som ikkje deltek i eit interkommunalt råd i Hordaland
- Ungdomens Fylkesutval

Kvart organ peiker ut ein fast representant og ein vararepresentant til å delta i Klimarådet. Fylkeskommunen leiar Klimarådet.

Resultatmål: Jamlege møte, studietur og eventuell oppfølging.

Kostnad og finansiering: Kr. 100 000 frå Klimaplanen.

Kritiske suksessfaktorar: Oppfylle behova som kommunar og andre har til å ta opp konkrete problemstillingar og kome med løysingar.

Start og slutt: Starta 2011. Permanent.

Relevans: Kommunal sektor omfattar fleire utsleppssektorar. Relevansen er middels.

Effektivitet: Effekten kan berre utløysast over fleire ledd. Effektiviteten er difor låg.

Fylkeskommunal styring: Fylkeskommunen er integrert fagleg og i prosessen. Det sikrar middels styring.

Middels relevans

Låg effektivitet

Middels styring

Tiltak 1.3 Fylkespolitikarar som klimaambassadørar

Ansvar: HFK – samarbeid mellom regionalavdelinga og økonomi- og organisasjonsavdelinga

Innhald: Det offentlege bør nytte aktivt si eigarmakt slik at bedriftene prioriterer tiltak som vil bidra til å redusere klimautfordringane. Fylkestingspolitikarar som er oppnemnte styrerepresentantar i bedrifter må få ein gjennomgang av klimaplanen, kva dei kan medverke til i den aktuelle verksemda gjennom å foreslå miljøsertifisering og liknande. Nye fylkespolitikarar får kurs i kva dei kan be verksemdar, der dei har styreplass på vegner av HFK, til å gjere for å bli meir klimavenlege. Informasjon om styreverv for politikarar vart gjennomført utan omsyn til dette tiltaket august 2016.

Resultatmål: Gjennomført opplæring.

Kostnad og finansiering: Kr. 10 000 frå Klimaplanen.

Kritiske suksessfaktorar: Avhengig av samarbeid mellom seksjonar.

Start og slutt: Skulle gjennomførast vinteren 2015/16 som del av politikaropplæringa etter valet 2015. Må no gjennomførast utanfor den vanlege politikaropplæringa.

Relevans: Retta mot fleire sektorar. Det utgjer middels relevans.

Effektivitet: Effekten kan berre utløysast over fleire ledd. Effektiviteten er difor låg.

Fylkeskommunal styring: Fylkeskommunen står for gjennomføringa, men ikkje oppfølginga. Det sikrar middels styring.

Middels relevans

Låg effektivitet

Middels styring

Tiltak 1.4 Miljøstyring av Hordaland fylkeskommune**Ansvar:** HFK – Regionaldirektøren og miljøkoordinator

Innhald: Føremålet er å redusere utsleppa frå verksemda. 4/5 av einingane i Hordaland fylkeskommune er miljøsertifiserte. Rutine for systematisk miljøstyring i fylkeskommunen er innført frå 2014 og det er eit mål at alle einingane skal bli miljøsertifiserte. Stiftelsen Miljøfyrtårn er leverandør av tredjeparts sertifiseringstenester. Alle sertifiserte einingar utarbeider eigne handlingsplanar for miljø. Det blir også laga eit årleg handlingsprogram for intern miljøstyring for heile fylkeskommunen. Innkjøp av låg- og nullutslepps-bilar til tenestereiser er kanskje den interne satsinga som gir størst kutt i klimagassutslepp. Det er foreslått kr. 2 mill. til dette i det sentrale investeringsbudsjettet for 2017.

Os vidaregåande skule har landsline for køyreopplæring i tunge køyretøy og dieselforbruket ved skulen utgjør 51 % av dieselforbruket i fylkeskommunen. Skulen vurderer å gå over til biodrivstoff for sine køyretøy. Det er viktig å stille krav til minst 50 % reduksjon av klimagassutslepp (CO₂-ekvivalentar) og at eventuell innblanding av PFAD (palmeoljeprodukt) ikkje overskrid 5 %. Dersom avgifta for ordinær diesel blir sett opp av nasjonale mynde, kan ekstrakostnaden av å skifte til biodiesel kome ned mot 28 øre/l. Ekstrakostnaden for den avgiftspliktige dieselen som blir bytta ut med biodiesel for å redusere utsleppa vert dekt gjennom Klimaplanen.

Klimaplanens Tiltak 5.3. «Opprette sikker og sentral sykkelparkering ved fire vidaregåande skular» er eitt av mobilitetstiltaka i den interne miljøstyringa som er planlagt for 2017. Dette er planlagt finansiert som tiltak 5.3 i Klimaplanens handlingsprogram og 50% i støtte frå Statens Vegvesen. Det er planlagt at tilsette skal få tilbod om å delta i Bedriftsidretten sin «Sykle-til-jobben aksjon» april –juni 2017..

Våren 2017 er det også planlagt å lyse ut tilskot til kjøp av el-sykel for tenestereiser i Hordaland fylkeskommune, som ei vidareføring av suksessen med 33 innkjøpte el-syklar til ytre einingar i 2016. Det er også planlagt ein aksjon «Fossilfri arbeidsdag» retta mot alle 4000 tilsette for å redusere klimagassutsleppa gjennom endra reisevanar og nullutslepps-bilar, bruk av videokonferansar m.m.

I 2013 og 2015 vart det utført reisevanekartlegging av tilsette i fylkeskommunen med arbeidsstad i Fylkeshuset og Skyss. Dette vert følgt opp i 2017 gjennom Klimaplanens tiltak 5.18 som er eit tilbod til alle verksemdene som deltek i Klimapartner Hordaland. Undersøkinga gir ny kunnskap og grunnlag for å føreslå tiltak i verksemdene sine interne miljøhandlingsplanar.

Resultatmål: Reduksjon av CO₂-utslepp og energibruk i eiga verksemd i samsvar med Klimaplan for Hordaland.

Kostnad og finansiering: Kr. 615 000 frå Klimaplanen og kr. 2 000 000 frå investeringsbudsjett.

Kritiske suksessfaktorar: Oppfølging i alle einingar og i toppleiinga.

Start og slutt: Starta 2009. Permanent driftsoppgåve.

Relevans: Retta mot fleire sektorar. Det utgjør middels relevans.

Effektivitet: Effekten kan utløyast direkte i eiga verksemd. Det sikrar høg effektivitet.

Fylkeskommunal styring: I eiga verksemd har fylkeskommunen høg styring.

Middels relevans

Høg effektivitet

Høg styring

Tiltak 1.5 Miljøsertifisering av kommunane i Hordaland

Ansvar: Kommunane i samarbeid med HFK – Klima- og naturressursseksjonen.

Innhald: Utløysing av stønad til miljøsertifisering i kommunane. Dette for å innføre systematisk miljøstyring og få eit godt administrativt grunnlag for arbeid med miljø- og klima i kommunen.

Resultatmål: Nye sertifiserte kommunale einingar i 2017.

Kostnad og finansiering: Kr. 100 000 frå Klimaplanen.

Kritiske suksessfaktorar: Interesse og kapasitet hos kommunane.

Start og slutt: Start 2012, usikkert når tiltaket kan slutte.

Relevans: Retta mot fleire sektorar. Det utgjer middels relevans.

Effektivitet: Effekten utløysast over eitt ledd av deltakarane. Effektiviteten er difor middels.

Fylkeskommunal styring: Fylkeskommunen bidreg fagleg og finansielt. Det sikrar middels styring.

Middels relevans

Middels effektivitet

Middels styring

Tiltak 1.7 Regional klimakonferanse

Ansvar: Osterøy kommune i samarbeid med HFK – Klima- og naturressursseksjonen og Regionrådet Nordhordland

Innhald: «Regional klimakonferanse for Nordhordland» rettar seg mot formannskap og leiargruppe i alle kommunane som er med i Regionrådet Nordhordland IKS. Programmet omfattar for det fyrste fagleg input om klimaendringane, effektive tiltak og tilpassing. For det andre leggjast det opp til fagleg utveksling på tvers av og innanfor kommunane.

Resultatmål: Regionrådet utarbeidar ein rapport frå seminaret og konferansen som innspel til det regionale og kommunale klimaarbeidet i valperioden 2015 – 2019.

Kostnad og finansiering: Kr. 80 000 frå Klimaplanen til konferanse, føredragshaldarar og utarbeiding av rapport.

Kritiske suksessfaktorar: Regionrådet følgjer opp.

Start og slutt: 2017.

Relevans: Retta mot fleire sektorar. Det utgjer middels relevans.

Effektivitet: Effekten kan berre utløysast over fleire ledd. Effektiviteten er difor låg.

Fylkeskommunal styring: Fylkeskommunen bidreg fagleg og finansielt. Det sikrar middels styring.

Middels relevans

Låg effektivitet

Middels styring

Tiltak 1.8 Tilskot til masteroppgåver**Ansvar:** HFK – Klima- og naturressursseksjonen**Innhald:** Utviklinga av nye prosjekt eller kvalitetssikring av oppstarta tiltak kan ofte styrkast gjennom vitskapelege studie. I avgrensa høve kan klimaplansekretariatet nytte mastergradstudentar til å få fram verdfull informasjon. Når erfaringane frå 2016 ligg føre, vil ein gjere eventuelle justeringar i ordninga for 2017.**Resultatmål:** 5 forstudie eller undersøkingar med relevans for eksisterande eller framtidige tiltak.**Kostnad og finansiering:** Kr. 50 000 frå Klimaplanen.**Kritiske suksessfaktorar:** Kontakt med forskingsinstitusjonar, utval av studentar, integrering i tiltaksutviklinga.**Start og slutt:** Langsiktig.**Relevans:** Retta mot fleire sektorar. Det utgjør middels relevans.**Effektivitet:** Effekten kan berre utløysast over fleire ledd. Effektiviteten er difor låg.**Fylkeskommunal styring:** Fylkeskommunen bidreg fagleg og finansielt. Det sikrar middels styring.

Middels relevans

Låg effektivitet

Middels styring

Tiltak 1.9 Grøne innkjøp**Ansvar:** HFK – Klima- og naturressursseksjonen**Innhald:** Oppfølging av forprosjekt rundt klimafotavtrykket til offentlege innkjøp. Forskingsprosjektet vil sjå nærare på utvalde utsleppssektorar og korleis fylkeskommunen kan redusere klimafotavtrykket med målretta miljøkrav i innkjøpet.**Resultatmål:** Meir kunnskap om korleis fylkeskommunen kan utløyse utsleppsreduksjonar gjennom miljøkrav i offentleg innkjøp.**Kostnad og finansiering:** Kr. 300 000 frå Klimaplanen.**Kritiske suksessfaktorar:** Forskingsstønad til prosjektet.**Start og slutt:** Treårig.**Relevans:** Retta mot fleire sektorar. Det utgjør middels relevans.**Effektivitet:** Effekten kan utløysast over eitt ledd. Effektiviteten er difor middels.**Fylkeskommunal styring:** Fylkeskommunen bidreg fagleg og finansielt. Det sikrar middels styring.

Middels relevans

Middels effektivitet

Middels styring

Tiltak 1.10 Klimakompetanse fagnettverk i vidaregåande skule

Ansvar: HFK – Opplæringsavdelinga i samarbeid med Klima- og naturressursseksjonen

Innhald: Utviding av tiltak 4.4 Klimavenleg byggfag i VGS til fleire tema. Dei 15 faglege nettverka i dei vidaregåande skulane i Hordaland vil få midla utlyst til å gjennomføre klimafagleg kompetanseheving.

Resultatmål: Gjennomførte kompetansetiltak

Kostnad og finansiering: Kr. 50 000 frå Klimaplanen.

Kritiske suksessfaktorar:

Start og slutt: 2017

Relevans: Retta mot fleire sektorar. Det utgjer middels relevans.

Effektivitet: Effekten kan berre utløysast over fleire ledd. Effektiviteten er difor låg.

Fylkeskommunal styring: Fylkeskommunen har ansvar for gjennomføring. Det sikrar høg styring.

Middels relevans

Låg effektivitet

Høg styring

Tiltak 1.11 Klimaplanar i kommunane

Ansvar: UiB Spacelab i samarbeid med HFK – Klima- og naturressursseksjonen

Innhald: 14 kommunar i Hordaland har planlagt rullering av klimaplanen sin i inneverande planperiode. Universitetet vil kartlegge behova til dei planansvarlege i kommunen og tilby ein eller fleire tilpassa seminar. Forskarane ønskjer å analysere barrierar og drivarar i kommunane sin utarbeiding av klimaplanar.

Resultatmål: Plattform for faglege innspel og erfaringsutveksling på tvers av kommunar i høve til rullering av klimaplanar. Meir kunnskap om barrierar og drivarar i desse prosessane.

Kostnad og finansiering: Kr. 50 000 frå Klimaplanen.

Kritiske suksessfaktorar: Forståing mellom forskarar og planansvarlege.

Start og slutt: November 2016 – mai 2017 .

Relevans: Retta mot fleire sektorar. Det utgjer middels relevans.

Effektivitet: Effekten kan berre utløysast over fleire ledd. Effektiviteten er difor låg.

Fylkeskommunal styring: Fylkeskommunen bidreg fagleg og finansielt. Det sikrar middels styring.

Middels relevans

Låg effektivitet

Middels styring

Tiltak 1.12 Folkebiblioteket som pådrivar for ein grønare kvardag**Ansvar:** Fylkesbiblioteket

Innhald: Endringar i Biblioteklova har ført til at folkebiblioteka utviklar seg til å bli viktige uavhengige, sosiale møte-plassar og lokal arenaer for debatt og meningsutveksling. I Regional kulturplan for Hordaland (2015 – 2025) står det at fylkeskommunen kan bidra med koordinering, arrangementsstøtte og ved å sende utstillingar og turnear til biblioteka. Med utgangspunkt i Klimaplanen er det mogleg å initiere ei rekke tiltak i folkebiblioteka, som t.d. utstillingar, arrangement og debattar. Målet er å medverke til at inn-byggjarar i alle delar av fylket kjem nærare å gjere fleire (miljø- og) klimavenlege val.

Resultatmål: Alle folkebiblioteka skal få tilbod om utstilling, fore-drag og eit debattopplegg hausten 2017.

Kostnad og finansiering: Kr. 100 000 frå Klimaplanen og kr. 50 000 frå biblioteka. Personalressursar i fylkesbiblioteket er ikkje medrekna.

Kritiske suksessfaktorar: Tilboda må vere klare tidleg, slik at biblioteka får det inn i haustprogramma sine. Samarbeid med gode aktørar som kan bidra med innhald i tiltaka.

Start og slutt: Januar 2017 – desember 2017.

Relevans: Retta mot eit generelt publikum. Relevansen kan bli påverka av kva tema som blir valt.

Effektivitet: Tiltaket vil vere ein av mange kjelder som påverkar folk sine val med miljø- og klimakonsekvensar. Svak samanheng mellom gjennomføring av tiltaket og ønska effekt.

Fylkeskommunal styring: Fylkeskommunen gjennomfører tiltaket, så det er høg grad av styring frå HFK.

Middels relevans

Låg effektivitet

Høg styring

TEMA 3: Energi

Frå Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030:

Strategi A: Energieffektivisering skal vere førstevalet

1. Energieffektivisering i bygningar (stasjonære føremål), i næringsliv (prosessføremål) og i transport (mobile føremål).

Strategi B: Vere ein føregangsregion i produksjon og lagring av fornybar energi

2. Fossil energi skal produserast med lågast moglege klimagassutslepp og i aukande grad erstattast med fornybar energiproduksjon.
3. Utvikle og ta i bruk nye former og teknologiar for energiproduksjon og lagring av energi. Kompetanse, forskning og utdanning på energifeltet skal styrkjast. Verkemiddel må sikre utvikling, produksjon og tilgang til marknad/ sluttbrukar. Arbeide for betre vilkår for ny fornybar energi, som solenergi, offshore vindkraft, geotermi og bølge/tidevasskraft.
4. Energiproduksjonen må skje med minst moglege arealkonfliktar, og med omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar i fylket. Jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.
5. Effektivisere og modernisere eksisterande vasskraftverk, t. d. via lite konfliktfylte O/U-prosjekt.
6. Prioritere fornybar energiproduksjon kor lagring av energien er mogleg utan tap av naturmangfald.
7. Byggje ut nær- og fjernvarmenett med grunnlast frå tilgjengelege fornybare energikjelder, avfall eller spillvarme for å sanere oljefyringsanlegg og auke bruk av vassboren varme. Ulike fossilfrie energikjelder bør testast ut som spisslast og reservekapasitet.

Strategi C: Utvikle påliteleg distribusjonsnett for energi

8. Utvikle distribusjonsnettet slik at fornybar energi i størst mogleg grad kan erstatte fossil energi.
9. Kraftnettet skal ha kapasitet og drift som sikrar høg leveringstryggleik av elektrisitet. Energioverføringa må skje med minst mogleg energitap. Effektoppane i straumnettet må kunne dempast på etterspurnadssida.
10. Lokal bruk av energiressursane hindrar unødig energitap gjennom distribusjon og lagring. Kraft- og varmenett må vere ope for levering av småskala produksjon av kraft og varme der dette kan gje betre utnytting av ressursane.
11. Kraftnettet skal byggjast med minst moglege arealkonfliktar. Ein skal ta omsyn til naturmangfald, friluftsområde og store landskapsverdiar i fylket, jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.
12. Kraftnett med lågare spenningsnivå skal kablast når det er naudsynt på grunn av busetnad, naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar.
13. Komplett infrastruktur for elektrifisering av transport skal byggjast ut i heile fylket innan 2020.

Tiltak 3.2 Sårbarhetsanalyse kraftforsyning

Ansvar: HFK – Klima- og naturressursseksjonen i samarbeid med kommunane Radøy og Austrheim

Innhald: Endring i klima fører til utfordringar for kraftnettet, som er sårbart for vind og ver, jfr tiltak 7.1 Hordaklim. Tiltak kan gjerast og nye løysingar prøvast ut for å redusere risikoen samfunnet vert utsett for. Dette gjeld både plassering og oppgradring av sentralnett grunna til dømes utbygging av ny industri, og å betre forsyningstryggleiken i lokalsamfunn gjennom løysingar for distribusjonsnett og lokal lagring av energi. Hordaland fylkeskommune har ei viktig rolle som høyringspart i kraftutbyggingar og regional planleggar. For å kunne planleggje betre for framtida må vi sjå på kor utfordringane kan vere og kva moglege løysingar bør vere.

Resultatmål: Kunnskapsinnhenting og -spreiing. I første omgang få utarbeidd fagrapport om emnet.

Kostnad og finansiering: Finansiert over Klimaplanen 2016.

Kritiske suksessfaktorar:

Start og slutt: Oppstart hausten 2016 – utføring våren 2017.

Relevans: Retta mot sektoren energiforsyning. Det utgjør høg relevans.

Effektivitet: Effekten kan berre utløysast over fleire ledd. Effektiviteten er difor låg.

Fylkeskommunal styring: Fylkeskommunen er oppdragsgjevar, bidreg prosessuelt og finansielt. Det sikrar høg styring.

Høg relevans

Låg effektivitet

Høg styring

TEMA 4: Bygningar

Frå Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030:

Strategi A: Meir effektiv energibruk

1. Bygge og rehabiliterer til energismarte og miljøvenlege bygg.
2. Fylkeskommunale bygg skal vere førebilete på miljø- og klimavenleg bygging og rehabilitering.

Strategi B: Energikonvertering

3. Avvikle oljefyr og etablere alternative fornybare energikjelder.
4. Bruke meir bioenergi i nær- og fjernvarmeanlegg.
5. Hordaland fylkeskommune skal gå føre som eit godt døme og energikonvertere eigne bygg.

Strategi C: Meir miljø- og klimavenleg materialbruk

6. Bruke meir og utvikle miljø- og klimavenlege materialar, produkt og tekniske løysingar med låge klimagassutslepp.
7. Spesifisere miljø- og klimavenleg materialbruk i fylkeskommunens eigne prosjekt og bruke livssyklusvurderingar.

Strategi D: Auka kompetanse og rådgjeving

8. Utvikle eit solid, komplett og operativt kompetansemiljø på energi- og klimavenlege bygg, og samarbeide med FoU-miljø som CMR lokalt og Sintef og NTNU nasjonalt.
9. Gi råd om energieffektive løysingar til huseigarar, entreprenørar og kommunar.
10. Samarbeide om erfaringsutveksling og opplæring og utvikle samarbeidsfora i heile fylket.

Tiltak 4.1 Frukostmøte

Ansvar: Samarbeid mellom med Husbanken, Bergen kommune, Bergen Arkitektskole, Fylkesmannen i Hordaland, Høgskolen i Bergen og Hordaland fylkeskommune.

Innhald:

Frukostmøta er ein møteplass og kompetansearena for dialog, inspirasjon og erfaringsutveksling om energi-, klima- og miljøutfordringar. Dei starta som ein del av det statlege programmet Framtidens byer i Bergen.

Møteserien vart ein suksess og den held fram etter at Framtidens Byer er avslutta. Møta blir haldne i kantina i Bergen Rådhus, ein onsdag pr månad frå kl 08.00 til kl 10.00.

Talet på frammøtte varierer frå 40 til 100.

Resultatmål: Skape merksemd og spreie kunnskap om miljø- og klimavenlege bygg, energibruken i bygg og andre relevante tema.

Kostnad og finansiering: Kr. 50 000 frå Klimaplanen. Husbanken gir Kompetansetilskot som grunnfinansiering av møteserien.

Kritiske suksessfaktorar: Gode tema og foredragshaldarar og spreiring av invitasjon gjer at folk kjem på møta.

Start og slutt: Tiltaket held fram.

Relevans: Retta mot oppvarming i bygg. Det utgjør middels relevans.

Effektivitet: Effekten kan berre utløysast over fleire ledd. Effektiviteten er difor låg.

Fylkeskommunal styring: Fylkeskommunen bidreg fagleg og finansielt saman med Husbanken, Bergen Arkitektskole, Fylkesmannen i Hordaland, Høgskolen i Bergen. Det sikrar middels styring.

Middels relevans

Låg effektivitet

Middels styring

Tiltak 4.3 Utviklingsprosjekt for smarte fylkeskommunale energiløysingar**Ansvar:** Universitetet i Bergen, UiB i samarbeid med HFK – Eigedomsavdelinga**Innhald:** UiB, ved prof. Inga Berre, utviklar saman med partnarar i inn- og utland eit prosjekt om geotermi, kalla GeoS. UiB vil søkje Norges Forskningsråd om tilskot frå ordninga Forskingssenter for Miljøvenleg Energi. Dersom søknaden går gjennom har HFK høve til å bli brukarpartnar som nyttar geotermiske løysingar til eit eller fleire case.**Resultatmål:** Få fram meir kunnskap om geotermi og smarte energiløysingar. Få ein driftssikker energiløysing med avansert måling og styring til eit fylkeskommunalt casebygg der geotermi blir nytta.**Kostnad og finansiering:** HFK sin ressursbruk vil vere timeinnsats frå Eigedomsavdelinga og Regionalavdelinga kombinert med eit årleg tilskot frå Klimaplanen på kr. 50 000.**Kritiske suksessfaktorar:** At søknaden får finansiering av Forskningsrådet.**Start og slutt:** 2016 – 2024.**Relevans:** Retta mot oppvarming i bygg. Det utgjør middels relevans.**Effektivitet:** Effekten utløysast direkte i case-bygget. Effektiviteten er difor høg.**Fylkeskommunal styring:** Som byggherre, vil fylkeskommunen ha direkte styring med utviklingsprosjekt i/ knytt til eige bygg.**Middels relevans****Høg effektivitet****Høg styring**

TEMA 5: Areal og transport

Frå Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030:

Strategi A: Klimavenleg utbyggingsmønster

1. Senter- og knutepunktstrukturen skal bygge opp om eit meir konsentrert utbyggingsmønster.
2. Hordaland fylkeskommune skal ta ei aktiv rolle som regional planstyresmakt.
3. Samordna areal- og transportplanlegging lokalt og regionalt.

Retningslinjer for planlegging

1. Kommuneplanen skal fastsetje senterstruktur i samsvar med regional plan.
2. Bustadområde, arbeidsplassintensive næringsområde, skule og barnehage bør lokaliserast nær kvarandre og i tilknytning til kollektivnettet.
3. I Bergensområdet skal bustadområde og arbeidsplassintensive næringsområde lokaliserast i tilknytning til kollektivnettet.
4. Fortetting skal vektleggjast framfor nye spreidde bustadareal. Ledig kapasitet i eksisterande byggeområde skal vurderast opp mot behovet for nye bustader. Fortetting og utbygging må skje med kvalitet og utan nedbygging av verdifulle areal.
5. Jordressursar er karbonlager og skal takast vare på, med lågast moglege utslepp av klimagassar.
6. Kommunal planlegging skal sikre areal for samanhengande sykkelveggar mellom målpunkt som skule, senter og bustadområde.
7. I sentrumsområde skal det leggjast til rette for attraktive gangaksar mellom viktige målpunkt.
8. I Bergensområdet skal grøntstrukturar og friluftsområde vera tilrettelagt med gang- og sykkelveggar.
9. Kommunal planlegging skal leggje til rette for fornybar lokal energibruk.

Retningslinjene skal leggast til grunn for regional og kommunal planlegging. Framlegg til planar i strid med retningslinjene gjev grunnlag for motsegn frå regional planmynde (sjå faktaboks om regionale planføresegner i kapittel 1).

Strategi B: Meir sykkel, gange og kollektivtransport

4. Delen av reiser med kollektivtrafikk i Bergensområdet skal vere 18 % av alle reiser i 2030.
5. Delen av reiser til fots i Bergensområdet skal vere 21 % av alle reiser i 2030. I resten av fylket skal det aukast monaleg.
6. Delen av reiser med sykkel i Bergensområdet skal vere 10 % av alle reiser i 2030. I resten av fylket skal det aukast monaleg.
7. Legge til rette for sykklar inklusiv elsyklar. Vedlikehald av fortau og gangfelt skal ha høg prioritet.
8. På fylkeskommunale veggar skal ein skilja sykklende frå biltrafikken og fotgjengarar og utvida nettet av kollektivfelt.

Strategi C: Avgrense biltrafikken

9. Innføring av differensierte bompengar i og kring Bergen i høve:
 - rushtid
 - miljøutslepp
 - tal passasjerar i bilen
10. Reduksjon i talet på offentlege og private langtids-parkeringsplassar i sentrale delar av Bergen.
11. Etablere innfartsparkering med sykkelparkering ved større kollektive trafikknutepunkt utanfor sentrale delar av Bergen.
12. Reiser utført som bilpassasjer skal auke og utgjere 10 % av alle reiser i Bergensområdet innan 2030.
13. Stimulere til auka samkøyring i heile fylket.
14. Stimulere til bildeling.

Strategi D: Overgang til transportmidlar med lågare eller null utslepp

15. Minst 20 % av alle lette køyretøy skal gå på ikkje-fossile drivstoff innan 2020, og 40 % i 2030.
16. Hordaland skal ha eit komplett nett av hurtigladestasjonar for elbilar i 2020 som gjer det praktisk å køyre elbil i heile fylket.
17. Parkeringsanlegg ved alle bustadområde og næringsbygg skal ha normallading for elbilar.
18. Nye driftskøyretøy for offentleg bruk skal primært vere nullutsleppskøyretøy og sekundært vere hybridkøyretøy, med mindre det ikkje er laga slike køyretøy som kan dekke behovet.
19. Ved framtidige anbod på kollektivtrafikk, ferjer og snøggått i Hordaland skal fylkeskommunen krevje bruk av fornybar energi der det er mogleg.
20. Etablere samarbeid med drosjenæringa for å elektrifisere drosjetransporten.
21. Delar av fylket utan god kollektivdekning skal ha god tilrettelegging for låg- og nullutsleppsbilar.
22. Innan 2020 skal godstransport på sjø aukast med 20 %. Innan 2030 skal godstransport som går på bane doblast og godstransport på veg reduserast tilsvarande.
23. Innan 2020 skal minst 20 % av persontransport ut av fylket austover og sørover over frå fly til buss og bane.
24. Innan 2020 skal landstraum vere eit tilbod ved kai i Bergen sentrum.
25. Flytransport skal i størst mogleg grad skje med fornybar energi.
26. Sjøfartsnæringa i Hordaland skal ta i bruk den mest klimavennlege sjøfartsteknologien, og skal innan 2020 vere den mest berekraftige sjøtransporten i verda.

Tiltak 5.1 Sykkel-VM kvar dag

Ansvar: HFK – Klima- og naturressursseksjonen i samarbeid med Idrett og friluftsliv, Opplæringsavdelinga og Samferdselsavdelinga.

Innhald: Nytte merksemda rundt sykkel-VM 2017 til å styrke fokus på sykkel som transportmiddel. Det er etablert eit samarbeidsforum saman med Kultur- og idrettsavdelinga mellom fylkeskommunen og kommunane som er aktive i høve til sykkel-VM; Bergen, Askøy, Fjell, Sund og Øygarden. Fylkeskommunen har eit eige handlingsrom i høve ungdom på vidaregåande skuler og vil søkje å integrere sykkeltema i undervisningsprosjekt, til dømes sykkelverkstad, sykkelbaserte elevbedrifter eller sykkel i kommunikasjon og media.

Resultatmål: Undervisningsprosjekt relatert til sykkel.

Kostnad og finansiering: 200 000 frå Klimaplanen.

Kritiske suksessfaktorar:

Start og slutt: Januar 2015 – desember 2017.

Relevans: Retta mot vegtransporten. Det utgjer høg relevans.

Effektivitet: Effekten kan berre utløysast over fleire ledd. Effektiviteten er difor låg.

Fylkeskommunal styring: Fylkeskommunen gjennomfører tiltaket til dels internt og til dels i fagleg samarbeid. Det sikrar høg styring.

Høg relevans

Låg effektivitet

Høg styring

Tiltak 5.3 Opprette sikker og sentral sykkelparkering ved fire VGS**Ansvar:** HFK – Egedomsseksjonen i samarbeid med Miljøkoordinator og Samferdselsavdelinga**Innhald:** Tiltaket skal planleggje og få bygd sykkelparkering ved fire VGS i Hordaland som er motiverte til å auke lærarar og elevar sin bruk sin bruk av sykkel som reisemåte til og frå skulen.

Alle sykkelreiser startar og sluttar med ein parkert sykkel. For å få fleire til å velgje sykkel som reisemåte, er det viktig å utforme anlegg for sykkelparkering som er attraktive, funksjonelle og sikre.

Nasjonale sykkelstrategi har eit mål om at 80% av barn og unge skal gå eller sykle til skulen, og sykkelhandboka tilrår at det vert etablert minimum 0,7 sykkelparkeringsplassar pr elev. Her er det rom for lokale tilpassingar.

Syklistar er følsomme for avstandar ved parkering av sykkelen, og ynskjer ikkje omvegar eller parkering i «feil» retning i høve til målpunktet. Det er difor eit krav at sykkelparkeringa vert etablert så nær hovudinngangen som praktisk mogleg – og at den ikkje er plassert slik at den forlenger reiseruta (til dømes på baksida av bygget). Det er samstundes viktig at sykkelparkeringa ikkje er til hinder for andre.

Resultatmål: Ferdig etablert sikker og sentral sykkelparkering ved fire VGS i Hordaland.**Kostnad og finansiering:** Kr. 320 000 frå Klimaplanen. Dessutan tilskot på kr. 320 000 frå Statens vegvesen.**Kritiske suksessfaktorar:** Finne lokalisering og planleggje sykkelparkeringane.**Start og slutt:** Januar 2016 – desember 2016.**Relevans:** Retta mot vegtransporten. Det utgjer høg relevans.**Effektivitet:** Effekten utløysast over eitt ledd av brukarane. Effektiviteten er difor middels.**Fylkeskommunal styring:** Fylkeskommunen gjennomfører tiltaket internt. Det sikrar høg styring.**Høg relevans****Middels effektivitet****Høg styring**

Tiltak 5.5 Mobilitetsrådgjevar i Fjell kommune**Ansvar:** Fjell kommune

Innhald: Fjell kommune vil koordinere og forsterke arbeidet med grøn mobilitet, spesielt for å nytte drakraften frå Sykkel VM 2017. Difor vil dei tilsetje ein mobilitetsrådgjevar i ein to-årig prosjektstilling i Plan- og utbyggingsavdelinga for å auke sykkelandelen i kommunen.

Mobilitetsrådgjevaren skal inngå i eit tverrfagleg team med areal- og samfunnsplanleggjarar, folkehelsekoordinator og representantar frå miljøgruppa og informasjonsavdelinga. Folkehelse skal vera ein raud tråd gjennom heile prosjektet. Å nytta aktiv transport kan ha stor innverknad på kvardagsaktiviteten, og er ein billig og effektiv måte å oppfylle tilrådingane om fysisk aktivitet.

Det er politisk vedteke at Fjell skal melda seg inn i Sykkelbynettverket, kommunen har blitt tatt opp i Byreg fase 2, der sykkel er eitt av tre tema. I den nyleg vedtekne sykkelstrategien, er eit av måla å utvikla ein positiv sykkelkultur, der sykling vert sett på som attraktivt og sosialt akseptert. Det er eit stort potensiale for å auka sykkelandelen i Fjell og mobilitetsrådgjevaren kan til dømes rådgje skulane i utarbeiding av skulevegplanar (m.a. organisering av sikker gange og sykling for ungane sin skuleveg).

Fjell vil m.a. delta i dei europeiske kampanjane Bilfri dag og Europeisk mobilitetsveke.

Resultatmål: Leggje til rette for miljøvenlege reisevaner i planleggjing, haldningskampanjar og med konkrete tiltak.

Kostnad og finansiering: Total kostnad på kr. 550 000. Kr. 150 000 av desse gjennom Klimaplanen.

Kritiske suksessfaktorar:

Start og slutt: mars 2016 – mars 2018.

Relevans: Retta mot vegtransporten. Det utgjer høg relevans.

Effektivitet: Effekten kan berre utløysast gjennom fleire ledd. Det utgjer låg effektivitet.

Fylkeskommunal styring: Fylkeskommunen bidreg finansielt. Styringa er låg.

Høg relevans

Låg effektivitet

Låg styring

Tiltak 5.6 Miljøstrategien til Skyss

Ansvar: Skyss

Tiltaket er ei samanslåing og vidareføring av tiltaka 5.6 Klimavenleg drivstoff i kollektivtransport og 5.7 Miljøvenleg framdriftsteknologi av ferjer og snøggåtar.

For å syte for konsistente planar vert det her sitert frå handlingsprogrammet til kollektivstrategien for Hordaland:¹

«Kollektivstrategi for Hordaland og Miljøstrategi for Skyss slår fast at kollektivtrafikken sitt viktigaste klima- og miljøbidrag er å ta trafikkveksten. Vi vil også ha meir miljøvenleg drift, men det er viktig å balansere ressursbruk mellom auka kapasitet/kvalitet i tilbodet og meir miljøvenleg teknologi.

Oppsummert vil ein sikre meir miljøvenleg drift av kollektivtrafikken ved å

- sikre låge utslepp frå busstrafikken,*
- redusere miljøbelastning frå båt- og ferjetrafikken og*
- ved å vere pådrivar for forskning og utvikling.*

For å setje desse strategiane ut i livet vil ein i perioden prioritere arbeidet som er skildra i dette kapitlet.

I tråd med politisk vedtak vil det bli utarbeidd ein heilskapleg plan for arbeidet med nullutslepp for kollektivtrafikken. I denne planen skal ambisjonsnivået for utsleppsreduksjonar gjerast tydelege, og dette vil ligge til grunn for utgreiingar knytt til nye anbod.

1. Utvikle miljøkrav i nye transportanbod

Det er i anbodsprosessane fylkeskommunen som oppdragsgjevar i hovudsak har handlingsrom til å stille nye og meir ambisiøse krav til materiell og utslepp. I forkant av nye anbodskonkurransar vil det bli gjennomført utgreiingar av alternative drivstoff og teknologiar, som vil danne grunnlag for miljøkrav som blir stilt i anboda.

Ein vil også sjå på korleis ein best kan legge opp anbodsprosessane for å sikre innovasjon og teknologisk utvikling, til dømes gjennom dialogkonferansar med bransjen og ved å utvikle meir funksjonelle krav.

2. Redusere utslepp frå buss i Bergensområdet

Bussdrifta i Bergen skal førebuast med tanke på eit nullutsleppsalternativ. Løysingar for dette vil sannsynlegvis ligge i ein kombinasjon av fleire teknologiar., og dette må utgreiast. Teknologiske moglegheiter vil måtte vurderast opp mot mål om utsleppsreduksjonar samt økonomiske og praktiske tilhøve.

Ei brikke i dette er vidare bruk av trolleybuss. Forlenging av trolleylinja i Bergen er under utgreiing. Politisk handsaming av mogleg utvida trolleybussnett skal etter planen skje i løpet av hausten 2016. Det vil vidare vere hensiktsmessig å arbeide med vidareutvikling av trolleynettet samordna med arbeid med nye bussenbod i Bergen.

Det blir også arbeidd med bruk av biogass frå nytt anlegg i Rådalen til bussane i Bergen. Når anlegget står klart er det planlagt å ha kapasitet til å produsere biogass til om lag 80 bussar. Dette vil vere ein premis inn i nye anbod. Ei utviding av bruken til å gjelde fleire bussar vil krevje auka kapasitet i biogassanlegget. I forkant av nye bussenbod i Bergensområdet skal det leggest fram sak om strategiske vegval for kontraktane.

3. Redusere utslepp frå buss i Hordaland utanfor Bergensområdet

I samband med nye kontraktar har bussparken i kontraktområda Hardanger og Voss, og Modalen og Vaksdal fått eit betydeleg løft; av om lag 145 bussar totalt er 110 nye med Euro 6-standard som har svært låge lokale utslepp. Når ny kontrakt for Sunnhordland har oppstart i 2017 vil nye bussar som blir anskaffa ha Euro 6 standard, medan resten har Euroklasse 5.

Som del av førebuingane til nytt anbod Nordhordland frå 2018 vil det bli gjennomført ei utgreiing som skal vise moglegheitene for alternativ framdriftsteknologi og drivstoff i dette området.

Når det gjeld utarbeiding av miljøprofil og krav til materiell i framtidige bussenbod for Vest (Sotra, Askøy og Øygarden), Austevoll og Osterøy, ønsker ein mest mogleg oppdatert kunnskap om dei teknologiske moglegheitene til kvart anbod.

4. Redusere utslepp frå ferjesambanda

Skyss har i 2016 lyst ut alle ferjesambanda i nye konkurransar. I anboda er det lagt inn krav om betydeleg reduserte utslepp av klimagassar, samanlikna med utsleppa frå dagens ferjeflåte.

¹ Vert handsama i eiga politisk sak.

Oppstart av nye kontraktar vil skje 1. januar 2020, med unntak av sambanda Krokeide–Hufthamar og Husavik–Sandvikvåg som startar opp 1. januar 2018 og Masfjordnes–Duesund som startar opp 1. januar 2019. Ein vil med oppstarten av nye ferjeanbod oppnå ein betydeleg reduksjon i miljøbelastninga frå ferjetransporten i fylket.

I arbeidet med ferjeanboda er det gjort eit utviklingsarbeid knytt til kontraktane som vil vere nyttige i arbeidet med å leggje til rette for meir miljøvennlege løysingar i andre transportanbod.

5. Redusere utslepp frå båtrutene

Fylkesutvalet har tidlegare vedteke at båtsambandet Kleppestø–Strandkaien skal driftast med miljøfartøy. På grunn av plan- og utbyggingsprosess på Kleppestø, som inkluderer plassering av kaia, er det usikkert når det vil vere mogleg å lyse ut anbod som legg til rette for miljøløysing på sambandet.

Frå 1. januar 2018 vil Skyss inngå ein ny kontrakt med fartøy med konvensjonell teknologi som samlar bybåtsambanda Kleppestø–Strandkaien og Knarvik–Frekhaug–Bergen. Det er planlagt at kontrakten skal gjelde fram til det er mogleg å starte opp ein meir langsiktig kontrakt som legg til rette for miljøløysing på sambandet Kleppestø–Strandkaien. I forkant av ny langsiktig kontrakt vil Skyss greie ut moglegheiter for miljøløysing også for sambandet Knarvik–Frekhaug–Bergen.

I forkant av ny langsiktig kontrakt vil det bli lagt fram politisk sak om strategiske vegval for bybåtsambanda. Kontrakten for Turistrute Hardanger har utløp i 2019. Skyss vil greie ut moglegheiter for miljøløysing på sambandet og det vil bli lagt fram politisk sak om strategiske vegval for sambandet i forkant av nytt anbod. I arbeid med overordna strategi for kollektivtrafikk på sjøen vil moglegheitene for å redusere utslepp frå båtrutene vere sentralt.»

Relevans: Retta mot vegtransporten. Det utgjer høg relevans.	Effektivitet: Effekten kan utløysast direkte i oppdrag for fylkeskommunen. Det sikrar høg effektivitet.	Fylkeskommunal styring: Fylkeskommunen gjennomfører tiltaket sjølv gjennom anbodsutforminga. Det sikrar høg styring.
Høg relevans	Høg effektivitet	Høg styring

Tiltak 5.8 Tilrettelegging for lågutsleppsdrogsjar

Ansvar: HFK - Klima- og naturressursseksjonen i samarbeid med drosjenæringa

Innhald: Gjennom tilskotsordninga Klimasats fikk ein 2016 stønad til utbygging av infrastruktur for drogsjar på Bystasjonen og Flesland, koordinert med innkjøp av drogsjar og ladestasjonar ved Taxi 1. Fylkeskommunen har ansvar for etableringa av ladestasjonar på Bystasjonen og bidreg finansielt til etableringa på flyplassen. Taxi 1 har fått tilskot til utbygging av ladestasjonar og investerer i drogsjar. Avinor medfinansierer og har ansvar for etableringa av ladestasjonar på flyplassen. Gjennomføring og opning er i 2017.

Vidare reknar ein med opning av hydrogenfylllestasjon i 2017. Ein del av prosjektet, som fylkeskommunen har støtta, er at Bergen Taxi vil prøve ut hydrogenbil i drogsjedrift. Fylkeskommunen vil bistå i å bestille eit case-studie som ser på hydrogenbil i kommersiell drogsjedrift. Sjå dessutan tiltak 5.10.

Resultatmål: Infrastruktur og utskifting av nokre køyretøy hos minst to ulike drogsjefirma innan utgangen av 2017.

Kostnad og finansiering: Finansiert over 2016-budsjett.

Kritiske suksessfaktorar: Samarbeid med drosjenæringa.

Start og slutt: 2016 – 2017.

Relevans: Retta mot vegtransporten. Det utgjer høg relevans.	Effektivitet: Effekten kan utløysast over eitt ledd. Det utgjer middels effektivitet.	Fylkeskommunal styring: Fylkeskommunen bidreg fagleg og finansielt. Det sikrar middels styring.
Høg relevans	Middels effektivitet	Middels styring

Tiltak 5.10 Oppfølging av hydrogenfyllestasjoner – stønad til hydrogenbilar**Ansvar:** HFK – Klima- og naturressursseksjonen**Innhald:** Med fylkeskommunal stønad har Uno-X fått tilskot av Enova til bygging av to hydrogenfyllestasjoner i Bergensområdet. Støtten frå fylkeskommunen er knytt til tilrettelegging for ein brukargruppe med til saman kring 25 bilar. Fylkeskommunen kjøper inn to av desse hydrogenbilane til eiga verksemd og undersøklar kommersiell drosjedrift med hydrogenbil i samarbeid med Bergen Taxi (sjå tiltak 5.8).

For å stimulere til vidare innfasing av hydrogenbilar gjev fylkeskommunen kr. 50 000 i stønad til seks hydrogenbilar i drosjeverksemd i fylket.

Resultatmål: Støtte innkjøp av seks nye hydrogenbilar. Få fram kunnskap om hydrogenbilar i kommersiell verksemd.**Kostnad og finansiering:** Kr. 100 000 frå etableringsprosjektet for hydrogenfyllestasjoner til analyse av kommersielt case. Kr. 300 000 frå Klimaplanen til stønad til bilar.**Kritiske suksessfaktorar:** Interesse hos brukarane.**Start og slutt:** 2017.**Relevans:** Retta mot vegtransporten. Det utgjer høg relevans.**Effektivitet:** Effekten utløysast direkte, til dels gjennom eiga verksemd. Effektiviteten er difor høg.**Fylkeskommunal styring:** Fylkeskommunen kan bidra finansielt til andre bilar, medan innkjøpet av eigne bilar skjer i eiga verksemd. Det sikrar middels styring.**Høg relevans****Høg effektivitet****Middels styring****Tiltak 5.11 Infrastruktur for låg- og nullutsleppskøyretøy****Ansvar:** HFK – Klima- og naturressursseksjonen**Innhald:** Det er vesentleg å nytte eigne midlar og tilgjengelege støtteordningar frå Enova optimalt for å byggje ut ladeinfrastrukturen i fylket i tråd med Regional plan for attraktive senter. No har 9 av 10 regionsentre og 25 av 33 kommunar hurtiglading.

Dei færraste nærsentra har normallading. Ein reknar med eit investeringsvolum på 15 – 20 millionar for å oppfylle retningslina for ladetilbod. I tillegg er det eit enormt behov for normalladetilbod i soneparkeringsområde.

Utbygginga av offentleg tilgjengeleg ladeinfrastrukturen vil skje skrittvis gjennom utlysingar og i tråd med tilgjengelege midlar.

For tilrettelegging for drosjar sjå tiltak 5.8, for oppfølging av hydrogenfyllestasjon sjå tiltak 5.10.

Resultatmål: Halde oppe tempoet i utbygginga av ladeinfrastruktur.**Kostnad og finansiering:** Kr. 1 500 000 frå Klimaplanen.**Kritiske suksessfaktorar:** Forretningsgrunnlaget er til stade for hurtiglading, ikkje for normallading.**Start og slutt:** 2014 – 2020.**Relevans:** Retta mot vegtransporten. Det utgjer høg relevans.**Effektivitet:** Effekten utløysast gjennom eitt ledd - brukarane. Det utgjer middels effektivitet.**Fylkeskommunal styring:** Fylkeskommunen bidreg finansielt og med føringar i utlysingar. Det sikrar middels styring.**Høg relevans****Middels effektivitet****Middels styring**

Tiltak 5.12 Jordvern ved utbyggingar**Ansvar:** Regionrådet Nordhordland for delprosjekt**Innhald:** Større utbyggingsprosjekt krev ofte at masse må flyttast på. Men kvar blir den av?

Landbruket har behov for massar, men prosedyrane rundt handteringa og ikkje minst spørsmål knytt til korleis ein skal sikre eller forbetre produktiviteten i dei flytta massane, har vore for dårleg. I tillegg kjem klimagassutslepp frå open jord.

Nordhordlandskommunane har saman med Fylkesmannen i Hordaland gjennomført eit prosjekt og laga ei rettleiing både til entreprenørar og bønder om dette.

Fylkesmannen har løyvd skjønnsmidlar til formidling av resultatane (del 2).

Resultatmål: Formidling av rapport**Kostnad og finansiering:** Kr. 100 000 frå Klimaplanen til del 2**Kritiske suksessfaktorar:****Start og slutt:** 2016 - 2017**Relevans:** Retta mot arealutnytting og jordbruk. Det utgjør middels relevans.**Effektivitet:** Effekten kan berre utløysast gjennom fleire ledd. Det utgjør låg effektivitet.**Fylkeskommunal styring:** Fylkeskommunen bidreg prosessuelt og finansielt. Det sikrar middels styring.

Middels relevans

Låg effektivitet

Middels styring

Tiltak 5.13 Pådrivar for kortare reisetid med tog Bergen – Oslo**Ansvar:** HFK samarbeider med Forum Nye Bergensbanen, Business Region Bergen, Bergen Næringsråd, Bergensalliansen, Regionrådet for Ringerike, m.fl**Innhald:** Flyruta mellom Bergen og Oslo er blant Europas 10 mest trafikkerte og kjelde til store inntekter for Avinor. Flytrafikk er også ei stor kjelde til utslepp av klimagassar. Det er eit nasjonalt mål å overføre godstrafikk frå veg til bane. For at tog skal kunne erstatte fly som førstevelet for reiser mellom Bergen og Oslo, og meir gods transporterast med bane, må kapasiteten aukast, og reisetida reduserast kraftig.

Det er sette av midlar til jernbanestrekninga Arna – Stanghelle både i statsbudsjettet for 2017 og i utkast til nasjonal transportplan. For strekninga Stanghelle – Voss trengs meir finansiering. Transportetatane bør starte detaljplanlegging av strekninga for å sikre at veg og bane til Voss kan byggjast ut samstundes.

Resultatmål: Forpliktande vedtak og innarbeiding i nasjonal Transportplan.**Kostnad og finansiering:** Drift.**Kritiske suksessfaktorar:** Kontinuerleg regionalpolitisk press på sentrale styresmakter.**Start og slutt:** Langsiktig.**Relevans:** Retta mot fleire sektorar. Det utgjør høg relevans.**Effektivitet:** Effekten kan berre utløysast over fleire ledd. Effektiviteten er difor låg.**Fylkeskommunal styring:** Fylkeskommunen bidreg fagleg og prosessuelt. Det sikrar middels styring.

Høg relevans

Låg effektivitet

Middels styring

Tiltak 5.14 Mobilpunkt

Ansvar: Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune.

Innhald: Mobilpunkt samlar ulike transportmiddeltilbod – fleksible og kollektive mobilitetsformer – på ein stad for å gjere dei tilgjengelege og å setje dei i samanheng.

Mobilpunkt Danmarks plass er ei vidareutvikling av Grønt energipunkt til ein meir heilskapleg stad for framtidig mobilitet. Her finst allereie eit god kollektivtilbod med bybane- og busshaldeplass.

Utover dagens lade- og kollektivtilbod skal det etablerast samkøyringsventeplass, elbiding og sykkelparkering. Det knytt kollektivtilbodet, mobilitetsmangfald og nullutsleppsløysingar saman. Den sentrale plassen gjev høve til interaktiv kommunikasjon med reisande og brukarar. Belønningssmidlar vert nytta for å prosjektere og byggje mobilpunktet som ein stasjon for mobilitet.

Mindre mobilpunkt er planlagt i Møllendal og på Møhlenpris. Stønaden i 2016 går til Møllendal som vert etablert fyrst. Punkta omfattar tilrettelegging for biding, sykkelparkering og lading. Fyrste opning finn stad i 2017. På Møhlenpris må ein sjå alle tiltak i samanheng med Bergen kommune sitt vedtak om bilfri bydel og oppfølginga av dette.

Resultatmål: Fysiske tilrettelegging, partnerskap med relevante aktørar og undersøking av intermodal åtferd.

Kostnad og finansiering: Kr. 200 000 frå Klimaplanen.

Kritiske suksessfaktorar: Planløysingar, brukarkommunikasjon.

Start og slutt: Haust 2015 – Haust 2018.

Relevans: Retta mot vegtransporten. Det utgjer høg relevans.

Effektivitet: Effekten kan berre utløysast over fleire ledd. Effektiviteten er difor låg.

Fylkeskommunal styring: Bergen kommune gjennomfører saman med fylkeskommunen. Det sikrer middels styring.

Høg relevans

Låg effektivitet

Middels styring

Tiltak 5.16 Miljødifferensierte bompengar**Ansvar:** Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune

Innhald: Tidsdifferensierte bompengar vart innført for å redusera bilbruken i rushtida i Bergen. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune gikk i tiltaksplanen knytt til belønningsavtalen inn for å bruke prisme mekanismen meir direkte mot bruken av køyretøy med høge NO₂-utslepp – ved hjelp av lågutsleppssooner og eventuelt ved å miljødifferensiera bompengetakstane. Det er samstundes verkemidlar som reduserer CO₂-utslepp.

I grunnlagsdokumentet for Nasjonal transportplan anbefalar transportetatane difor reduserte takstar for nullutsleppsbilar. El- og hydrogenbilar skal vere billigare i bruk enn bensin- og dieselbilar.

Takstnivå for trafikantbetaling må vurderast kontinuerleg i høve til trafikktviklinga og inntektsgrunnlaget. Inntektane frå bomringen går mellom anna til utbygging av kollektivsystemet. Miljørabattar bør kombinerast med takstar som held det naudsynte inntektsgrunnlaget oppe.

Bytransportpolitikken vert utforma innanfor vidareføring av belønningsordninga og forpliktande bymiljøavtalar mellom kommune, fylkeskommune og stat. Klargjering av det juridiske grunnlaget og eventuell utforming skjer i dei framtidige forhandlingane om bymiljøavtalen.

Resultatmål: Innføring av miljødifferensierte bompengar i Bergen.**Kostnad og finansiering:****Kritiske suksessfaktorar:** Politiske prosessar og vedtak.**Start og slutt:** Langsiktig.

Relevans: Retta mot vegtransporten. Det utgjør høg relevans.

Effektivitet: Effekten utløysast gjennom eitt ledd - brukarane reagerer på differensieringa. Det utgjør middels effektivitet.

Fylkeskommunal styring: Bergen kommune gjennomfører tiltaket i samråd med fylkeskommunen. Det sikrar høg styring.

Høg relevans**Middels effektivitet****Høg styring****Tiltak 5.17 Klima- og miljøkrav i utbyggingsprosjekt****Ansvar:** HFK – Bybanen utbygging og HFK – Samferdselsavdeling i samarbeid med Statens vegvesen

Innhald: Med stønad frå tilskotsordninga Klimasats vil ein sjå nærare på miljøkrav i utbyggingsprosjekt i forprosjektet «Grønnere bybaneutbygging». Ein vil leggje eit livssyklusperspektiv til grunn for å identifisere dei mest utsleppsintensive materiala eller arbeidsskritt. Slik kan miljøkrava verte mest mogleg effektive. Vidare vil Samferdselsavdelinga i samarbeid med Statens vegvesen sjå på miljø- og klimabudsjett som eit eget prosjekt.

Resultatmål: Kunnskapsgrunnlag for å setje effektive klima- og miljøkrav i utbyggingsprosjekt.**Kostnad og finansiering:** Drift, tilskot frå Klimasats.**Kritiske suksessfaktorar:** Gjennomføringskapasitet og oppfølging.**Start og slutt:** 2017.

Relevans: Retta mot byggeverskemd. Det utgjør middels relevans.

Effektivitet: Effekten utløysast gjennom eitt ledd – ein må følgje opp og bruke krava systematisk. Det utgjør middels effektivitet.

Fylkeskommunal styring: Fylkeskommunen gjennomfører saman med prosjektpartnerar. Det sikrar høg styring.

Middels relevans**Middels effektivitet****Høg styring**

Tiltak 5.18 Reisevaneundersøking blant Klimapartnerar i Hordaland**Ansvar:** Klimapartner Hordaland**Innhald:** I 2013 og 2015 gjennomførte HFK reisevaneundersøkingar blant tilsette i sentraladministrasjonen og Skyss. For 2017 er det ønske om å gjennomføre tilsvarende verksemdsbaserte reisevaneundersøking for alle einingar i HFK og for alle medlemmar i Klimapartner Hordaland. Klimapartnerne Hordaland har 21 partnerar i Hordaland.**Resultatmål:** Kunnskap om korleis dei tilsette reiser til og frå jobb og kva tiltak som kan påverke reisevanane.**Kostnad og finansiering:** Er finansiert.**Kritiske suksessfaktorar:****Start og slutt:** 2017.**Relevans:** Retta mot vegtrafikken. Det utgjer høg relevans.**Effektivitet:** Effekten utløysast berre gjennom fleire ledd. Det utgjer låg effektivitet.**Fylkeskommunal styring:** Klimapartner Hordaland gjennomfører tiltaket, fylkeskommunen bidreg finansielt og fagleg. Det sikrar middels styring.**Høg relevans****Låg effektivitet****Middels styring****Tiltak 5.19 Tilrettelegging for fornybar tungtransport****Ansvar:** HFK – Klima- og naturressursseksjonen i samarbeid med kommunar og næringsliv**Innhald:** Fylkesutvalet har vedteke å bidra til overgangen til fossilfri og fornybar tungtransport. Fylkeskommunen er i dialog med Bergen kommune om behovet for å leggje til rette for energistasjonar retta mot tyngre køyretøy. Det er vanskeleg å investere i ny infrastruktur før brukarane er på plass. Difor vil ein vurdere korleis offentlege mynde kan hjelpe næringslivet i gang med innfasinga av fornybar framdrift i køyretøya. Det handlar om biodrivstoff, batteri og hydrogen, som til dels treng ny infrastruktur.**Resultatmål:** Mogleighetsstudie.**Kostnad og finansiering:** Finansiert gjennom Bergen kommune og tilskotsordninga Klimasats.**Kritiske suksessfaktorar:****Start og slutt:** 2017 - 2020.**Relevans:** Retta mot vegtrafikken. Det utgjer høg relevans.**Effektivitet:** Effekten utløysast berre gjennom fleire ledd. Det utgjer låg effektivitet.**Fylkeskommunal styring:** Fylkeskommunen samarbeider med kommunar og næringsliv. Det sikrar middels styring.**Høg relevans****Låg effektivitet****Middels styring**

TEMA 6: Næring og teknologi

Frå Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030:

Strategi A: Klimafokus i Regional næringsplan for Hordaland sine tre strategiar:

1. Meir entreprenørskap og innovasjon.
2. Fleire med relevant kompetanse.
3. Velfungerande regionar og attraktive sentre.

Strategi B: Miljøsertifisering og miljøstyring i offentlege og private verksemder

4. Næringsorganisasjonane skal medverke til at medlemmane vert miljøsertifiserte.
5. Miljøsertifisering av alle offentlege verksemder innan 2020.
6. Aktivt fremme klima- og miljøomsyn gjennom offentlege innkjøp.
7. Hordaland fylkeskommune skal utvikle miljøstyringa og bruke varer og tenester med lågast mogleg miljøpåverknad.

Strategi C: Berekraftig bruk av ressursane

8. Minimere restavfall og auke kjeldesortering og gjenbruk.
9. Leggje livssyklusvurderingar til grunn i utvikling av nye produkt.
10. Utnytte lokale naturgitte fortrinn og tilhøve.
11. Satse på berekraftig matproduksjon i Hordaland.

Næringsseksjonen i HFK sine midlar til næringsretta klimatiltak

Innhald: Hordaland Fylkeskommune har ei årleg utlysning om midlar til klimarettatiltak i næringslivet. Ordninga er bransjeovergripande og er open for alle typar næringar. Det er krav om at (1) prosjekta skal vere næringsretta og (2) medverke til å løyse dei globale klimautfordringane. Midlane kan ikkje gå til investeringar eller drift.

Resultatmål: Formålet med denne utlysninga er å stimulere til meir berekraftig næringsutvikling i Hordaland. Hordaland fylkeskommune skal i si prioritering legge vekt på tiltak som har som føremål å utvikle arbeidsplassar og bidra til verdiskaping i fylket.

Kostnad og finansiering: Tilgjengelege midlar til klimarettatiltak næringsprosjekt i 2016 var kr. 3 millionar.

Tiltak 6.1 Klimapartner Hordaland**Ansvar:** Norsk klimastiftelse

Innhald: Klimapartner Hordaland er eit nettverk for private og offentlege verksemder som samarbeider om klimatiltak. Partnerane forpliktar seg til å rapportere årleg på eigne utslepp, gjere tiltak for å redusere utslepp og energibruk, innføre miljøstyring/ miljøsertifisering, delta i felles arrangement med representantar for toppleiinga og utvikle klimavenlege produkt og –tenester. Partnerskapen utarbeider samla årlege klimagassrekneskap i medhald av GHG-protokollen. Dokumentasjonen viser at arbeidet i Klimapartner er effektivt, målretta og leverer konkrete resultat på utsleppsreduksjonar, grøn samfunnsutvikling og grøn næringsutvikling. Klimarekneskap for 2015, presentert på leiarsamling i juni 2016, syner at verksemdene oppnådde ein samla nedgang i utslepp av klimagassar på 9,2 % (marknadsbasert metode), utanom prosessutslepp.

Partnerskapen starta i 2014 og har no 22 partnerar med over 40 000 tilsette. Fleire verksemder er interesserte i å verte med. Opptak og rekruttering av nye partnerar er avhengig av at framtidig drift vert forlenga ut over prosjektperioden som går til 4. juni 2017. Klimapartner bør halde fram som tiltak i klimaplanen for perioden 2017-2020.

Resultatmål: Redusere klimagassutslepp og stimulere til grøn samfunns- og næringsutvikling i Hordaland**Kostnad og finansiering:** Kr. 350 000 frå Klimaplanen i den fornya prosjektperioden. Medlemskontingenten gradert på tal tilsette per verksemd er for HFK kr. 50 000, dette er ein del av tiltak 1.4 «Miljøstyring».**Kritiske suksessfaktorar:** Forankring i leiinga. Gode og stabile ordningar for finansiering og drift.**Start og slutt:** Starta våren 2014 som eit 3-årig prosjekt. Vert vidareført med grunnstønad frå Klimaplanen for tre nye år fram til 2020.**Relevans:** Retta mot fleire sektorar. Det utgjer middels relevans.**Effektivitet:** Effekten utløysast over eitt ledd av deltakarane. Effektiviteten er difor middels.**Fylkeskommunal styring:** Fylkeskommunen deltar sjølv i nettverket og står i fagleg dialog med klimastiftinga. Det sikrar middels styring.

Middels relevans

Middels effektivitet

Middels styring

Tiltak 6.3 Kortreist frukt**Ansvar:** Norsk fruktrådgiving Hardanger**Innhald:** Ei omlegging av kjøtproduksjon basert på grovfôr som har høgt klimagassutslepp til fruktproduksjon som har lågt klimagassutslepp, vil redusere klimagassutsleppet frå landbruket i Hordaland, samstundes som ein held oppe matproduksjonen i fylket.

Dyrksmart har bidratt til auke i epleproduksjonen i Hordaland. Ein ser særleg effekt av gardsbesøk. No vil aktørane ha ei vidareføring av Dyrksmart prosjektet gjennom gardsbesøk der fruktbonden får rådgjeving i eigen frukthage

Resultatmål: Gardsbesøk skal bidra til kunnskapsauke, og auka produksjon og lønsemd til den enkelte fruktbonde. Frukt er kortreist mat med lågt klimagassutslepp.**Kostnad og finansiering:** Finansierte over Klimaplanen 2016.**Kritiske suksessfaktorar:** Pengemangel i innovasjon Norge-systemet kan hindre eller forseinka investeringar i nye fruktplantingar.**Start og slutt:** 2016 – 2017.**Relevans:** Retta mot jordbruk. Det utgjør middels relevans.**Effektivitet:** Effekten kan berre utløysast over fleire ledd. Effektiviteten er difor låg.**Fylkeskommunal styring:** Fylkeskommunen bidreg finansielt saman med fylkesmannen. Styringa er låg.

Middels relevans

Låg effektivitet

Låg styring

Tiltak 6.4 Kortreiste grønnsaker og potetar**Ansvar:** Norsk Landbruksrådgiving Hordaland**Innhald:** Stimulere eksisterande produsentmiljø og trekkje med fleire aktuelle produsentar gjennom rådgjeving innafor dyrkingsteknikk, nettverksbygging, sal og marknadsføring. Byggje relasjonar mellom produsent og kunde, mellom anna gjennom å etablere andelsjordbruk fleire stader.**Resultatmål:** Auke grønsaks- og potetarealet og tal produsentar i Hordaland med 25 %. Styrka kompetanse på og motivasjon for grønsaksdyrking i Hordaland. Grønnsaker er kortreist mat med lågt klimagassutslepp.**Kostnad og finansiering:** 100 000 frå Klimaplanen.**Kritiske suksessfaktorar:** Lite produsentmiljø i dag. Det kan ta tid før «snøballen begynnar å rulle», og før fleire vert motiverte til grønsaks- og potetproduksjon.**Start og slutt:** 2016 – 2017.**Relevans:** Retta mot jordbruk. Det utgjør middels relevans.**Effektivitet:** Effekten kan berre utløysast over fleire ledd. Effektiviteten er difor låg.**Fylkeskommunal styring:** Fylkeskommunen bidreg finansielt. Styringa er låg.

Middels relevans

Låg effektivitet

Låg styring

Klimatilpassing

Frå Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030:

Strategi A: Heilskapleg og langsiktig samfunnsplanlegging

1. Tilpassing til endra klima skal inngå i relevante regionale planar og i alle kommuneplanar.

Strategi B: Kunnskapsutvikling

2. Utvikle Klimaservice i Hordaland til eit brukarstyrt FoU-prosjekt som kan auke kunnskapen i alle delar av fylket
3. Bruke ny kunnskap som grunnlag for betre planar, prosjekt og utbygging i fylket.
4. Bruke ny kunnskap som grunnlag for tiltak mot flaum og skred og for betre arrondering av infrastruktur som vegar, bane, straum- og telenett.

Strategi C: Betre handtering av overvatn

5. Nye utbyggingsområde skal i størst mogleg grad ha ei naturleg handtering av overvatn. Eksisterande naturareal skal nyttast til infiltrering.
6. Handtering av overvatn bør skje lokalt og desentralisert.
7. Metodar for å handtere overvatn i landbruket skal utviklast.

Strategi D: Samarbeid om tilpassing til endra klima

8. Samarbeide om å utvikle felles planar og beste praksis for tilpassing til endra klima.

Retningslinjer for tilpassing til klimaendringar

1. Klimaendringar må inngå som vurderingstema ved rullering av kommunal og regional planstrategi.
2. Tilpassing til klimaendringar må vurderast både i kommuneplanens samfunnsdel og arealdel.
Kommunane skal analysere sårbarheita i kommunen og sette i verk tiltak som bidreg til å gjere kommunen meir førebudd på framtidens klima.
3. Kommunen bør i størst mogleg grad unngå utbygging i aktsemdsområde for flaum og skred.
4. Planlegging av kystnære område må ta omsyn til havnivåstigning og stormflo.
5. Planlegging skal sikre handtering av overvatn, og dimensjonere avlaup m.m. for framtidig auke i nedbør.

Retningslinjene skal leggjast til grunn for regional og kommunal planlegging. Framlegg til planar i strid med retningslinjene gjev grunnlag for motsegn frå regional planmynde (sjå faktaboks om regionale retningslinjer i kapittel 1).

Tiltak 7.1 Klimaservice i Hordaland – HORDAKLIM**Ansvar:** UNI Research Klima i samarbeid med Hordaland fylkeskommune**Innhald:** Hordaland må førebu seg på eit klima i endring. Men sjølv i dei best tilgjengelege klimadata er det svært mange detaljar som ikkje kjem med, særleg i eit fylke som Hordaland med kompleks og variert topografi. Med Uni Research som prosjektleiar skal klimadata nedskaleras og framtidens klima modellerast med føremål å utvikla godt kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i kommunane i Hordaland. FoU-prosjektet Hordaklim starta i 2015, og inneber modellutvikling, produksjon av klimadata og tilrettelegging av desse for kommunikasjon med kommunane. I enkelte område er det sett ut nedbørsmålarar som gir meir detaljerte data, og ein planlegg sedimentprøvar i utvalde vatn for å sjå på historiske flaumar. 6 pilotkommunar deltek i prosjektet: Bergen, Kvam, Osterøy, Kvinnherad, Voss og Odda.**Resultatmål:** Nedskalerte klimadata basert på forskning og kunnskap om lokale tilhøve og effektiv nettverkslæring i temagrupper.**Kostnad og finansiering:** Kr. 267 000 frå Klimaplanen. Stønad frå RFF og frå Tryg Almennyttige Stiftelse, Statens Vegvesen, Miljødirektoratet, Fylkesmannen (skjønsmidlar), i tillegg til eigeninnsats frå UNI Research.**Kritiske suksessfaktorar:****Start og slutt:** 2015 – 2017**Relevans:** Retta mot klimatilpassing i fleire sektorar. Det utgjør høg relevans jf. Klimaplanen.**Effektivitet:** Effekten kan utløysast over eitt ledd. Effektiviteten er difor middels.**Fylkeskommunal styring:** Fylkeskommunen ved Klima- og naturressursseksjonen er representert i styringsgruppa. Finansiering kjem i tillegg frå mellom anna Regionalt forskingsfond. Det sikrar middels styring.**Høg relevans****Middels effektivitet****Middels styring**

Tiltak 7.2 Klimaservice i Hordaland – HORDAPLAN**Ansvar:** UNI Research Rokkansenteret i samarbeid med Hordaland fylkeskommune**Innhald:** «Hordaplan» er eit kvalifiseringsprosjekt som byggjer på prosjektet «Hordaklim». I samarbeid med «Hordaklim»-prosjektet vil «Hordaplan» konkretisere utviklingsbehov og realistiske tiltak for å styrke lokalt klimatilpassingsarbeid. Formålet med «Hordaplan» er å undersøkje kva slags tiltak som kan styrke lokal klimatilpassing ved å følgje klimatilpassingsarbeidet i dei kommunane som deltek i «Hordaklim»-samarbeidet. «Hordaplan ønskjer å analysere barrierar og drivarar i faktiske tilpassingsprosessar der ny kunnskap om lokale klimaendringar blir tekne i bruk. Ein vil i prosjektet arbeide tett opp mot planfagleg ekspertise i kommunane.**Resultatmål:** Undersøkje kva slags tiltak som kan styrke lokal klimatilpassing og finne gode tilnærmingar som kan sikre at kommunane kan nytte seg av det reelt utvida kunnskapsgrunnlaget.**Kostnad og finansiering:** Tilskot frå Regionalt forskingsfond kr. 800 000 og Hordaland fylkeskommune kr. 250 000 over Klimaplanen.**Kritiske suksessfaktorar:****Start og slutt:** 2016 – 2017.**Relevans:** Retta mot klimatilpassing i fleire sektorar. Det utgjør høg relevans jf. Klimaplanen.**Effektivitet:** Effekten kan utløysast over eitt ledd. Effektiviteten er difor middels.**Fylkeskommunal styring:** Fylkeskommunen ved Klima- og naturressursseksjonen er representert i styringsgruppa. Finansiering kjem i tillegg frå mellom anna Regionalt forskingsfond. Det sikrar middels styring.**Middels effektivitet****Middels styring**



Arkivnr: 2016/3905-3
Saksbehandlar: Sunniva Schultze-Florey

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse	105/16	01.12.2016
Fylkesutvalet		08.12.2016
Fylkestinget		13.12.2016

Korreksjon av lokal forskrift felles ordens- og åtferdsreglement

Samandrag

Det er oppdaga ein feil i ordensreglementet, som ein her rettar opp slik at reglementet er i samsvar med gjeldande rett. Brot på ordensreglementet ved ekskursjonar/reiser i regi av skulen kan ikkje føre til heimsending for eigen kostnad.

Forslag til innstilling

Lokal forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement § 4 (7) siste setning vert sletta.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.11.2016

I gjeldande lokale forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement § 4 (7) står det følgjande:

«Alle som deltek på ekskursjonar og reiser i skulen sin regi, skal vise omsorg og respekt for dei andre deltakarane og andre dei møter på reisa. Tidsrommet mellom avreise og heimkomsten er å sjå på som skuletid, og ordensreglementet gjeld. Eleven skal følgje instruksar frå reiseleiarar og skal delta i det oppsette programmet for turen. Brot på ordensreglane ved ekskursjonar/reiser i regi av skulen kan føre til heimsending for eigen kostnad.»

I tolkingsuttalen frå Utdanningsdirektoratet om temaet uttalar dei at

«Skolen kan ikke kreve erstattet utgifter til hjemreise etter bortvisning. Direktoratet kan ikke se at det er adgang til inngå «avtale» om at ordensreglementet skal følges, og/eller ev. kreve erstatning for utgifter i forbindelse med refsingstiltak. Refsingstiltak etter brudd på ordensreglementet er et tiltak som er en del av opplæringen, og det ville være i strid med retten til gratis grunnskoleopplæring å belaste elevene eller foresatte for utgifter i forbindelse med slike tiltak. Skolen kan således i enkelte tilfeller kreve erstattet en skade på skolens eiendom som ble gjort under en skoletur, men skolen kan ikke kreve erstattet utgifter til hjemreise etter bortvisning. Det er en stor forskjell prinsipielt på erstatning av skade, siden det da er erstatningen som er straffen eleven får og erstatning for utgifter knyttet til straffetiltaket skolen har ilagt eleven.» Heile tolkingsuttalelsen finn de her: <http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Laringsmiljo/Saksbehandling-og-betaling-av-skoletur-og-hjemsending/>

Gjeldande ordens- og åtferdsreglement er dimed ikkje i tråd med gjeldande rett og må korrigerast. Fylkesdirektør opplæring gjer framlegg om at setninga vert sletta.



Arkivnr: 2015/7064-47

Saksbehandlar: Marit Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		01.12.2016
Utval for opplæring og helse	106/16	01.12.2016
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		06.12.2016
Fylkesutvalet		08.12.2016
Fylkestinget		13.12.2016

Regional planstrategi 2016-2020 - Utviklingsplan for Hordaland - vedtak

Samandrag

Regional planstrategi er ein overordna utviklingsplan for fylket. Planarbeidet er obligatorisk og heimla i Plan- og bygningslova § 7-1 Strategien skal utarbeidast kvart fjerde år av fylkestinget etter valet og vedtakast innan eitt år etter konstituering.

Forslag til regional planstrategi 2016-2020 er utarbeidd i ein omfattande prosess med medverknad frå Hordalandssamfunnet. Høyringsforslaget blei vedtatt av fylkesutvalet 19.mai 2016 og sendt på høyring og offentleg ettersyn 1.06.2016 med frist 15.09.2016.

Strategien har fylgjande langsiktige mål og hovudmål:

Langsiktig mål:

Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande

Hordaland skal ha:

- Høg sysselsetjing
- Eit inkluderande samfunn
- Ei klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

Det kom inn 34 høyringsfråsegner. I høyringsrapporten som er vedlagt denne saka er innspela samla og kommentert. Det er generelt gode tilbakemeldingar til planprosessen og oppslutning om langsiktige mål og hovudmål samt strategiar. Dei viktigast endringsforslag som ikkje blir tilrådd er omformulering av mål til å understreka at det skal vera attraktivt i heile fylket og satsing på lokalsenter i tillegg til regionsenter. Formuleringa i strategien inneber ei prioritering i perioden av regionsenter som vil gagne heile fylket på sikt. Det er fleire ynskje om presiseringar og utdjujingar av omtalen av utviklingsretning og dei fleste vil bli fylgt opp med endring av teksten.

Forslaget om å begrensa talet på planar og leggja større vekt på gjennomføring får tilslutning og det er fleire konstruktive innspel til det vidare planarbeidet. På den andre sida er det også fremja forslag om to nye planar: Kvalitet i utdanning er eit tema som er viktig, men fylkesrådmannen tilrår at det i første omgang blir gjort ein gjennomgang av status for arbeid for dette tema. Plan for Grøn konkurransekraft er også

interessant, men vil bli viktig del av revisjon av regional næringsplan. Sunnhordlandsplanen blir foreslått oppretthalden, men er eller vil bli erstatta av andre regionale planar og bør utfasast.

Fylkesutvalet har også i ettertid foreslått at regional plan for små vasskraftanlegg likevel blir revidert i denne tingperioden. Fylkesrådmannen vil vera varsam med å tilrå oppstart av revisjon av fleire planar no. Men det er ein fordel om kunnskapsgrunnlaget og metodikken for småkraftplanen og regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar blir handtert parallelt. Fylkesrådmannen tar derfor inn denne planen i strategien, men med oppstart først etter vedtak av andre sentrale arealretta planar.

Høyringsrunden viste også at det er oppslutning om å styrke fylkeskommunens rolle som samfunnsutviklar og regional planlegging som del av dette. Næringsalliansen uttaler at ein ny Vestlandsregion må få meire makt. Regjeringa meiner handlingsrommet i regional planlegging bør utnyttast betre og vil utprøva å knyta fleire virkemiddel til gjennomføring av plan. Fylkesrådmannen er i gang med å utvikla eit styringssystem for overordna strategisk planlegging i form av retningsliner for regional planlegging om prosess, innhald og iverksetjing i fylkeskommunen. Fylkesrådmannen legg nokre premisser for dette arbeidet fram for vedtak i fylkestinget i denne saka. Fylkesrådmannen tilrår eit klårare ansvar også for politiske organ for utarbeiding, oppfølging og rapportering om framdrift av regionale planar. I oversikten over planar er kvar plan knytt til eit utval ut i frå dagens situasjon. Det er opp til fylkestinget om ein vil endre dette.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkesting vedtar i medhald av plan- og bygningsloven § 7-1 Regional planstrategi 2016-2020 – Utviklingsplan for Hordaland slik som går fram av vedlegg 1 til denne saka.
2. Framdriftsplan og føringar for regional planlegging kan justerast i pakt med vedtak som blir fatta om Vestlandsregionen regionalt og nasjonalt.
3. Fylkesutvalet skal ha årleg melding om framdrift i arbeidet med gjennomføring av Regional planstrategi 2016-2020. Nøkkeltal om utviklingstrekk skal oppdaterast laupande og vera grunnlag for å vurdere status for berekraftig utvikling.
4. Regional planlegging skal vera ein viktig reiskap for regional samfunnsutvikling. Regional planlegging skal vera del av eit overordna styringssystem med felles retningsliner for prosess, innhald og iverksetjing i tråd med gjeldande delegasjonsreglement. Følgjande prinsipp skal leggjast til grunn:
 - Fylkestinget skal vedta to plantypar:
Regionale planar i medhald av plan- og bygningslova
Temaplanar i medhald av sektorlov eller kommunelov
 - Planperioden skal normalt vera 12 år for plan og 4 år for handlingsprogram til plan.
 - Fylkesutvalet skal ha overordna ansvar for planarbeid i fylkeskommunen
 - Planarbeid skal leiast av politiske organ i fylkeskommunen
 - Planarbeid skal ha stor grad av ekstern medverknad og kommunane skal ha brei representasjon i arealretta planar.
 - Planar skal ha ein gjennomgåande felles struktur der mål og handlingsprogram er obligatoriske element.
 - Effektiv iverksetjing av regionale planar skal sikrast gjennom synleg prioritering i interne strategiar, budsjett og rapporteringssystem.
 - Framdrift i arbeidet og iverksetjing skal rapporterast årleg til det utvalet som har fått ansvar for å fylgja iverksetjinga i regional planstrategi.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å konkretisera desse overordna føringane og leggja utfyllande retningsliner fram for fylkesutvalet i eiga sak etter vedtak av planstrategien

5. Fylkeskommunen vil i perioden 2016-2020 ha følgjande planar under arbeid. Ansvar for framdrift i

arbeidet er lagt til det utvalet som går fram av tabellen.

Namn	Ny	Revisjon	Utval
MÅL: Høg sysselsetjing			
Regional næringsplan		X	Fylkesutvalet
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	X		Fylkesutvalet
MÅL: Klima- og miljøvenleg utvikling			
Regional transportplan		X	Miljø og samferdsel
Regional plan for godshamn i Bergensområdet	X		Miljø og samferdsel
Regional klima- og energiplan		X	Fylkesutvalet
Regional plan for vassregion Hordaland		X	Fylkesutvalet
Regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar	X		Kultur, idrett og regional utvikling
Regional plan for kraftutbygging		X	Kultur, idrett og regional utvikling
Regional plan for Hardangervidda		X	Fylkesutvalet
Regional plan for areal og transport i Bergensområdet	X		Fylkesutvalet
Regional kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	X		Fylkesutvalet

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Utviklingsplan for Hordaland – Regional planstrategi 2016-2020
 Høyringsrapport – regional planstrategi 2016-2020

Fylkesrådmannen, 30.09.2016

1. Bakgrunn

Høyringsforslag for regional planstrategi blei vedtatt av fylkesutvalet 19.mai 2016 og sendt på høyring med frist 15.september 2016. Høyringsforslaget er revidert som fylgje av høyringsinnspel. Regional planstrategi 2016-2020 - Utviklingsplan for Hordaland blir no lagt fram for fylkestinget for endeleg vedtak. Kommunal- og moderniseringsdepartementet skal godkjenna strategien.

Regional planstrategi er ein overordna utviklingsplan for fylket. Planarbeidet er obligatorisk og heimla i Plan- og bygningslova § 7-1.Strategien skal utarbeidast kvart fjerde år av fylkestinget etter valet og vedtakast innan eitt år etter konstituering.

Hordaland fylkeskommunen har ei sentral leiarrolle i samfunnsutviklinga i fylket. Regional planlegging er ein reiskap for å fylla den rolla. I forslag til Regional planstrategi 2016 -2020 stakar fylkestinget ut kursen for Hordaland dei næraste åra. Strategien byggjer på ei mobilisering av sentrale samfunnsaktørar i Hordaland; stat, kommune, verksemdar og organisasjonar gjennom ulike møteplassar og samråd. I denne planstrategien er det lagt vekt på å utvikle felles mål. Ved å sameinast om utfordringar, mål og strategiar vil Hordaland kunne oppnå større resultat gjennom synergieffektar og betre ressursutnytting.

Fylkeskommunen, statlege organ og kommunar skal leggje den regionale planstrategien til grunn for det vidare planarbeidet i regionen. Såleis blir planstrategien ein felles plan for utvikling av Hordalandssamfunnet.

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd fylgjande grunnlagsdokument for arbeidet med strategien:

- Utfordringar for Hordaland - samling av innspel til strategiprosessen
- Utviklingstrekk i Hordaland - AUD-rapport nr. 2 -16
- Folkehelsa i Hordaland 2015 - ei kunnskapsoversikt

Alle dokumenta er tilgjengeleg her: www.hordaland.no/regionalplanstrategi

Organisering og medverknad

Strategien er utarbeidd i samarbeid med viktige samfunnsaktørar i fylket. Arbeidet har vore organisert slik:

Styringsgruppe har vore fylkesutvalet. Styringsgruppa starta opp arbeidet i november 2015 og vedtok høyringsforslaget 19.mai 2016.

Samrådsgruppe blei oppretta av fylkesutvalet ved oppstart. Gruppa var samansett slik:

- Anne Gine Hestetun, fylkesordfører, leiar
- Mona Røsvik Strømme, medlem og gruppeleiar fylkesutvalet
- Emil Gadolin, leiar utval for opplæring og helse
- Beate Husa, leiar utval for kultur, idrett og regional utvikling
- Nils Bjørke, leiar utval for miljø og samferdsel
- Rune Fjeld, assisterande fylkesmann, Fylkesmannen i Hordaland
- Odd Harald Hovland, ordfører Bømlo kommune, representant for Sunnhordland
- Karstein Totland, ordfører Masfjorden kommune, representant for Nordhordland
- Jostein Ljones, ordfører Kvam kommune, representant for Hardanger
- Børge Haugetun, ordfører Øygarden kommune, representant for kommunane i Vest
- Atle Kvåle, ordfører Fusa kommune, representant for kommunane rundt Bergen
- Harald Schjelderup, byrådsleiar i Bergen, representant for Bergen kommune

Strategien er utvikla i eit breitt samarbeid som i tid har strekt seg frå september 2015 til april 2016 ' Ungdommens fylkesting i Hordaland har gjennomført ei spørjeundersøking med ein digital framtidswerkstad som har vore eit sentralt innspel til planarbeidet.

Medverknad frå kommunane er vektlagt i prosessen heilt frå førebuingsarbeidet. Medverknaden har vore både administrativ og politisk. Kunnskapsgrunnlag og utfordringsdokument er formidla til kommunane med sikte på samordning i høve til kommunale planstrategiar. Fylkeskommunen har sendt eige brev om synspunkt frå fylkeskommunen til kommunale planstrategiar. Kommunane har vore prioritert både i samrådsgruppa og i høve til utvida samråd i fylkestinget. Grunnlaget for stor grad av felles oppfatningar og felles mål for Hordaland bør derfor vera lagt.

For nærare informasjon om prosessen vert det vist til sak i fylkesutvalet 19.mai 2016 og til innleiinga til planstrategien.

Arbeidet med å utvikla ein verksemdstrategi for fylkeskommunen har gått parallelt med planstrategiarbeidet. Verksemdstrategien er eit viktig bidrag inn i regional planstrategi og denne vil, når regional planstrategi er vedtatt, bli justert dersom det er naudsynt.

2. Resultat av høyringa med tilrådingar

Høyringsforslaget blei vedtatt av fylkesutvalet 19.mai 2016 og sendt på høyring og offentleg ettersyn 1.06.2016 med frist 15.09.2016. Høyringsforslaget blei også lagt ut på nettsidene til fylkeskommunen kor det blei oppmoda til innspel.

Det kom inn 34 fråsegner 15 frå kommunale organ, 12 frå statlege organ og 7 frå organisasjonar og verksemdar.

Det generelle inntrykket frå høyringsrunden er oppslutning om fylkeskommunens ambisjonar om å vera ein pådrivar for utvikling av fylket i samspel med Hordalandssamfunnet. Prosessen som førte fram til strategiforslaget blir karakterisert som god og organiseringa i ei samrådsgruppa fungerte veldig bra. Fleire ytrar ynskje om å bidra aktivt i gjennomføringa av strategien.

Omtalen av utviklingstrekk og utfordringar har fått god tilbakemelding. Samsvaret med kommunane og næringslivet sin oppfatning er god. Folkehelseperspektivet som grunnleggjande for utvikling av strategien får positiv tilbakemelding. Folketalsprognosane er det ulik oppfatning om, og Bergen kommune viser til særleg stort sprik.

Sjølve framstillinga og forma på strategien får også god tilbakemelding.

I det fylgjande vil innspela til kvart kapittel i strategien omtalast og kommenterast forløpande.

Kap 1. Langsiktig mål for Hordaland - høyringsresultat

Langsiktig mål:

Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande

Hovudmål :

Hordaland skal ha:

- Høg sysselsetjing
- Eit inkluderande samfunn
- Ei klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

Høyringsresultat:

Ei rekke høyringsorgan stiller seg positiv til både langsiktig mål og hovudmål for fireårsperioden. Det er godt samsvar med kommunane sine hovudmål. Måla er gode og inspirerande.

Kommunane Austrheim, Masfjorden og Kvam ynskjer å få fram at det i hovudmålet bør presiserast at det er attraktivt å bu, arbeida og leva i heile fylket. Formuleringa heile fylket kan tolkast om ein ynskjer å tilretteleggja for vekst i heile fylket noko som kan stå i motstrid til å unngå bilbasert utvikling og styrking av sentrumsfunksjonane. Regional plan for attraktive senter legg til rette for desentralisert senterstruktur som vil styrka utviklinga i heile fylket. Det blir ikkje tilrådd å endre formuleringa.

Funksjonshemmedes fellesorganisasjon påpeikar at universell utforming må leggast inn som grunnleggjande prinsipp. Krav til universell utforming fylgjer i dag nasjonalt regelverk. I planstrategien er dette særleg vektlagt i samband med offentlege rom og bygningar i sentrum av regionsenter. Dette er ei bevisst prioritering for å satsa koordinert og målretta i dei viktigaste sentrumsområda. Det forhindrar ikkje at universell utforming må liggja til grunn i all planlegging og utbygging. Det samsvarar også med folkehelseperspektivet og eit inkluderande samfunn.

Forum for natur og friluftsliv meiner folkehelseperspektivet må framhevast som eit eige hovudmål. Folkehelseperspektivet er lagt til grunn for planstrategien og gjennomsyrrer strategiar, utviklingsretning og planarbeid. Folkehelse grip inn i alle samfunnsområde og er tent med å vera integrert i hovudmål og strategiar slik som i forslaget.

Forum for natur og friluftsliv ynskjer ein klårare definisjon av omgrepet berekraftig utvikling. I sitt innspel er det lagt vekt på ein definisjon utarbeidd av organisasjonen «Det naturlege steget» inspirert av svenske konkretiseringar. Strategien inneheld ei kort utdjuing av omgrepet med særleg vekt på balansen mellom ulike samfunnsområde. Ytterlegare avgrensing er interessant, men ligg utanfor kapasiteten til planarbeidet i denne omgang. Rapporten om utviklingstrekk er bygd opp rundt berekraftomgrepet og neste utgåve av denne kan drøfte omgrepet meir utfyllande.

Kap 2. Hovudmål med strategiar, utviklingsretning og planbehov

2.1 Høg sysselsetjing

Strategiar:

1. Auke nyetablering og framtidretta verdiskaping i næringslivet
2. Betre samhandlinga innan utdanningssektoren og mellom utdanningssektoren og regionalt arbeidsliv
3. Auke forskning som verktøy for marknadsretta innovasjonar i arbeids- og næringsliv

Utfordringar og utviklingsretning

- Utnytta kompetansen i oljesektoren
- Ta i bruk ny teknologi
- Grøn konkurransekraft
- Miljøvenleg transport

- Betra samspelet innan utdanningssektoren og mellom utdanning og arbeidsliv
- Frå ressursøkonomi til kunnskapsøkonomi
- Marknadsretta forskning

Regionale planar og sektorplanar – nye, revisjon og vidareføring

- Revisjon av regional næringsplan
- Regional plan for utdanning og arbeidskraft
- Revisjon av forskingsstrategi for Hordaland

Høyringsinnspel:

Det er stor oppslutning om at tema sysselsetjing er viktig i fire års perioden og at revisjon av regional næringsplan bør prioriterast. Fleire påpeikar at dette må handle om å skape lønsame arbeidsplassar i privat sektor. Men offentlege kompetansearbeidsplassar blir også nemnt. Dette blir fylgt opp i endring av strategien.

Arbeidsplassen som integreringsarena for flyktningar blir framheva av fleire og det er trong for å synleggjera dette i strategien.

Det blir peikt på trongen for å spesifisera bestemte næringar som viktige, som framtidsretta og som miljøvenlege; døme er reiseliv, kultur, marin og maritim sektor, energi og mineralnæring. Det grøne skiftet bør konkretiserast er eit anna innspel. Dette er spørsmål som må handterast i regional næringsplan innafor den overordna langsiktige måla og strategiane i planstrategien. Det krev eit meir omfattande analysearbeid enn det som kan gjennomførast i denne omgang.

Plan for kompetanse og arbeidskraft blir framheva som viktig av fleire høyringspartar mellom anna Helse Vest.

Kap 2.2 Eit inkluderande samfunn

Strategiar:

1. Betre trivsel og kvalitet i grunnskule og vidaregåande skule for å auke gjennomføringa
2. Styrke inkludering gjennom frivillige organisasjonar i nærmiljø
3. Utvikle meir attraktive og funksjonelle regionale senter

Utfordringar og utviklingsretning

- Aktive hordalendingar
- Gjennomført vidaregåande opplæring
- Meir kontakt og betre nettverk
- Utvikle møteplassar i lokalmiljø

Regionale planar og sektorplanar - nye, revisjon og vidareføring

- Prosjekt og tiltak for kvalitet i oppvekst
- Handlingsplan for inkludering, likestilling og likeverd
- Gjennomføring av regional plan for folkehelse
- Gjennomføring av regional plan for kultur
- Gjennomføring av regional plan for attraktive senter

Høyringsinnspel:

Høyringa viser at det er viktig å ha fokus på kvalitet i utdanninga. Fjell kommune meiner dette feltet krev ein eigen plan og etterlyser dette. Det er eit tydeleg behov for å styrke den samla innsatsen på dette feltet. Samstundes er det trong for å kartlegge meir kva som er status for kvalitetsarbeidet og oppsumera det arbeidet som alt er i gang. Strategiperioden kan nyttast til eit forprosjekt som kan munne ut konklusjonar på kva som er dei rette grepa vidare også med omsyn til plan.

Fleire høyringsorgan sluttar seg til at det er fokus på frivillige organisasjonar og nærmiljø når det gjeld å byggje eit inkluderande samfunn. Men det blir også frå nokre etterlyst satsing på profesjonelle kulturarbeidarar. Dette er ei prioritering som er gjort i strategien for å understreka sivilsamfunnets rolle, men i praksis kan samarbeid mellom profesjonelle og frivillige organisasjonar vera ei god løysing.

Sysselsetjing og arbeid blir trekt fram som ein føresetnad for inkludering. Dette blir handtert også under sysselsetjingskapittelet og vil bli framheva sterkare.

Fleire er kritisk til at strategien har fokus på regionsenter og ynskjer lokalsenter nemnt. Sentralisering er ein ulempe for mange distriktskommunar blir det framheva. Dette har også vore ei bevisst prioritering for ei koordinert ressursutnytting. Det forhindrar ikkje at kommunar har fokus på andre senter, men den felles satsinga strategiperioden vil gjelda regionsenter og formuleringa blir oppretthalden.

Nærturområde blir påpeikt som svært godt inkluderingsiltak og betydningen av grøntstruktur bør framhevast sterkare. Gode senter vil måtta ta omsyn til grøntstruktur og nærturområde. Dette vil bli understreka i strategien.

Kollektivtransport, sykkel og gange som ledd i senterutvikling bør understrekast sterkare blir det uttalt. Dette vil bli framheva i strategien.

Kap 2.3 Klima- og miljøvenleg utvikling

Strategiar:

1. Redusera klimagassutslepp og anna luftforureining frå transportsektoren og energiforsyning i bygningar
2. Styrke samordning av areal- og transportplanlegging i Bergensområdet
3. Tydelegare planstyrt og meir langsiktig og balansert forvaltning av areal, natur- og kulturminneressursar

Utfordringar og utviklingsretning

- Mindre klimagassutslepp og luftforureining

- Redusera transportbehovet
- Styrke konkurransekrafta til miljøvenlege transportformer
- Oppretthalde høgt biologisk mangfald
- Vern om regionale og nasjonale landskap og kulturmiljø
- Styrka jordvern
- Sikring av regionale friluftsområde
- Planstyrt areal- og naturressursforvaltning

Regionale planar og sektorplanar – nye, revisjon og vidareføring

- Revisjon av regional klima- og energiplan
- Vedtak av regional plan for areal og transport i Bergensområdet
- Ny regional plan for knutepunkt for godshamn
- Revisjon av regional transportplan
- Ny regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar
- Revisjon av regional plan for Hardangervidda
- Revisjon av regional plan for vassregion Hordaland

Høyringsinnspel:

Tema klima- og miljøvenleg utvikling er det mange høyringsorgan som har innspel til og dei fleste gir sin tilslutning til mål og planane som er foreslått.

Forum for natur og miljø foreslår at tema byter namn til berekraftig samfunn som spelar på lag med naturen. Berekraftomgrepet er vidt og derfor berre nytta i samband med langsiktig mål og heilskapleg planlegging. Dette tema er spissa mot dei viktigaste utfordringane innan klima- og miljø og overskrifta blir oppretthalden.

Klimautfordringa er nemnt i fleire samanhengar. Det blir etterlyst oppdatert status for utslepp og konkrete mål for reduksjon. Dette vil vera innspel til revisjon av klimaplanen.

Tema samfunnstryggleik og beredskap blir etterlyst av fleire kommunar. Tema er relevant for alt planarbeid og strategien vil understreka dette som eit premiss for all planlegging.

Vedtak av regional areal- og transportplan for Bergensområdet blir etterlyst. På grunn av skifte av fylkesting og kommunestyre vil dette arbeidet ta noko lengre tid enn planlagt og slutthandsaming er no stipulert til juni 2017.

Mange av innspela kan adresserast til regional transportplan der arbeidet alt er starta. Døme på dette er konkretisering av nullvekstområdet for personbiltransport, høgare ambisjonsnivå for redusert biltransport, større vekt på sykkel og gange, meir vekt på sjøtransport og hamner, satsing på utvikling langs jernbanen Bergen-Voss, bruk av intelligente transportsystem (ITS) basert på datateknologi. Innspela vil bli innarbeidd i planstrategien, men må konkretiserast i transportplanen.

Regional plan for godshamn avventar regjeringa sitt vedtak i samband med KVV for logistikk-knutepunkt. Fjell og Sund kommunar meiner planen ikkje er naudsynt dersom tema er lokalisering. Det er fortsatt grunn til å venta på regjeringa sin konklusjon, og deretter ta stilling til om planarbeidet skal fortsetja som den regionale planen som alt er starta.

Ny regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar får brei oppslutning. Det blir uttalt at planen bør omhandla både land og sjøareal. Behovet for sjøvern blir påpeikt av fiskarlaget. Meland kommune meiner planen berre bør omfatta kulturminne som er fylkeskommunens ansvarsområde. Regionale planar skal sjå forhold i heilskap, vera samordnande og omfatta fleire forvaltningsnivå. Det er ikkje aktuelt å snevra planarbeidet inn til berre å omfatta kulturminne.

Forum for natur og miljø foreslår ein eigen plan for grøn konkurransekraft. Miljømål skal i prinsippet integrerast i alle sektorar si verksemd. Det blir derfor viktig å formidla satsinga på grøn konkurransekraft inn mot revisjon av regional næringsplan.

Kap 2.4 Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

Strategiar:

1. Utvikle ein framtidsretta folkevald region
2. Styrke gjennomslagskraft i Europa
3. Styrke regionale transportsamband og digital infrastruktur

Utfordringar og utviklingsretning

- Reform som styrker Vestlandet
- Fremja felles interesser
- Internasjonal samhandling gjennom regionane
- Gode regionale transportsamband
- Moderne digital infrastruktur

Regionale planar og sektorplanar – nye, revisjon og vidareføring

- Nytt pilotprosjekt om Vestlandsregion
- Felles strategiar
- Analyse av behovet for digital infrastruktur på Vestlandet

Høyringsinnspel:

Fleire høyringsorgan har uttalt seg positivt til satsinga på samarbeid i ein Vestlandsregion. Utviklinga går fort og tema må oppdaterast. Kommunane ber om å bli trekt inn i arbeidet. Kultur, samferdsel og digital infrastruktur og næringsutvikling blir støtta som viktige fokusområde.

Frå Næringsalliansen blir det spesielt framheva at ein Vestlandsregion må få meir makt enn dagens fylkeskommunar. Øygarden kommune påpeikar ein interesse motsetnad mellom kommune og fylkeskommune og ber om at nærleiksprinsippet må definerast nærare. Dette vil bli fylgt opp.

Kap 3 Regional planlegging 2016-2020

Kapittelet inneheld ei kort orientering om regional planlegging, gir nokre overordna føringar for plansystemet i fylkeskommunen og skisserer moglege retningslinjer for regional planlegging. Til slutt blir det gitt eit oversyn over dei regionale planane som det skal arbeidast med i perioden.

Høyringsinnspel:

Fleire høyringsorgan stør intensjonen om å ikkje starta mange nye planar og slå saman planar. Auka vekt på gjennomføring får tilslutning. Kommune- og regionreform blir også nemnt som grunngeving.

Fleire viser interesse for å delta i vidare planarbeid. Det blir påpeikt frå kommunane at ein ynskjer eit reelt samarbeid, ikkje berre samråd. Det vil i planstrategien bli lagt stor vekt på kommunane som samarbeidspart i planprosessane. Det må derfor skreddarsyast samarbeidsorgan for kvar plan som gjer at dei som blir råka får ein relevant posisjon i planprosessen. For arealretta planar er det særleg viktig med omfattande samarbeid med kommunane.

På den andre sida vil det kunne vera ulike interesser i eit spørsmål når ein ser det frå kommunalt nivå og regionalt. Det er uttalt frå regjeringa at fylkeskommunen må ha ei sterkare rolle i overordna arealplanlegging for å løysa dei utfordringane ein står framfor. Skal fylkeskommunen klara å oppfylle desse krava må planprosessar og plangjennomføring byggja på ein aksept av denne rolla. Gjennom regional planlegging kan ein oppnå meir effektive og føreseielege planprosessar på kommunalt nivå, noko alle er tent med.

Fleire ber om at regional planstrategi ligg føre når arbeidet med den kommunale planstrategien startar opp. Kommunal og regional planstrategi er i utgangspunktet parallelle prosessar i tid. Men det er føremålstenleg å starte arbeidet med utviklingstrekk og folkehelsestatus så tidleg at det kan leggast fram alt ved konstituering av fylkestinget og formidlast til kommunane. Arbeidet med utfordringar kan og liggja i forkant. Sjølve planstrategien bør koma så tidleg som råd og vil ofte vera i forkant av kommunane sidan det er krav om høyring av regional planstrategi. Men strategien må eigast av det nyvalde fylkestinget. Uansett vil eit godt samspel med kommunane vera naudsynt og skjer også i form av ei rekkje andre tiltak.

Nokre høyringsorgan stiller spørsmål ved at ein regional plan kan overstyra ein annan til dømes regional plan for attraktive senter og skulebruksplanen. I planstrategien vil det bli nærare forklart korleis planar påverkar kvarandre. Ein regional plan etter plan- og bygningsslova vil vera overordna ein temaplan.

3. Fylkesrådmannens vurderingar

Regional planlegging og regionreforma

I regjeringa si stortingsmelding 22 (2015-2016) om Nye folkevalde regionar – roller, struktur og oppgåver blir regional planlegging peikt på som eit svært sentralt ansvarsområde for fylkeskommunen. Det blir uttalt at fylkeskommunen i dag ikkje utnyttar dette verkemiddelet fullt ut. Det er særleg trong for å styrke fylkeskommunens rolle innan arealplanlegging. Regjeringa vil vurdere utviklingsavtalar som eit eigna verkemiddel for å betra gjennomføringa av planane. Stortingmeldinga uttrykker at det er trong for å styrke lovverket på dette området. Ei slik styrking vil vera påverka av om fylkeskommunane nyttar dagens handlingsrom godt og om fylkeskommunane vil få eit utvida ansvar som fylgje av større geografisk nedslagsområde. Fylkesrådmannen meiner ein fylgje av den nasjonale politikken på dette området er å leggja auka vekt på regional planlegging også i Hordaland.

Endringar i strategien som fylgje av høyringa

Som det går fram av gjennomgangen over er det tilrådd nokre endringar i planstrategien. Ingen av endringane omfattar langsiktige mål, hovudmål eller strategiar. Justeringane gjeld først og fremst omtalen av utviklingsretning og presisering og utdjuping av denne. I tillegg må det gjerast nokre endringar i forslag til planoppgåver som fylgje av innspel frå fylkesutvalet, endra framdriftsplan og tilhøvet til regionreforma. Dette vil bli nærare omtalt under forslag til planoppgåver. Nokre innspel som gjeld plansystemet blir klårgjort i del 4 om styringssystem i denne saka.

Vestlandsregionen og planoppgåvene

Eit spørsmål som har kome fram er tilhøvet til regionprosessen og om det er rett å starta planarbeid no som ikkje kan avsluttast før 2020 eller som kan ha nytte av eit tettare samarbeid med nabofylke for å arbeida mot felles mål. Spørsmålet om regionreform vil bli handsama i fylkestinga samtidig med planstrategi. Frå sentralt hald vil spørsmålet handsamast våren 2017. Først då blir det klårt kva fylke som kan bli slått saman. Dette kan påverka både oppstart og revisjon av planar. Løysinga på dette kan vera at ein reviderer

framdrifta og geografisk omfang av planar i planstrategien etter at regionreforma blir vedtatt. Dette kan gjerast i samband med årleg melding om iverksetjing av planstrategien til fylkesutvalet. Det må også vurderast ved oppstart av kvart planarbeid. Det er derfor ikkje no gjort endringar i planstrategien på bakgrunn av framtidig etableringa av ein vestlandsregion.

Regional plan for små vasskraftanlegg - revisjon

Fylkesutvalet har i sak 178/16 bedt om revisjon av planen for små vasskraftanlegg. Denne revisjonen var ikkje foreslått i høyringsforslaget. Revisjonsbehovet for tema vindkraft er påpeika i fylkestinget i samband med vedtak av klimaplanen i juni 2014.

I strategiforslaget er det foreslått ein regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar som omfattar både sjø og landareal. Desse to planane byggjer på det same kunnskapsgrunnlaget om arealverdiar og det er ein fordel om desse planane blir utarbeidd parallelt. Arbeidet med å styrke og formidle kunnskapsgrunnlaget kan starte raskt og koma i forkant av sjølv planarbeidet. Sjølv planarbeidet bør koma etter slutthandsaming av regional plan for areal og transport i Bergensområdet og regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Planen bør omhandla både ein revisjon av småkraftplanen og vindkraftplanen og andre relevante energikjelder, samt kraftleidningar og nettutbygging.

Planoppgåver 2016-2020

Det er oppslutning om å begrensa talet på planar og leggja større vekt på gjennomføring. Oversynet over planar er justert i høve til oppdatert framdrift. I strategiperioden vil det bli arbeidd med fylgjande regionale planar i medhald av plan- og bygningslova.

Namn	Ny	Revisjon	Utval	Organisasjon	Merknad
Regional næringsplan		X	FUV	Regional	
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	X		FUV	Regional/Oplæring	Planprogram vedtatt og planarbeid i gang
Regional transportplan		X	MISA	Samferdsel	Planprogram vedtatt og planarbeid i gang
Regional plan for godshamn i Bergensområdet	X		MISA	Samferdsel	Planprogram vedtatt – ventar på regjeringa si handsaming av KVVU
Regional klima- og energiplan		X	FUV	Regional	
Regional plan for vassregion Hordaland		X	FUV	Regional	Statleg pålagt revisjon
Regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar	X		KIRU	Regional	Vedtatt i førre strategi.
Regional plan for kraftutbygging		X	KIRU	Regional	
Regional plan for Hardangervidda		X	FUV	Regional	Tilrådd oppstart i alle fylke, enkel revisjon
Regional plan for areal og transport i Bergensområdet	X		FUV	Regional	Forventa vedtak vår 2017
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og	X		FUV	Regional	Forventa vedtak vår 2017

ytre Hardanger					
----------------	--	--	--	--	--

I tillegg til desse planane kjem temaplanar som skal utarbeidast i tråd med oversikt i Regional planstrategi.

4. Styringssystem og retningslinjer for regional planlegging

Behovet for å styrke regional planlegging kjem fram i ulike nasjonale vedtak mellom anna i samband med vurdering av fylkeskommunens rolle i regionreforma. Men også i interne rapportar i tilknytning til arbeidet med Førebudd på framtida, oppgåvegjennomgang og i internt strategiarbeidet kjem det fram trong for å styrke regional planlegging som ledd i å ta ei meir aktiv rolle i samfunnsutviklingsarbeidet. Eit styringssystem for strategisk planlegging skal omfatta retningslinjer for regional planlegging som sikrar kvalitet og effektivitet. Fylkesrådmannen har derfor sett nærare på forhold ved prosessar, innhald og iverksetjing som kan medverke til å utvikle eit meir tenleg planleggssystemet. Nokre delar av eit slikt styringssystem er knytt til politiske organ og politiske føringar. I denne saka blir det gjort nokre overordna vurderingar i høve til desse retningslinjene som krev politisk tilslutning.

4.1 Plantypar og plansystem

Hordaland fylkeskommune er regional planmyndigheit. Fylkestinget er planmynde og kan delegere delar av arbeidet til andre politiske organ i fylkeskommunen, men ikkje vedtak av planstrategi, regional plan og temaplan. Styringssystemet byggjer på gjeldande delegasjonsreglement vedtatt av fylkestinget. Fylkestinget vil handsame nytt delegasjonsreglement i same ting som regional planstrategi. Nokre vurderingar i denne saka kan bli påverka av fylkestingets vedtak.

Omgrepet plan nyttast i mange samanhengar. Det er behov for å klargjera ulike plantypar som del av det politiske styringssystemet.

Regional planstrategi

Regional planstrategi er ein obligatorisk plan heima i plan- og bygningslova § 7-1 og skal vedtas av fylkestinget kvart fjerde år. Strategien er ein overordna plan som alle andre planar som vedtas av fylkestinget skal leggja til grunn. Planarbeidet startar så snart som råd etter fylkestinget er konstituert og det ligg føre nasjonale forventingar til planlegginga. Strategien peikar ut dei viktigast utfordringane og vel ut hovudmål og strategiar for dei næraste fire åra. Planstrategien fastset kva planar som skal gjelda i perioden og kva planar som skal utarbeidast eller reviderast. Planstrategien fastset kva politisk utval som skal ha ansvar for oppfølging av kvar plan og kva administrativ eining som skal fylgja opp planlegginga og gjennomføringa og rapportera til politisk organ.

Planstrategien kan reviderast i planperioden dersom det er trong for det, men skal som hovudregel gjelda for heile perioden. Nytt planarbeid som ikkje er i samsvar med planstrategien må startas opp av fylkestinget. Rapport om utviklingstrekk skal reviderast løpande. Oppdatert grunnlagsrapport om utviklingstrekk og rapport om folkehelse skal leggjast fram for fylkestinget ved oppstart av revisjonsarbeid snarast råd etter konstituering. Rapport om gjennomføring av regional planstrategi skal leggjast fram for fylkesutvalet som melding kvart år og innarbeidast i årsmelding.

Fylkesrådmannen definerer to plantypar som del av styringssystemet der det er fylkestinget som har mynde til vedtak.

1. Regionale planar

Regionale planar kan utarbeidast for viktige tema for regional utvikling som vedkjem fleire forvaltningsnivå og som hovudregel fleire sektorar. Regionale planar er heimla i Plan- og bygningslova § 8-1 til 8-5 og utarbeidast slik det er fastsett i Regional planstrategi.

2. Temaplanar

Temaplanar er heimla i kommunelov eller sektorlov/-føresegn og utarbeidast i samsvar med Regional planstrategi eller regional plan innafor tema. Temaplanar utarbeidast for viktige felt der fylkeskommunen som tenesteproducent eller samfunnsutviklar har stor påverknad ut mot samfunnet.

Fylkesrådmannen tilrår at desse planane som hovudregel har ein planperiode på tolv år. Spørsmål om trong for revisjon, forlenging eller utfasing vil bli vurdert kvart fjerde år i regional planstrategi. Handlingsprogram til planane skal som hovudregel reviderast kart fjerde år.

Plansystem

Regional planstrategi inneheld mål som skal leggjast til grunn for nye planar, revisjon av planar og revisjon av handlingsprogram. Regionale planar etter plan- og bygningslova er skal leggjast til grunn for temaplanar. Relevante sektorovergripande planar skal leggjast til grunn for andre planar. Temaplanar skal vera forankra i regional planstrategi eller regional plan. Nye planar gjeld framfor eldre planar ved motstrid.

4.2 Planroller , planoppgåver og ansvar i politiske organ

Regional planlegging skal forankrast i demokratiske organ på regionalt nivå.

Delegasjonsreglane blir oppfatta å utløyse fylgjande oppgåver for dei ulike utvala:

Fylkestinget

- Vedta regional planstrategi, regionale planar og temaplanar
- Vedta planprogram/oppstart av planar som ikkje er vedtatt i regional planstrategi
- Drøfte planarbeid undervegs ved behov
- Oppnemne saksordførar
- Vedta budsjett og årsmelding med iverksetjing av planar

Fylkesutvalet

- Ha overordna planansvar for samordning, koordinering og innhald
- Utarbeide/styre og gje innstilling om og fylgja opp regional planstrategi -
- Utarbeide/styre og fylgja opp sektorovergripande planar og planar innan tematisk ansvarsområde
- Vedta årleg rapport om gjennomføring av regional planstrategi
- Vedta høringsforlag for planprogram og endeleg planprogram
- Vedta høringsforslag og gje innstilling om vedtak av regional plan
- Vedta revidert handlingsprogram for regional plan
- Vedta oppstart av temaplan innan ansvarsområdet
- Vedta høringsforslag og gje innstilling om endeleg vedtak av temaplan
- Vedta revidert handlingsprogram for temaplan
- Oppnemne representantar til planarbeid

Fagutval

Fagutvala kan ha opne høyringar om planar under arbeid.

- Gje innstilling om vedtak av planprogram innan sitt ansvarsområde
- Utarbeide/styre og fylgja opp regionale planar innanfor sitt ansvarsområde
- Vedta årleg rapport om gjennomføring
- Vedta oppstart av temaplan innafor eige ansvarsområde
- Gje innstilling om høringsforslag og endeleg plan innafor eige ansvarsområde
- Gje innstilling om revidert handlingsprogram innafor eige ansvarsområde.
- Vedta fråsegn om regionale interesser i kommunale planar innafor sitt fagansvar

- Kultur, idrett og regional utvikling har ansvar for å ivarett regionale planar i kommunale arealplanar.

Saksordførar

Saksordførar kan oppnemnst for planarbeid etter behov. Saksordførar opprettast på initiativ frå fylkesutvalet i samband med oppstart. Fylkestinget oppnemner saksordførar. Saksordførar bør koma frå utvalet som er ansvarleg for planarbeidet og fylgja planen gjennom heile prosessen også ved handsaming i fylkesutvalet og fylkestinget. Planar som har arbeidsutval leia politisk treng normalt ikkje saksordførar. Saksordførar har samordningsansvar.

4.3 Organisering

Organisering og meverknad er påverka av balansen mellom behovet for brei medverknad og god forankring og krav til effektiv og rask planprosess. Tidleg medverknad er ein føresetnad for godt resultat. God forankring påverkar iverksetjing og kan normalt spare ressursar i gjennomføringsfasen.

Framdrift og planfasar

Planarbeid i Hordaland fylkeskommune er inndelt i fire hovudfasar:

1. Oppstart fram til vedtak av oppstart/planprogram i fylkesutvalet
2. Planlegging fram til vedtak av høyringsforslag i fylkesutvalet
3. Høyrings og vedtaksfase fram til vedtak av plan i fylkestinget
4. Iverksetjingsfase fram til vedtak om utfasing i fylkestinget

Framdriftsplan for planarbeidet skal vera realistisk og konsentrert og blir fastsett i oppstartsak eller planprogram tilpassa den einkilde plan. For regionale planar bør program og planfase planleggjast innafor maksimum 3 år. Programfase(1) og planfase(2 og 3) bør planleggjast innafor same fylkestingsperiode eller i kvar sin fylkestingsperiode. For temaplanar bør oppstart (1) og planfase(2 og 3) planleggjast innafor maksimalt 2 år og innafor ein fylkestingsperiode.

Normal tidsbruk for planlegging og høyringsfase (Fase 2 og 3) (etter at oppstartvedtak/planprogram) bør planleggjast innafor desse intervalla:

Regional plan	1-2 år
Temaplan	½ -1 år

Organisering

Kvar plan er unik og organiseringa må vera i samsvar med føremålet med planarbeidet. Det er likevel ynskjeleg å ha desse generelle prinsippa

- Klår organisering med mandat som utformast i oppstart/planprogram.
- Enkel organisering og bruk av eksisterande organ dersom mogeleg.
- Felles omgrepsbruk mellom planar

Revisjon av plan kan organiserast enklare enn for første generasjons plan. Oppstartfase kan ha enklare organisering enn planfase. Planar som ikkje er heima i plan- og bygningslova kan ha enklare organisering.

Arbeidsutval

Samansetjing:

Obligatorisk: Politiske representantar frå fylkeskommunen; fagutval, oppnemnde av fylkesutvalet og saksordfarar

Andre: Etter behov og tilpassa planarbeidet

Oppgåver:

Sikre politisk eigarskap og forankring av planarbeid ved å:

- Fylgje framdrifta av planarbeidet i tråd med planprogram/oppstartvedtak
- Drøfte viktige tilpassingar av planprogrammet og vegval i planarbeidet
- Drøfte utkast og gje innspel til vidare innstilling for formell handsaming i politiske beslutningsorgan i fylkeskommunen
- Informere om arbeidet i relevante organ og delta i medverknadsarrangement

Samrådsgruppe

Samansetjing:

Obligatorisk: Representantar for fylkeskommunen politisk eller administrativt

Representantar for dei mest relevante eksterne organ og verksemder i Hordaland

Oppgåver:

Sikre god medverknad og dialog ved å:

- Koma med innspel og synspunkt til administrativ prosjektleiing
- Drøfte utkast som førebuing av arbeid i arbeidsutvalet
- Informere om og drøfte arbeidet i relevante organ og delta i medverknadsarrangement

4.4 Medverknad

Regionale planar skal ha stor grad av medverknad frå eksterne og det bør opprettast samarbeids og samrådsorgan tilpassa den einskilde plan. For regionale planar etter plan- og bygningslova er medverknad regulert og skal fastsetjast i planprogram. Temaplanar vil ha varierende grad av ekstern medverknad og dette må fastsetjast i oppstartsak.

Planleggingsfasen(2) er den viktigaste medverknadsfasen. Medverknadsform må vurderast i kvart tilfelle og tilpassast målgruppa. Moderne digital teknologi i medverknadstiltak skal vera førsteval når det er tenleg.

Fylgjande medverknadsorgan skal vurderast i alt planarbeid:

Eksternt

- Kommunar og nabofylke er alltid relevant og kan vera representert gjennom KS eller regionråd
- Statlege organ kan vera representert gjennom fylkesmannen og/ eller relevante sektororgan
- Verksemder – større verksemder med særleg relevans for plantema
- Organisasjonar – større representative organisasjonar med relevans for plantema

Rådsorgan oppretta av eller støtta av fylkeskommunen skal alltid medverka:

- Ungdommens fylkesutval
- Det felles innvandrarrådet i Hordaland/kontaktutvalet
- Eldrerådet
- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

4.5 Innhald i planar

Planar skal utformast innanfor ein felles mal med obligatoriske tema, men tilpassast den einskilde plan sitt behov.

Ved oppstart og i planprogram skal det gjerast greie for planheimel, planforankring og planpremissar. Plantype, namn og planperiode skal fastsetjast og plantema med utgreiingsbehov omtalast. Det må også gjerast greie for framdrift, organisering og medverknad, samt finansieringskjelder for gjennomføring av handlingsprogram.

I planforslaget skal det gjerast greie for heimele og prosess. Alle planar skal ha tydelege mål og realistiske handlingsprogram. I vedtaket skal det gjerast greie for dei økonomiske konsekvensane av planen og korleis planen skal fylgjast opp.

4.6 Iverksetjing av planar i fylkeskommunen

Det er trong for å styrke iverksetjingsfasen av planar. I denne omgang er det særleg iverksetjing i fylkeskommunen som har fokus. I styringssystemet med retningslinjer for regional planlegging ligg det ei rekkje tiltak som vil styrke iverksetjing. Standardisering og kvalitetssikring av prosess og innhald vil verke styrkande på gjennomføring og frigjera ressursar til dette. I denne saka er det foreslått nokre oppgåver retta mot politiske organ som blir særleg viktig for å auka merksemd på gjennomføring av planar:

- Klart ansvar for oppfølging av planstrategi og planar i definerte politiske utval fastsett i planstrategien
- System for rapportering av framdrift og gjennomføring årleg til politiske utval vedtatt i denne saka
- System for fireårleg revisjon av handlingsprogram lagt fram for fylkesutvalet vedtatt i denne saka

I tillegg til desse tiltaka vil dei interne prosessane i fylkeskommunen vera avgjerande for om planane blir fylgt opp og synleggjort for politiske organ

Dette gjeld innarbeiding i

- Strategiar og arbeidsplanar i administrasjonen
- Budsjett og økonomiplan
- Rapporteringssystem og årsmelding

Fylkesrådmannen vil som del av arbeidet med styringssystemet nærare definera korleis dette skal gjerast. Målet er å sikre rutinar for gjennomføring av vedtekne planar gjennom integrering i det administrative styringssystemet.

4.7 Iverksetjing av planar eksternt

Like viktig som iverksetjing internt i fylkeskommunen er eksternt iverksetjing. Det gjeld kommunar så vel som statlege organ. Nærare vurdering av dette vil koma etter at regional planstrategi er vedtatt.

5. Oppsummering

Høyringa av forslag til regional planstrategi 2016-2020 Utviklingsplan for Hordaland viser brei oppslutning om langsiktige mål og strategiar. Prosessen fram til høyringsforslag og framstillinga av strategien får gode tilbakemeldingar. Fylkeskommunens rolle som leiande for samfunnsutvikling får tilslutning.

Fleire høyringsorgan har innspel til utviklingsretning og nokre av desse vil medføra endringar i strategien. Det er også fremja forslag om nye planar, men fylkesrådmannen vil ikkje tilrå desse tatt inn no. Fylkesutvalet sitt forslag om å revidera regional plan for små vasskraftanlegg blir tatt inn av omsyn til koordinert framdrift med ny regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar. Forholdet til ny Vestlandsregion og framdrift av planarbeid blir løyst gjennom mogeleg revisjon av framdriftsplan for planstrategien i fylkesutvalet etter at det er fatta bindande vedtak.

Fylkesrådmannen viser til regionreforma og regjeringa sin auka vekt på regional planlegging. Fylkesrådmannen ser trong for å styrke arbeidet med regional planlegging og har starta eit arbeid med overordna styringssystem for planarbeidet. Fylkesrådmannen legg nokre premisser for dette arbeidet fram for fylkestinget som del av arbeidet med regional planstrategi. Fylkesrådmannen ber om tydeleggjing av

politiske roller, plantypar, forventingar til planprosess og medverknad samt innhald i planar.
Fylkesrådmannen legg opp til nye rutinar for å fylgja iverksetjing av planar tettare i politiske utval.

Fylkesrådmannen vil utdjupa retningsliner og iverksetjingsrutinar etter at strategien er vedtatt.



Vedlegg til fylkestinget 13. og 14. desember 2016 - forslag til regional planstrategi.

Regional planstrategi 2016–2020

Føreord:

Tekst kjem i vedtatt strategi

Fylkesordførar

Vedlegg

Innald

Innleiing

1. Langsiktig mål for Hordaland	5
1.1 Langsiktige mål – ei utdjuping	5
1.2 Ein felles strategi for utvikling av Hordalandssamfunnet	6
2. Hovudmål med strategiar, utviklingsretning og planbehov	7
2.1 Høg sysselsetjing	7
2.2 Eit inkluderande samfunn	9
2.3 Klima- og miljøvenleg utvikling	11
2.4 Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion	14
3. Regional planlegging 2016-2020	16
3.1 Kort om regional planlegging	16
3.2 Føringer for regional planlegging.....	16
3.3 Planoppgåver 2016-2020	20

Vedlegg 1 Oversyn over regionale planar

Vedlegg 2 Oversyn over temaplanar

Vedlegg 3 Påverknadsfaktorar for folkehelsa

Innleiing

Hordaland fylkeskommune skal vera ein pådrivar for berekraftig samfunnsutvikling i fylket. Regional planlegging er ein reiskap for å sjå utvikling i heilskap, samordna sektorar og forvaltningsnivå og staka ut ein felles kurs. Regional planstrategi 2016-2020 fastset langsiktige hovudmål mål for Hordaland fylke, prioriterer strategiar for dei næraste åra og kva regionale planar som skal utarbeidast, reviderast eller fortsatt gjelda dei komande fire åra.

Strategien er heimla i plan- og bygningslova § 7 -1. Fylkeskommunen, statlege organ og kommunar skal leggje den regionale planstrategien til grunn for det vidare planarbeidet i regionen. Såleis blir planstrategien ein felles plan for utvikling av Hordalandssamfunnet.

Organisering og medverknad

Regional planstrategi er ein utviklingsplan for Hordaland. Strategien er utarbeidd i samarbeid med viktige samfunnsaktørar i fylket. Arbeidet har vore organisert slik:

Styringsgruppe har vore fylkesutvalet. Styringsgruppa starta opp arbeidet i november 2015 og vedtok høyringsforslaget.

Samrådsgruppe blei oppretta av fylkesutvalet ved oppstart. Gruppa var samansett slik:

- Anne Gine Hestetun, fylkesordførar, leiar
- Mona Røsvik Strømme, medlem og gruppeleiar fylkesutvalet
- Emil Gadolin, leiar utval for opplæring og helse
- Beate Husa, leiar utval for kultur, idrett og regional utvikling
- Nils Bjørke, leiar utval for miljø og samferdsel
- Rune Fjeld, assisterande fylkesmann, Fylkesmannen i Hordaland
- Odd Harald Hovland, ordførar Bømlo kommune, representant for Sunnhordland
- Karstein Totland, ordførar Masfjorden kommune, representant for Nordhordland
- Jostein Ljones, ordførar Kvam kommune, representant for Hardanger
- Børge Haugetun, ordførar Øygarden kommune, representant for kommunane i Vest
- Atle Kvåle, ordførar Fusa kommune, representant for kommunane rundt Bergen
- Harald Schjelderup, byrådsleiar i Bergen, representant for Bergen kommune

Strategiarbeidet blei førebudd med eit samrådsmøte 4. september 2015 der ei rekkje fagmiljø og etatar var invitert. Møtet kom med innspel om kva utfordringar som er viktigast for Hordaland dei næraste åra.

I prosessen vidare har det vore halde tre møte i samrådsgruppa. Det har vore eit utvida samråd med alle kommunane, ei rekkje statlege organ, verksemder og organisasjonar som del av fylkestinget 8. og 9. mars 2016.

Det har vore konsultasjonsmøte med

- Regionalt næringsforum
- Regionrådssekretariata – kontaktutval
- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (fylkessamling)
- Eldrerådet i Hordaland
- Det felles innvandrarrådet i Hordaland/kontaktutvalet mellom styresmakter og innvandarar/BIKS

Ungdommens fylkesting i Hordaland har gjennomført ei spørjeundersøking med ein digital framtidsverkstad.

Administrasjonen i fylkeskommunen med representantar for ulike avdelingar har bidratt i arbeidet med kunnskapsgrunnlag og utforming av strategien. Toppleiargruppa i fylkeskommunen har vore nytta som referansegruppe i arbeidet.

Informasjon og dokumentasjon

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd fylgjande grunnlagsdokument for arbeidet med strategien:

- Utfordringar for Hordaland - samling av innspel til strategiprosessen
- Utviklingstrekk i Hordaland - AUD-rapport nr. 2 -16
- Folkehelsa i Hordaland 2015 - ei kunnskapsoversikt

Kunnskapsoversikten over folkehelse i Hordaland er utarbeidd som ein del av fylkeskommunens lovfesta ansvar for folkehelse. Rapporten er eit grunnlagsdokument for utarbeiding av planstrategien og er tatt omsyn til ved utforming av mål og strategiar. Hovudtilrådingar i rapporten kan lesast i eit kort samandrag i vedlegg til denne planstrategien.

Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging blei vedtatt ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015 og inneheld tre hovudpunkt: Gode og effektive planprosessar, Berekraftig areal- og samfunnsutvikling og Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde. Fylkesmannen i Hordaland har gitt si vurdering av prioriterte temaområde og planar i brev av 11. august 2015, og tilrådingane er vektlagt i arbeidet

Det er sendt ut informasjonsskriv om arbeidet til relevante instansar og oppretta eiga nettside med laupande oppdatering på www.hordaland.no/regionalplanstrategi.

Høyringa starta 1. juni og høyringsfristen var 15.september. Det kom inn 34 fråsegner som er samla og kommentert i ein eigen høyringsrapport. Forslaget til planstrategi er endra som fylgje av høyringa, men langsiktige mål, hovudmål og strategiar står fast.

1. Langsiktig mål for Hordaland

Langsiktig mål:

Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande

Hovudmål :

Hordaland skal ha:

- Høg sysselsetjing
- Eit inkluderande samfunn
- Ei klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

Langsiktige mål har ein tidshorisont ut over 2020. Dei langsiktige måla er ein referansebakgrunn for å vurdere kva utfordringar fylket står framfor både på kort og lang sikt. Hovudmåla er forma ut i frå den aktuelle situasjonen nett no og kva fylket i perioden 2016-2020 skal ha fokus på for å oppnå dei meir langsiktige måla. Dei langsiktige måla blir utdjupa i kap. 1.1, medan hovudmåla er nærare konkretisert i kap. 2.

1.1 Langsiktige mål – ei utdjuping

Berekraftig regional utvikling

Berekraftig utvikling er eit vidt omgrep. I denne planstrategien vil det seie at planlegging og forvaltning regionalt må finna løysingar som sikrar ein langsiktig balanse mellom

- Økonomisk utvikling
- Sosial og kulturell utvikling
- Miljøtilstand

Med økonomisk berekraft meinast eit konkurransedyktig og mangfaldig næringsliv og ein effektiv offentleg sektor som tåler endringar i rammevilkår. Ei balansert utvikling legg til rette for at alle innbyggjarar kan ha høg livskvalitet med deltaking i arbeids- og samfunnsliv og kan nytta offentlege tenester tilpassa ulike behov og funksjonsnivå. Den samla aktiviteten i Hordaland må ta omsyn til økologisk balanse regionalt og globalt og langsiktig forvaltning av ikkje-fornybare ressursar.

Attraktivt fylke

For at Hordaland skal vera eit attraktivt fylke å bu i må det tilby bustadområde med høg kvalitet. Fylket må ha gode vilkår for etablering av nye verksemder med interessante arbeidsplassar. Fylket må også ha trivelege studentmiljø, og turistar og andre på mellombels opphald må kjenna seg velkomne.

Nyskapande fylke

Aktiviteten i fylket skal vera prega av kontinuerleg nyskaping i form av nye arbeidsmåtar eller nye produkt. Forsking, innovasjon og utvikling må vera tett knytt til offentleg sektor og næringslivet.

1.2 Ein felles strategi for utvikling av Hordalandssamfunnet

Dialog om felles mål for samfunnsutvikling

Hordaland fylkeskommunen har ei sentral leiarrolle i samfunnsutviklinga i Hordaland. Regional planlegging er ein reiskap for å fylla den rolla. Gjennom regional planlegging kan ein samordna sektorar og forvaltningsnivå og i fellesskap prioritera utfordringar som krev felles innsats.

I Regional planstrategi 2016 -2020 stakar fylkestinget ut kursen for Hordaland dei næraste åra. Strategien bygger på ei mobilisering av sentrale samfunnsaktørar i Hordaland; stat, kommune, verksemdar og organisasjonar gjennom ulike møteplassar og samråd. I denne planstrategien er det lagt vekt på å utvikle felles mål. Ved å sameinast om utfordringar, mål og strategiar vil Hordaland kunne få større måloppnåing gjennom synergieffektar og betre ressursutnytting.

Frå plan til handling

Regional planlegging har langsiktig karakter. Oppfølgingsarbeidet til planstrategien er avhengig av fortsatt innsats frå offentlege så vel som private organ. Gjensidig forpliktande regionale planar med offensive og realistiske handlingsprogram, bindande retningsliner for arealbruk, utviklingsavtaler og partnarskap skal sikre gjennomføring av strategien på lang sikt. Revisjon av handlingsprogram, strategiar og større samarbeidsprosjekt vil fremja resultat av planstrategien innan ein kortare tidshorisont.

Ambisjonane må samsvara med ressursane tilgjengeleg for gjennomføring. I denne planstrategien er det lagt vekt på å sikre gjennomføring av vedtatte planar og begrensa talet på nye planar.

Dagleg forvaltning skal påverkast av mål og strategiar i regional planstrategi og skal gje enda raskare endringstakt der det er relevant.

Regional planstrategi er også ein felles plan for statlege organ og kommunar i fylket. Kommunar og statlege organ blir invitert til å delta i fylkeskommunens vidare plan- og oppfølgingsarbeid. Like viktig er det at statlege organ og kommunar fremjar mål og strategiar som dreg i same retning innafør eige ansvarsområde.

2. Hovudmål med strategiar, utviklingsretning og planbehov

2.1 Høg sysselsetjing

Strategiar:

1. Auke nyetablering og framtidretta verdiskaping i næringslivet
2. Betre samhandlinga innan utdanningssektoren og mellom utdanningssektoren og regionalt arbeidsliv
3. Auke forskning som verktøy for marknadsretta innovasjonar i arbeids- og næringsliv

Utfordringar og utviklingsretning

Utnytta kompetansen i oljesektoren

Eit oljesmurt næringsliv har dei siste åra ført til høg sysselsetjing, mangel på arbeidskraft og stor arbeidsinnvandring til Hordaland. No går fylket inn i ein periode med svingande oljeprisar og lågare aktivitet i oljesektoren. Olje- og gassektoren vil framleis vera viktig for fylket, men redusert aktivitet har auka behovet for å utvikla nye arbeidsplassar i andre næringar og bransjar. Omstillinga må ta omsyn til behovet for å frigjera seg frå for sterk oljeavhengigheit i framtida, men samstundes utnytta den høge kompetansen som er bygd opp rundt denne sektoren.

Inkluderande arbeidsliv

Arbeidslivet er ein svært viktig integreringsarena. Høg sysselsetjing vil gjera det lettare å integrera grupper som elles har vanskar med å få jobb. Det er trong for ekstra innsats for å få sysselsett flykningar og andre med særlege behov for tilrettelegging.

Offentlege kompetansearbeidsplassar

Offentlege kompetansearbeidsplassar skapar mangfald og attraktivitet i utvikling av senter og gir viktige tilskot til arbeidsplassar. Det bør arbeidast for å lokalisere fleire statlege arbeidsplassar til Hordaland.

Ta i bruk ny teknologi

Behovet for omstilling på grunn av endringar i oljesektoren kjem i tillegg til fylgjene av den teknologiske utviklinga – den tredje industrielle revolusjon. Utviklinga er kjenneteikna av automatisering, digitalisering, robotisering og såkalla smarte produkt. Ny teknologi som kan gje grunnlag for omstilling av næringar eller nye næringar bør tas i bruk i eit samspel med eksisterande næringsretta kunnskap.

Grøn konkurransekraft

Næringslivet vil tena på å ta høgde for framtidige strengare krav til lågt klimagassutslepp og minimal miljøpåverknad. Utfasing av bruk av fossil energi og energieffektivisering er del av dette. Utvikling av sirkeløkonomi er eit satsingsområde innan EU som bør fylgjast opp. Bioøkonomi og grøn økonomi er ein retning som bør definerast nærare og konkretiserast for Hordaland. Innovasjon og produktutvikling innan miljøfeltet er framtidretta. Utnytting av vasskraft og el-energi er naturleg i dette fylket. Batteriteknologi og satsing på hydrogenfylket står opp under fylket sine naturgjevne fordelar.

Miljøvenleg transport

Transporttilhøva påverkar lønsemda i næringslivet. Ein effektiv og miljøvenleg transport og eit godt vedlikehalde fylkes- og riksvegnett fremjar konkurransekrafta. Verksemdar må leggja til rette for miljøvenleg transport både av varetraumar og tilsette. Flesland flyplass må ha ein naturleg plass i transportsystemet.

Betra samspelet innan utdanningssektoren og mellom utdanning og arbeidsliv

Samspelet mellom arbeidslivet og utdanningssystemet på alle nivå må bli betre. Samspelet internt i utdanningssektoren mellom utdanningsnivå og mellom institusjonar bør også bli betre. Dynamikken i arbeidslivet må attspeglast i utdanningssystemet, og i særleg grad den vidaregåande skulen. Behovet for framtidig arbeidskraft innan helse- og omsorgssektoren grunna aukande tal eldre må sikrast.

Frå ressursøkonomi til kunnskapsøkonomi

Føresetnadane for å kunne gå frå ein ressursøkonomi til ein kunnskapsøkonomi ligg godt til rette i Hordaland fylke som har eit høgt utdanningsnivå, verdifull spisskompetanse og tunge forskingsmiljø på internasjonalt nivå. Dette er fortrinn i konkurransen med lågkostland. Kva som vil vera framtidens næringsliv er ingen gitt å svara sikkert på. Fylket bør utnytte verktøy for heile tida å vera oppdatert på utviklingstrekk som vedkjem framtidig næringsverksemd.

Entreprenørskap må bli eit kjenneteikn ved næringslivet i Hordaland. Nyetableringstakten og marknadsretta produktutvikling må aukast. Vekstorienterte grunderar må vera spydspissar for omstilling. Etablering av lønnsame arbeidsplassar i privat sektor er framtidretta.

Fylket sine sterke klynger innan marin-, maritim- og energisektor må utnyttast, men må balanserast med behovet for fleire bein å stå på som opplevingsøkonomi, kultur, reiseliv og mediebransjen. Ei ny «grøn klynge» kan også vera aktuelt. Den marine og havretta klynga er særleg godt utvikla i Hordaland. Kulturnæringar blir peikt på som framtidretta

Marknadsretta forskning

Satsing på forskning og utvikling innan felt som kan skapa nye produkt med potensiale for sysselsetjing i privat sektor eller auka produktiviteten i offentleg sektor er naudsynt. Forsking og utvikling innan privat sektor med sikte på å betre flyten frå produktide til marknad må styrkast. Framvekst av nye næringar tek tid og det må skje gjennom kopling av forskning og meir praktisk basert kompetanse. Omsorgsteknologi og helse, inkludert tannhelse, er felt som bør utviklast.

Regionale planar og sektorplanar – nye, revisjon og vidareføringRevisjon av regional næringsplan

Utfordringane og strategiane innan målsetjinga høg sysselsetjing kan fylgjast opp i revisjon av regional næringsplan og handlingsprogram til denne. Planen bør byggje på analysar av framtidig utviklingstrekk for næringslivet og vurdere behovet for satsing på ulike klynger. Ulike delstrategiar til dømes innan reiseliv, landbruk og mat kan forankrast eller innarbeidast i regional næringsplan for å gje best mogeleg samla effekt. Felt der det er naturleg å samhandle på Vestlandet bør koma fram av planen. Likeeins trongen for å differensiere mellom indre strøk, kysten og Bergensområdet. Utfordringane som er karakteristiske for Indre Hordaland bør integrerast i planen. Næringsplanen bør omhandle trongen for areal- og naturressursar, men ikkje gje retningslinjer for areal- og naturressursforvaltning.

Regional plan for utdanning og arbeidskraft

Målsetjinga om tett kopling mellom arbeidslivet og utdanningssystemet kan fangast opp gjennom det pågåande arbeidet med regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Det blir viktig at denne planen etablerer handlingsplanar for varige ordningar med kontakt mellom arbeidslivet og utdanningssystemet. Planen er venta vedtatt i 2017.

Revisjon av forskingsstrategi for Hordaland

Behovet for forskning og utviklingsarbeid som kan skapa nye produkt for kommersialisering og som gjer sysselsetjing, kan fangast opp av forskingsstrategi for Hordaland og spelast vidare inn til bestillinga til regionalt forskingsfond. Innovasjon som kan auke produktiviteten innan helse og omsorgsfeltet er spesielt relevant.

2.2 Eit inkluderande samfunn

Strategiar:

1. Betre trivsel og kvalitet i grunnskule og vidaregåande skule for å auke gjennomføringa
2. Styrke inkludering gjennom frivillige organisasjonar i nærmiljø
3. Utvikle meir attraktive og funksjonelle regionale senter

Utfordringar og utviklingsretning

Aktive hordalendingar

Eit berekraftig samfunn er inkluderande og kjenneteikna av at alle kan delta og vera aktive. Innbyggjarane tar ansvar for fellesskapet og kan dra nytte av fellesgodene. Eit nærmiljø med låge tersklar – fysiske og mentale - aukar mogelegheitene og viljen til deltaking. Ein god barndom og ei god ungdomstid legg grunnlaget for eit godt vaksenliv.

Den viktigaste arenaen for inkludering er arbeidslivet. Gjennom å leggje til rette for eit arbeidsliv som er inkluderande, helsefremjande og med korte pendlarveggar, kan terskelen for deltaking gjerast lågare. Målet om høg sysselsetjing inneber også at grupper med tradisjonelt svakare band til arbeidslivet oftare er i arbeid. Sysselsetjing er omtalt i Kap 2.1

Gjennomført vidaregåande opplæring

Utdanning som kvalifiserer for jobb er ein grunnleggjande føresetnad for inkludering. Grunnlaget for utdanningslauget startar alt i barnehagen og går gjennom grunnskulen og vidaregåande skule. Dette kan sjåast på som ei samanhengande lenkje som er avhengig av kvalitet i alle ledd. I Hordaland er det avdekt forbetringspotensiale i alle ledda. Kompetansen i barnehagane kan bli betre. Trivsel og resultat i grunnskulen kan bli betre og gjennomføring i vidaregåande skule kan bli betre. Samspelet mellom dei ulike nivå må også betrast, overgang frå grunnskule til vidaregåande skule er spesielt sårbar. Innvandrarungdom har særlege utfordringar i møte med norsk utdanningssystem.

Kvaliteten i skulen er ikkje berre eit spørsmål om ein oppnår kompetansemåla i læreplanen. Kvalitet handlar og om trivsel og meistring og kan dermed også omfatta elevane si psykiske og fysiske helse. God psykisk helse hos ungdom er eit område som bør satsast meir på. Samhandling mellom offentlege tenester innafor skulen og eksterne utanfor skulen, må bli betre.

Dialog, kontakt og betre nettverk

Organiserte og uorganiserte aktivitetar i nærmiljøet er viktige for å utvikle og styrke sosiale relasjonar, og for å gje verdifulle og helsefremjande opplevingar for menneske i alle aldrar. For nokre menneske er barrierane mot å bli inkludert spesielt høge. Det gjeld personar med låg inntekt og nedsett funksjonsevne og dei som står utanfor arbeidslivet, som arbeidslause, heimeverande eller pensjonistar. For innvandrarar frå andre og til dels framande kulturar er inkludering svært viktig for å formidle verdiane i samfunnet og samstundes krevjande, nettopp grunna språk og kultur. Det gjeld anten bakgrunnen er arbeidsinnvandring, familiegjenforeining eller busetjing av flykningar. Einslege mindreårige flykningar har spesielt store utfordringar.

I tillegg til hovudføresetnader om arbeid og utdanning, vil fritidsaktivitet i nærmiljøet vera ei god og komplette-rande kontaktskapande mulighet. Frivillige organisasjonar kan spela ei spesielt viktig rolle for grupper som ikkje deltek på andre arenaer. Samarbeid med profesjonelle kulturarbeidarar og offentlig støtte til frivillig arbeid for å inkludera lite aktive grupper gjennom lågterskeltilbod i nærmiljøet skal prioriterast.

Utvikle møteplassar i lokalmiljø

Alle bur vi i eit lokalmiljø, og rundt 80% bur no i det som karakteriserast som ein tettstad. Lokalmiljøet bør vera ein god inkluderingsarena der menneske i alle aldrar og på ulike funksjonsnivå kan møtast spontant og uformelt. Kompakt utbygging konsentrert om senter og varierte bustader med vekt på leiligheter legg tilhøva til

rette for at nærmiljø kan fremja integrasjon. Kort avstand mellom bustad og rekreasjonsområde, tenester, handel og kollektivtilbod sikrar muligeiter for møteplassar for alle. I tettstadane bør nye bustader i hovudsak ha livsløpsstandard og sentrale fellesområde skal ha universell utforming. Kollektivtransport må vera tilgjengeleg for alle og universelt utforma, men også gange og sykling må stimulerast fordi det gir potensiale for møte. Nærfriluftsområde er viktige møteplassar og må sikrast i lokale planar.

Regionsentera i fylket slik dei går fram av regional plan for attraktive senter er vekstområde og har ein særleg viktig funksjon i å tilfredsstilla desse behova. Kommunane sine senterstruktur, med funksjonelle kommunesenter og lokalsenter, må stø opp under og samverka med den regionale strukturen.

Regionale planar og sektorplanar - nye, revisjon og vidareføring

Prosjekt og tiltak for kvalitet i oppvekst

Kvalitetsutfordringa i utdanningssystemet frå barnehage til vidaregåande skule er ikkje omfatta av ein felles plan i dag. Det er alt vedtatt ein sektorplan for pedagogisk arbeid i den vidaregåande skulen, men elles er dette eit felt som er delvis styrt av nasjonale standardar og strategiar og av kommunane sine egne sektorplanar. Fylkeskommunen har fleire prosjekt i regi av Opplæringsavdelinga som vedkjem kvalitet i opplæringa. Det er behov for å sjå dette feltet samla. I denne planperioden er det trong for å styrke eksisterande planar når det gjeld gjennomføring av tiltak som oppfyller intensjonane i regional planstrategi. Fylkeskommunen initierer no eit forskings- og tiltaksprosjekt for å auke gjennomføringsgraden i vidaregåande skule. Det er behov for ein forstudie som vurderer svakheitene på oppvekstområdet og trongen for ein samordnande regional plan i neste strategiperiode.

Handlingsplan for inkludering, likestilling og likeverd

Det er under arbeid ein temaplan for inkludering, likestilling og likeverd som også omfattar fylkeskommunens tenester. Vidaregåande skule er spesielt viktig i den samanheng. Planen vil bli ferdig i 2017.

Gjennomføring av regional plan for folkehelse

Målsetninga om eit meir inkluderande samfunn går som ein raud tråd gjennom regional plan for folkehelse i alle dei fem målområda til planen. Her inngår meir helsefremjande samfunnsplanlegging, auka medverknad, universell utforming, gode og trygge lokalsamfunn og gode nærmiljø og bustader. Oppvekst, læring, arbeid og fritid er òg prioriterte område. For å lukkast med målsetningane i planen, blir det viktig å trekke planen og handlingsprogrammet inn i dei relevante sektorområda.

Gjennomføring av regional plan for kultur

Inkluderingsarbeid i fritid og frivillig arbeid kan fangast opp av gjeldande regional plan for kultur og leggast til grunn for revisjon av handlingsprogram og retningsliner for tilskotsordningar. Prioritering av tiltak og ordningar som kjem lite aktive grupper til gode må sikrast.

Gjennomføring av regional plan for attraktive senter

Utvikling av attraktive senter er fanga opp i regional plan for attraktive senter og det må setjast fullt trykk på gjennomføring i tilknytning til planen. Transport med særleg vekt på kollektivtransport, sykkel og gange er eit viktig temaområde for utvikling av regionale senter og kan også vurderast i regional transportplan. Tiltak som er retta mot lokalsamfunn i regional plan for folkehelse er relevant å styrke. Både skulebruksplanen og tannhelseplanen bidrar til å styrke regionale senter. Regional kulturplan og regional næringsplan har også tiltak retta mot senterutvikling.

2.3 Klima- og miljøvenleg utvikling

Strategiar:

1. Redusera klimagassutslepp og anna luftforureining frå transportsektoren og energiforsyning i bygningar
2. Styrke samordning av areal- og transportplanlegging i Bergensområdet
3. Tydelegare planstyrt og meir langsiktig og balansert forvaltning av areal, natur- og kulturminneressursar

Utfordringar og utviklingsretning

Mindre klimagassutslepp og luftforureining

Miljøutfordringane grunna forureinande utslepp til luft femnar om alt frå lokal luftkvalitet til globale klimaendringar med omfattande utfordringar for verdssamfunnet. Folkerettsleg forpliktande avtalar forhandla fram i Paris 2015 i regi av FN bind Norge til å arbeide mot ei klimanøytral verd etter 2050 for å oppnå at ei global oppvarming held seg godt under 2 grader, helst under 1,5. Ambisjonsnivået er auka.

Hordaland er det fylket som slepp ut mest klimagassar av alle fylka i Norge. Årsaka er eit stort innslag av oljereelatert industri. Pådrivararbeid for å gjera denne meir miljøvenleg må vera ein del av klimaarbeidet i Hordaland. Eit meir klima- og miljøvenleg næringsliv er eit satsingsområde som er omtalt under kapittel 2.1 om høg sysselsetjing.

Utanom industrien er det transportsektoren og energiforsyning til privat og offentleg verksemd som har størst klimagassutslepp i Hordaland. Utsleppa er aukande. Utslepp av klimagassar skal i fylgje regionale mål reduserast med 22% innan 2020 i høve til 1991. Energibehovet skal i størst mogeleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av biologisk mangfald. Lågutsleppsamfunnet skal byggjast.

Luftkvaliteten i Bergensdalen er til tider svært dårleg og overskrid nasjonale mål på kalde vinterdagar med inversjon. Hovudkjelda er trafikken, men også energiforsyning til bustader og industri. Arbeidet med overgang til null-utsleppshus må styrkast parallelt med å gjera eksisterande bygningsmasse meir miljøvenleg.

Redusera transportbehovet

Samordna areal- og transportplanlegging vil bidra til å redusera transportbehovet fram i tid. Fortetting langs stamliner for kollektivtransport og tilrettelegging for gåande og syklande er sentralt. Bymiljøavtale og byutviklingsavtale blir viktige verkemiddel for å fylgja opp satsingane i Bergensområdet i eit partnerskap mellom kommunane, fylkeskommunen og statlege organ. Bruk av såkalla intelligente transportsystem kan også bidra til å redusera transportbehovet.

Styrke konkurransekrafta til miljøvenlege transportformer

Det er eit regionalt mål om nullvekst i personbiltransporten i Bergensområdet. Veksten i transport skal skje med miljøvenlege transportformer. Satsing på kollektivtransport er hovudstrategi for å nå målet om nullvekst. Sykkel og gange er i tillegg eit satsingsområde der senterutvikling og helseeffekten også må vektleggjast.

I tillegg til målet om nullvekst er det eit mål om å redusera utslepp frå transportsektoren. Tilrettelegging for vidare bruk av elteknologi og utvikling av hydrogen som energikjelde er sentrale tiltak.

Overgang av godstransport frå land til sjø er naturleg i ein landsdel der sjøtransport er omfattande og i sterk vekst. Miljøteknologi må også takast i bruk i drift av snøggåttillbodet og annan skipsfart. Bergensbanen har også eit potensiale for å auka miljøvenleg transport både for persontransport og gods som må utnyttast gjennom målretta satsing langs strekninga Arna-Voss.

Oppretthalde høgt biologisk mangfald

Biologisk mangfald er stort i fylket og bør vernast om med grunngjeving ikkje berre ut i frå økologisk synsvinkel, men også som ein opplevingsverdi og næringsverdi. Nokre artar og biotopar er sårbare eller truga. Villrein-stamma er døme på ein art der fylket også har eit internasjonalt ansvar for vern. Forureining av vassdrag og

fjordar er døme på truslar mot biologisk mangfald som må motverkast. Laksefjordar og -elvar er særleg verneverdige.

Vern om regionale og nasjonale landskap og kulturmiljø

Fylket husar store regionale og nasjonale verdiar innan landskap og kulturmiljø, nokre med internasjonal status innafor UNESCO-klassifisering. Kulturminnekategoriar der Hordaland merkar seg ut skal gis særskild merksemd. Viktige kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap med deira eigenart og variasjon skal vernast både som del av kulturarv og identitet og som ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Det er eit regionalt mål å minske tap av prioriterte kulturminne. Fjordlandskapet, fossane og Bergen by med Bryggen er ressursgrunnlag for reiselivet og må vernast om.

Styrka jordvern og vern om sjøareala

Arealandel av dyrka eller dyrkbar mark er liten i Hordaland. Eit levande landbruk er viktig for beredskap og for å oppretthalda kulturlandskap og biologisk mangfald. Samstundes er landbruket ei næring som gir sysselsetjing og busetjing spreidd i heile fylket. Fleirbruk av kulturlandskap, matsatsing og bioøkonomi kan gje landbruket sitt kulturlandskap høgare verdi i framtida. Ressursgrunnlaget bør sikrast og avgangen av dyrka mark reduserast.

Verdiskaping i tilknytning til sjø og havområde er eit nasjonalt satsingsområde der Hordaland har særlege fortrinn. Vern om attraktive areal for akvakultur, fiske og nye utnyttingsformer av biomasse i sjø må vektleggjast i arealforvaltninga.

Sikring av regionale friluftsområde

Fylket har rike og varierte arealressursar for friluftsliv. Sikring av regionalt og nasjonalt viktige friluftsområde gjer fylket attraktivt for busetjing og besøk og fremjar god folkehelse. Sikring av friluftsområde gjennom prioritering i regionale og kommunale planar er naudsynt.

Planstyrt areal- og naturressursforvaltning

Nedbygging eller beslaglegging av areal og forbruk av ikkje-fornybare ressursar er forhold som bør vurderast nøye dersom ein skal oppretthalda ein god miljøtilstand i framtida. Bit-for-bit utbygging, manglande heilheitleg prioritering av arealbruk og kortsiktige disponering av kultur- og naturressursar er uheldig. Ressursgrunnlag for næringsutvikling, attraktive utbyggingsområde, uerstatteleg natur- og kulturmiljø og attraktive rekreasjonsområde for befolkninga kan unødig gå tapt.

Målretta forvaltning av fornybare ressursar som vasskraft, akvakurområde, marine ressursar og område for vindkraft sikrar livsgrunnlag og sysselsetjing på lang sikt. Berekraftig forvaltning av ikkje-fornybare ressursar som mineralar, stein, sand og grus må etablerast og vil gje fylket konkurransefortrinn på lang sikt.

Grunna global oppvarming kan fylket vera utsett for meir ekstremver, høgare middeltemperaturar, meir nedbør og høgare havnivå. Dette utløyser flaum, skred, sterk vind og høgare bølger, i forskjellig grad i heile fylket. Arealplanlegging er viktigaste verkemiddelet for å unngå tap og skadar som fylgje av forventa klimaendringar.

Overordna planar for bruk og vern av areal- og naturressursar er heilt avgjerande for ei berekraftig utvikling. Forpliktande regional arealplanlegging med bruk av kart, retningslinjer og bestemmelsar gir forutsigbarheit og meir effektive planprosessar, og må styrkast.

Regionale planar og sektorplanar – nye, revisjon og vidareføring

Revisjon av regional klima- og energiplan

Klimaplan for Hordaland blei sist revidert i 2014 og fangar opp tiltak for å redusera klimagassutslepp og for tilpassing til endra klima, samt energitema. Det er trong for revisjon av planen grunna auka ambisjonsnivå nasjonalt og internasjonalt og vektlegging av hydrogen som energikjelde.

Vedtak av regional plan for areal og transport

Regional plan for areal og transport i Bergensområdet og tilsvarande plan for Haugalandet fangar opp både klimastrategiar og delar av arealstrategien. Det er forventa vedtak av desse planane i 2016/17 og det må leggjast vekt på oppfølging. Bergensområdet er avgrensa ut i frå pendling og reiseavstand og må revurderast etter kvart som tilhøva endrar seg. Korridoren i retning Voss kan på sikt bli meir relevant.

Ny regional plan for knutepunkt for godshamn

Regional plan for godshamn bør vurderast i eit vestlandsperspektiv og avvente resultat av det statlege konsept-arbeidet for logistikk-knutepunkt for jernbane og veg.

Revisjon av regional transportplan

Arbeidet med revisjon av Regional transportplan for perioden 2018-2029 er starta opp og vedtak av planen er venta i 2017. Regional transportplan er ein langsiktig strategiplan for heile transportsystemet i Hordaland. Det er særleg viktig at planen har fokus på mål om nullvekst i personbilreiser i Bergensområdet, styrking av regionale sentra og standardheving av prioritert fylkesvegnett. Målsetjingar innan klima, miljø og folkehelse må fylgjast opp i planen. Sektorplanar innan samferdsel skal forankrast i den regionale transportplanen. Vestlandsperspektivet må innarbeidast.

Ny regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar

Regional plan for natur, landskap og friluftsområde var vedtatt sett i gong i førre regionale planstrategi. Kapasitetsomsyn har forseinka oppstarten. Arealpolitiske retningslinjer er fortsatt gjeldande i fylkesplan for Hordaland, men er svært forelda og treng revisjon. I nasjonale statlege forventingar til regional planlegging og i stortingsmeldinga om regionreforma St.meld. 22 (2015-2016) er det understreka trong for ein tydelegare regional arealpolitikk.

Utfordringane og strategiane for ei klima- og miljøvenleg utvikling viser at det er trong for å utvikle ein føreseieleg og samstemt politikk når det gjeld arealforvaltning i form av ein regional plan. Dette sikrar viktige verdiar gjennom ei langsiktig og målretta forvaltning. Ulike verdiar må sjåast i samheng slik at ein vernar om dei viktigaste områda og kan frigjera mindre viktige område for bruk. Den regionale planen må konsentrerast om regionale og nasjonale verdiar og gje tydelege føringar for omsyn som må takast i desse områda.

Det er trong for å handtere strandsoneforvaltning i planen. Utbygging av fritidshus i fjellområda er eit anna tema som bør inngå. Planen kan også omhandle forvaltning av stein, sand, grus og mineraler, også bruk av overskotsmassar frå samferdselanlegg. Kunnskapsgrunnlag for vurdering av små kraftverk kan oppdaterast som del av planarbeidet. Planen bør fastsetje overordna regionale retningslinjer for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø for å skapa ein meir føreseieleg og målretta regional kulturminneforvaltning.

Å utpeike særlege satsingsområde for kulturlandskap, landskapsparkar og matproduksjon inkludert akvakultur og skogbruk bør vera ein del av ein slik plan. Klimaomsyn bør innarbeidast i forvaltning av landbruksareal.

Det bør vurderast om det skal lagast ein samla plan for sjø- og landareal. Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger er venta vedtatt i 2017. Denne planen kan vera ein modell for tilsvarende planar i resten av fylket.

Medverknad i planprosessen er avgjerande. Kommunane og statlege organ som NVE, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet og Fylkesmannen i Hordaland er sentrale saman med fylkeskommunen. Private interesseorganisasjonar innan areal- og ressursfeltet er relevante.

Revisjon av regional plan for små vasskraftanlegg

Denne planen har trong for revisjon og det er tenleg at dette går parallelt med arbeidet med regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar. Grenseflata mellom dei to planane vil bli avklart i planprogrammet.

Revisjon av regional plan for Hardangervidda

Interregional plan for Hardangervidda blei vedtatt i 2011. Det er trong for enkel revisjon av delar av planen.

Revisjon av regional plan for vassregion Hordaland

Regional plan for vassregion Hordaland er vedtatt i 2015. EØS-regelverk forpliktar fylket til jamnleg revisjon. Vektlegging av gjennomføring av tiltak i planen er viktig dei næraste to åra. Enklast mogleg revisjonsprosess bør tilstrebast.

2.4 Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

Strategiar:

1. Utvikle ein framtidsretta folkevald region
2. Styrke gjennomslagskraft i Europa
3. Styrke regionale transportsamband og digital infrastruktur

Utfordringar og utviklingsretning

Reform som styrker Vestlandet

Fylkeskommunar samla i ein sterkare vestlandsregion kan driva meir aktiv samfunnsutvikling. Aktiv samfunnsutvikling krev einingar som kan handtera gjennomgripande heilskapstenking der ein ser på tvers av geografiske grenser, forvaltningsnivå og sektorar. Utviklingsoppgåvene er uløyselig knytt til tenesteproduksjon. Større breidde og djupne i kompetanse vil gje betre tenester og forvaltning og gjera fylket rusta til å konkurrera både med andre fylke og med europeiske regionar. Vestlandsregionen kan demme opp for sentralisering mot Austlandet og skapa meir mangfald og balanse i eit nasjonalt perspektiv. Forhandlingskapasitet og legitimitet fylgjer ein demokratisk styrt region.

Fylkesstruktur og kommunestruktur er under debatt i komande region- og kommunereform. Hausten 2016 er det forventa eit vedtak i fylkeskommunane om tilrådd struktur. Etter dette skal spørsmålet handsamast i Stortinget våren 2017. Oppgåvefordeling er på dagsorden som del av strukturdebatten. Hordaland har alt starta arbeidet saman med Rogaland og Sogn og Fjordane fylke, og intensjonsavtale vil bli handsama i fylkestinga i desember. Kommunane er viktige høyringspartar.

Eit auka potensiale for regionalt leiarskap er avhengig av at myndigheit, oppgåver og ansvar vert overført frå staten til regionane. Ein regionreform og eit pilotprosjekt på Vestlandet bør også omfatta statlege inndelingar og statlege oppgåver som kan leggjast til større regionale einingar. Nærleiksprinsippa, lågast mogeleg nivå med tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet, bør leggjast til grunn for oppgåvefordeling mellom forvaltningsnivåa. Fylkeskommunane på Vestlandet står samla i å krevje oppgåver til regionalt nivå gjennom eit forventingsbrev til regjeringa.

Fremja felles interesser

Fylkeskommunane på Vestlandet kan vinna mykje på å stå saman. Vestlandet har høg verdiskaping og regionale næringsklynger i verdsklasse. For å utnytte næringsmessige fellestrekk og fellesinteresser må relevante tenester og verksemder vurderast i eit vestlandsperspektiv. Kulturfeltet er også eit område der Vestlandet har fellestrekk og kan stå seg på felles strategiar.

Internasjonal samhandling og dialog gjennom regionane

Internasjonalt engasjement er ein naturleg og integrert del av arbeidet med samfunnsutvikling. EØS avtalen gir fylkeskommunane tilgang til vesentlege økonomiske ressursar og opning for påverknad inn mot europeiske organ. Fylkeskommunen mobiliserer kommunar, verksemder og forskingsmiljø til å dra nytte av dette. Med eit aukande fokus på fylkesovergripande oppgåver er det internasjonale feltet eit døme på kor ein står sterkare saman. Gjennom eit tettare samarbeid på Vestlandet skal fylkeskommunen ta større ansvar for internasjonalt arbeid gjennom deltaking i europeiske organisasjonar på politisk og administrativt nivå, og gjennom aktivt engasjement og deltaking i europeiske program og prosjekt. Europakontoret i Brussel er eit samarbeidstiltak som bør utnyttast.

Gode regionale transportsamband

Avstandar er redusert grunna stadig betre samferdselinfrastruktur. For ein sterk region på Vestlandet er det sentralt å ha ein effektiv og godt utbygd infrastruktur for veg-, sjø- og lufttransport. Rygggrada på Vestlandet vil vera E 39, den indre fjordvegen (RV13) og E 16 Bergen-Sogn.

Utvikling av regional sjøtransport og ein felles strategi for hamner vil styrke regionen. Lufttransport har også ein viktig funksjon for å binde regionen saman.

Moderne digital infrastruktur

Infrastruktur for digital kommunikasjon er ein føresetnad for å utvikle ein sterk region i vest og for at større forvaltningseiningar skal fungere. Digitalisering bidrar til auka produktivitet, økonomisk vekst og auka velferd. Nye næringar veks fram som følgje av digitalisering. Regional samordning av utbygging av digital infrastruktur med andre satsingar- og investeringar vil gje rask og rimeleg utbygging av breiband og mobilnett.

Behovet for datalagring er enormt – og det doblar seg kvart år. Skal Vestlandet vera aktuell lokalisering for framtidige datalagringseiningar må det byggjast ut med eit ringsystem for fiber, pluss direkte forbindelse mot utlandet. Rundt datasentra veks det opp andre teknologibedrifter – klynger av bedrifter som ikkje berre delar infrastruktur, men også er del av same arbeidsmarknaden. Så lenge dette manglar på Vestlandet vil utviklinga på dette området skje i og rundt Oslo.

Regionale planar og sektorplanar – nye, revisjon og vidareføring

Det er ikkje aktuelt med nye regionale planar innafor dette målområdet i denne perioden, men nye regionale planar og sektorplanar/handlingsprogram bør drøfte om eit vestlandsperspektiv er relevant for innhaldet i planen og for revisjon. Eit vestlandsperspektiv inneber å vurdere om analysar, mål, strategiar, retningslinjer og handlingsprogram skal fanga opp eit større geografisk perspektiv enn fylket Hordaland.

Nytt pilotprosjekt om Vestlandsregion

Vestlandsrådet har vedtatt ein plattform for samarbeidet som bør fornyast når premissane for regionreform er klarlagt. Eit forprosjekt med ein intensjonsavtale mellom dei aktuelle fylka er gjennomført. Arbeidet med Vestlandsregionen vil vidareførast gjennom i tråd med vedtak i fylkestinga og nasjonalt.

Felles strategiar

Sektorplanar/strategiar bør reviderast og utviklast som del av Vestlandsrådets arbeid innan relevante tema.

Analyse av behovet for digital infrastruktur på Vestlandet

Ein analyse av behovet for ein samanbindande og solid regional digital infrastruktur for eit større vestlandsfylke bør gjennomførast.

3. Regional planlegging 2016-2020

3.1 Kort om regional planlegging

Fylkeskommunen er i Plan- og bygningslova definert som regional planmyndighet. Regional planstrategi og regional plan er planoppgåver forankra i lova. Regionale planar skal utarbeidast for dei spørsmåla som er fastsett i regional planstrategi. Fylkeskommunen kan i tillegg utarbeide planar for tema utan heimel i plan- og bygningslova. Desse planane er del av fylkeskommunens generelle ansvar for å planlegge eiga verksemd i kommunelova eller som utføring av utviklingsrolle innan prioriterte felt. Regional planstrategi skal i tillegg til å setja mål og gje oversyn over planar gje føringar for korleis planarbeidet skal gjennomførast. I denne planstrategien blir det lagt nokre føringar for gjennomføring av planarbeid.

3.2 Føringar for regional planlegging

Plantypar og plansystem

Fylkestinget er planmynde og kan delegere delar av arbeidet til andre politiske organ i fylkeskommunen, men ikkje vedtak av planstrategi, regional plan og temaplan. Føringane byggjer på gjeldande delegasjonsreglement vedtatt av fylkestinget.

Føringane gjeld for desse plantypene:

Regional planstrategi, regionale planar etter plan- og bygningslova og temaplanar i medhald av kommunelov eller sektorlovverk.

Regional planstrategi

Regional planstrategi er ein obligatorisk plan heima i plan- og bygningslova § 7-1 og skal vedtas av fylkestinget kvart fjerde år. Strategien er ein overordna plan som alle andre planar som vedtas av fylkestinget skal leggja til grunn. Planarbeidet startar så snart som råd etter fylkestinget er konstituert og det ligg føre nasjonale forventingar til planlegginga. Strategien peikar ut dei viktigast utfordringane og vel ut hovudmål og strategiar for dei næraste fire åra. Planstrategien fastset kva planar som skal gjelda i perioden og kva planar som skal utarbeidast eller reviderast. Planstrategien fastset kva politisk utval som skal ha ansvar for oppfølging av kvar plan og kva administrativ eining som skal fylgja opp planlegginga og gjennomføringa og rapportera til politisk organ.

Planstrategien kan reviderast i planperioden dersom det er trong for det, men skal som hovudregel gjelda for heile perioden. Nytt planarbeid som ikkje er i samsvar med planstrategien må startas opp av fylkestinget. Rapport om utviklingstrekk skal reviderast løpande. Oppdatert grunnlagsrapport om utviklingstrekk og rapport om folkehelse skal leggjast fram for fylkestinget ved oppstart av revisjonsarbeid snarast råd etter konstituering. Rapport om gjennomføring av regional planstrategi skal leggjast fram for fylkesutvalet som melding kvart år og innarbeidast i årsmelding.

1. Regionale planar

Regionale planar kan utarbeidast for viktige tema for regional utvikling som vedkjem fleire forvaltningsnivå og som hovudregel fleire sektorar. Regionale planar er heimla i Plan- og bygningslova § 8-1 til 8-5 og utarbeidast slik det er fastsett i Regional planstrategi.

2. Temaplanar

Temaplanar er heimla i kommunelov eller sektorlov/-føresegn og utarbeidast i samsvar med Regional planstrategi eller regional plan innfor tema. Temaplanar utarbeidast for viktige felt der fylkeskommunen som tenesteproducent eller samfunnsutviklar har stor påverknad ut mot samfunnet.

Desse planane skal som hovudregel ha ein planperiode på tolv år. Spørsmål om trong for revisjon, forlenging eller utfasing vil bli vurdert kvart fjerde år i regional planstrategi. Handlingsprogram til planane skal som hovudregel reviderast kart fjerde år.

Plansystem og forholdet mellom planar

Regional planstrategi inneheld mål som skal leggjast til grunn for nye planar, revisjon av planar og revisjon av handlingsprogram. Regionale planar etter plan- og bygningslova skal leggjast til grunn for temaplanar. Relevante sektorovergripande planar skal leggjast til grunn for andre planar. Temaplanar skal vera forankra i regional planstrategi eller regional plan. Nye planar gjeld framfor eldre planar ved motstrid.

Planroller , planoppgåver og ansvar i politiske organ

Regional planlegging skal forankrast i demokratiske organ på regionalt nivå.

Delegasjonsreglane utløyser fylgjande oppgåver for dei ulike utvala:

Fylkestinget

- Vedta regional planstrategi, regionale planar og temaplanar
- Vedta planprogram/oppstart av planar som ikkje er vedtatt i regional planstrategi
- Drøfte planarbeid undervegs ved behov
- Oppnemne saksordførar
- Vedta budsjett og årsmelding med iverksetjing av planar

Fylkesutvalet

- Ha overordna planansvar for samordning, koordinering og innhald
- Utarbeide/styre og gje innstilling om og fylgja opp regional planstrategi -
- Utarbeide/styre og fylgja opp sektorovergripande planar og planar innan tematisk ansvarsområde
- Vedta årleg rapport om gjennomføring av regional planstrategi
- Vedta høringsforlag for planprogram og endeleg planprogram
- Vedta høringsforslag og gje innstilling om vedtak av regional plan
- Vedta revidert handlingsprogram for regional plan
- Vedta oppstart av temaplan innan ansvarsområdet
- Vedta høringsforslag og gje innstilling om endeleg vedtak av temaplan
- Vedta revidert handlingsprogram for temaplan
- Oppnemne representantar til planarbeid

Fagutval

Fagutvala kan ha opne høyringar om planar under arbeid.

- Gje innstilling om vedtak av planprogram innan sitt ansvarsområde
 - Utarbeide/styre og fylgja opp regionale planar innanfor sitt ansvarsområde
 - Vedta årleg rapport om gjennomføring
 - Vedta oppstart av temaplan innafor eige ansvarsområde
 - Gje innstilling om høringsforslag og endeleg plan innafor eige ansvarsområde
 - Gje innstilling om revidert handlingsprogram innafor eige ansvarsområde.
 - Vedta fråsegn om regionale interesser i kommunale planar innafor sitt fagansvar
- Kultur, idrett og regional utvikling har ansvar for å ivaretatt regionale planar i kommunale arealplanar.

Saksordførar

Saksordførar kan oppnemnast for planarbeid etter behov. Saksordførar opprettast på initiativ frå fylkesutvalet i samband med oppstart. Fylkestinget oppnemner saksordførar. Saksordførar bør koma frå utvalet som er ansvarleg for planarbeidet og fylgja planen gjennom heile prosessen også ved handsaming i fylkesutvalet og fylkestinget. Planar som har arbeidsutval leia politisk treng normalt ikkje saksordførar. Saksordførar har samordningsansvar.

Organisering

Organisering og meverknad er påverka av balansen mellom behovet for brei medverknad og god forankring og krav til effektiv og rask planprosess. Tidleg medverknad er ein føresetnad for godt resultat. God forankring påverkar iverksetjing og kan normalt spare ressursar i gjennomføringsfasen.

Framdrift og planfasar

Planarbeid i Hordaland fylkeskommune er inndelt i fire hovudfasar:

1. Oppstart fram til vedtak av oppstart/planprogram i fylkesutvalet
2. Planlegging fram til vedtak av høyringsforslag i fylkesutvalet
3. Høyrings og vedtaksfase fram til vedtak av plan i fylkestinget
4. Iverksetjingsfase fram til vedtak om utfasing i fylkestinget

Framdriftsplan for planarbeidet skal vera realistisk og konsentrert og blir fastsett i oppstartsak eller planprogram tilpassa den einskilde plan. For regionale planar bør program og planfase planleggjast innafor maksimum 3 år. Programfase(1) og planfase(2 og 3) bør planleggjast innafor same fylkestingsperiode eller i kvar sin fylkestingsperiode. For temaplanar bør oppstart (1) og planfase(2 og 3) planleggjast innafor maksimalt 2 år og innafor ein fylkestingsperiode.

Normal tidsbruk for planlegging og høyringsfase (Fase 2 og 3) (etter at oppstartvedtak/planprogram) bør planleggjast innafor desse intervalla:

Regional plan	1-2 år
Temaplan	½ -1 år

Organisering

Kvar plan er unik og organiseringa må vera i samsvar med føremålet med planarbeidet. Det er likevel ynskjeleg å ha desse generelle prinsippa:

- Klår organisering med mandat som utformast i oppstart/planprogram.
- Enkel organisering og bruk av eksisterande organ dersom mogeleg.
- Felles omgrepsbruk mellom planar

Arbeid med revisjon av plan kan organiserast enklare enn for første generasjons plan. Oppstartfase kan ha enklare organisering enn planfase. Planar som ikkje er heima i plan- og bygningslova kan ha enklare organisering enn regionale planar.

Arbeidsutval

Samansetjing:

Obligatorisk: Politiske representantar frå fylkeskommunen; fagutval, oppnemnde av fylkesutvalet og saksordførar

Andre: Etter behov og tilpassa planarbeidet

Oppgåver:

Sikre politisk eigarskap og forankring av planarbeid ved å:

- Fylgje framdrifta av planarbeidet i tråd med planprogram/oppstartvedtak
- Drøfte viktige tilpassingar av planprogrammet og vegval i planarbeidet
- Drøfte utkast og gje innspel til vidare innstilling til formell handsaming i politiske beslutningsorgan i fylkeskommunen
- Informere om arbeidet i relevante organ og delta i medverknadsarrangement

Samrådsgruppe

Samansetjing:

Obligatorisk: Representantar for fylkeskommunen politisk eller administrativt

Representantar for dei mest relevante eksterne organ og verksemder i Hordaland

Oppgaver:

Sikre god medverknad og dialog ved å:

- Koma med innspel og synspunkt til administrativ prosjektleiing
- Drøfte utkast som førebuing av arbeid i arbeidsutvalet
- Informere om og drøfte arbeidet i relevante organ og delta i medverknadsarrangement

Medverknad og dialog

Regionale planar skal ha stor grad av medverknad frå eksterne og det bør opprettast samarbeids og samrådsorgan tilpassa den einskilde plan. For regional planar etter plan- og bygningslova er medverknad regulert og skal fastsetjast i planprogram. Temaplanar vil ha varierende grad av ekstern medverknad og dette må fastsetjast i oppstartsak.

Planleggingsfasen(2) er den viktigaste medverknadsfasen. Medverknadsform må vurderast i kvart tilfelle og tilpassast målgruppa. Digital teknologi i medverknadstiltak skal vera førsteval når det er tenleg.

Fylgjande medverknadsorgan skal vurderast i alt planarbeid:

Eksternt

- Kommunar og nabofylke er alltid relevant og kan vera representert gjennom KS eller regionråd
- Statlege organ kan vera representert gjennom fylkesmannen og/ eller relevante sektororgan
- Verksemder – større verksemder med særleg relevans for plantema
- Organisasjonar –større representative organisasjonar med relevans for plantema

Rådsorgan oppretta av eller støtta av fylkeskommunen skal alltid medverka:

- Ungdommens fylkesutval
- Det felles innvandrarrådet i Hordaland/kontaktutvalet
- Eldrerådet
- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Innhald i planar

Planar skal utformast innanfor ein felles mal med obligatoriske tema, men tilpassast den einskilde plan sitt behov.

Ved oppstart og i planprogram skal det gjerast greie for planheimel, planforankring og planpremissar. Platype, namn og planperiode skal fastsetjast og plantema med utgreiingsbehov omtalast. Det må også gjerast greie for framdrift, organisering og medverknad , samt finansieringskjelder for gjennomføring av handlingsprogram.

I planforslaget skal det gjerast greie for heimel og prosess. Alle planar skal ha tydelege mål og realistiske handlingsprogram. I vedtaket skal det gjerast greie for dei økonomiske konsekvensane av planen og korleis planen skal følgjast opp.

3.3 Planoppgåver 2016-2020

For perioden 2016-2020 er det lagt vekt på å begrensa talet på planar og leggja større vekt på gjennomføring. I strategiperioden vil det bli arbeidd med fylgjande regionale planar i medhald av plan- og bygningslova.

Namn	Ny	Revisjon	Utval	Organisasjon	Merknad
Regional næringsplan		X	FUV	Regional	
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	X		UTHE	Regional/Opp-læring	Planprogram vedtatt og planarbeid i gang
Regional transportplan		X	MISA	Samferdsel	Planprogram vedtatt og planarbeid i gang
Regional plan for godshamn i Bergensområdet	X		MISA	Samferdsel	Planprogram vedtatt – ventar på regjeringa si handsaming av KVVU
Regional klima- og energiplan		X	FUV	Regional	
Regional plan for vassregion Hordaland		X	FUV	Regional	Statleg pålagt revisjon
Regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar	X		KIRU	Regional	Vedtatt i førre strategi.
Regional plan for kraftutbygging		X	KIRU	Regional	
Regional plan for Hardangervidda		X	FUV	Regional	Tilrådd oppstart i alle fylke, enkel revisjon
Regional plan for areal og transport i Bergensområdet	X		FUV	Regional	Forventa vedtak vår 2017
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	X		FUV	Regional	Forventa vedtak vår 2017

Temaplanar

I tillegg til desse planane kjem temaplanar som skal utarbeidast i tråd med oversikt i Regional planstrategi vedlegg 2.

Vestlandsregionen og planoppgåvene

Spørsmålet om regionreform vil bli handsama i fylkestinga samtidig med planstrategi. Frå sentralt hald vil spørsmålet handsamast våren 2017. Først då blir det klart kva fylke som kan bli slått saman. Dette kan påverka både oppstart og revisjon av planar. Etter vedtak om regionen vil fylkeskommunane revidera framdrifta og geografisk omfang av planar i planstrategien. Dette vil bli gjort så snart som råd og i samband med årleg melding om iverksetjing av planstrategien til fylkesutvalet. Det må også vurderast ved oppstart av kvart planarbeid.

Risiko og sårbarheit

Analyse av risiko og sårbarheit må leggjast til grunn for alt planarbeid også på regionalt nivå. FylkesROS for Hordaland og Fylkesros for transport i Hordaland er utgangspunkt for å vurdere relevansen i regionalt planarbeid.

Vedlegg

Vedlegg

Vedlegg 1 Oversyn over regionale planar

Regionale planar	Vedtaks år	Ny	Revisjon	Utval	Organisasjon	Merknad
Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel	2014			FUV	Regional	Vidareførast
Regional plan for folkehelse – Fleire gode leveår for alle 2014 -2025	2014			UTH E	Regional	Vidareførast
Premiss: Kultur Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025	2014			KIRU	Kultur og idrett	Vidareførast
Klimaplan for Hordaland 2014-2030 Regional klima- og energiplan	2014		X	FUV	Regional	
Regional plan for Nordfjella 2014-2025	2014			KIRU	Regional	Vidareførast
Regional næringsplan 2013-2017	2013		X	FUV	Regional	
Regional transportplan Hordaland 2013-2024	2012		X	MISA	Samferdsel	Revisjon starta opp. Planprogram på høyring sept 2015.
Heiplanen - Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei	2012			KIRU	Regional	Vidareførast
Regional plan for Hardangervidda	2011		X	FUV	Regional	Enkel revisjon
Regional plan for museum 2011-2015	2011			KIRU	Kultur og idrett	Utfasast
Regional plan for vassregion Hordaland	2015		X	FUV	Regional	
Fylkesplan for Hordaland 2005-2008	2005			FUV	Regional	Utfasing. Arealpolitiske retningslinjer treng revisjon/vidareføring
Fylkesdelplan for Sunnhordland	2005			FUV	Regional	Utfasing.
Fylkesdelplan for areal og transport Haugalandet	2016			FUV	Regional	Iverksetjing
Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland	2001			FUV	Regional	Utfasing. Arealpolitiske retningslinjer må reviderast.
Fylkesdelplan for E39 Stord-Bergen	2000			MISA	Samferdsel	Utfasing. Statleg plan for strekninga er under arbeid.
Fylkesdelplan for kulturminne 1999-2010	1999			KIRU	Kultur og idrett	Utfasing Behov for revidering av arealpolitiske retningslinjer jf. Fylkesplan for Hordaland.
Fylkesdelplan for små kraftverk	2009/2013		X	KIRU	Regional	
Hamneplan for Hordaland 2004-2013	1999			MISA	Samferdsel	Utfasing
Regional plan for areal og transport Haugalandet	2016		X	FUV	Regional	Avslutta høyring

Regionale planar under arbeid	Planlagt vedtak					Merknad
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	2017	X		FUV	Regional	Avslutta høyring
Regional areal- og transportplan Bergensområdet	2017	X		FUV	Regional	Avslutta høyring
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	2017	X		UTH E	Regional/opp-l�ring	Planprogram vedtatt.
Regional transportplan 2018-2029	2017		X	MISA	Samferd-sel	Planprogram vedtatt
Regional plan for godshamn i Bergensområdet		X		MISA	Samferd-sel	Utsett i p�vente av Jernbaneverkets KVV-arbeid for logistikk-knutepunkt for Bergensområdet

Vedlegg 2 Oversyn over temaplanar - gjeldande, nye og revisjon i perioden 2016-2020

	Vedtatt år	Ny	Revisjon	Utval	Organisasjon	Merknad
Internasjonal strategi 2013-2016	2013		X	FUV	Regional	2017
Landbruksmelding 2014-2017	2014		X	FUV	Regional	2017
Matstrategi 2013-2017	2014			FUV	Regional	Mogeleg revisjon
North Sea Region - strategy	2011		X	FUV	Regional	2016 /2017
Næringshagar i Hordaland	2011		X	FUV	Regional	2020
Regional forskingsstrategi	2014		X	FUV	Regional	2019
Regionalt forskingsfond - bestilling	2015			FUV	Regional	2019
Reiselivsstrategi for Hordaland	2009			FUV	Regional	Utfasing
Strategi for forvaltning av midlar til rekruttering, utdanning og likestilling i landbruket	2015		X	FUV	Regional	Mogeleg revisjon
Strategisk næringsplan for Bergens-regionen	2015			FUV	Regional	BRB – samarbeid
Handlingsplan for trafikkisikring i Hordaland	2014		X	MISA	Samferdsel	2017
Kollektivstrategi for Hordaland	2014			MISA	Samferdsel	
Rammeplan for avkøyrslar og byggegrensar for riks- og fylkesvegar	2013		X	MISA	Samferdsel	Revisjon
Skulebruksplan for Hordaland fylkeskommune 2012-2025	2016		X	OPHE	Opplæring	
Styringsdokument for pedagogisk utviklingsarbeid i vidaregåande skule 2016-2018	2015			OPHE	Opplæring	
Handlingsplan for inkludering, likestilling og likeverd	2017			FUV	Økonomi og organisasjon /opplæring	Under arbeid
Klinikkstrukturplan 2015-2030	2016			OPHE	Tannhelse	
Strategisk handlingsplan for bibliotek i vidaregåande skule	2016			KIRU	Kultur og idrett	
Plan for bibliotek- og brukaropplæring frå grunnskule til universitets- og høgskulenivå		X		KIRU	Kultur og idrett	2017 Kulturpl.
Strategi for kompetanseutvikling i folkebibliotek og skulebibliotek i Hordaland			X	KIRU	Kultur og idrett	2017 Kulturpl
Strategiar for kunst-, kultur- og idrettsarenaer		X		KIRU	Kultur og idrett	2017 Kulturpl.
Strategisk plan for kunst- og kulturformidling i skulen		X		KIRU	Kultur og idrett	2017 Kulturpl.
Strategisk plan for utvikling av kulturnæringar i Hordaland		X		KIRU	Kultur og idrett	2017 Kulturpl.
Regionale retningslinjer for arkitektur		X		KIRU	Kultur og idrett	2017 Kulturpl.

Vestlandsrådet

	Vedtatt	Ny	Revisjon	Utval	Organisasjon	Merknad
Plattform for Vestlandsrådet	2012					
Cruise-strategi for Vestlandet		X		FUV	Regional	2016 Vedtak
Kulturstrategi for Vestlandet		X		KIRU	Kultur og idrett	2018 Kulturplanen
Filmmelding for Vestlandet	2014			KIRU	Kultur og idrett	
Marin strategi for Vestlandet	2013			FUV	Regional	Revisjon
Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013-2020	2013			FUV	Regional	
Transportplan 2007-2019 m/Handlingsprogram 2012-2015	2012			MISA	Samferdsel	

Vedlegg 3 Påverknadsfaktorar for folkehelsa – samandrag av kunnskapsoversikt «Folkehelsa i Hordaland»

God helse i befolkninga er ein vesentleg føresetnad for eit berekraftig samfunn – både økonomisk og sosialt. Ei befolkning med god helse gir positive bidrag til samfunnsutviklinga gjennom produksjon og deltaking. Dårlig helse avgrensar fridom til å leve det livet ein verdset og kan føre til lågare deltaking i samfunnet. Dette er skadeleg for enkeltmenneska det gjeld, men får og negative følgjer for samfunnet sine inntekter og utgifter, for livskrafta til det sivile samfunnet, for tryggleik og for utviklinga av demokratiet.

Vi har sosial ulikskap i helse i den forstand at det er glidande skilnader i befolkninga sin helsetilstand. Dess lågare inntekt og/ eller utdanning ein har, dess mindre (statistisk sett) er deltakinga i helsebringande aktivitetar som arbeidsliv, i frivillig arbeid og i fritidsaktivitetar. Det er og høgare frekvens av sjukdom, og sjukdommen får større konsekvensar. Dette skuldast i størst grad strukturar i samfunnet som legg premissane for levevanar og med det samansetninga av helse i befolkninga. Det er krav om at vi skal vere bevisste på desse strukturane og arbeide for ei jamnare fordeling av helse i befolkninga.


Kunnskapsoversikta «Folkehelsa i Hordaland» gir ein folkehelsestatus for fylket. Hordaland har gode ressursar i ei befolkning med høgare gjennomsnittleg utdanning enn landet. Det er færre barn som veks opp i hushald med låg inntekt, og med einslege forsørgjarar. Her er god tilgang på nærturterreng og rekreasjonsareal i heile fylket.

Det er stor vekst og rask vekst i vestlege og kystnære delar av fylket. Her ligg det både moglegheiter og sårbarheiter. Befolkningsvekst krev utbygging av ei rekkje tenester – i nokre område blir heilt nye bymiljø planlagt. Kvalitetar i nærmiljøet som grønstrukturar, sosiale møteplassar og relevante tenester i gang/ sykkelavstand er vesentlege, strukturelle faktorar som påverkar helsa. Det å sørge for ei planlegging som er heilskapleg er naudsynt for å sikre at vi legg til rette for gode nærmiljø for framtida.

Aukande arbeidsløyse råkar i særleg stor grad det oljerelaterte næringslivet. Ringverknadane over i andre næringer er vesentleg og ventast å vare ved. Deltaking i arbeidslivet er svært viktig for alle befolkningsgrupper, men det er særleg uheldig dersom unge ikkje kjem inn i arbeidslivet etter utdanning.

Barndomen var livet ut heiter det. Fleire kommunar i Hordaland har elevar med lågare lese- og skriveferdigheiter og lågare trivsel i grunnskulen, enn landet elles. Ei best mogeleg plattform frå grunnskulen er viktig for å lukkast i vidaregåande skule. Sjølv om fylket ikkje skil seg frå landet når det gjeld fråfall i vidaregåande skule, er det framleis for høgt. Å sikre ei auka gjennomføring vil vere eit viktig bidrag til å legge til rette for framtidig god helse.

Vedlegg



Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

Høringsrapport

Regional planstrategi 2016-2020

Vedlegg til fylkestinget 13. og 14.12.2016

Innhald

1.Samandrag av høyringsfråsegner	4
Generelt.....	4
Langsiktige mål og hovudmål	4
Høg sysselsetjing	5
Eit inkluderande samfunn	5
Klima- og miljøvenleg utvikling	5
Samarbeid i ein sterk vestlandsregion.....	6
Regional planlegging	6
2.Statlege organ.....	8
Fylkesmannen i Hordaland.....	8
Statens vegvesen – region vest.....	8
Jernbanelivet.....	9
Kystverket Vest.....	10
Avinor	11
Fiskeridirektoratet	11
Noregs vassdrags- og energidirektorat.....	12
Direktoratet for mineralforvaltning.....	12
Utlendingsdirektoratet.....	13
Helse Vest	13
Helse Bergen.....	14
Skatt Vest.....	14
3.Kommunale organ.....	15
Samarbeidsrådet for Sunnhordland.....	15
Askøy kommune.....	15
Austrheim kommune.....	16
Bergen kommune	17
Fitjar kommune.....	18
Fjell kommune	19
Kvam kommune.....	20
Lindås kommune	20
Masfjorden kommune	21
Meland kommune	22
Stord kommune	23
Sund kommune	23
Tysnes kommune	24
Voss kommune.....	25
Øygarden kommune.....	26

4. Verksemdar og organisasjonar.....	27
NHO Hordaland	27
Næringsalliansen.....	27
Vossaløysinga og Vaksdal næringsråd	29
Fiskarlaget Vest.....	29
Den Nationale Scene.....	30
Funksjonshemmedes fellesforbund Hordaland	30
Forum for natur og friluftsliv , Naturvenforbundet Hordaland og Bergen og Hordaland Turlag	31

Innleiing

Høyringsforslag til Regional planstrategi 2016-2020 – Utviklingsplan for Hordaland blei vedtatt i fylkesutvalet 19.mai 2016 og sendt på høyring og offentleg ettersyn 1.juni 2016. Strategien blei kunngjort i Bergens Tidende, Bergensavisa og Haugesunds avis. Strategien blei gjort tilgjengeleg på fylkeskommunens heimesider med opning for å koma med fråsegn. Høyringsfristen var sett til 15.september 2016. Nokre kommunar fekk utsett frist for å handsama strategien i politiske organ. Nokre statlege organ og organisasjonar fekk utsett frist etter påminning om manglande fråsegn.

Det kom i alt 34 fråsegner; 12 frå statlege organ, 15 frå kommunale organ og 7 frå organisasjonar og verksemdar. I denne rapporten er alle fråsegnene presentert og kommentert og det er gitt planfagleg tilråding om eventuelle endringar i strategien. Fullstendige fråsegnene er i tillegg samla i ein eigen rapport.

Høyringsrapporten vil bli formidla til alle høyringsorgan og fylgjer saka til vedtak i fylkestinget. Fylkestinget tek endeleg stilling til innhaldet i planstrategien.

1.Samandrag av høyringsfråsegner

Generelt

Det generelle inntrykket frå høyringsrunden er oppslutning om fylkeskommunens ambisjonar om å vera ein pådrivar for utvikling av fylket i samspel med Hordalandssamfunnet. Prosessen som førte fram til strategiforslaget blir karakterisert som god og organiseringa i ei samrådsgruppa fungerte veldig bra. Fleire ytrar ynskje om å bidra aktivt i gjennomføringa av strategien.

Omtalen av utviklingstrekk og utfordringar har fått god tilbakemelding. Samsvaret med kommunane og næringslivet sin oppfatning er god. Folkehelseperspektivet som grunnleggjande for utvikling av strategien får positiv tilbakemelding. Folketalsprognosane er det ulik oppfatning om, og Bergen kommune viser til særleg stort sprik.

Sjølve framstillinga og forma på strategien får også god tilbakemelding.

Langsiktige mål og hovudmål

Ei rekkje høyringsorgan stiller seg positiv til både langsiktig mål og hovudmål for fireårsperioden. Det er godt samsvar med kommunane sine hovudmål. Måla er gode og inspirerande.

Kommunane Austrheim, Masfjorden og Kvam ynskjer å få fram at det i hovudmålet bør presiserast at det er attraktivt å bu, arbeida og leva i heile fylket. Formuleringa heile fylket kan tolkast om ein ynskjer å tilretteleggja for vekst i heile fylket noko som kan stå i motstrid til å unngå bilbasert utvikling og styrking av sentrumsfunksjonane. Satsing på ein desentralisert senterstruktur i regional plan for attraktive senter vil bidra til å sikra at det blir attraktivt å bu i heile fylket. Det blir ikkje tilrådd å endre formuleringa.

Funksjonshemmedes fellesorganisasjon påpeikar at universell utforming må leggjast inn som grunnleggjande prinsipp. Krav til universell utforming fylgjer i dag nasjonalt regelverk. I planstrategien er dette særleg vektlagt i samband med offentlege rom og bygningar i sentrum av regionsenter. Dette er ei bevisst prioritering for å satsa koordinert og målretta i dei viktigaste sentrumsområda. Det forhindrar ikkje at universell utforming må liggja til grunn i all planlegging og utbygging. Det samsvarar også med folkehelseperspektivet og eit inkluderande samfunn.

Forum for natur og miljø meiner folkehelseperspektivet må framhevast som eit eige hovudmål. Folkehelseperspektivet er lagt til grunn for planstrategien og gjennomsyrrer strategiar, utviklingsretning og planarbeid. Folkehelse grip inn i alle samfunnsområde. Dette kan forklarast nærare i strategien utan at det blir eit eige hovudmål.

Forum for natur og friluftsliv ynskjer ein klårare definisjon av omgrepet berekraftig utvikling. I sitt innspel er det lagt vekt på definisjon utarbeidd av organisasjonen «Det naturlege steget» inspirert av svenske operasjonaliseringar. Strategien inneheld ei kort utdjuing av omgrepet med særleg vekt på balansen mellom ulike samfunnsområde. Ytterlegare avgrensing er interessant, men ligg utanfor kapasiteten til planarbeidet i denne omgang. Rapporten om utviklingstrekk er bygd opp rundt berekraftomgrepet og neste utgåve av denne kan drøfte berekraftomgrepet.

Høg sysselsetjing

Det er stor oppslutning om at tema sysselsetjing er viktig i fire års perioden og at revisjon av regional næringsplan bør prioriterast. Fleire påpeikar at dette må handle om å skape lønsame arbeidsplassar i privat sektor. Men offentlege kompetansesarbeidsplassar blir også nemnt. Dette blir fylgt opp i endring av strategien.

Arbeidsplassen som integreringsarena for flyktingar blir framheva av fleire og det er trong for å synleggjera dette i strategien.

Det blir peikt på trongen for å spesifisera bestemte næringar som viktige, som framtidsretta og som miljøvenlege; døme er reiseliv, kultur, marin og maritim sektor, energi og mineralnæring. Det grønne skiftet bør konkretiserast er eit anna innspel. Dette er spørsmål som må handterast i regional næringsplan innafor den overordna langsiktige måla og strategiane i planstrategien. Det krev eit meir omfattande analysearbeid enn det som kan gjennomførast i denne omgang.

Plan for kompetanse og arbeidskraft blir framheva som viktig av fleire høyringspartar mellom anna Helse Vest.

Eit inkluderande samfunn

Høyringa viser at det er viktig å ha fokus på kvalitet i utdanninga. Fjell kommune meiner dette feltet krev ein eigen plan og etterlyser dette. Det er eit tydeleg behov for å styrke den samla innsatsen på dette feltet. Samstundes er det trong for å kartlegge meir kva som er status for kvalitetsarbeidet og oppsummera det arbeidet som alt er i gang. Strategiperioden kan nyttast til eit forprosjekt som kan munne ut konklusjonar på kva som er dei rette grepa vidare også med omsyn til plan.

Fleire høyringsorgan sluttar seg til at det er fokus på frivillige organisasjonar og nærmiljø når det gjeld å byggje eit inkluderande samfunn. Men det blir også frå nokre etterlyst satsing på profesjonelle kulturarbeidarar. Dette er ei prioritering som er gjort i strategien for å understreka sivilsamfunnets rolle, men i praksis kan samarbeid mellom profesjonelle og frivillige organisasjonar vera ei god løysing.

Sysselsetjing og arbeid blir trekt fram som ein føresetnad for inkludering. Dette blir handtert også under sysselsetjingskapittelet og vil bli framheva sterkare.

Fleire er kritisk til at strategien har fokus på regionsenter og ynskjer lokalsenter nemnt. Sentralisering er ein ulempe for mange distriktskommunar blir det framheva. Dette har også vore ei bevisst prioritering for ei koordinert ressursutnytting. Det forhindrar ikkje at kommunar har fokus på andre senter, men den felles satsinga i strategiperioden vil gjelda regionsenter og formuleringa blir oppretthalden.

Nærturområde blir påpeikt som svært godt inkluderingstiltak og viktigeita av grøntstruktur bør framhevast sterkare. Gode senter vil måtta ta omsyn til grøntstruktur og nærturområde. Dette vil bli understreka i strategien.

Kollektivtransport, sykkel og gange som ledd i senterutvikling bør understrekast sterkare blir det uttalt. Dette vil bli framheva i strategien.

Klima- og miljøvenleg utvikling

Tema klima- og miljøvenleg utvikling er det mange høyringsorgan som har innspel til og dei fleste gir sin tilslutning til mål og planane som er foreslått.

Forum for natur og miljø foreslår at tema byter namn til berekraftig samfunn som spelar på lag med naturen. Berekraftomgrepet er vidt og derfor berre nytta i samband med langsiktig mål og heilskapleg planlegging. Dette tema er spissa mot dei viktigaste utfordringane innan klima- og miljø og overskrifta blir oppretthalden.

Klimautfordringa er nemnt i fleire samanhengar. Det blir etterlyst oppdatert status for utslepp og konkrete mål for reduksjon. Dette vil vera innspel til revisjon av klimaplanen.

Tema samfunnstryggleik og beredskap blir etterlyst av fleire kommunar. Tema er relevant for alt planarbeid og strategien vil understreka dette som eit premiss for all planlegging.

Vedtak av regional areal- og transportplan for Bergensområdet blir etterlyst. På grunn av skifte av fylkesting og kommunestyre vil dette arbeidet ta noko lengre tid enn planlagt og slutthandsaming er no stipulert til juni 2017.

Mange av innspela kan adresserast til regional transportplan der arbeidet alt er starta. Døme på dette er konkretisering av nullvekstområdet for personbiltransport, høgare ambisjonsnivå for redusert biltransport, større vekt på sykkel og gange, meir vekt på sjøtransport og hamner, satsing på utvikling langs jernbanen Bergen-Voss, bruk av intelligente transport system (ITS) basert på datateknologi. Innspela vil bli innarbeidd i planstrategien, og nokre av dei kan konkretiserast i transportplanen.

Regional plan for godshamn ventar på regjeringa sitt vedtak i samband med Konseptvalutgreiing for logistikk-knutepunkt. Fjell og Sund kommunar meiner planen ikkje er naudsynt dersom tema er lokalisering. Det er fortsatt grunn til å venta på regjeringa sin konklusjon, og deretter ta stilling til om planarbeidet skal fortsetja som den regionale planen der arbeidet er starta.

Regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar får brei oppslutning. Det blir uttalt at planen bør omhandla både land og sjøareal. Behovet for sjøvern blir påpeikt av fiskarlaget. Meland kommune meiner planen berre bør omfatta kulturminne som er fylkeskommunens ansvarsområde. Regionale planar skal sjå ulike forhold i heilskap, verka samordnande og omfatta ofte fleire forvaltningsnivå. Det er ikkje aktuelt å snevra planarbeidet inn til berre å omfatta kulturminne.

Forum for natur og miljø foreslår ein eigen plan for grøn konkurransekraft. Miljømål skal i prinsippet integrerast i alle sektorar si verksemd. Det blir derfor viktig å formidla satsinga på grøn konkurransekraft inn mot revisjon av regional næringsplan.

Samarbeid i ein sterk vestlandsregion

Fleire høyringsorgan har uttalt seg positiv til satsinga på samarbeid i ein Vestlandsregion. Utviklinga går fort og tema må oppdaterast. Kommunane ber om å bli trekt inn i arbeidet. Kultur, samferdsel og digital infrastruktur og næringsutvikling blir støtta som viktige fokusområde.

Frå Næringsalliansen blir det spesielt framheva at ein Vestlandsregiona må få meir makt enn dagens fylkeskommunar. Øygarden kommune påpeikar ein interessomotsetnad mellom kommune og fylkeskommune og ber om at nærleiksprinsippet må definerast nærare.

Regional planlegging

Fleire høyringsorgan støttar intensjonen om begrensa talet på nye planar og slå saman planar. Auka vekt på gjennomføring får tilslutning. Kommune- og regionreform blir også nemnt som grunngeving.

Fleire viser interesse for å delta i vidare planarbeid. Det blir påpeikt frå kommunane at ein ynskjer eit reelt samarbeid, ikkje berre samråd. Det vil bli lagt stor vekt på kommunane som samarbeidspart i planprosessane. Det må skreddarsyast samarbeidsorgan for kvar plan som gjer at dei som blir berørt får ein relevant posisjon i planprosessen. For arealretta planar er det særleg viktig med omfattande samarbeid med kommunane.

På den andre sida vil det kunne vera ulike interesser i eit spørsmål når ein ser det frå kommunalt nivå og regionalt. Regjeringa meiner fylkeskommunen må ha ei sterkare rolle i overordna arealplanlegging for å løysa dei utfordringane ein står framfor. Skal fylkeskommunen klara å oppfylle desse krava må planprosessar og plangjennomføring byggja på ein aksept av denne rolla. Gjennom regional planlegging kan ein oppnå meir effektive og føreseielege planprosessar på kommunalt nivå, noko alle er tent med.

Fleire ber om at regional planstrategi ligg føre når arbeidet med den kommunale planstrategien startar opp. Kommunal og regional planstrategi er i utgangspunktet parallelle prosessar i tid. Men det er føremålstenleg å starte arbeidet med utviklingstrekk og folkehelsestatus så tidleg at det kan leggjast fram alt ved konstituering av fylkestinget og formidlast til kommunane. Arbeidet med utfordringar kan og liggja i forkant. Sjølve planstrategien bør koma så tidleg som råd og vil ofte vera i forkant av kommunane. Men strategien må eigast av det nyvalde fylkestinget. Uansett vil eit godt samspel med kommunane vera naudsynt og skjer også i form av ei rekke andre tiltak.

Nokre høyringsorgan stiller spørsmål ved at ein regional plan kan overstyra ein annan til dømes regional plan for attraktive senter og skulebruksplanen. I planstrategien vil det blir nærare forklart korleis planar påverkar kvarandre. Ein regional plan etter plan- og bygningsslova vil vera overordna ein temaplan.

2. Statlege organ

Fylkesmannen i Hordaland

Fråsegn ved: Assisterande fylkesmann

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	Proessen fram til høyringsforslag har vore god og inkluderande. Fylkesmannen er godt nøgd med korleis tidlegare innspel frå fylkesmannen er tatt omsyn til.	Til etterretning
Langsiktig mål og hovudmål		
Høg sysselsetjing		
Eit inkluderande samfunn		
Klima- og miljøvenleg utvikling	Ser fram til revisjon av klima- og energiplanen og regional transportplan som følgje av dei store utfordringane innan klimafeltet. Ny plan for areal, natur- og kulturminneressursar kan bli eit godt verktøy for den kommunale arealplanlegginga. Behovet for oppdeling av planen for å sikre framdrift bør vurderast. Støttar at planen tek tak i regionale og nasjonale verdiar. Utfordringane i sjøområda og i fjellområde kan ikkje handterast av kvar ein-skild kommune.	Til etterretning Til etterretning
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion		
Regional planlegging		

Statens vegvesen – region vest

Fråsegn ved: Avdelingsdirektør veg og transport

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	Oppbygginga er oversiktleg og god	Til etterretning
Langsiktig mål og hovudmål	Godt samsvar med nasjonale og regionale mål i statens vegvesen. Ser fram til godt samarbeid om felles strategiar.	Til etterretning
Høg sysselsetjing		

Eit inkluderande samfunn	Gjennomføring av regional plan for attraktive senter er viktig. Saknar oppfølging av nasjonal gåstrategi og nasjonal sykkelstrategi. Bør sei noko om korleis ein bør bruke og prioritere eksisterande gateareal.	Vil synleggjera gange og sykling i høve til senterutvikling.
Klima- og miljøvenleg utvikling	Målsetjinga er i tråd med Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag. Påpeikar at det frå statleg hald er ei balansert satsing på kollektivtransport, sykkel og gange. Rett verksemd på rett plass og 10-minuttarsbyen er viktig planpolicy. Saknar ei meir tydeleg satsing på ny teknologi. Satsing på Intelligente transportsystem er avgjerande i åra fram til 2020.	Til etterretning Å framheva kollektivtransport har vore ei prioritering i høve til kva som gjer størst effekt på kort sikt i høve til miljø og klima. Innspel også til regional transportplan. Skal framheva ny teknologi betre, og som innspel til regional transportplan.
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion	I tråd med Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag.	Til etterretning
Regional planlegging	Understrekar behovet for å leggja vekt på gjennomføring og avgrensa talet på nye planar. Må også sikre gjennomføring av samanfallande mål og arbeide med prioritering og styring av målkonfliktar. Ein bør også unngå overlapping mellom planar. Viser til at årleg revisjon av handlingsprogram er lovfesta.	Vil bli arbeidd med styringsystem for regional planlegging for å møte desse utfordringane. Loven er nettopp endra slik at det no er opna for revisjon etter behov.

Jernbaneløst

Fråsegn ved: Plan- og utviklingsdirektør, Strategi og samfunn, strategi sør og vest

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt		
Langsiktig mål og hovudmål	Stør opp om hovudgrepa.	Til etterretning
Høg sysselsetjing		
Eit inkluderande samfunn		
Klima- og miljøvenleg utvikling	Vektlegging av klima og miljø er i samsvar med Nasjonal transportplan 2018-2029. Regional plan for areal og transport i Bergensområdet viktig å vedta slik at føringane frå planen blir premiss for vidare samordning.	Regional areal og transportplan er under slutføring .

	<p>Regional transportplan må leggja nullvekstmålet i personbiltransporten til grunn rundt dei store byane. By-miljøavtale som berre omfattar Bergen er ikkje tilstrekkeleg. Nullveksten må også sikrast i pendlingsomlandet til Bergen og i sentrale knutepunkt i Bergensregionen.</p> <p>Bustad- og næringsareal må i hovudsak lokaliserast i område som står opp om gange, sykkel og kollektivtransport.</p> <p>Området der nullvekstmålet skal gjelde må konkretiserast nærare.</p> <p>Viser elles til uttale til planprogram for Regional transportplan.</p>	<p>Blir ivaretatt i regional plan for areal og transport.</p> <p>Område for nullvekstmålet blir spelt inn til regional transportplan.</p>
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion		
Regional planlegging		

Kystverket Vest

Fråsegn ved: Seniorrådgjevar

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	Generelt positiv til fokus på vekst og utvikling på Vestlandet.	Til etterretning
Langsiktig mål og hovudmål		
Høg sysselsetjing		
Eit inkluderande samfunn		
Klima- og miljøvenleg utvikling	Ynskjer større fokus på miljøgevinsten ved å flytte godstransport over på kjøl og viser til nasjonale forventingar til planlegging. Farleier, godsterminalar og hamner må prioriterast i planane. Viser til stortingsmelding frå juni 2016 «På rett kurs» om tilrettelegging for sjøtransport. Vestlandet har den mest omfattande trafikken og prognosar tilseier ein vekst på 41% fram mot 2040.	Vil synleggjera sjøtransport under kapittelet. Innspel også til regional transportplan og ny godshamn i Bergensområdet.
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion		
Regional planlegging		

Avinor

Fråsegn ved: Lufthavndirektør Flesland

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt		
Langsiktig mål og hovudmål		
Høg sysselsetjing	Bergen lufthamn er Norges nest største flyplass og hovudflyplass for Vestlandet, er sentral i den overordna strategiske utviklinga og bør nemnast i strategien. Bidrar til nasjonal og regional verdiskaping.	Vil bli nemnt under infrastruktur for næringslivet.
Eit inkluderande samfunn		
Klima- og miljøvenleg utvikling	Areal til utvikling av Flesland flyplass må sikrast i arealplanar.	Utvikling av Flesland flyplass er relevant for fleire planar; regional transportplan, klima- og energiplan og regional næringsplan.
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion		
Regional planlegging		

Fiskeridirektoratet

Fråsegn ved: Seksjonssjef

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt		
Langsiktig mål og hovudmål		
Høg sysselsetjing	Viser til regjeringa sin varsla havmelding våren 2017 som vil presentera strategi for vidare vekst. Fylket har klare fortrinn for å ta ei leiande rolle og fungere som lokomotiv. Bør framheva fylket sin rolle som lokomotiv betre.	Havet og sjøareala som ressurs vil bli framheva sterkare.
Eit inkluderande samfunn		
Klima- og miljøvenleg utvikling		
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion		
Regional planlegging		

Noregs vassdrags- og energidirektorat

Fråsegn ved: Regionsjef

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	Ingen merknader.	Til etterretning
Langsiktig mål og hovudmål		
Høg sysselsetjing		
Eit inkluderande samfunn		
Klima- og miljøvenleg utvikling		
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion		
Regional planlegging		

Direktoratet for mineralforvaltning

Fråsegn ved: Seksjonsleiar

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt		
Langsiktig mål og hovudmål		
Høg sysselsetjing	Mineralnæringa kan gje fleire arbeidsplassar i primær og sekundærnæringar og kompensere for nedgangen i industriarbeidsplassar. Bør sjå på uttak i eit langsiktig perspektiv og vurdere forlenga drift ved eksisterande anlegg.	Til etterretning
Eit inkluderande samfunn		
Klima- og miljøvenleg utvikling	<p>Viser til regjeringa sine forventningar til regional planlegging punkt om mineralressursar.</p> <p>Utslepp av klimagassar og slitasje på infrastruktur kan reduserast med kortare transportveg frå uttak til foredling og kunde.</p> <p>Sluttar seg til at berekraftig forvaltning av mineralar kan gje konkurransefortrinn på lengre sikt.</p> <p>Tilslutning til at det utarbeidast ein ny regional plan for areal, natur – og kulturminneressursar, men påpeikar at verdien av tilgjengelegheit av pukk og grus truleg kan vera høgare enn tidlegare antatt.</p>	Til etterretning
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion		

Regional planlegging		

Utlendingsdirektoratet

Fråsegn ved: Seksjonsleiar

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt		
Langsiktig mål og hovudmål		
Høg sysselsetjing		
Eit inkluderande samfunn	Positiv til at strategien vektlegg organiserte og uorganiserte aktivitetar i nærmiljøet som middel til å fremje integrering av innvandrarak.	Til etterretning
Klima- og miljøvenleg utvikling		
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion		
Regional planlegging		

Helse Vest

Fråsegn ved: Fagdirektør

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	Utfordringbiletet for Hordaland og Vestlandet er lyfta fram på ein oversiktleg og systematisk måte. Prisverdig at folkehelseperspektivet er trekt opp som rådande perspektiv for planarbeid.	Til orientering
Langsiktig mål og hovudmål		
Høg sysselsetjing	Viktig plan for Helse Vest er Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	Til etterretning og vidare orientering til planarbeidet.
Eit inkluderande samfunn		
Klima- og miljøvenleg utvikling	Heilskapstenking kring infrastruktur, arealdisponering og transport er viktig i eit samfunnstryggleiksperspektiv og grunnleggjande for den helsemessige beredskapen.	Til etterretning
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion		
Regional planlegging		

--	--	--

Helse Bergen

Fråsegn ved: Administrerande direktør

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt		
Langsiktig mål og hovudmål	Hovudmåla er relevante for komande fire års periode.	Til etterretning
Høg sysselsetjing		
Eit inkluderande samfunn		
Klima- og miljøvenleg utvikling		
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion	Helse Bergen er ein av dei største arbeidsplassane i regionen og viktig aktør og samarbeidspart. Ein sterk Vestlandsregion vil kunne få positive ringverknader både når det gjeld sysselsetjing/rekruttering, forskning og innovasjon.	Til etterretning
Regional planlegging		

Skatt Vest

Fråsegn ved:

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt		
Langsiktig mål og hovudmål	Støttar hovudmåla	
Høg sysselsetjing	Skatteetaten kan bidra med å skapa like konkurransevilkår ved å handheva regelverk, yta tenester til etablerarar og gje støtte ved bruk av utanlandsk arbeidskraft. IKT er eit satsingsområde også i skatteetaten. Dette fell saman med Skatteetatens strategiske satsingsområde.	Næringsplanen bør fanga opp relevante satsingsområde i skatteetaten, særleg for etablerarar og utanlands arbeidskraft.
Eit inkluderande samfunn		
Klima- og miljøvenleg utvikling		
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion		
Regional planlegging		

3. Kommunale organ

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fråsegn ved: Samarbeidsrådet

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	Dei skisserte utfordringane og muligheitene gir eit godt bilete av situasjonen i Hordaland.	Til etterretning
Langsiktig mål og hovudmål	Stiller seg bak langsiktige mål og hovudmål.	Til etterretning
Høg sysselsetjing		
Eit inkluderande samfunn		
Klima- og miljøvenleg utvikling		
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion	Positivt til samarbeid, men stiller spørsmål ved om planen er oppdatert i høve til dei konkrete forhandlingane som pågår. Positiv til at vestlandsperspektivet skal innarbeidast i regional transportplan. Samarbeidsrådet ynskjer ei aktiv rolle i arbeidet med ein Vestlandsregionen.	Planstrategien oppdaterast i tråd med arbeidet med Vestlandsregionen.
Regional planlegging	<p>Positiv til at ein ikkje startar opp for mange planar</p> <p>Meiner det er uheldig at fylkesdelplan for Sunnhordland fasast ut. Fase to i gjennomføringa gjeld perioden 2016-2025 og det er aktuelle tiltak som samarbeidsrådet prioriterer, mellom anna «Bussen i Sunnhordlandsbassenget». Det bør gjerast ein statusrapport for arbeidet.</p> <p>Stiller spørsmål ved om til dømes regional plan for attraktive senter låser andre planar til dømes skulebruksplanen. Positivt at ting heng saman og at det er ein raud tråd. Viser til at både tannhelseplanen og skulebruksplanen styrkar regionale senter. Kan gje uheldige utslag for Rubbestadneset og Fitjar vidaregåande skule.</p>	<p>Fleire regionale planar dekkjer eller vil dekkje tema i Sunnhordlandsplanen. Det vil bli gjort ein gjennomgang av tiltak som er relevant å vidareføra ved revisjon av regionale planar. Utfasing tilrås oppretthalde.</p> <p>Forholdet mellom planar vil bli konkretisert. Overordna sektorovergripande regionale planar må leggjast til grunn for temaplanar innan tenesteområda i fylkeskommunen.</p>

Askøy kommune

Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
------	---------	--------------------

Generelt	Positiv til at regional planstrategi set felles retning for utvikling av Hordalandssamfunnet. Høyringsforslaget er oversiktleg og med tydelege prioriteringar. Ser fram til medverknad i relevant planarbeid.	Til etterretning
Langsiktig mål og hovudmål	Mål og strategiar er i samsvar med Askøy kommune sine egne satsingar.	Til etterretning
Høg sysselsetjing		
Eit inkluderande samfunn	Prioriteringane i det helsefremjande arbeidet er i samsvar med kommunen sine.	Til etterretning
Klima- og miljøvenleg utvikling		
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion		
Regional planlegging		

Austrheim kommune

Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt		
Langsiktig mål og hovudmål	Langsiktige mål bør presisera at det må vera attraktivt og bu, arbeida og leva i heile fylket.	Dette kan tolkast som eit signal om å leggja til rette for bilbasert utbygging og at tenester skal vera like tilgjengeleg over alt. Dette har ikkje vore intensjonen i strategien.
Høg sysselsetjing		
Eit inkluderande samfunn		
Klima- og miljøvenleg utvikling	Det bør utformast meir konkrete langsiktige strategiar for å ta klimaomsyn. Avstandsurempar må reduserast i heile fylket og i grenseområdet mot fylket i nord.	Klimaplanen vil innarbeida meir konkrete strategiar om klimaomsyn. Avstandsurempar skal reduserast, men det må prioriterast strengt med omsyn til nye vegprosjekt.
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion		
Regional planlegging		

Bergen kommune

Fråsegn ved: Bystyret

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	<p>Framhevar samrådsgruppa i strategiarbeidet som har bidratt positivt til samkjøring og samling om felles utfordringar.</p> <p>Påpeikar stor sprik mellom befolkningstal frå SSB og frå fylkeskommunen.</p>	<p>Til etterretning</p> <p>Vil vurdere tala nærare.</p>
Langsiktig mål og hovudmål	Hovudmåla byggjer godt opp under viktige område for Bergen kommune. Synleggjer at det er viktig med godt samspel politisk og administrativt. Bergen kommune ønsker å bidra til samkjøring.	Til etterretning
Høg sysselsetjing	<p>Næringspolitikken må bidra til å skape lønsame arbeidsplassar i privat sektor. Støttar målsetjinga om å ta i bruk ny teknologi og viser til IT-strategien for Bergen der det heiter at digitalt skal vera fyrsteval for kommunens tenester til brukarar, næringsliv og anna offentleg forvaltning. Innan helse- og omsorgstenester er ny teknologi høgt prioritert.</p> <p>Regional plan for kompetanse og arbeidskraft bør leggja til grunn omstillingsevne både i arbeidsstokken og i utdanningssystemet. Dette er ivaretatt i planstrategien.</p> <p>Sysselsetjing av flykningar er ei stor utfordring for integrering og det er for lite omtalt i strategien.</p> <p>Omstillingsevne og vilje blir avgjerande for framtida og det offentlege kan bistå med å styrke eksisterande klynger og innovasjonsmiljø. Klyngesatsingane bør koma sterkare fram i strategien. Planstrategien bør synleggjøre arbeid med smarte regioner og smarte byar.</p> <p>Regional planstrategi bør inkludere kultur som eige punkt og dei kreative og kulturelle næringane som eige underpunkt under sysselsetjing.</p>	<p>Til etterretning</p> <p>Til etterretning</p> <p>Endring av planteksten slik at dette blir tydelegare.</p> <p>Endring av planen slik at klyngesatsinga blir tydelegare.</p> <p>Endring av planen slik at kulturnæringar kjem fram</p>
Eit inkluderande samfunn	Eit aktivt kulturliv, med både amatørar og profesjonelle aktørar og offentleg innsats bør framhevast sterkare i strategien.	Endring av planen slik at dette kjem fram.
Klima- og miljøvenleg utvikling	<p>Klima- og miljøutfordringane krev eit grønt skifte. Forslaget til strategi er i stor grad i samsvar med byrådets forslag til Grøn strategi for Bergen. Dette krev eit gode samarbeid mellom Bergen kommune og fylkeskommunen. Ber om at det blir lagt vekt på kommunens mål om 10% reduksjon i personbiltransporten i kommunen.</p> <p>Større arrangement i Bergen kommune må sikrast klimavenleg gjennomføring.</p> <p>Kommunens innkjøpsmakt skal også nyttast og kan bidra med panteordningar.</p>	<p>10% målet blir spelt inn til revisjon av regional transportplan og revisjon av klimaplanen, og areal og transportplanen saman med oppdaterte mål frå nasjonalt nivå.</p> <p>Innspel til revisjon av klimaplanen.</p>

	<p>Styrking av samordna areal- og transportplanlegging er ein føresetnad for å lukkast med klima- og miljømåla. Fylkeskommunen har viktige verkemiddel for å nå byrådetts ambisjon om at Bergen skal bli den grønne storbyen i Norge. Viktig å slutføre regional areal og transportplan som grunnlag for bymiljøavtale og byutviklingsavtale.</p> <p>Regional areal, natur- og kulturminneressursplan bør omhandla både land og sjø. Viser til at akvakulturnæringa kan utviklast meir landbasert</p>	<p>Innspel til revisjon av klimaplanen.</p> <p>Fylkeskommunen arbeider med slutføring av planen. Framdrift blir avgjort i styringsgruppa.</p> <p>Til etterretning</p>
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion	<p>Byrådet ser fram til eit godt samarbeid om å utvikle Bergensregionen og Vestlandet.</p> <p>Koordinering og samarbeid mellom det offentlege, næring og FOU er ein viktig suksessfaktor og må gies stor merksemd.</p>	<p>Til etterretning</p> <p>Til etterretning</p>
Regional planlegging	Støttar ambisjonen om å gjennomføra vedtekne planar og begrensa nye.	Til etterretning

Fitjar kommune

Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt		
Langsiktig mål og hovudmål	Måla fangar opp dei største utfordringane framover.	Til etterretning
Høg sysselsetjing	Stort behov for omstilling grunna færre sysselsette innan olje- og gassnæringa. Fylket må synleggjera mogelegheiter rundt i fylket. Revisjon av næringsplanen må ha høg prioritet. God samhandling med kommunane, næringslivet og utdanningsinstitusjonane viktig for å få resultat.	Til etterretning
Eit inkluderande samfunn	Strategien bør omfatta både lokale og regionale senter, ikkje berre regionsenter.	Planen blir ikkje endra.
Klima- og miljøvenleg utvikling	Samfunnstryggleik og beredskap bør synleggjerast og kunne vore ein eigen strategi.	Tema blir synleggjort som førande for all planlegging, men det er ikkje aktuelt med ny strategi. FylkesROS for Hordaland er relevant grunnlagsdokument.
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion	Framtidig kommune- og regionstruktur må føra til god gjennomføring av prioriterte utfordringar, planstrategiar og tiltak.	Til etterretning
Regional planlegging	Svært viktig at planane blir til i eit nært samarbeid med kommunane.	Nært samarbeid med kommunane skal koma tydelegare fram som innspel til medverknad.

	<p>Regional planstrategi bør liggje føre kommunane sine strategiar.</p> <p>Ein plan bør ikkje vera styrande for ein annan. Senterstrukturplanen kan få uheldige følger for fleire skular og Fitjar kommune kan ikkje stilla seg bak dette.</p> <p>Planstrategien må ha strategi for korleis ein skal få best mogeleg eigarskap til strategiar og planar.</p> <p>Stør målsetjinga om at det ikkje startas opp ei mengd nye planar, men fullfører dei som alt er vedtatt.</p>	<p>Neste planstrategi bør koma i forkant av kommunane sine, men likevel mykje parallelt. Fylkeskommunen har sendt eige brev om forventingar til kommunal planstrategi.</p> <p>Plansystemet vil bli omtalt i planstrategien. Regionale planar er overordna temaplanar.</p> <p>Det vil bli gitt føringar for medverknad i planarbeid på generell basis.</p> <p>Til etterretning</p>

Fjell kommune

Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	Medverknad og dialog med kommunane har vore sikra gjennom gode grep.	Til etterretning
Langsiktig mål og hovudmål		
Høg sysselsetjing	Tilslutning til regional plan for næring og regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Utdanning og arbeid er viktig for god integrering og dette perspektivet bør med i planen.	Integreringsperspektivet skal koma betre fram i planen.
Eit inkluderande samfunn	<p>Påpeikar trong for plan som adresserer overgangane mellom utdanningssystem og institusjonar, med særleg fokus på fråfall i skulen. Desse utfordringane går på tvers av kommunegrensen og det er ikkje tilstrekkeleg med prosjekt som nemnt i strategien.</p> <p>Gruppa einslege mindreårige flyktningar må ha særleg merksemd i planar som gjeld oppvekst.</p>	Ser behov for ein eigen plan, men av omsyn til å halda talet planar nede vil ein begrensa arbeidet til eit førebuande prosjekt.
Klima- og miljøvenleg utvikling	<p>Særleg behov for godt kunnskapsgrunnlag og regional koordinering av havbruksverksemd.</p> <p>Forpliktande regional arealplanlegging må forklarast betre.</p> <p>Ser ikkje trong for regional plan for godshamn dersom det gjeld lokalisering. Bergen kommune og Fjell kommune er samde.</p>	<p>Innspel til regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar.</p> <p>Strategien vil bli endra slik at forpliktande blir betre forklart.</p> <p>Planarbeidet vil fortsatt avventa avgjerd i regjeringa. Strategien blir ikkje endra.</p>

Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion	Fylkeskommunens kan spela ei rolle som pådrivar og koordinator for digital infrastruktur over kommunegrensen. Ein analyse som foreslått er starten på ei slik utvikling. Samferdsel og kollektivtilbod må ha særleg fokus i Vestlandsregionen.	Til etterretning
Regional planlegging	Regionale planar bør utarbeidast i samarbeid med kommunar, ikkje berre samråd. Utarbeiding av planar må skje i nært samspel med næringsliv og utdanningsinstitusjonar. Oppdeling av fylket i mindre regionar med felles arbeidsmarkand bør vurderast. Bør vera varsam med nye planar på grunn av mogeleg ny kommune- og fylkesstruktur.	Vil leggja vekt på samarbeid med kommunar i plan- og gjennomføring. Til etterretning Planavgrensinga vil vera avhengig av utfordringsbiletet og varierer. Felles arbeidsmarknad er aktuelt i samordna areal og transportplanar. Tilhøvet til regionreforma og mogeleg utsetjing vil bli omhandla i strategien.

Kvam kommune

Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	Godt grunnlag for planlegging.	Til etterretning
Langsiktig mål	Viktig å ta heile fylket i bruk og forvalta naturgitte ressursar på ein slik måte at fylket vert attraktivt også i framtida.	Til etterretning
Høg sysselsetjing		
Eit inkluderande samfunn		
Klima- og miljøvenleg utvikling		
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion		
Regional planlegging		

Lindås kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt		

Langsiktig mål og hovudmål	Positiv til langsiktige mål og hovudmål. Samsvarar med kommunens egne mål.	Til etterretning
Høg sysselsetjing	Vil gje gode rammer for næringslivet med utgangspunkt i Knarvik som regionsenter og definerte nær-senter. Tilrettelegging for nyetablering vil vera i fokus i kommunen.	Til etterretning
Eit inkluderande samfunn		
Klima- og miljøvenleg utvikling	Regional areal- og transportplan for Bergensområdet legg til rette for vekst i bustader og næringsareal innafor berekraftige rammer. Samordna areal og transportplanlegging blir lagt til grunn for utvikling i Lindås. Fortetting og senterutvikling rundt regionsenteret Knarvik, og i lokalsentera Ostereidet, Lindås og Alversund vil prioriterast. Vil leggje til rette for helsefremjande samfunnsplanlegging i heile kommunen.	Til etterretning
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion		
Regional planlegging		

Masfjorden kommune

Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	Fangar opp mange viktige utfordringar. Godt dokument.	
Langsiktig mål	Sentralisering og avstandsulempene ikkje godt nok fanga opp. Saknar ei målsetjing om at det skal ver attraktivt å bu og leva i alle delar av Hordaland og strategiar for dette.	Regional plan for attraktive senter har mål om nærleik til tenester. Ein måte i oppnå dette på er å definera ein klår senterstruktur som gjer det enklare å planleggja for desentralisering. Planstrategien vil ikkje endrast.
Høg sysselsetjing		
Eit inkluderande samfunn		
Klima- og miljøvenleg utvikling		
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion		
Regional planlegging		

Meland kommune

Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	Understrekar trongen for medverknad, partnerskap og gjensidig samarbeid. Regionale planar har stor verknad for arealforvaltning og samfunnsutvikling. Kommunen ynskjer å vera ein reell medspelar i utforminga av regionale planar.	Til etterretning
Langsiktig mål og hovudmål		
Høg sysselsetjing	Positiv til revisjon av regional næringsplan. Det bør koma fram at det må vera eit samarbeid med næringslivet, utdanningsinstitusjonane og kommunane i planprosessen.	Til etterretning og innspel til regional næringsplan.
Eit inkluderande samfunn	Svært positiv til at ein vil arbeida for strategiar for å samordne arbeidet med kvalitet i utdanningssystemet. Regional plan for attraktive senter kan oppfatast som litt rigid og til hinder for god utvikling. Effektivisering av samferdseltilbodet er det viktigaste for utvikling av regionale senter og tettstader. Kollektivtransport, gang og sykkelveggar burde vore meir sentralt i strategien. Regionsenter er sterkt vektlagt. Det er viktig å leggja til rette for levande bygder samstundes som ein styrkar regionsenter.	Til etterretning Vil endre strategien slik at kollektivtransport, sykkel og gange kjem betre fram både under inkludering og miljøvenleg utvikling Prioritering av regionsenter blir oppretthalde, men understrekar sterkare at samspillet med bygdene rundt er viktig.
Klima- og miljøvenleg utvikling	Stiller spørsmål ved kvifor planstyrt areal- og naturressursforvaltning er framheva så sterkt i utviklingsplan for fylkeskommunen. Innhaldet i ein regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar verkar ambisiøst. Fylkeskommunen kan med fordel laga ein plan for kulturminneinteresser som er innafor fylkeskommunens ansvarsområde. I planprosessen må fylkeskommunen ha eit nært og forpliktande samarbeid med kommunane.	Regional plan er ikkje ein plan for fylkeskommunen, men for fylket inkludert kommunar og statlege organ i tillegg til fylkeskommunen. Det er eit ynskje om færre planar og meir samordning av arealpolitikk. Strategien blir oppretthalde.
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion	Dette er eit av det mest sentrale i strategien og har ikkje vore prioritert nok tidlegare. Regionalt nivå sin rolle som pådrivar for å fremje felles interesser for kommunane innan næringsliv og transport bør forsterkast i strategien, særleg jernbane, E16 og E 39.	Strategien blir endra slik at fylkeskommunens rolle kjem sterkare fram.
Regional planlegging	Ber om at planen tydelegare viser kva planar som skal lagast i perioden. Rår til at omfanget av regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar vert redusert til kulturmine.	Vurderer endring av layout for å synleggjera planar som skal lagast. Omfanget av regional areal natur- og kulturminneressursar blir oppretthalde.

Stord kommune

Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt		
Langsiktig mål og hovudmål	Mål og strategiar samsvarar med oppfatning av viktige tema.	Til etterretning
Høg sysselsetjing	Viktig tema. Revisjon av regional næringsplan sentralt og må omfatta omstillingsbehovet og potensialet i lokalsamfunna. Forskingsfeltet er svært viktig del av næringsplanen.	Innspel til regional næringsplan.
Eit inkluderande samfunn	Strategien bør omfatta også lokale senter, ikkje berre regionale. Strategiane for vidaregåande opplæring er gode og bør reflekterast i skulebruksplanen.	Prioritet på regionsenter i fire års perioden blir oppretthalde.
Klima- og miljøvenleg utvikling	Saknar forankring av samfunnstryggleik og beredskap i strategien.	Samfunnstryggleik og beredskap er ikkje fokusert, men vil liggja som premiss for all planlegging. Kan presiserast at ROS-analysen for Hordaland må leggjast til grunn for anna planlegging.
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion	Region- og kommunestruktur må gjera det mogeleg å gjennomføra planar og tiltak.	Til etterretning
Regional planlegging	Planstrategien bør liggja føre når kommunane startar sitt arbeid. Planarbeidet må sikrast god forankring lokalt i kommunane og hos sentrale aktørar. Informasjon om planstrategien og regionale planar må bli betre og ansvaret for gjennomføring må tydeleggjerast.	Arbeidet med utviklingstrekk og folkehelse rapport kan med fordel vera ferdigstilt før valet. Utfordringsdokumentet bør utformast så tidleg at kommunane kan nytte det i si planlegging. Sjølve planstrategien er ein parallell prosess. Forankring i kommunane er ei prioritert oppgåve i regional plan og blir streka under i strategien.

Sund kommune

Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	Medverknad og dialog med kommunane har vore sikra gjennom gode grep.	Til etterretning

Langsiktig mål og hovudmål		
Høg sysselsetjing	Tilslutning til regional plan for næring og regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Utdanning og arbeid er viktig for god integrering og dette perspektivet bør med i planen.	Integreringsperspektivet skal koma betre fram i planen.
Eit inkluderande samfunn	Påpeikar trong for plan som adresserer overgangane mellom utdanningssystem og institusjonar, med særleg fokus på fråfall i skulen. Dette er utfordringane går på tvers av kommunegrensen og det er ikkje tilstrekkeleg med prosjekt som nemnt i strategien. Gruppa einslege mindreårige flyktningar må ha særleg merksemd i planar som gjeld oppvekst.	Ser behov for ein eigen plan, men av omsyn til å halda talet planar nede vil ein avgrensa arbeidet til eit førebuaende prosjekt.
Klima- og miljøvenleg utvikling	Særleg behov for godt kunnskapsgrunnlag og regional koordinering av havbruksverksemd. Forpliktande regional arealplanlegging må forklarast betre. Ser ikkje trong for regional plan for godshamn dersom det gjeld lokalisering. Bergen kommune og Fjell kommune er samde.	Innspel til regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar. Planen vil bli endra slik at forpliktande blir betre forklart. Blir avklart når regjeringa har tatt stilling til KVUen.
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion	Fylkeskommunens kan spela ei rolle som pådrivar og koordinator for digital infrastruktur over kommunegrensen. Ein analyse som foreslått er starten på ei slik utvikling. Samferdsel og kollektivtilbod må ha særleg fokus i Vestlandsregionen.	Til etterretning
Regional planlegging	Regionale planar bør utarbeidast i samarbeid med kommunar, ikkje berre samråd. Utarbeiding av planar må skje i nært samspel med næringsliv og utdanningsinstitusjonar. Oppdeling av fylket i mindre regionar med felles arbeidsmarkand bør vurderast. Bør vera varsam med nye planar på grunn av mogleg ny kommune- og fylkesstruktur.	Vil leggja vekt på samarbeid med kommunar i plan- og gjennomføring. Til etterretning Planavgrensinga vil vera avhengig av utfordringsbiletet og varierer. Felles arbeidsmarknad er aktuelt i samordna areal og transportplanar. Tilhøvet til regionreforma og mogleg utsetjing vil bli adressert i strategien.

Tysnes kommune

Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt		

Langsiktig mål og hovudmål	Mål, strategiar og planar omhandlar det som synest å vera dei viktigaste oppgåvene framover.	Til etterretning
Høg sysselsetjing	Høg sysselsetjing må ha høg prioritet. Revisjon av næringsplanen viktig.	Til etterretning
Eit inkluderande samfunn	Strategiein bør også prioritera lokale senter, ikkje berre regionsenter.	Planstrategien har gitt regionsenter prioritet ut i frå eit ynskje om å samordna ressursinnsats frå regionalt nivå.
Klima- og miljøvenleg utvikling		
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion	Ny regionstruktur må gjera det enklare å møte utfordringane i planstrategien.	Til etterretning
Regional planlegging	<p>Planarbeidet må gjennomførast i tett samspel med kommunane og andre aktørar og oppfattast positivt i lokalsamfunna. Ansvar for gjennomføring må klarleggast og integrerast i kommunane sine planar og strategiar.</p> <p>Saknar tema samfunnstryggleik og beredskap</p> <p>Planstrategien bør liggja føre kommunane sitt arbeid med kommunal planstrategi.</p> <p>Planar er ikkje alltid plassert logisk under hovudmål, det bør gis referanse til fleire mål for einskilde planar.</p>	<p>Regional planstrategi skal endrast og tydeleggjera tilhøvet til kommunane både i planprosess og gjennomføring .</p> <p>Vil presisera tema samfunnstryggleik og beredskap som grunnleggjande for all planlegging.</p> <p>Utviklingstrekk og folkehelsestatus bør liggja føre til konstituering etter valet. Utfordringar bør kome tidleg etter konstituering slik at ein har felles oppfatningar og kunnskapsgrunnlag vidare.</p> <p>Strategien blir endra slik at det vert vist til fleire hovudmål når det er relevant.</p>

Voss kommune

Fråsegn ved: Formannskap/plan og økonomi

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt		
Langsiktig mål og hovudmål		
Høg sysselsetjing		
Eit inkluderande samfunn		

Klima- og miljøvenleg utvikling	Understrekar den regionale verknaden ein ny jernbane og veg mellom Arna og Voss kan få. Kollektivakse mellom Bergen og Voss må tilretteleggjast. Folkeveksten i Bergensområdet kan tas ved stasjonar og nærområde til banen på ein klimavenleg måte. Fylkeskommunens rolle som regional utviklingaktør kan spela ei viktig rolle.	Spelast inn til arbeidet med regional transportplan og fylgjast opp som del av utvikling av attraktive senter.
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion		
Regional planlegging		

Øygarden kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	Forslaget er oversiktleg og kortfatta og greitt å lesa og forstå. Deltakinga i prosessen har vore brei. Kommunane har fått spelt inn sine synspunkt.	Til etterretning
Langsiktig mål og hovudmål	Sluttar seg til dei langsiktige måla og hovudmål.	Til etterretning
Høg sysselsetjing		
Eit inkluderande samfunn		
Klima- og miljøvenleg utvikling		
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion	Nærleiksprinsippet bør utdjupast. Kan vera ulike syn mellom regionalt og kommunalt nivå og det lokale sjølvstyret kan bli utfordra.	Nærleiksprinsippet vil bli forklart nærare.
Regional planlegging	Positiv til å redusera antall planar, men ber om vurdering av ytterlegare reduksjon.	Til etterretning

4. Verksemdar og organisasjonar

NHO Hordaland

Fråsegn ved: Regiondirektør

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	God skildring av situasjonen for næringslivet i Hordaland. Næringslivet er opptatt av føreseielege rammevilkår og ber om av planarbeidet bidrar til dette.	Til etterretning
Langsiktig mål og hovudmål		
Høg sysselsetjing	Næringslivet bidrar gjerne i vidare planarbeid innafor tema regionale næringsområde, transport, regional samhandling og samordning og samferdselinfrastruktur. Hordaland har næringer som er innafor Storting og regjering sine satsingar: maritime, marine, energi, media, reiseliv og kulturbasert næringsliv. Dette må prioriteras i oppfølginga, og i særleg grad marine og maritime. Nedgangen i oljesektoren er kompensert gjennom andre industriprodukt. Eksportretta industri må satse på innovasjon og utvikling.	Innspel til regional næringsplan og regional transportplan
Eit inkluderande samfunn		
Klima- og miljøvenleg utvikling		
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion	Infrastrukturutfordringane må løysast nasjonalt og regionalt og i ein sterk region må Hordfast vera rygg-rada.	Prioritering av prosjekt som bind saman vestlandet er spelt inn til Vestlandsrådet og regional transportplan.
Regional planlegging		

Næringsalliansen

Fråsegn ved: Bergen næringsråd og ti ulike næringsråd i fylket. (2500 verksemdar)

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	Befolkningsprognoser avvik frå SSB – uansett rett å legge eit høgare anslag til grunn.	Til etterretning

Langsiktig mål og hovudmål	Samarbeid med næringslivet naudsynt for måloppnåing.	Til etterretning
Høg sysselsetjing	<p>Lønnsame arbeidsplassar i privat sektor prioritert. Infrastruktur veg og bane særleg utfordring i eit eksportfylke.</p> <p>Bør få fleire offentlege kompetansearbeidsplassar lokalisert i Hordaland.</p> <p>Utdanningssektoren må sikre omstillingsevna. Regional plan for kompetanse og arbeidskraft blir viktig.</p> <p>Drømmeløftet til Innovasjon Norge peikar på område der Hordaland har særlege fordelar. Det samsvarar også med satsingar ved Universitetet i Bergen.</p> <p>Arealkrevjande maritime og marine næringar må få plass i planar. Eksisterande klynger bør forsterkast.</p>	<p>Presisering av lønnsame arbeidsplassar i privat sektor.</p> <p>Offentlege kompetansearbeidsplassar bør nemnast spesielt.</p> <p>Til etterretning</p> <p>Tas til etterretning og innspel til næringsplanen.</p> <p>Fokus på særlege næringar blir spelt inn til revisjon av regional næringsplan.</p>
Eit inkluderande samfunn	<p>Inkluderande samfunn er heilt avgjerande for å oppretthalda produktiviteten og gode bu- og arbeidsregionar. Arbeid til så mange som råd, uavhengig av alder, etnisitet, handicap, geografi og samfunnslag er viktigast. VTA-plassar i Vekstbedrifter bør prioriterast.</p>	<p>Endring av strategien slik at fokus på arbeid blir meir synleg.</p>
Klima- og miljøvenleg utvikling	<p>Samordna areal – og transportplanlegging ein føresetnad for god utvikling i Bergensregionen og Hordaland.</p> <p>Næringsrådet har utarbeidd ein tiltaksplan for fossilfritt Bergen i 2025. Offentleg sektor kan spela ei viktig rolle som innkjøpar, med vekt på industri- og teknologibedrifter på Vestlandet.</p> <p>Heilheitleg regional planlegging, fortsatt utbygging av kollektivtilbod i heile fylket er naudsynt. Vannvegen er underutnytta.</p>	<p>Til etterretning</p> <p>Til etterretning og innspel til klimaplanen og næringsplanen</p> <p>Blir spelt inn til regional transportplan</p>
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion	<p>Positiv til målretta arbeid for Vestlandet som region. Det bør arbeidast sterkt for at Vestlandet i regionreforma sikrast vesentleg desentralisert beslutningsmakt.</p> <p>Aksen Bergen-Stavanger har eit stort potensiale i produktivtetsvekst for landet noko som bør attspeglast i areal- og transportplanar.</p>	<p>Beslutningsmakt og oppgåver vil bli tydelegare i strategien.</p> <p>Til etterretning</p>
Regional planlegging	<p>Gode og effektive planprosesser viktig for god samfunnsutvikling. Næringsalliansen representerer næringslivet i heile fylket og ber om å bli trekt inn i planprosessar</p>	<p>Til etterretning</p>

Vossaløysinga og Vaksdal næringsråd

Fråsegn ved: Vossaløysinga as og Vaksdal næringsråd

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt		
Langsiktig mål og hovudmål		
Høg sysselsetjing		
Eit inkluderande samfunn		
Klima- og miljøvenleg utvikling	Klimautfordringa tilseier prioritering av Bergensbanen mot aust og satsing på utbygging i knutepunkt langs banen til Voss. Kollektivtransport må samordnast. Masseoverskot må handterast på ein berekraftig måte. Eige plankontor må opprettast.	Bergensbanen til Voss som forstadsbane skal nemnast i strategien. Innspel til regional transportplan og Bergensområdeplanen. Fylgjast også opp i plan for attraktive senter.
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion		
Regional planlegging		

Fiskarlaget Vest

Fråsegn ved: Fiskarlaget vest og Fiskarlagets servicekontor as avd. Vest

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt		
Langsiktig mål og hovudmål		
Høg sysselsetjing		
Eit inkluderande samfunn		
Klima- og miljøvenleg utvikling	Viser til målsetjinga om at Norge skal vera verdens fremste sjømatnasjon. Havet ein viktig og fornybar ressurs som må ivaretas for framtida. Kvifor ikkje styrka sjøvern på linje med styrka jordvern? Land- og sjøareal må vurderast i samanheng.	Utdjupar teksten om sjørelaterte verdiar. Innspel til regional plan for areal-, natur- og kulturminneressursar
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion		
Regional planlegging		

Den Nationale Scene

Fråsegn ved: Teatersjef

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	DNS har eit sterkt ønske om å bidra til utvikling i regionen og er særleg opptatt av Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion. Regional kompetanseutvikling er viktig for å fylla teaterets rolle som relevant samfunnsdebattant, nyskaping innan kunst og merksemd	Til etterretning og innspel til kulturstrategi for Vestlandet.
Langsiktig mål og hovudmål	Langsiktige mål og hovudmål er gode og inspirerer til samarbeid. Teateret sine produksjonar er relevant for sysselsetjing, inkludering og samarbeid i ein Vestlandsregion. Teateret bidrar til å gjera Vestlandet attraktivt gjennom å tilby kunstoppleving av høg kvalitet.	Til etterretning
Høg sysselsetjing	Teateret bidrar til sysselsetjing over heile Vestlandet. Styrking av frilanskunstnarar er viktig for teaterets funksjon. Teateret er godkjent lærebedrift og tilbyr smale fagfelt som kan styrke faglig breidde i regionen. Teateret har utvikla eit samarbeid med universitetet i Bergen som kan styrke begge institusjonane.	Sysselsetjing i kulturnæringar skal koma betre fram i planstrategien.
Eit inkluderande samfunn	Gir tilslutning til mål, universell utforming er ei utfordring. Likestilling mellom kjønn gjennomsyrrer repertoar og rekrutteringspraksis. Det gjeld også i høve til etnisitet. Bergen internasjonale kultursenter og Kavlifondet er ein god samarbeidspart.	Til etterretning
Klima- og miljøvenleg utvikling		
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion	DNS er det einaste norske, nasjonale teateret som er lokalisert utanfor hovudstaden. Teateret samarbeider med ei rekkje institusjonar i Bergen og på Vestlandet, og liknande institusjonar i nabofylket. Det er mykje å hente på eit kultursamarbeid i regionen.	Til etterretning og innspel til strategi for kultur på Vestlandet.
Regional planlegging		

Funksjonshemmedes fellesforbund Hordaland

Fråsegn ved: FFO Hordaland Interessepolitisk utval

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt		
Langsiktig mål og hovudmål	Positiv til hovudmåla. Meiner desse må føre til auka fokus på funksjonshemma og kroniske sin situasjon. Universell utforming bør nedfellast som prinsipp.	Omgrepet universell utforming innarbeidast i teksten.
Høg sysselsetjing	Det bør presiserast at grupper med svak tilknytning til arbeidslivet må få særleg merksemd og tilrettelegging.	Teksten omarbeidast slik at forholdet til dette presiserast.

Eit inkluderande samfunn	<p>Handlingsplan for inkludering og mangfald må føre til auka satsing på marginaliserte grupper. Frivillige organisasjonar kan bidra med kompetanse i arbeidet.</p> <p>Det bør presiserast at alle regionsenter skal ha universell utforming, ikkje berre bør.</p>	<p>Til etterretning og innspel til handlingsplanen.</p> <p>Teksten endrast i retninga som etterspurt.</p>
Klima- og miljøvenleg utvikling		
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion		
Regional planlegging		

Forum for natur og friluftsliv , Naturvenforbundet Hordaland og Bergen og Hordaland Turlag

Fråsegn ved: Dagleg leiar og koordinator

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	Få konkrete innspel om korleis måla skal nås.	Tiltak i regional planstrategi vil konkretiserast gjennom planar med handlingsprogram.
Langsiktig mål og hovudmål	<p>Positiv til planens langsiktige mål.</p> <p>Berekraftig utvikling er ikkje tilfredsstillande definert. Meiner klima- og miljøvenleg utvikling må vera ein premiss og ikkje eit mål.</p> <p>Folkehelse bør inngå som eit hovudmål.</p>	<p>Berekraftig utvikling er definert slik dette er avgrensa i FNs kommisjonen og seinare utdjupa av regjeringa. Det vil vera for omfattande for rammene i planstrategien å ytterlegare avgrensa dette omgrepet. Det overordna omgrepet berekraft må leggjast til grunn og drøftast i tilknytning til konkret planarbeid. Klima- og miljøvenleg utvikling er ein viktig del av omgrepet, men dekkjer ikkje heile slik dette er nytta i denne strategien.</p> <p>Folkehelse er også ein del av berekraftomgrepet og er integrert i andre tema slik som det blir sett på som tenleg.</p>
Høg sysselsetjing	Etterlyser ein klar definisjon av omgrepet «Grønt skifte». Må påpeikast tydelegare at målet om høg sysselsetjing kun har eit handlingsrom innafor klima- og miljøvenleg utvikling. Bør peike på kva næringer vi skal satse på. Det bør koma klårare fram at berekraftig utvikling er målet for tema høg sysselsetjing.	Omgrepet grønt skifte og grøn konkurransekraft må definerast nærare i arbeidet med revisjon av regional næringsplan. Langsiktig mål om berekraftig utvikling og

		<p>hovudmål i planstrategien må leggjast til grunn slik som omtalt under regionale planar. Kva næringer som det eventuelt skal satsast på må også vera ein del av arbeidet med regional næringsplan.</p>
Eit inkluderande samfunn	<p>Støttar fokus på frivillige organisasjonar og offentleg støtte til desse, men formuleringa må skjerpast frå bør til <u>skal</u> prioriterast.</p> <p>Påpeikar nærfriluftsliv som ein viktig integreringsarena. Bør omtala kartleggingsarbeidet som pågår i heile fylket og at dette må vera ein premiss for vidare planlegging.</p> <p>Organisasjonane sine eksisterande tilbod bør nyttast i større grad og skreddarsaum er mogeleg. Regional plan for folkehelse bør fylgjast i kommunane og frivillige organisasjonar. Regional planstrategi bør identifisere faktorar som bør leggjast til grunn for revisjon av handlingsprogrammet for folkehelseplanen. Partnerskapsavtalar med frivillig sektor kan vera eit tiltak.</p>	<p>Vi skjerpe formuleringa.</p> <p>Vil framheva nærfriluftsliv som eit viktig lågterskeltilbod. Kartlegginga vil bli viktig innspel til regional plan for areal- natur- og kulturminneressursar.</p> <p>Innspel til revisjon av handlingsprogram for folkehelseplanen.</p>
Klima- og miljøvenleg utvikling	<p>Foreslår at tema skiftar namn til berekraftig samfunn som spelar på lag med naturen. Klima- og miljøvenleg utvikling må vera premiss for andre planar.</p> <p>Overraskande at strategien ikkje nemner at utsleppa i Hordaland er aukande, stikk i strid med det generelle målet i planen og det spesifikke regionale målet på ein nedgang på 22%. Det er behov for ein ny og meir berekraftig planstrategi. Strategien må leggja føringar i tråd med EU sin strategi om 40% reduksjon i klimagassar frå 2005 til 2030.</p> <p>Positivt med føringar for regional transportplan. Planar innan transport <u>må</u> forankrast i regional transportplan og klima- og energiplanen.</p> <p>Foreslår ei konkretisering av berekraftomgrepet som samfunnets evne til å operere innafor naturens spelereglar. Naturens tålegrensar er nærare spesifisert.</p> <p>Påpeikar at biologisk mangfald ikkje er godt nok kartlagt, lokalt og regionalt og at kommunane sin kompetanse må styrkast. Regjeringa sin politikk for biologisk mangfald må få større plass i strategien. Tiltakshavarar sitt ansvar for kvalitet i kartlegging bør belysast.</p>	<p>Berekraftomgrepet er det overordna langsiktige målet og hovudmåla vil måtta leggja dette til grunn. Foreslår ikkje endring.</p> <p>Endrar planen slik at utslippstrendane blir nemnt. Eksakte mål vil bli vurdert under revisjon av klima- og energiplanen.</p> <p>Endrar planen frå bør til skal.</p> <p>Meir utfyllande definisjon av berekraftomgrepet blir for omfattande for regional planstrategi. Rapporten om utviklingstrekk synleggjer status innan alle delane av berekraftomgrepet og kan før neste revisjon drøfte omgrepet i høve til statusrapportering.</p> <p>Innspel til regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar.</p>

	<p>Støttar forslaget om ein ny plan for areal, natur- og kulturminneressursar. Viser til eksisterande kartlegging av verdifulle landskap og friluftsområde , samt pågåande kartlegging av friluftsområde i kommunane. Påpeikar behov for strategi for samanhengande naturområde med urørt preg og behov for strategi for fjellområde og verdifulle fjordlandskap. Kunnskapsgrunnlaget må vurderast, og Berekraftig utvikling er ikkje tilfredsstillande definert.</p> <p>Ny kunnskap må gje føringar for eksisterande planar som plan for små kraftverk.</p> <p>Foreslår ein ny plan for grøn konkurransekraft i tråd med ekspertutvalet for grøn konkurransekraft. Bør omfatta Vestlandsregionen og fange opp hovudmåla i strategien. Stort potensiale for å utvikle berekraftig reiseliv, innovasjon knytt til fornybar energiteknologi og berekraftig havbruksteknologi.</p>	<p>Innspel til regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar.</p> <p>Innspel til revisjon av regional næringsplan. Spørsmålet om planarbeidet skal omfatta Vestlandsregionen blir drøfta i samband med oppstart av planarbeid. Ikkje aktuelt med eigen plan for grøn konkurransekraft.</p>
Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion	Ramma for samarbeidet må vera berekraftig utvikling på lag med naturen.	Til etterretning
Regional planlegging	Positiv til at ein har lagt vekt på å sikre gjennomføring av vedtekne planar og begrensa talet på nye.	Til etterretning



Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

PS 107/16 Ymse